

Jørgen Skjæveland



*En kulturinstitusjon
i Bjerkreimsbygda
forteller livssoga si*

Denne boka er ikke tidligere publisert.

Jeg har skannet av Jørgen Skjæveland sitt manus fra 1997, samt hans sønn Per sin etterskrift.

I samråd med familien er boka nå offentliggjort, gjennom å legges ut på Bjerkreim Bygdemuseums nettside.

Paul Tengesdal 12. mai 2021.

Jørgen Skjæveland

Livssoga mi

1997



Innhald

Innleiing	1
Korleis eg kom til verda	7
Barneminner	9
Brørne mine	45
Sjuk	55
I skulen	61
Skulegang og skuleposter	71
Naturen og vitenskap	95
Dyreliv	109
Moro og fanteskap	127
Ymse hendingar	135
Underlige hendingar	139
Farlege opplevingar	145
Reiser	149
Krigsåra 1940-45	203
Borna våre	225
Interesselag og tillitsvern	231
Kroppsarbeid	267
Teikning og diktning	277
Forteljingar og kåseri	299
Historiegrinsking	305
Etterskrift	331

Innleiing.

Foreldrene mine er Per Karlson Skjæveland og Anna Tønnesdr. Hetland. Dei gifte seg i 1890, far var då 21 år og mor var 19 år gamal.



Bryllaupsbilde av Per og Anna Skjæveland

Dei budde først på Skjæveland i 9 år og fekk borna Inga, Karl og Tønnes. Mor hadde odelsrett på garden på

Hetland, og i 1899 flytte dei så ut til bestefar Tønnes Obmundson på Hetland og tok mot garden. Her fekk dei 7 born, Ommund, Inga, Ingard, Jørgen, Bernhard, Arne og Inge. Dei to jenteborna døydde som små born, men me brørne vart vaksne.




Frå venstre: Fjoset og smalafjost, litt av moldhuset, bakom litt av "Esterhuset" dørinne, den gamle løa, noko av heimehuset og grishuset.

Far var bankkasserar og dreiv attåt garden. Han bygde nytt heimehus og fjos, og seinare grishus, og det siste han bygde var løa oppå fjoset. Han var lenge med i heradstyret og andre kommunale styre, og var óg ei stutt tid ordførar.

Han døydde i 1938, bare 69 år gamal. Mor levde til ho vart over 90 år, og døydde i 1961.

På Hetland er det 3 andre bruk, det er dørinne, dørøppe og dørnere.



P. K. Skjæveland
3. Juli 1932

Peder og Sina hadde garden dørinne, foreldrene hans er dørinne og Karen levde til inni 1930-åra.

Hjå dørøppe budde Ola og Teodora, sidan fekk



Anna 90 år

Tønnes, son deira, garden.

Då eg var liten, levde det to gamle dørnere, Tollei og Teodora. Der var ingen att til å ta mot garden, så dei måtte selja han til Ola dørøppe og flutta til Egersund. Nokre år

etter kom Jørgen, son hans Ola, heim att frå Amerika. Han fekk då garden dørnere og bygde nye hus.

Denne livssoga skreiv far min, Jørgen Skjæveland, i 1985. Han var født 15.07.1906 på Hetland i Bjerkreim, og døde 20.01.1994, 87½ år gamal.

Det som hendte etter han skreiv denne boka, har eg skrive som eit tilleggskapitel sist i boka.

Per Skjæveland

Korleis eg kom til verda.

Mor gjekk og venta barn om tri veker og var heilt frisk. Ho var åleine heime og stod i det nye huset og kokte graut ved komfyren. Ho kjende inga føderier, men ho kjende at ho vart så våt i buksene. Då ho såg etter, var det kome mykje blod. Ho tok gryta vekk og gjekk ut i kammerset og ville leggja seg. Med same kjende ho at no kom barnet, og før ho fekk leggja seg, kom det.

Ho stelte det og sveipte det godt inn, og stelte seg sjølv, og gjekk så inn att og kokte grauten ferdig. Då dei andre kom av slåtten, var dei så forskrekka at barnet alt var kome og låg så fint innpakka i senga, dei stod bare med gapande munn og stirde. Så stelte ho til på bordet og var med dei og åt.

«Så vart det bare ein gut denne gongen au, me får kalla han Jørgen etter mor mi (Jørgina)» meinte far.

Men det er noko som ikkje stemmer. Då eg var liten, fortalde dei at dei slo fyrst i tri veker i fjellet, og den dagen eg var fødd, begynte dei å slå vollen heime, den 15. juli. Mor fortalde og at dei var på slåtten den dagen. Men i almanakka frå 1906 står det 15 S S eft. Tref. (Den 15. juli, søndag efter Trefoldighed). Men dei kunne ikkje begynna på slåtten heime ein søndag. Kor er feilen?

Såleis kom eg til verda!

Barneminne.

- No vil eg fortelja om ymse barneminne. Det første eg kan minnast var då dei bygde fjaset i 1909, då var eg 3 år. Men det er bare tre glimt. Torger på Stødlen hogg på ein brann i garden. Jonas Tengesdal kraup opp ein stige. Me hadde kyrne i løa dørborte. Svartsi stod bunden innanfor døra og mor mjølka henne, og far batt Svinta i ein stokk ved den nordre veggen.

- Så var det ein høg stein rett utanfor kjellardøra. Ein dag borde far denne steinen, men eg skjønnte ikkje kva det var. Eg hørde at far skulle skyta denne steinen, og eg trudde at han skulle skyta han med ei børs. Mor leidde oss inn i bua, og eg såg at ho var redd. Så kom bestefar springande inn og far ropte så agaleg, og så kom ein fæl smell og ein dons i veggen så stoveklokka klang. Det var ei tung steinflerre som hadde skvotte mot husveggen.

- Ein gong drog dei ein stor gris frå smala fjaset oppmot kjellardøra. Far drog i eit langt snøre som var festa rundtom trynet på grisen, og bestefar gjekk etter og skutta på grisen bak, og han ilskreik noko forskrekkeleg. Meir minnest eg ikkje.

- Eg må ha vore nokså liten første gongen eg fekk ris, stryk, som me sa i den tida. Eg minnest bare at eg skreik og skreik i sinne og ikkje ville tia stilt. Me heldt til oppmed steingjerdet øvst i gardsplassen, far tok ned buksene mine og gav meg ris.

- Så var det ein haustkveld me alle saman var utpå Myran' og skar korn. Då elta eg og skreik at mor skulle fylgja meg heim. Dei sa at eg fekk venta til dei hadde skore

ferdig åkeren. Men eg skreik i sinne og trampte med føtene i marka. Då leidde far meg bort under Skorvebakken og tok ned buksene mine, og så gjekk han bort til ei bjørk og braut av ei risgrein. Då vart eg redd og sette på sprang, men datt med ein gong, kan du vita, for buksene mine låg nede på hælane. Far treiv meg og retta stonga oppover meg.

«*Nå skal du lova å tia stilt!*» skjende han.

Eg gret i redsle og sa ja. Då kasta han stonga og drog opp buksene mine att. Dette var siste gongen, og sidan tok eg til vitet og vart snill. Men eg trur ikkje at eg har fenge noko psykologisk skade av desse kroppslege straffa.

- Så fylgde eg mor til moster mi, Gesine, som budde oppå Hetlandsheia opp frå Helleland stasjon. Mannen hennar, Teodor Svålestad, var i Amerika. Eg minnes bare 4 ting, som ein glimt inni det gløynde. Mor leidde meg i handa i Egersund. Då såg eg statuen over Johan Feyer på toget.

«*Mor, er det der ein avgud?*» sa eg.

Så var me på jernbanestasjonen. Der kom toget mot oss som eit fælt dyr som pusta så volsomt. Med eitt vart det så fullt av folk rundt oss, og eg som var så liten, såg bare svarte stakkar tett i kring meg. Eg heldt mor i stakken for å vera trygg. Men då eg såg opp, då var det ei framand kone eg heldt i stakken. Eg sette i eit redsleskrik, men du veit mor stod tett attmed meg, ho lo og tok meg på armen.

Så sat me på toget. Med eitt vart det kolmørkt. Då sette eg i eit skrik att mens toget dundra gjennom Klunglandstunnelen. Det siste eg minnest var me i kjøkken hjå moster. Eg var trøytt og svevnug og ramskreik heile kvelden at me skulle reisa heim att. Moster budde då i eit gamalt hus under Hoién, som sidan vart til ein liten

gamleheim.

- Sidan ein gong kjørte bestefar oss til moster. Då var Teodor komen heim att frå Amerika. Dei hadde bygt nye hus og dyrka opp mykje av garden. Då såg eg Kristian Krobar kom krypande utanfor gamleheimen under Hoiien. Der budde óg ei gamal blind kone, ho kjende seg fram langs husveggen for å finna døra. Sidan skal eg fortelja om då me var hjå moster tredje gongen.



Det fyrste biletet av meg.

- Då eg var bitteliten, hadde me Karen Kløytfet til å sy nokre klede. Eg minnest eg stabba over golvet bort til bordet og nådde med nevane oppå bordkanten, eg ville sjå då ho sydde. Med same stakk ho med synåla på eine handa mi

så det kom ut ein bloddrope. Ha deg her i frå, meinte ho.

Eg sette i eit fælt skrik, og vart sidan så redd henne at eg aldri meir torde nærma meg henne. Og mor fortalde sidan at dette kunne ho aldri gløyma så fælt tykte ho det var.

Så såg eg ikkje att Karen før ho vart så gamal at ho kom på gamleheimen. Då låg ho til sengs og var heilt blind. Eg gjekk mange gonger og såg om henne, og ho tykte det var gildt eg kom. Men kvar gong kom eg på då ho stakk meg i handa med nåla. Men eg ville ikkje sára henne med å minna henne om dette.

- Det var sikkert i 1910 me gjekk i besøk til Ommund bortanfor på Søra-Tengesdal, han var søskenbarnet til mor. Eg minnest bare at Tønnes, son hans, rodde oss over åna, for då var ikkje brua bygt. Og så minnest eg at då me sat og åt, sat eg på ein skammel oppå stolen attmed bordet for å nå borti maten. Me gjekk óg bortetter mona, og då var det ei ku som rautte.

- Så hadde me ei tenestejente som heitte Berte Helland. Dei hadde 3 gutar, Sven og tvillingane Anton og Martin. Dei tykte det var så gildt at eg kom, så dei heldt seg rundt om meg heile tida og synte meg gilde bøker med teikningar i.

Då me fekk middag, var det jordeple og kokt torsk. Eg kunne ikkje eta dette, men gjekk bare frå bordet og sette meg på skammelen. Då var Berte-Malena gild og gav meg ei rosinskjeva.

Eg var óg ute og var med og rann på kjelke, og alle ville ha meg med på kjelken sin. Då me gjekk heim att, snødde det så det var å vabba å gå.

- Då Ommund, bror min, var 10 år, skulle han i skulen og han fekk fylgja bestefar som skulle til byen. Då dei kjørte ned frå Boialedet til Vassvika, kjørte dei over ein flat, jordfast stein, Ommund skvatt av og kjerrehjulet gjekk over den eine foten hans og knekte beinet.

Dei fekk heim doktor Waage, Ommund måtte liggja på benkeloket i "benken". Dei batt eit snøre fast under armene hans og festa det oppe i benken. Bestefar borde eit hol i fotstykket på benken. Så batt dei eit snøre fast i foten hans, trådde det gjennom navraholet og hengde ein pose med sand i enden. Såleis skulle foten stramast for ikkje verta skeiv, og så gipsa doktoren foten. Så fyllte dei posen meir og meir med sand til musklane i foten vart så lame at han



Familien Per og Anna Skjæveland 1909.

Fra venstre: Ukjent, Ingard står framføre han, Karl held Jørgen på armen, tenestjenta Berte Helland, mor Anna held Bernhard, far Per og Tønnes. - Bestefar Tønnes ville ikkje vera med, og Ommund låg inne i stova med avbroten gipsa fot. Bernhard held på den dåsen gipset var i.

ikkje kjende at det sleit.

Ein gong kom eg innåt posen så han dingla, men då sette Ommund i eit fælt skrik. Slik måtte han liggja i 3 veker. Så måtte dei ta ut sand at or posen litt kvar dag. Doktoren kom og tak av gipset att, bestefar laga til ei krykkje til han som han hinka med til foten vart god att.

- Ein fin søndag då Ommund låg slik, kom det to karar frå Egersund og ville treffa far. Eg har gløymt kva dei heitte. Då tok dei eit par familiebilete av oss utanfor huset i hagen. Den eine sette opp noko som stod på lange, smale føter, og så gøynde han seg bakom eit svart klede. Karl heldt meg, og mor heldt Bernhard, han heldt på den dåsen gipset hadde vore i.

- Ein dag dei slo nedpå Holman' i bekken, låg eg og kraup på ein skeiv stein oppover eit vasshol. Då skreid eg og slumpte heilt under, Karl såg det og kom springande og drog meg opp att.

«Såg du mange fiskar?» spurde han.

«Du kan vita at eg såg ingen ting» gret eg.

Dette svaret lo dei åt.

- Så var det ein kveld eg kraup på bordet, der låg ein avis og eg heldt på med nokre fyrstikker. Best det var tok det til å brenna i bladet og elden flamma høgt i veret. Tønnes treiv med ein gong åkledet som låg i senga og breidde det over elden og kvelte han.

- Me hadde nokre snorer i Orråsen deroppe. Ein kveld gjekk me og såg om dei. Då fann eg ein roten våt pinne som var heilt grøn. Sjølv sagt tok eg han med meg. På heimvegen då det vart mørkt, såg eg at han lyste med eit veigt kaldt moreldlys. Då me kom heim, tok eg på å smia han sund, eg

ville sjå om han var full av strålande lys inni, men han var bare som ein annan vedpinne. Og då spønene turka, slokna lyset.

- Eg må ha vore nokså liten den gongen Ola og Teodora dørøppe gav Teodor deira ris. Han var ein stor, lang storskule-unge. Ola heldt han med all makt over knea og Teodora stod attmed og slo han i nakne bakenden med sopelimen, og ungen skreik så det høyrdest over heile garden. Han måtte få straff fordi han hadde lege på lur bakom nokre trebusker og kikka på to-tre nakne jenter som laudde seg (bada) i Legevik i Storavatnet. Dei måtte ikkje ha noko seksualundervisning i den tida.

- Han likte ikkje å gå i skulen. Om morgonen tok han med seg skulebøkene og matposen og gjekk i veg. Men han kom ikkje lenger enn til Fosslibakken, då gøymde han seg i Storafjellet i Tengesdalsmarka til han såg at dei andre skuleborna gjekk heim, då gjekk han heim han óg.

- Hjø dørøppe budde det ein gamal bror til Ola, han heitte Børild, men me sa bara Børel. Han var liten og så ihopkropan og krocket som ein sigd. Han kunne ikkje sjå opp, han vreid hovudet til sides når han såg på oss. Han var så forsiktig at når han gjekk ute, lyfta han treskorne rett opp, steig fram og sette foten beint ned att. På den måten sleit han aldri ut treskorne.

- Ola og Teodora hadde ei dotter som heitte Karina, ho dreiv kaffistova i Egersund og var gift med Peder Hellvik. No var ho heime ei stund for ho hadde fenge ei lita dotter. Ein kveld var me borna inne hjå dørøppe og Karina sat og gav den litla bryst.

«Ja, nå er det lenge sidan du Børel slutta å suga, det

hev du nok gløymt forlenge sidan» sa Karina.

«Eg er sikker på at eg kan ennå» svarde han.

«Ikkje tale om at du kan nå» lo dei andre.

«Eg skal visa at eg kan» sa han.

Og så la han seg på kne framfor Karina og la hendene i fanget hennar, og så saug den gamle, tannlause, skjeggete mannen det eine brystet hennar. Det er slikt syn me aldri gløymer.

- Dørnere hadde ei lita jente som heitte Tora, ho var to år eldre enn eg. Både far og mor hennar var døde, så det var bestemor Teodora og faster tea som tok seg av henne. Ho hadde ei gipsa hand, og mor formante meg at eg ikkje måtte ta på henne. Før ho begynte i skulen vart ho liggjande sjuk, og ein dag var ho død.

Då fylgde mor meg ned til dei, eg skulle få sjå henne. Der låg ho still og bleik og sov i ei lita svart kiste med hendene i hop oppå det kvite teppet med ein raud blom mellom dei kvite fingrane. Då gret bestemor hennar. Det var ho som fortalde til mor at ho kunne minnst at dei hadde bore ut 16 or dette huset.

Ein dag kom det mange folk, dei song og bar kista ut og sette henne på kjerra og kjørte ned Godo. Då dei hadde kome heim att, fekk me mat. Eg elta på mor at eg ville få noko mjølk, men ho nekta og sa at eg skulle tia stilt. Men Tea høyrde det og kom med mjølk. Då kviskra mor at eg måtte bare drikka bitte-lite grand. No veit eg kvifor ho nekta meg dette. Dette var eit fælt tæringhus (tuberkulose) som la i grava mest heile folket der. Ja, Teodora kunne minnst dei bar ut 16 or det huset.

- Straks etter måtte Tollei og Teodora selja garden til

Ola dørøppe og flytte til Egersund, der var ikkje att nokon som kunne ta mot garden. Då dei kjørte ned Godo, gret han Tollei, og sidan greidde han ikkje sjå att den gamle odels-garden.

Så stod huset dørnere tomt i fleire år. Då brukte ungdomen huset til dansehus, og det kom ungdomar frå fleire gardar og danste der, men me ungane vart jagte vekk viss me ville inn. Å ja, me høyrde titt koss det spelte frå dørnere når me hadde lagt oss.

- Sidan kom Jørgen, son til Ola dørøppe, heim frå Amerika. Han fekk garden og bygde nytt hus nett der fjaset hans Tollei hadde stade. Tollei hadde laga til ein lannbrønn av tre, no vart den ein del av kjellaren i det nye huset.

- I den tida hadde visst Ola dørøppe skifta livssyn, iallfall hadde han møte av og til om kveldane. Sidan var det Per dørinne som hadde møte. Reinret Eike og Tollei Taraldson på Eike kom fleire gonger og talte. Eg minnest ein gong eg sat på ein skammel og høyrde dei song "Lover Herren", og så talte Reinert om verdens ende og om det fæle toreveret det var i 1912.

Ein søndag kom sjølve Torvald Tu og heldt møte dørinne. Då kom det folk frå Tengesdal og Varp. Me tykte han var ein løyen talar. Så song han "Jeg er en kristen og vil så være til sol og måne ei skifter mer". Ja han slutta snart som emisær og vart skrønemakar.

- Det var vel ein gong ut på hausten i 1912. Farbror Torkel frå Skjæveland kom til oss. Eg låg sjuk då. Og då han skulle gå att, låg eg og gret for eg hadde så vondt. Han tykte visst synd om meg, for han sa til meg før han gjekk.

«Ikkje gråt, eg skal senda ei gild gåva til deg!»

Dette oppmuntra meg mykje. Og eg venta på gåva veka etter veka, men aldri kom ho. Men løye nok, straks føre jul fekk Ommund tilsend juleheftet "Joletre" som Norsk Barneblad gav ut. Og etter nyttår kom Norsk Barneblad til han kvar veke heile året utan me hadde tinga det. Men no kom eg på det. Dette var gåva Torkel ville gje meg. Det var eg som skulle ha barnebladet. Kanskje han tok feil, at det var eg som heitte Ommund, eller at han ikkje visste namna på oss gutegampar og bare skreiv det namnet han kunne minnast.

Men det vart eit svært gildt blad. Neste år tinga me det og heldt det kvart år til Inge vart vaksen kring 1927. Kring 1915 gjekk framhaldsforteljinga "Den norske Robinson" og den var veldig interessant, og me gledde oss kvar veke når bladet kom. Sidan kom "Tom Sawyer" som óg var ei spanande forteljing. I den tida var Peder Hognestad, Bernt Støylen og Klaus Sletten redaktørar for bladet.

I 1917 fekk me eit tjukt 30-års jubileumsblad. Der hadde dei sett i mange fotografi av dei som hadde skrive i bladet desse 30 åra. Det var Kristen Stalleland, Rasmus Løland, Torgeir Bjørnaraad, Hulda og Arne Garborg, Elias Blix, Per Sivle, Hans Seland, Jonas Vellesen, Sven Moren, Anders Hovden, Mikkjel Fønhus, og mange andre.

I 1937 kom 50-års heftet, men det var ikkje på langt nær så festleg som det fyrste som kom.

- Den 17. mai 1913 var eg 7 år. Då fekk eg vera med til Egersund og sjå på høgtida. Då me kom til byen, trefte me barnetoget i Storgata. Først gjekk ein mann og bar på eit stort flagg, så kom ein og donste og slo på ei stor tromme, og ved sida hans gjekk ein annan og mirla med to pinnar på

ei lita tromme. Så kom ein flokk menn som spelte "Ja vi elsker" og andre kjende tonar med mange slags horn og blåsegreier. Og etterpå kom ei lang rekkje med byungar som veifta med små flagg, gaula og skreik.

Så gjekk me inn til Karina i kaffistova og fekk oss mat. Frå taket hekk ei glaspære, og når me skrudde på noko på veggen, så lyste det nokre blanke stråler inni henne. Det var merkeleg, slikt hadde me aldri sett før. Me skrudde på og av fortare og fortare til Karina kom inn og skjende på oss. Dette var det første elektriske lyst eg såg.

Sidan gjekk me ned på torget og såg oss om. Det var så fint når dei store flagga med dei blanke fargane blagra i vinden. Best det var, hørde me noko som brakte og tuta oppi Storgata.

«Å, ein aautomobil, ein aautomobil!» skreik ungane og sette på sprang i mot han.

I den tida sa folk aautomobil med n i midten. Og der kom han kjørande ned mot torget. To mann sat framme og to bak. Han som styrde sat og vreid på eit hjul, og ved sida hadde han ein gummiball med blikkrut på, når han klemde i ballen, tuta det. Dei kjørte ein sving kring Johan Feyersstatuen, tuta fleire gonger, og fór same vegen tilbake med ei skreid av skrålende ungar etters eg. Å ja, eg minnest det så godt som det skulle vore i dag. Då me kom heim, ropt me med same me kom i døra.

«Mor! Me hev sett ein aautomobil! Han kjørte så forferdeleg fort ganske åleine, utan øyk føre!»

Sidan fekk eg greie på at det var Lars Hytland i Egersund som åtte bilen.

- Året etter, 17. mai 1914, kjørte far oss til Bjerkreim

der dei skulle feira 100 års høgtida. Hjà Asbjørn Røysland trefte me Rasmann Tengesdal, han hadde kjøpt seg ei flaske med brus. Eg fekk drikka litt, og det var første gongen eg hadde drukke brus.

I kyrkja var det mange folk, oppe ved altaret var eit stort flagg, alle stod og song "Gud signe vårt dyre fedreland", presten Boye Holt og klokkaren Gitle Birkrem talte om Norge.

Etterpå fylgde far oss inn i eit hus, me gjekk ned nokre stig til ein mørk kjellar og fekk oss mat. Det var kanskje huset åt Tollei dørframme. Far måtte vera med på eit lite møte i kyrkja, då sat me lenger nede og venta på han.

No skulle ungdommane og ungene marsjera inn mot Odland og ha mykje moro. Først gjekk ein og bar på eit stort flagg. Så marsjerte dei inn vegen. Me ville plent vore med, men far sa at no måtte me heim, og då måtte be bare lyda og tia stilt.

- Ein sommar sat me og åt middag i kjøkken, då kom det inn ein liten skjegget og flysset fant som heitte Jakob spåmann. Han hørde ingen ting, men folk meinte på at han hørde godt, han bare gjorde på å ikkje høyra. Ein liten hund smatt inn mellom føtene hans, og katten fór med eit brak opp på loftet.

«*Få mat!*» var det einaste fanten sa med hardt mål.

Så fekk han mat, og mens han åt, klådde han seg gong på gong innanfor den skitne sjurta.

«*Sjå så fuld'e av lus han er*» sa bestefar høgt.

Kanskje for å sjå om han hørde det, men han lest ikkje høyra det. Men då han hadde ete, snudde han seg til bestefar og stirde han lenge inn i ansiktet og sa ingen ting.

Så tok han posen sin og gjekk ut utan å seie noko.

Eg og Bendine dørøppe såg at han gjekk inn reket dørinne som han ville gå til Torveheia. Han sette seg då attmed øvre steingjerdet. Eg og Bendine lurde oss då bakom gjerdet og kikte på han gjennom eit hol i gjerdet. Då sat han med hunden i fanget som låg på rygg og klådde han mellom bakføtene, humra og murrde til kvart.

Men så vart hunden uroleg og tok på å knurra, han kjende vel lukta av oss. Og då vart fanten óg uroleg og såg med sinte auge opp mot gjerdet. Då vart me redde og sprang heim att så fort me kunne.

- Ein dag fann me ein uvanleg fin blom i garden attmed stallen. Han var ikkje høgare enn 1 dm. Krunblada var mørkeblå med gullfarge kring kantane, og dei hekk saman som på ein potetsblom. Me hadde hivat ut noko mais til hønene der, så det var nok eit utanlandsk fræ som hadde fylgt med maisen og slege rot der. Dessverre åt øyken opp blomen. Men stor vart gleda då me såg han kom att neste sommar. Han visna ned att om hausten, men kom att sommaren etter. Då spadde mor han opp og hadde han oppi ei urtepotta og ville ha han til stoveplante. Men då visna han.

- Kring året 1900 kjøpte staten opp kring 100 km² av Hetlandsfjellet og bumarka og planta fure og gran. Då trea var omlag 1-2 m høge, kom det ein invasjon på millionvis av furespinnarlarvar som åt opp barnålene og heldt på å øydeleggja store områder med skog. Det var tre som var heilt snaude for bar og hadde visna. Larvene var grågrøne med svart hoved og låg i ein krans kring greinene. Med same me kom bort til dei, reiste dei alltid opp framkroppen alle med ein gong som ei helsing på komando.

I juni då skulen var slutt, leigde staten over 30 born frå Hetland, Varp, Helland, Tengesdal, Dyrsand og Litl-Eike som skulle “drepa makk”, som me kalla det. Me fekk kr.1,50 for dagen. Me tok kring greina innanfor makkane og drog til oss og klemde sund makkane så den grønne væska rann mellom fingrane våre, og hendene vart seige og svartflekete av fureharpeis, og det lukta som barnåler både av makkane og hendene våre. Slik fór me over frå tre til tre, kvar einaste grein.

Det var far som hadde tilsyn med borna. Men ungar er ungar kvar dei er. Munnen stod aldri stilt på dei, dei vart snart leide og vasa seg bort med andre ting, og så måtte far skjenna på dei og ropa at dei måtte arbeida.

Me tok til i Fossåsen, sidan kring Stavaland, så gjekk me opp til Forevatnet og heldt til kring Førekleiva og den store steinen som heiter Kyrkjo, til slutt var me i Førelia. Men me var heldige, det kom ikkje ein drope regn dei 14 dagane me drep makk.

- Far hadde planta Den høge holmen i Forevatnet med fure og no vart dei óg herja av same makken. Ein dag ville han symja over til holmen, men mor ville ikkje at han skulle vera åleine, så me borna skulle fylgja inn i marka og sjå at det gjekk godt. Me stopte att oppføre vatnet og han gjekk ned til vatnet, kledde av seg og batt på seg ei tom oljekanne som flotør, og sôm over. Og så gjekk han der på holmen spillnaken i fleire timar og drep makk. Og han radla så høgt med seg sjølv at me høyrde det alt til bakom Nore Kalvaknuten.

- Stille vårkveldar med trekk frå nordvest, vart heile lufta som ein lys, blå dis, og det lukta ei eigendomeleg lukt.

«Nå brenner dei tare på Jæren» sa far.

Lukta av tarebrenninga på Jæren kom alt opp til Bjerkreim. No saknar eg denne lukta som liksom minner om vår.

- Om vinteren hadde mor nokre saftflasker ståande på skråkammerset, for at dei ikkje skulle frosa. Når eg bankte på dei med ein stor spikar, klang det så fint, for kvar flaske hadde sin tone. Eg sette dei etter kvarandre etter tonen frå grovt til høgt og spelte ein slags skala. Når eg spelte, kunne dei nede i stova høyra på takten og dei falske tonane kva song eg spelte.

- Me heldt på å trilla på ein stor kjerrehjul-skonning, og så sprang me tvers gjennom han mens han trilde ned ein slak bakke. Ein mørk kveld trilde me han ned brattaste Skurvebakken attmed Stikkelsberhagen. No hadde far sett opp eit ståltrådgjerde med bare ein ståltråd på pålar under bakken for å møte hestane som beitte oppi bakkane. Hjulet trilde med full fart under ståltråden så mykje at det greidde kneka seg innunder tråden. Då blenkte det som eit lite lyn med same. Dette var så gildt så me gjorde det mange gonger, og til mørkare det vart, til meir lynte det.

- Så hadde me ei utskjemt øks me hogg på snei langs ein loddrett steinvegg bare så eldgneistane spratt. Me undrast på om steinen var full av eld.

- Så fann me visne røyksoppar som me fór og puffa med liksom eit lokomotiv.

- Det var den 5. august 1914. Då kom det ei jente frå byen og treffe mor, ho fortalde at no hadde det brote ut krig mellom England og Tyskland. Dette spurdest fort, og bestefar kjørte med ein gong til byen for å kjøpa mjøl. Og no

kom bøndene kjørande frå alle kantar til byen for å hamstra matvarer, så kjøpmennene rasjonerte ut litt til kvar. Bestefar kom heim med bare litt mjøl i ein pose.

Heile dagen gjekk mor og gret. Ho var redd at no vart det krig i Norge óg, og då måtte far ut og kom truleg aldri heim att meir, så sat ho att med mange små born og ein gamal far og fekk heile ansvaret for heile gardsdrifta.

Dagen etter reiste far til byen. Då fekk han ein full sekk med mjøl, og han kunne fortelja at Norge hadde sagt seg nøytral i krigen, og England og Tyskland hadde inga interesse av å dra Norge inn i krigen, og då letta det mykje.

Me borna fylgde ikkje så mykje med i krigsutviklinga. Me fekk ingen ting vita anna enn det som stod i avisa som me fekk ein eller to gonger i veka. "Oversikt i dag" stod det dagleg som overskrift i Stavanger Aftenblad. Men det var visstnok bare far som lés dette. Krigen varde i mange år, det vart som ein vane, og me borna tenkte lite på han.

- Ein dag me var i torvmyra, såg me ein stor zepneliner som sigla som ein sigar på laget nordetter langt ute i vest.

- Så var det den 31. mai 1916. Det var ein varm dag med blå himmel. Eg og Bernhard heldt til oppå Tveita, attmed gjekk den eine øyken som beitte så fredeleg, far hadde kjørt til byen med den andre. Me såg bestefar stod og spadde i ein liten jordepleåker han hadde laga til i brotet opp frå bekken. Då begynte det med nokre tunge dunsar langt ute i sør.

«*Don - don - don - dondon - don - dondondon - don - don - dondon*» sa det.

Slik heldt det på utan opphald, sterkare og veigare etter som vinddraga skifta. Øyken vart vitskræmt, han dansa

og sprang att og fram med hovedet i veret, oppøst og redd. Me såg bestefar stansa og spa, han heldt handa for augene og stirde mot sør. Så sette han frå seg spada og gjekk heim.

Då vart me redde og sprang heim me óg. Heime stod mor og bestefar og snakke redde med nokre av gardsfolka.

«*Mor, kå er det?*» spurde me.

«*Det er krigen me høyrer, det er kanonskot*» sa ho.

I den tida hadde me verken radio eller fjernsyn, så me fekk ingen ting vita før far kom heim att. Då fortalde han at det var eit sjøslag langt ute i havet. Folk frå byen sprang oppå Varberg og speida med kikertar ut over havet, men dei såg ingen ting.

Me høyrde kanonskota turevis utetter kvelden, og då me hadde lagt oss og det var lytt i lufta, då høyrde me kanonskota så tydeleg. Men så vart det stilt.

Det vart fortald sidan at glasruter klirra av kanonskota milevis inn i landet. Dette var det store Jylland-slaget.

- Det var våren 1916. Ei natt vakna Arne Gjedrem av at det dundra så forferdeleg på ytradøra. Han var lensmannsvikar for far sin som var på tinget. Han reis opp og opna døra. Der stod ein stor mann utanfor i mørkret.

«*Nå må du koma, nå hev dei Øvrabø skote Ola bror min!*» sa han med grovt mål.

Det var Tollei Gravdal. Arne fortalde sidan at han aldri i livet hadde stokke så fælt.

Der var 3 søsken i Gravdal, Tollei, Ola og Amalia. Ola var gift og hadde fleire små born, og dagleg sprang han med børsa i Hetlandsfjellet. 2-3 gonger kom han heim til far og skulle ordna med noko pengelån i banken, og då tok han med børsa inn i stova, og ein liten gulkvit hund dilta munter

etter han i hælane.

Sønene hans Karl Øvrabø sprang óg med børsene i Hetlandsfjellet. Tidleg om morgonen 27/4-1916, gjekk Hans og Kjell Øvrabø på jakt, dei skilde lag og gjekk kvar si leid og skaut kvar sin orre.

Så gjekk Hans og ville finna att Kjell, då trefte han Ola Gravdal i Langsida der dei kunne sjå husa på Hetland over Førekleiva, han hadde høyrte ein orre og skote. Då han såg at Hans bar på ein orre, vart han sint, for det var den han hadde skote etter.

«*Nå skal du få koma til helvede*» sa han, og med begge nevene støyte han børsesepipa rett mot brystet på Hans.

Hans vart livredd, treiv børsesepipa og vreid henne vekk, Ola rykte til seg børsa att og heldt i børsesepipa med kolben ned og slo med knytte neven etter ansiktet hans Hans, men han kasta hovedet til sides og tokte seg i frå, Ola tøygde seg fram og ville slå ein gong til. Då gjekk skotet av.

«*Å, nå skaut eg meg*» sa han og la seg ned og stytta seg med begge hendene mot marka og blødde sterkt, så seig han avende og var død, 37 år gamal.

Det var visstnok ei grein i ei lita fure som hadde løyst av skotet. No kom Kjell. Han sprang heim og fortalde om ulukka, mens Hans sat attmed liket og venta i mange timar. Endeleg kom folk og bar Ola heim til Gravdal. Då var Hans bare 19 år og Kjell 16.

No hadde me Amanda, dotter til Amalia Gravdal, til tenestjente heime på Hetland. Ola var altså morbror til Amanda. Og no vart det oppstandelse og sjau då ulukka spurdest. Amalia kom mest kvar dag til oss og sat og gav vondt på dei Øvrabø og la heile skulda på dei og rekna opp

alt det vonde dei hadde gjort gjennom tidene. Men Amanda ville erta mor si, ho heldt med dei Øvrabø og forsvarte dei. Å enn den kjeftinga mellom dei to. Bestefar vart så leid av å høyra på dei at han gjekk beint ut.

Ein varm sommardag føre slåtten vart det rettsak, og dei heldt til hjå Ola dørøppe. Der kom dommarane, Arne Gjedrem og alle vaksne mannfolka frå Gravdal, Øvrabø og Ualand som vitne. Så gjekk dei til åstaden i Langsida. Tollei Gravdal var i staden for Ola og Hans Øvrabø som visste koss det hadde gjenge for seg, viste med ei børse koss dei slost, og då dei kom til det kritiske punktet då skotet gjekk av, vart det fotografert.

Då rettsaka var slutt, bad far inn dei Øvrabø og Ualand til mat, og dei dørinne bad inn dei Gravdal. Då Karl Øvrabø kom inn og trefte bestefar, loste gråten. Men Amanda som hadde mista morbror sin så fælt, gjekk smilande og bar mat på bordet til dei.

«Anna, såg du at eg smilte til Hans» sa ho til mor då dei var reiste heim att.

Hans vart frikjent, for doktorane beviste at skotet hadde kome nedanfrå og stansa oppi livet og hagla var like dei Ola hadde, men ulike dei Hans hadde. Men dei Gravdal heldt på sitt at Hans hadde skote Ola med vilje.

- Nokre timar føre rettsaka kom Arne Gjedrem syklande for å treffa far.

«Då eg sykla ned mellom gardane vart eg så varm at eg tok av meg trøya og hengde henne på styret og tok hatten i handa. Folk trudde visst at eg var galen slik som eg for åt» sa han til far.

Det viser koss kledemoten var i den tida.

- Ein gong var det ein som viste meg kvar det var ulukka hende. Det var på nedsida av gongevegen i Langsida der me såg Hetland, attmed ein stein og nokre småfurer. Sidan då eg var ferdig med lærarskulen, ville eg leita opp staden og hogga inn ein kross i steinen der, men då var der høg, tett skog, det var uråd å finna att staden.

- Ei tid var alle mannfolka på garden samla 1 dag kvart år og gruste vegen mellom Fosslibakken og Aurgodo i Tengesdalsmarka. Ein gong då Peder dørinne hogg ut grus i aurgruva nedanfor Fosslibakken, raste det med eit fælt skred av grus og stein over han, så han vart så skamslegen at han var mest i uvit.

Dei ville kjøra han heim i møkekjerra dei kjørte grus med, men det rista så at han ikkje greidde liggja oppi med den sundslegne kroppen. Då kom Sina, kona hans, og hjelppte han heim. Me såg koss han stytta seg til henne og halta heim så vidt han kunne gå. Han vart liggjande nokre dagar, men bestna til att. Sidan fortalde han at heile kroppen var svart av dauablod. Men det var nok vel mykje sagt.

- Ingebret og Elen budde i Hattaskaret på Gåsland. Men så slo han lag med ein annan mann og reiste til Amerika frå konene sine. Eg veit ikkje kven det var. Då dei hadde vore ei tid, kom Elen ein dag til far som var formann i fattigstyret, jamra og gret for dei to mennene i Amerika ville nøya konene sine å flytta til Knubben langt vest for Gravdalsmarka.

«Du må hjelpe meg» gret ho.

Kva grunnen var for dette påfunnet, veit eg ikkje. Far samrødde seg med fattigstyret og dei meinte det var eit meiningslaust krav. Far skreiv til Ingebret at fattigstyret

gjekk ikkje med på dette og nekta.

Så gjekk det ei tid, då kom det eit brevkort til far. På biletet var det ein tjuk mann som lés opp ein lang tekst for ein stakkar som stod så redd med hatten framfor seg. Adressa til far var "Herr P. K. Hetlan, Birkrem pr Eggessund, Norway". Og så stod det skrive med maskin i teksten. "Jeg synes de Herre i Birkren er naksaa viobne naar de Ærklærer Mænd i Montana for myndighed» Det var alt. Det siste ordet skulle vel vera; umyndige. Då lo far.

- I den tida hadde me ingen gamleheim. Gamle, hjelpelause som ikkje hadde nokon stad å bu, vart sette ut til folk som tok dei til seg for betaling frå fattigkassa, dei som baud å ta dei til seg billegst, fekk dei. Mange gamle vart sende til andre bygder.

No var det ei gamal som heitte Karen Bjordal, ho vart sendt til ei kone i Nærbø. Eg veit ikkje kva ho heitte, så eg får kalla henne Guri. Ei onnor kone på garden der får eg kalla Sara. Sara fekk lokka Karen Bjordal til seg og lova henne at ho skulle få det så mykje betre hjå henne. Men då vart det tretta mellom dei to kjerringane, for Karen ville bu hjå Sara og Guri ville ikkje sleppa henne frå seg og mista denne inntekta.

Guri skreiv til far og fortalde dette. "Det er angaaende Karen --" begynte brevet. Far dømde i tretta og skreiv til Guri at Karen kunne bare vera hjå Sara. " - men du skal få betaling" Så kom det eit brev frå Sara. Karen ville vera hjå henne for Guri var så rada med henne, og då var det urettferdig at Guri skulle få pengane. Det kom fleire slike brev frå begge kjerringane. Men kven den stakkar Karen til slutt fekk roa seg hjå, veit eg ikkje.

- Ein gong skulle far og mor og så mange ungar som det tok på karjolen kjøra til Skjæveland ein laurdag.

«Me kan ikkje ta med alle ungane, det er ikkje plass for alle» sa far forarga. Då kom Arne på noko lurt.

«Me skal bora hol i ein kasse og binda eit tog i holet og den andre enden i karjolen bak, og så skal eg sitja oppi og så skal de dra kassen!»

Men då måtte far læ om han var noko purren. Ommund og Ingard måtte vera heime.

Då me kom til Røysland, stod Johan Vassbø, som tidlegare budde attmed steinen på Versland, attmed Bjerkreimsbrua med lastebilen sin nr. 30. Det var nokre ungdomar som skulle ut på tur. Far venta ei stund så mor skulle få sjå når han kjørte. Så kjørte dei i veg bare så det brulta bortover brua.


Då me kom til Vikeså, gjekk me inn i banken eit ærend far hadde. Med same ringde telefonen og far snakke inn i noko. Det var ei merkeleg greie.

Måndagsmorgonen kjørte far ned til Trollshauane og var i banken. Då gjekk mor og me andre inn til Per Svensen og såg om den gamle far hans, Sven Person, som no låg for døden. Etter middag kjørte Randi, tenestjenta, oss ned til Vikeså. Og då far var ferdig i banken, tok me på heimvegen.

Før me kom til Holmabrua, dillesprang hesten ned frå den litle bekken. Med eitt tvintla han og datt, skåka knakk og hesten vart liggjande flat på vegen. Hadde ikkje skåka bruste sund, hadde karjolen holvt med heile ungarølet oppi. Far drog karjolen og mor taumkjørte hesten til Tollef Gjedrem. Der fekk me mat, og mens me åt, lappte sønene i huset karjolen til att. Skåka hadde fenge ein langbrest, så dei

spikra henne til att. Så festa dei eit sterkt tog i oreringen i hesteselen til karjolen, for ikkje draget skulle verta for hardt på skåka opp bakkane. Den gongen måtte mor gå opp Fosslibakken.

- Bestefar, Tønnes Obmundson, visste ikkje kva tid



Bestefar Tønnes Obmundson Hetland

han fyllte året, han visste det var ein gong om sommaren, og han visste kor gamal han var, trudde han. Etter det var han 74 år då han døydde i 1917. Men i kyrkjeboka står det at han var fødd den 7/8-1845, så han vart bare 72 år.

Ein morgon, den 17/12 då me skulle gå i skulen, fekk me vita at no var bestefar død. Då gret Ingard. Då me kom heim att frå skulen, trefte det så til at me trefte far attmed Reidar Tengesdal, han kom frå byen med likkista. Han lyfta oss oppå kista så me fekk kjøra oss heim. Eg tykte det var uhyggeleg å sitja oppå den svarte likkista som bestefar skulle liggja oppi.


Så kom likferdsdagen. Bestefar låg i bua i kista med hendene folda oppå det kvite likteppet. Lærar Peter Vinje talte og song. Så gjekk mor og moster Gesine fram til kvar sida av han. Dei bøygde seg over han, såg han inn i ansiktet og gret smått. Så dekte dei over ansiktet hans med ein liten tynn duk og sveipte han inn i likteppet. To mann lyfta loket på, og Ola dørøppe spikra det fast kring kanten. Det small så uhyggeleg i stova då.

Det var bare dei vaksne mannfolka som kjørte til kyrkjegarden. Kvinnfolka måtte ha middagen ferdig til dei kom heim att. Om kvelden var me unge ute og rann på kjelke ned Storåkrbrotet. Tønnes, bror min, og Inger Hetland, dotter til moster Gesine, stod under bakken, då lærde han henne "Måneskinvalsen" som nett då vart kjent og svært populær.

- Ein sommar føre slåtten hadde me slik gild tur at eg skreiv det ned etterpå i ei bok eg sydde saman av eit innpakkingspapir. Ho begynte slik. "Han far sa til ungane sine; *«Vil de vara trugne å tynna nepene på Kysseberlogjæ,*

*skal de få vera med til byen og fotografera dokke og ettepå
skal de få følja toget til moster Gesine»*

Me hadde Martea Tengesdal til tenestjente då, og ho sydde matrosbluse til oss alle borna. Ein dag kjørte me i veg på fjørkjerra. Far og mor sat på kuferten, far heldt i taumane og mor heldt Inge i fanget, to sat flate framfor kufferten og to bak.



Frå venstre: Inge, Arne, Bernhard, Jørgen og Ingard.

Me gjekk inn til fotograf Eskildsen, der var ei jente som stilte oss opp i ei lang rekkje etter storleiken. Ingar var stor etter alderen og eg var svært liten, så der vart eit stort hopp. Det var ei fæl møa for henne å få til alle til ikkje å blunka. Så klemde ho på noko med ein lang ledning til aparattet då ho tok eit par bilete.

Sidan kjørte far og Ingard heim att og me andre fylgde

toget. Det var grueleg gildt då toget peiste i veg og klakka gjennom skjeringane. Der sat to karar som song "Kom min Koster vals", oppatt og oppatt til eg kunne tonen. Eg tenkte på kva mor seier no, ho som sa det var synd å tralla dansetonar, men ho lest aldri høyra det. Denne gongen gledde eg meg då me fór gjennom tunnelen og yngste at han skulle vore mykje lenger.

Inger Helland, søskenbarnet mitt, møtte oss på stasjonen og kjørte oss til Hetland. Der vart me kjende med ei smilande, fin jente som heitte Anny, ho vart sidan gift til Sleveland, men døydde ung.

No var det slik at mor skulle til Stavanger og leggjast inn på sjukehuset for nokre sår i ansiktet, me borna skulle gå av toget på Klungland, der skulle Ingard koma og fylgja oss i lastebilen hans Johan Vassbø som gjekk i rute til Vikeså. Me skulle då gå av midt for Tengesdal.

Måndagsmorgonen laga moster til oss mat og la sukker på skjevane. Me gjekk av toget på Klungland og mor reiste vidare til Stavanger.

No venta me lenge før lastebilen gjekk, for han venta på posten som skulle koma med toget. Me vart svoltne og beit av skjevane, men då låg det eit tjukt lag med salt oppå dei, moster hadde teke feil. Me skrapte av det beste me kunne, men likevel vart me fælt tyrste.

Så kom Ingard gåande, om han hadde gjenge heile vegen alt frå Hetland, minnest eg ikkje no. Endeleg skulle bilen i veg. Johan lyfta oss oppå nokre sekker og kassar og ein del framande var med, mellom dei nokre speidargutar som var så smilande mot oss. Så brakte det og rista i veg.

Då me kom midt for Baubrekko ovanfor Tengesdal,

ropte Ingard så høgt han kunne gjennom braket at Johan måtte stoppa. Dei andre snudde seg og såg, dei trudde visst at einkvan hadde dotte av. Men Johan stoppte og lyfta oss ned. Så kjørte han i veg att og speidarane vinka til oss.

Så gjekk me ned Baubrekkko og drakk lenge i åa, me tok av oss sokkane og vasste over. I boka mi skreiv eg eit dikt om dette. "Men då me vasste i Tengesdalså, då støytt' eg sund mi litlatå" Me gjekk inn til Ommund og Else bortanfø og fekk oss mat. Jenny og Arnold fylgde oss på vegen til Torvmyra, og så var me heime.

- Eg var i to bryllaup då eg var liten. Karina dørøppe hadde eit stivt kne og svingde foten ut til sides når ho gjekk. Og no skulle ho gifta seg med Peder Hellvik.

Ola dørøppe kjørte gong på gong til byen etter bryllaupsmat, og ein kveld kom han heim med ein tung kasse med brennevin som han bar inn i kjellaren, han grylte oss vekk, men me såg det likevel. Me fekk nye klede alle borna, mor vaska oss reine på heile kroppen, vaska håret i parafin for å drepa lusa, så det skein som blankt englehår, og gav oss reine underklede.

Fredagskvelden kom dei frå Hellvik, og alt same kvelden var dansen i full gang i det tome huset dørnere. Dei danste i daglegstova og låg i halm i bua og på loftet. Ingeborg på Stødlen, kona hans Torjer, var kokka og kokte i gruva i kjellaren. Laurdagsmorgonen gjekk me til dørøppe og fekk mat. Så kjørte dei vaksne til kyrkja og fekk middag då dei kom att.

Det var eit ekte bondebryllaup, der var verken song eller telegrammar ved bordet, bare lått og leven og meir og mindre fylla. Så tok dansen til og me sat kring veggene og

såg på koss dei skråla, sjangla og danste. Far var ein av dei få som var heilt fastande. Han fekk mor med, og dei danste i hop ein vals. Det var nok den siste dansen deira.

Me borna måtte gå og leggja oss, men bryllaupet dundra på til langt ut på kvelden, og det vart lått og leven og kvinskrik utetter heile natta i halmen, hørde eg fortald etterpå.

Dagen etter tok dei til att. Der var ein frå Hellvik som fann på allslags spetakke. Han fletta til ein lang hale av halm og hengde på seg bak og drog han etter seg når han danste. Spelemannen var frå Egersund. Han hadde eit trekkspel som det var nokre luker som opna seg til kvart han spelte.

Måndagsmorgonen fekk me mat, dei frå Hellvik reiste heim att. Og så var det bryllaupet slutt.

- Då eg var stor gutunge, var me i bryllaup hjå moster på Hetlandsheia, bare far og tenestjenta var heime og stelte krøtra. Tønnes var vekke på skule.

Det var Anders, eldste sonen i huset som gifta seg med Berta Seland frå Sirdalen den 11/6-1920. Det var nokre fine, strålende dagar. Det var i forbudstida så det var vanskeleg å få tak i brennevin. Men Teodor hadde brygt øl, så dei fekk drikka det dei ville dei som hadde lyst.

Det var nokre hedlandsbuarar som skjenkte seg før dei skulle til kyrkja. Dei spretta hesten sin for karjolen, rykte i taumane, og prylte hesten med kjørepiska, men heldt hardt alt dei kunne så ikkje hesten skulle ta ut, prylte og slo att og murheldt i taumane til hesten hopte i skjekane, oppøste og vitskræmt.

Då dei alle hadde fenge grave seg oppi karjolen, fekk

hestane nokre kraftige piskeslag att. Då la dei i veg, oppjaga og redde alt det dei kunne springa, bare så det brakte i vegen, og grusroket stod som ei sky etter dei. Jau, no kjørte dei dundrande inn i den hellige ektestanden. Dette var første gongen eg såg at dei vaksne fer styggare åt enn borna.

Då dei kom heim att, var dei mykje rolegare. Etter maten var det dans på låven. Det vart sakte noko fylla, men dei for fint fram så det vart ikkje noko bråk. Karl, bror min, var med og han song viser og fortalde skrøner. Peder Rogstad (Dyrås) spelte trekkspel heile natta, men han var fast bestemt på at han skulle ikkje smaka ølet.

Men det verste var at alle saman fekk eit rennande laust liv, så dei stod i kø utanfor dass eller måtte springa hovdesturtande bakom haugar og steinar. Eg slutta å eta ei stund og det hjelpete godt.

Om natta låg me i det gamle huset under Hoiien, der var visst ikkje gamle der då. Om kvelden den andre dagen kjørte me heim att. Og midt på natta kjørte me frå Sleveland til Tengesdal. Slik fin natur hadde eg aldri sett før, heile himmelen var skyfri og gul av solglansen og lufta var så frisk og lukta så godt langs dei lange Tengesdalsmonane.

- Mens bryllaupsfolka var i kyrkja, gjekk me borna oppå Borgåsen ovanfor Hoiien, der var det nokre gamle merke frå vikingtida, ei bygdeborg. Då var det med oss ein gut som óg var i bryllaupet.

Tida gjekk og eg vart pensjonist. Så ein dag var pensjonistlaget i Egersund. Då sat det nokre gamle på ein benk og naut livet i det blanke sommarveret. Då var det ein av dei som såg lenge på meg.

«Er du frå Hetland i Bjerkreim?» spurde han.

«Ja» sa eg.

«Ja det kan eg sjå. Då er du i slekt med Teodor og Gesine Hetland i Helleland?»

«Ja, Gesine var moster mi»

«Ja, då var du i bryllaupet åt Anders og Berta?»

«Ja, eg var det»

«Det var eg óg. Då gjekk me oppå Borgåsen» sa han.

Og så fortalde han mykje om Teodor og Gesine som eg ikkje visste om.

- I 1930 var eg i bryllaupet på Tengesdal då Sigrid hjå Reidar gifta seg med Tønnes Gjedrem. Det var eit stort bryllaup som varde i to dagar.

Siste kvelden var me bakom lœa og gjorde "Tri mann i vinden" Då sanste eg at eg hadde mista klokka mi. Dei andre var med og leitte, marka var slett voll med litt tœgras, men me fann henne ikkje. Dagen etter gjekk eg til Tengesdal og rakte med ei rive heile vollen liksom etter slåtten. Men til ingen nytte, ho var borte. Då kom det opp ein mistanke. Ein eller annan hadde funne klokka og bare lurt henne ned i lumma si. Men kven kunne det vera?

Året etter kom det bod frå Tengesdal at no hadde dei funne klokka. Dei hadde pløytt opp vollen der, og då kom ho opp, ho hadde dotte ned i eit hol i marka der det hadde stade ein påle. Ho hadde stoppa då ho var mest halvt 3. Eg gjekk til ein urmakar med henne, han sa ho var heilt øydelagt, men han kjøpte henne for ein billig pris.

«Det var godt me fant 'na så me inkje treng tenkja noko stygt om nokon» sa Gardine, mor til Sigrid.

- Eg trur det var julekvelden 1919 og me hadde pynta eit stort juletre. Den vinteren hadde me Olga Grøtteland til

tenestjente, ho kunne ikkje reisa heim til Grøtteland for det var ikkje veg langs Austrumdalsvatnet i en tida. Karl kom heim frå Vikeså ysteri, Tønnes kom frå Kristiansands underoffiserskulen, så no var me samla alle saman, og me fekk gåver og julegraut og Tønnes skaut inn jul.

Så ropte han oss borna ut i bua, me skulle få ei skytegreie med pil, og så skulle me prøva treffa ein blink. Då hørde me noko som spelte så fint. Me sprang inn i stova. Der stod ein gramafon og spelte "Deilig er jorden" med pianoklunk, og etterpå spelte han "Glade jul" med hornmusikk. Så fint hadde me aldri høyrte før, me som var sveltefora på musikk.

Det var Karl som hadde kjøpt han, han lurde han heim seint ein kveld og dei gøymde han på botnen i ei kiste på loftet med noko klede oppå til julekvelden. Mellom gramafonplatene var det to dansar og ei plate av Einar Rose der han fortel om eit ball. Tenk, ein maskin kunne snakka. Sidan tok Karl gramafonen heim til Vikeså att.

Om våren fekk me telefon, då sende Karl musikk heim gjennom telefonen, og me stod i ein krans kring mikrofonen og hørde.

- Men det var altså julekvelden eg fortel om. Tønnes spurde kven av oss som hadde pengepung, men eg hadde dessverre ikkje nokon, så eg tagde stilt. Då gav han meg ein tobakkpung. Han hadde funne han i ein søppeldunge utanfor Kristiansand. Han var av lér, som ein firkanta pose me kunne trykkja flat, og ei luke med eit stort gap som likna nebben på ein pelikan med ein stor pose under, og me læste gapet att med to kuler me v Reid forbi kvarandre.

Denne brukte eg som pengetaske då eg gjekk på

skulane. Då eg gjekk på lærarskulen i Kristiansand og hadde gymnastikk, hengde me trøya frå oss i gangen som var avkledningromet. Ein dag me kledde på oss, sansa fleire av oss at pengetaskene var borte. Mistanken fall på eit par skulegutar som folk hadde sett sprang ut or gymnastikk avkledningromet. Men mellom fleire hundre ungar var det ikkje godt å kjenna dei att.

Her mista eg tabakkpungen min med to-tri 10 kr setlar og lykelen til reisekufferten min. Såleis kom tobakkpungen tilbake til Kristiansand. Og kven veit, kanskje han til slutt hamna ein gong til på same søppeldungen utanfor Kristiansand.


- Ein kveld i romjula bad me til oss alle ungdomane på Tengesdal. Mellom dei var Øystein Ommedal som var ny lærar på Tengesdal. Me gjorde mange gilde selskapsleikar ut etter kvelden. Og far fortalde om då han ekserte på Madla. Då var den kjente skrønemakar Hans Seland soldat der. Om kveldane då rosigalet hadde gjenge, fortalde han skrøner så det vart lått og leven. Så kom ein av befalet og skjende på dei, og så snart han var ute att, sa Hans Seland noko løye, og dei i ein lått att. Og no fortalde far ei skrøne han minnest etter han.

- Dei lange vintrakkveldane fann me på så mykje moro. Me skulle sjå kor mange me kunne finna som heitte likt, kven som fann flest namn. Det var Ola dørøppe og Ola dørinne, Ola Gåsland og Ola på Hodlen og mange andre. Det var Ommund okka, Ommund dørinne, Ommund Stangaland, Ommund bortanfø (på Tengesdal), Ommund hjå Klavs på Tengesdal, Ommund Hustoft, Ommund Slettabø. Det var Arne okka, Arne Geitreim, Arne Bjerkreim og Arne

Garborg.

Så rekna me opp kor mange dassæ me hadde vore inni. Det var dassæ okka, dassæ dørinne og dørnere, dassæ hjå Reiar Tengesdal, dassæ på Varp og dassæ i skulen og to dassæ i Eigersund o.s.v. Ommund vann, han hadde vore innom over 20 dassæ.

- Ein vinter rann me så mykje frå deroppe til langt nedunder Godo, så vegen vart som ei einaste isflate som var holast på midten, så kjelken fylgde svingane utan me styrde han. Me hadde ein kasse som var høgare enn breid. Den sat



- | | | |
|------------------|-------------------|----------------|
| 1. Middagsknuten | 2. Fossåsen | 3. Storavatnet |
| 4. Boialedet | 5. Runde hagen | 6. Brureina |
| 7. Storåkeren | 8. Kysseberlogjet | 9. Godo |

me oppi og rann snart med ansiktet fram og snart med ryggen fram. Og best det var, datt kassen avende og me skvatt or. Men det var bare gildt.

Ein kveld kom den unge Per Tysland kjørande frå byen nedanfor Godo, og der kjem Bernhard rennande i kassen baketter og såg ingen ting og heldt på å renna på hesten i full fart. Men nett då datt kassen avende og Per sprang fram og fekk kasta han tilsides.

- Om somrane låg me og sutla nedi bekken med kadlar og vasshjul som sveiv. Gildast var ein trehammar som bankte mot botnen på ein blikkboks. Eit vasshjul dreiv denne greia. I stille sommarkveldar hørde me alt heim koss hammaren bankte taktfast på boksen. Ein dag gjekk tri sportskledde framande karar nord mot tjørna. Då dei hørde hammaren, hopte dei over gjerdet og sprang ned til bekken og sat på huk kring hammaren og betrakta dette vidunderet.

- Hausten 1923 døydde bestemor Jørgina på Skjæveland. Då me kjørte henne til Ivesdal kyrkja, stod den gamle Tollei Ivesdal i hagen attmed huset. Han heldt hatten med begge hendene framfor seg og lutte hovedet mot jorda mens likkista kjørte forbi. Han var då 90 år. Dei kalte han "kyrkjebyggjaren", for det var han som bygde kyrkja der.


Bestemor vart gravlagt nokre stig innanfor porten på høgre sida når me går inn til kyrkja. Om kvelden var me med Skjævelandsungane og "slo på ringen" Då var det i lita jente som slo meg på ryggen. Ho sprang så fortrippande fort at ho kom først til den opne plassen i ringen. Det var ho som sidan vart kona mi.

- Då eg og Bernhard var nokså små, var me ein sommar på Tveita, og då fann me det fyrste mikkjelsbæret

som var moge. Då delte me det i to og fekk smaka kvar sin del av bæret.

- Eg låg om sommaren i 1915 på kne innanfor Kleivatjørna og batt ståltrådnett i skiftet mellom okke og dørinne. Då vart eg vare ein orm under ein stein. Eg greidde halda han innåt steinen med ein stav, og så gapte eg opp med klypetonga tvers over hovedet hans, og klemte til. Hjelpe meg som han gapte opp med same eg klypte av han hovedet.

- Ein varm dag gjekk eg og Bernhard til Fossbrekko og leitte etter blåbær, då drép me tri ormar på ein halv time.

Brørne mine.

Alle brørne: Karl, Tønnes, Ommund, Jørgen, Bernhard, Arne og Inge

- Då Karl og Tønnes var smågutar, hadde bestefar eit gamalt utedo med torvtak ståande i garden. Det var så skeivt og gise at dei ein stad øvst på veggen kunne tøy armen ut og ta nedst på torvtaket. Ein gong kjende Karl og Tønnes opp mellom nevra og torvene på taket, og då fann dei eit veldig stort hønereir. Der var visst over 20 egg i det. Men det løgnaste var at kvart einaste egget var tomt og hadde eit lite hol i begge endane.

Dei kunne ikkje begripa kva slags egg dette var og sprang inn til mor med dei. Men ho skjønnte med ein gong kva dette var. Dei hadde ein tenestdreng frå Intredalen, så

det var nok han som var gjerningsmannen. Men eg veit ikkje koss det gjekk sidan, etter dei sa til han kva dei hadde oppdaga.

- Då Karl og Tønnes var store gutar, gjekk dei inni marka. Då dei kom til Kleivan' innanfor Holmavika, gjekk dei oppå skråfjellet mot Forevatnet, og der i ei hylle mot vatnet la Karl ned staven sin, ein vanleg stav av ei grein.

«Der skal me leggja ned staven, og så skal me ikkje sjå om han før me er gifte og hev kona» sa han.

Så gjekk tida. Det drog ut før Tønnes gifta seg. Men så ein søndag då dei var gifte og hadde fenge born, gjekk dei inn i marka og eg var med då. Då låg staven der ennå, men no var han så morken at me kunne ikkje ta i han.

Nokre år etter, ein gong i krigsåra, såg eg om staven. Då var han oppløyst og låg i mange småmolar breidd utover. Og nokre år etter var han heilt vekke, no vaks der fint gras der staven hadde lege.

- Der var skyttarblod i Tønnes. Då han var i lesaralderen, fann han ein meterlang springvassrøyr, sette litt av han i ein steinmur og bøygde røyren til ein stav. Så slipte han eit hol oppi bøygen med slipesteinen og laga til ein trekolbe. Og så var børsa ferdig.

Så fyllte han krut oppi pipa og stilte børsa opp i hagen. Eg var liten då og stod og såg det i glaset. Han batt noko papir på ein lang staur og tende eld på det og retta elden bort til krutholet på børsa. Då fræste det ein fæl eldgøys ut or børsepipa. Men då vart far sint.

«Du kunne ha sprengt børsa i filler og drepe deg» sa han og forbaud Tønnes strengt at han aldri meir måtte finna på slikt.

Sidan kjøpte Tønnes ei børse, men han tok henne ikkje med då han sidan gjekk på skulene.

- Karl hadde vore på meieriet på Løten og fylgde toget heim på Bergensbana, og Tønnes var på veg på toget frå Bergen til Oslo der han skulle gå på gymnaset. No visste dei at desse to toga skulle kryssa kvarandre på ein viss stasjon. Då dei nærma seg stasjonen, stod dei med kvar sitt nedtrekt glas og passa på. Og mens toga seig seint forbi kvarandre, retta dei ut armen og tok kvarandre i hendene med same dei fór forbi.

- Far spurde Karl kva karakter han fekk etter eksamen på meieriskulen. No kan eg ikkje minnst talet, eg får dikta opp eit.

«1,3» sa Karl.

«Kva fekk han som vart best?» spurde far.

«1,3»

«Då vart du best av alle» sa far.

Og så fortalde Karl at så lenge meieriskulen hadde vore i gang, hadde ingen fenge så gode karakterer. Men mange år etter var det ein som fekk endå betre karakter.

- Då Tønnes gjekk på krigsskulen i Oslo, gjekk óg kronprins Olav på same skulen. Ein dag kom kronprinsen inn til Tønnes med eit reknestykke han ikkje fekk til, og bad om Tønnes ville hjelpa han, og han gjorde det. Men dette ville ikkje Tønnes at det skulle spørjast. Folk skulle ikkje få det å seie at han var stolt av at han hadde hjelpt kronprinsen med eit reknestykke.

- Ein gong var bestefar i Stavanger, då stod det ein mann og selde lodd over ymse ting. Bestefar kjøpte eit lodd for 10 øre og vann ei lummecløkke. Den gav han til Tønnes.

Etter som eg minnest var det eit lok som dekte glaset og talskiva. Når me trykte på ein liten tapp, spratt loket opp så me såg kva klokka var. Visarane var smale og talskiva hadde romerske tal. Tønnes hadde klokka i mange år, men han måtte tidt gå til urmakaren med henne.

- Ommund fekk spanskesykja så hardt at han aldri vart heilt sterk.

- I frå han var unge til han vart gamal fangde han på starar (trastar) om haustane og tok fisk i Nore stemmen. Han gjekk óg med børsa hans Tønnes, og ein gong kom han heim att med ei svinsoks.

- Då han gjekk på Dalheim fylkesskule, såg han ei stygg ulukke. Han hadde vore på stasjonen og sett då toget kom og var på veg til Dalheim. Då såg han ei jernbanevogn hopte og jompa så fælt. Han gjekk tilbake og såg og hørde kva det var. Ein mann ville hoppa på toget mens det hadde begynt å gå, men så skreid han og datt mellom to vogner, og vart drepen av vognhjula før toget fekk stoppa.

- Då Ingard var liten, vart han så sjuk ein kveld med sterk feber. Då mor la han ned i senga på salen, sette han i eit redsleskrik. Han såg tydeleg ein orm som låg i ein ring og lyfta hovedet mot han og såg på han med fæle auge. Og mor la han beint oppå ormen, fortalde han sidan. Det er dette dei kalla feberfantasi.

- Eg har så mykje til å fortelja om Bernhard. Då han var ganske liten, gjekk han og stabba på golvet og bar på ein sund spegelmole i venstre handa. Då tvintla han i troskolet mellom kjøkken og daglegstova og datt og glaset stakk inn i handa og skar av sena til peikten, så han kunne ikkje lea den ytre leden på fingeren, så han vart stiv. Men han vart

flink til å arbeida med nevane likevel.

- Han var så fæl til å skrika i sinne då han var liten, serleg om kveldane då han var trøytt.

«Å, om du skal få leggja deg» sa mor ein kveld han var så gjennomtrøytt og ho la han på loftet.

Så låg han og sutra litt, og så vart det stilt. Men så sette han i eit forferdeleg ilskrik og skreik i villaste redsle. Mor sprang opp, og der stod han i senga og ylte og galskreik. Ei humle hadde krope inn under skjurta hans og stukke han på ryggen, og då han grømte oppetter henne, stakk ho han på tomen.

- Ein dag skulle me gå til Orråsen og sjå om snorene. Bernhard elta at han ville vera med. Men Ommund sa at me kunne ikkje ha han med, for han visste at han kom til å skrika at me skulle gå heim att, det hadde han gjort to gonger tidlegare.

«Eg skal ikkje skrika, eg skal vera gild heile tida» forsikra Bernhard.

Jau, det gjekk godt til me for frå snora til snora i Orråsen. Men då vart han leid og begynte å gråta at no skulle me gå heim att. Og så ramskreik han heile tida til me godt og vel var på heimvegen.

- Ein gong me var i smalfjoset, fann me eit hønereir med mange egg i. Me hadde høyrte at me ikkje kan klemma sund eit egg endelangst, og no ville Bernhard prøva. Han la fingrane i hop og egget endelengst attmed handledane og klemde til alt han kunne, men han greidde det ikkje. Så la han hendene mellom knea og klemde til. Då small det som eit skot, og plomma skvatt alt opp i mønet på smalfjost.

- Ein gong fann me eit egg som hadde eit horn, mest

som eit geitehorn.

- Ein gong ville Bernhard visa at han kunne sveiva ei bytte full av vatn over hovedet sitt utan vatnet rann ut. Men med same bytta var over hovedet sitt støytte ho borti ei grein i eit tre. Og så fekk han heile vassspruten over seg.

- Han dikta 2-3 vers som var nokså originale. Her er døme på ei. Me hadde ein gamal sau som heitte Skrulten. Han var vekke nokre dagar, men kom så heim att. Då dikta Bernhard dette verset som går med tonen "Jeg har båret"

Skrulten borte mange dage,
Skrulten bort mang en dag,
Skrulten snaue under magen,
men det er han ei i baken,
men det er han ei i baken.

- Arne laga ein gong til ein boge og trepil, og då han var ferdig, gjekk han på jakt. Han gjekk til Holo med tjørna, og der såg han ei and som sôm attmed land. Han lurde seg inntil og sikta og skaut, og han trefte beint i sida på henne, men pilen hadde så liten fart at ho flaug like godt etterpå.

- Då Inge begynte i skulen for Lotte Slettabø, gjekk Arne det tredje året i småskulen, så dei fylgdest i skulen. Ein dag kom Arne åleine og Lotte spurde kva det var som felte Inge.

«*Han hev brote av seg hove!*» ropte Arne.

«*Uff*» sa Lotte, ho visste ikkje om dette var alvorlegt.

«*Hev de hatt heim doktoren?*» spurde ho.

«*Nei*» svarde Arne.

«*Ligg'e han?*»

«*Nei han går oppe*»

«*Koss bar det til?*»

«*Jau, eg kjørde han på hjulbåræ og så datt han av og braut av seg hove*» fortalde Arne.

Då måtte Lotte læ. Og skuledagen etter møtte Inge til skulen att.

- Ein dag me slo i Sletthoien, fann Arne eit humlebøle. Det hadde nett då kome ut nokre humlungar, dei var så små at dei korkje kunne gå eller flyga. Då tok Arne ein humlung og hadde han inn i munnen sin, bare på løye. Men då stakk ho han på tunga. I allfall det kunne humlungen. Då trutna tunga hans så opp at han kunne ikkje snakka klårt ei tid etter.

- Ein sommar hadde me Berte Eike til tenestjente heime på Hetland. Ho var så god til å læ og tykte mykje var så løye. Ein dag me høydde, gjekk Arne einbuksa og hadde fenge ei hole i buksa bak, så han stapte ein høydott i holet og gjekk som med ein stytt bukkehale bak. Dette var sjølvstakt fælt løye. Ein gong stod han framfor øyken og arbeidde med høyet. Då tøygde øyken hovedet fram og reiv ut høydotten og åt han opp. Men då lo Berte så ho heldt på å siga i knea.

- Inge kunne vel ikkje vera meir enn 3 år då mor kom frå byen med ei ny pissepotte. Med same Inge såg henne, tok han henne med begge hendene og bar henne inntil magen sin.

«*Mor, eg må på potto!*» ropte han.

«*Ommund, hjelp Inge på potto*» sa mor.

Så sette Inge potta på golvet, snudde ryggen til henne og Ommund stod framfor han og hadde ned buksene hans. Men med same Inge hukte seg ned og ville setja seg, var Ommund kvikk og tok bort den nye potta og sette den gamle under. Og så sette Inge seg på potta og trudde det var den nye han sat på, og han kjende etter at det var ei god

potte. Om ei stund ropte han.

«Mor, eg er ferdige!»

Så hjelpte Ommund han opp og drog opp buksene. Men då Inge såg at det var den gamle potta han hadde sete på, då vart han så sint at han spende etter Ommund. Då me såg etter oppi potta, var det bare nokre få dropar med piss, det var alt.

- Inge har gjort noko som ingen har gjort sidan villmennene for 8-9.000 år sidan sprang nakne med store tredralsar i nevane på jakt etter villsvin inni skogane på Hetland. Han har gjenge spillnaken frå garden heime til inst inne på høgaste Intredalsfjellet.

Det var det at me gjekk nord til tjørna og ville lauga oss og Inge ville vera med. Men han var så liten at han kunne ikkje kle av og på seg, så mor bare kledde av han heime og let han springa naken nord ræket til tjørna. Men etterpå gjekk me inn i marka og ville sjå om nokre lamsauer, og Inge fylgde med inni heile marka. Og då me kom heim att, var han så raud som ein solbrent gris.

- Då han var litt større, var han med i torvskuren og bar bort torvene med nevane og la dei til turk bortover marka. Og så skreiv han med peikten i kvar einaste torva tal på kva mange torver han bar bort, og han kom visst opp mot fleire hundre. Om vinteren når me brende torvet, fann me mange torver med store tal på.

- Til slutt vil eg fortelja noko om då eg og brørne mine skulle i militærtenesta.

- Karl møtte fram på Odderøy festning ved Kristiansand. Dei var stilte opp i geledd og ein av befalet kom fram og sa at dei trong ein skrivekyndig soldat som

medhjelpar på befalskontoret. Då steig Karl fram og melde seg til teneste og sa at han hadde gjenge på meieriskulen og såleis hadde handelsskule eksamen. Og dermed vart han godteken. Mens dei andre soldatane måtte ta lange utmarsjar, fekk han sitja inne ved skrivepulten og ha det godt og fredeleg.



Tønnes



Bernhard

- Tønnes gjekk på under-offiserskulen og krigsskulen, så han fekk sanneleg prøva soldatlivet både i godt og vondt.

- Ommund kom i trenet (?). Han fekk ein liten, godsleg hest han kjørte med og som han gav mat og skrapte og puste på lange stunder kvar dag.

- Ingard møtte fram til sesjon og vart stridsdyktig. Men så vart han sjuk og døydde.

- Eg var så liten og spinkel at dei kunne ikkje bruka meg.

- Bernhard viste bare fram den stive, smale peikten, så vart han fri eksisen med ein gong.

- Arne hadde visst den engelske sjuka då han var liten,



Eg



Arne

for føtene svikta så han vart fælt hjulbeint, og brystbeint seig inn så det vart ei hole i brystet. Han bestna fort til att og føtene retta seg ut att, men holet i brystet hadde han alltid sidan. Og då han møtte fram til sesjon, såg dei på holet og melde han stridsudyktig, likevel om han var både stor og sterk.

- Inge hadde i mange år ein trøyttande hud-sjukdom. Det braut ut små kviser på heile kroppen som klådde så vondt. Dei brast sund og turka vekk og sette små merke i skinnet, men stadig nye kom til. Og då han stod naken framfor doktoren, og han såg alle dei små merkene på kroppen hans, slapp han fri.



Inge

Men då han sat og svalt i arresten i Møllergata i Oslo, då vart han frisk att og kom heim att fin på kroppen.

Sjuk.

- Den 15. juli 1906 då eg kom til verda, var eg liten og spinkel. Eg åt lite, var fælt vand på maten og vart liten og pisen gjennom heile oppveksten.

- Kvar vinter var eg gong på gong sengjelliggjande og fekk den eine sjukdomen etter den andre. Eg fekk ein stygg kikehoste så eg ville kvelast og miste sans og samling i dei harde kikeriene. Då fekk eg eit egg etterpå.

«*Nå må eg få egg*» sa eg då eg vakna opp att.

- Då jordmora sette på meg soppe, vaksinerte meg mot soppesjukdomen, virka det ikkje. Så prøvde ho ein gong til, og for å vera viss på at nokon kom, sette ho på meg 3 på kvar arm, 6 i alt. Og så kom dei alle i hop. Då vart eg så sjuk at eg vart sengeliggjande.

- Så fekk me kregdo og måtte liggja.

- Då bestefar vart sjuk, hadde eg vondt i magen. Far fekk heim doktor Mohn, og då han hadde vore hjå bestefar, kjende og klypte han meg i magen. Eg hadde ete formykje frukt, sa han, og eg visste at det var mikkjelsbær.

- Ei stund var eg så blodfattig at føtene vart så veige at eg lite kunne gå.

- Så fekk eg “makk i magen”, då knipte det stundom så vondt at eg stod kroket.

- Så fekk me alle eit forferdeleg laust liv (diaré) to-tri veker.

- Eg fekk ring fordøyelse, og gong på gong fekk eg hard feber med spyesjuka så eg spydde tilslutt det gule gadlet. Eg trur eg fekk forlite vitaminar og fullgod næringskost.

- Og ein gong fekk eg slik illherjelig øyreverk. Eg bare ylte så skreik eg, og mor slo bråna varmt smør inn i øyra mitt, men det hjalp ingen ting, øyra verke dag og natt til svullen rann or øyra. Etter den dagen har eg ikkje tort kald luft inn i øyra, det verkjer så snart det vert kaldt inni det.

- Så kom kusmo i huset. Og alle små fekk henne. Men tenk, eg fekk ikkje kusmo. Sidan har eg fleire gonger vore i lag med skuleborn som hadde kusmo, men aldri har eg vore smitta.

- Kvar vår då eg slapp ut i sola og fekk eta sureblokker, vart eg frisk att. Då sprang eg berrføtt heile sommaren, grov i sand og sutla i bekken. Og då eg vart større, hjalp eg til i slåtten, eg rakte og drog vekk høyet i låa inntil veggene. Så batt eg kornband når dei skar korn og var med og henta jordeple og treskte kornet utpå hausten.

- Men føre jul 1917 fekk eg slik verk i nakken. Då det hadde verkt ei veker tid, flytta det seg ned i hoftedene og verke så eg halta. Då slutta verken oppi nakken, men musklane hovna opp og skinnet vart ømt. Såleis skifta det gong på gong. Eg heldt på å verta krypling, og eg fekk ein knikk i nakken så eg alltid sidan vart litt kroket.

Etter jul kjørte mor meg til doktor Mohn, og han kalte det knutegikt. Han sa at eg måtte halda senga. Mor fekk noko smurning som lukta så sterkt, ho smurde på der det verke og la på eit tjukt lag med bommull, då vermde det så eg sveitta. Slik låg eg i mange veker.

- Uti februar fekk me det mykje hardare, då fekk me alle i huset "spansko", utan far, han gjekk fri, så han stelte i fjoset heilt åleine og prøvde få til noko mat til dei som kunne eta. Mor låg hardt sjuk ei veker tid, men så bestna ho

til att og gjekk oppe.

Men eg var sjukare og sjukare. Eg låg i ein døs og pusta tungt og hardt. Men eg var merkeleg klårtenkt inn i mellom. Eg undrast på koss det kunne ha seg at når eg pusta inn, trekte magen seg ned, og når eg pusta ut, trekte han seg opp. Eg kunne ikkje lea meg eller sjå opp, men eg hørde far og mor stod oppover meg.

«Nå døyr han» gret mor.

Men eg trudde ikkje noko på det, for eg visste at eg skulle få leva. Visste ikkje mor at eg skulle verta frisk att og få leva lenge? undrast eg. Så seig eg inn i ei mørk kóma, då liv og død kjempa om livet mitt. Kor lenge denne striden varde, veit eg ikkje, kanskje heile natta. Men eg minnest ennå då eg vakna og pusta roleg og normalt att. Så bar det opp att mot lyset, men ennå låg eg i mange veker før eg kom på føtene att.

«Bara venta til han vert større, så vert han heilt frisk att» sa Peder dørinne ein gong til mor.

Og Peder fekk rett i det. Uti mars var eg mest fri knutegikta, og då sommaren kom, var eg heilt frisk att, og sidan var eg frisk både sommar og vinter. Men eg vart aldri så stor og sterk som andre mannfolk. Likevel treng eg ikkje klaga. Eg har iallfall fleire gonger bore 100 kg mjølsekker på ryggen opp låvebrua inn på låvegolv.

- Ein dag på ettervinteren 1942 kom det så mykje snø då eg var på Ognedal, at dei hjå Sven Ognedal var så greie at dei kjørte meg til Litla-Svela. Då me kjørte opp frå Slettabø, fraus eg så volsomt og eg kjende at eg vart sjuk.

Og då eg kom heim, kunne eg ikkje eta, men la meg på divanen. Då fekk eg så fælt vondt i halsen og så hard feber

at eg var borte. Om morgonen var eg raudprikket over heile kroppen. Doktor Aarrestad kom og sa at eg hadde fenge skarlakensfeber. Han melde frå til doktor Mohn som var distriktlege. Han kom og sa at eg måtte liggja isolert i 3 veker, bare Marta skulle stella meg. Eg var hardt sjuk, men då eg fekk nokre pillarar, bestna eg med ein gong og var så å seie frisk heile tida mens eg låg arrestert.

Litle Anna vart sjuk ein dag, men bestna fort til att. Marta såg at ho hadde skarlagensfeber, men torde ikkje seia det til Helena som me budde hjå, og Helena såg det óg og torde ikkje seia det til Marta. Ingen av dei to vart smitta.

- Då eg sprengde stein til muren bakom huset, borde eg så lenge på kileholer at eg fekk verk i høgare aksla. Eg måtte då til Rogaland sjukehus og låg under røntgenstråler i 6 torsdagar etter ein annan. Og det hjelpete.

- Ein dag i oktober eg leidde sykkelen opp frå Ingerhuset til skiftet med Vikeså og Vikesdal, fekk eg så vondt i den eine foten at eg halta, og før eg kom heim, kunne eg ikkje gå.

Det var isjias. Det verkekte så at eg måtte døyva verken med globoid. Så låg eg sengfast i fleire veker, og doktor Kirkebø kom fleire gonger og såg om meg. Til slutt måtte eg leggjast inn på Egersund sykehus. Der låg eg under fiolettstrålebehandling i fleire veker. Straks føre jul kom eg heim att, og etter nyttår sykla eg att opp til Eikeland skule. I den tida skulte Astrid Vassbø for meg.

- Så var det sommarferien eit par år etter. Eg måtte til Ørsdalen og få nokre opplysningar derfrå til "Norges Bebyggelse" Eg sykla til Austrumdal og gjekk over Kalgarsheia og ned Eiksbrekka. Same kvelden gjekk eg opp

att og låg i ei hytte oppå heia om natta. Men senga var våt og råkald og eg fraus så eg skalv, så eg tok i veg att kl. 4. Tidleg om morgonen kom eg til Rakel Grøtteland.

Då fortalde eg at eg hadde lege om natta i hytta oppå Kalgarsheia.

«Torde du det? Haure du noge?» spurde ho.

«Nei, kva då?» sa eg.

«Der spøkjer så stygt om nettene, det larmar og skrik og kastar steinar mot veggen» sa ho.

Det hadde verkeleg vore interessant hadde det hendt då eg låg der.

Så gjekk eg ned til Austrumdal og sykla heim.

Då fekk eg isjias att og låg i to veker i Egersund på nytt. Då vart eg frisk att og sykla til skulen då ferien var slutt.

- Året etter var det ættestemne på Bjerkreim, der ættegranskarar frå Rogaland samlast, dei som kunne føra ætta si tilbake til Ramborg Knutsdotter i Sverige. Me var ute i ein skoglund der Gudrun Olden Nedrebø heldt foredrag om Ramborg Knutsdotter-slekta. Eg sat då på ei fuktig tuve, og tredje gongen fekk eg isjias og måtte til Egersund. Denne gongen vart eg snart legt.

- Fjerde gongen eg fekk isjias, fekk eg nokre tablettar av Guttorm Vikesdal, då vart eg god att med ein gong, og sidan har eg ikkje hatt isjias.

- Sidan fekk eg to gonger brokk og var operert på Rogaland sjukehus. Då vart eg snart frisk att.

- Den siste gongen stod eg i hagen og henta ripsbær. Då kjende eg at no gjekk operasjonsåret sund att, det var slik ein sviande verk. Mest på gråten gjekk eg inn til Marta.

«Nå må eg leggjast inn att, nå sprakk såret sundt att»

Me såg på såret, då var det heilt, men der var ein liten lys flekk tett attmed såret. Det var eit vapsastikk. Og to timar etter var smerten vekke.

- Sidan vart eg operert for vatnet, det var hardare, men det gjekk godt. Dette var ei tid føre jul, og etter 3 veker slapp eg heim. Eg stod reiseklar og bilen stod utanfor og venta på meg. Med same eg skulle gå, kjende eg noko varmt, vått som rann ned etter føtene. Då eg såg etter var det blod, eit sting hadde ikkje grodd til og hadde brote opp att. Så vart eg lagt inn på nytt og låg til såret hadde grodd, då slapp eg heim 2-3 dagar føre jul. Men det gjekk eit halvt år før eg vart heilt frisk.

I skulen.

- Eg begynte i skulen på Tengesdal i 1914, mest 8 år gamal. Då kunne eg både lesa, rekna og skriva. Den første dagen fekk eg reknebok og la saman ei lang rekkje med tal. Me rekna på steintavler og skreiv med greffel av skifferstein.

«*Fudle tavla!*» ropa me når tavla var fullrekna på begge sidene, og så kom læraren og såg på stykka.

Så sputta me på tavla og turka det ut med trøyearmen. Til slutt vart tavla så seig av sputt at greffelen ville ikkje leta, og då vaska me henne rein i ein liten bekk som rann forbi skulehuset.

- To dagar etter eg hadde teke til på skulen, fekk me leksa, det fyrste budet i katekisma som me måtte læra på pugg heilt ordrett. Og då me fekk sommarferien ein gong i slutten på mai, hadde me lært alle buda og dei to første artiklane.

- To-tri år tidlegare hadde skulestyret ført inn landsmål i skulen. Og då me tok til att om hausten, fekk me ei ny reknebok på gammalt landsmål. Der stod krunor og øyre (kroner og øre). Det første reknestykket lydde omlag slik: Ein gut hadde 28 øyre, so fekk han 14 øyre av mor si. Kor mange øyre hadde han no? Enn så me lo.

«*Dette var ei grueleg løya reknebok*» kviskra me til kvarandre.

- Læraren heitte Vinje, han ville ikkje me skulle bruka dialektord.

«*Der er ein vaps i glasæ*» sa ein unge og vart redd.

«*Det heiter ikkje vaps, det heiter kvefs*» sa Vinje.

- No hadde dei formant meg heime at eg ikkje måtte

seia Norge, eg måtte seia Norig.

«*Kva er dette for eit land, Jørgen?*» spurde læraren og peika på kartet.

«*Norway*» svarde eg forfjamsa.

«*Hev du vorte engelskmann?*» lo han då.

- Jau, så begynte me med leksene att om hausten, og til jul hadde me pugga oss igjennom heile katekisma med hustavlene. Me pugga óg gangetabellen og bibelsoga. Det første stykket me lærde var om då Jesus vekte opp enkjesonen i Nain. Og me måtte kunna lekse heilt ordrett, stod me fast eller sa eit ord galt, retta læraren oss. Dette var altså det første skuleåret mitt.

- Ein dag i november treskte me kornet, då måtte eg hjelpa til heile dagen, og me vart ikkje ferdige før langt ut på kvelden, så eg fekk ikkje tid til å læra det lange stykket om då Jesus var for Pilatus. Og då læraren ville høyra meg i lekse, begynte eg å gråta. No får eg eit slag under øyra, tenkte eg. Men han såg på meg og sa ingen ting.

- han hadde ikkje orden på skuletimane. Ei tid hadde me rekning frå morgon til middag utan friminutt. Ikkje fekk me lov å gå ut på do heller.

«*Kan eg få gå ut?*» spurde ei jente ein gong.

Han svarde nei, men ho gjekk ut likevel, og han torde ikkje nekta meir.

- Han var hastig og sint, og treiv ungane i hårluggen og sleit opp og ned fleire gonger når dei ikkje fekk til reknestykket. Så gjekk han på tresko i skulestova og trødde i golvet så det small. Men han la aldri hand på meg, han såg vel at eg var liten og redd.

- Men ein gong var han stygg med meg. Eg hadde

teikna ei ku og farga henne raud. Dette biletet la eg inni leseboka og brukte det eine hyrna på det til å peika på orda når eg lés. Då tok han det frå meg, såg på det ei stund, sa ingen ting og gjekk bort til omnen og brende det opp. Dette fortalde eg sjølv sagt til mor.

- Sidan ein gong kom han heim til oss. Mor gav han då eit bilete eg hadde teikna om nokre julenissar som vabba gjennom djup snø, han skulle sjå så flink eg var til å teikna. Kanskje ho på den måten ville minna han om kva han hadde gjort. No kasta han det i omnen, tenkte eg, men han bare smilte litt og gav meg det att.

- Me måtte hengja taskene frå oss på nokre knaggar i gangen, og etter kvar friminutt måtte me ta med oss dei bøkene me skulle bruka i den timen. Ein lesetime gløynde eg å ta med inn leseboka, og eg sprang då ut i gangen etter henne. Men då vart han raud i ansiktet.

«Kom inn!» ropte han. Eg kikte inn gjennom døra.

«Kom inn!» skreik han. Og eg gjekk inn.

«Sett deg!» Og eg sette meg.

«Stå opp!» Eg reiste meg.

«Spør!» skreik han. Eg vreid meg, eg skjøna han ikkje.

«Spør!» skreik han endå fælare. No skjønnte eg.

«Kan eg få lov å henta leseboka?» sa eg.

«Versågod»

Og så fekk eg lov å henta leseboka.

- Eg var så redd å gå i skulen at eg gret når eg såg skulehuset. Og ein gong snudde eg beint heim att og gret heile vegen. Men då vart far sint, og Ingard fylgde meg ned att til Tengesdal.

- Foreldrene vart så overgidde av at han var så hard

med ungane. Ein kveld kom ein full mann til han og bankte på døra, og Vinje kom ut.

«Her hev eg ei klypetong eg vil gje deg, du ska klypa ungane i øyrene med den» sa han og retta klypetonga til han. Men då smelte Vinje att døra.

- Men i religionstimane kunne han tala som ein emisær til augene hans vart blank.

- Eg og Torvald Tengesdal kappast om kven som først greidde skriva ut skjønnskriftboka. Me greidde skriva 3-4 sider på ein time, og eg vann.

«Skrive ut boka!» ropte eg.

«Skrive ut boka!» ropte Torvald óg om litt.

Så kom Vinje og blødde gjennom bøkene så sbarast, gav dei oss att og gav oss nye bøker. Og så kunne me ta på å kappast att. Vinje sat oppved katetret med sitt arbeid, og såg aldri etter nokon gong koss me skreiv. Der skjemde eg ut handskrifta mi så eg alltid sidan har skrive stygt.

- Me hadde ei lærarinne som heitte Grete Skåland, ho vikarierte for Vinje i småskulen eit par veker. Ho fortalde dagleg om Jesus. Når me gutane, det var alltid gutane, var slemme, då blei Jesus bedrøva, men var me snille, då blei han glad og elska oss. Ein gong måtte ho ut så snarast.

«Nå må de sitja pænt og skriva, og husk at Jesus ser det viss de ikkje er snille» sa ho då ho gjekk.

Då ho kom inn att, låg to gutar på golvet, ylte og skreik og slost i fullt sinne.

- Då eg vart flytta opp i storskulen, var me fire årskull som gjekk i same klassen. Og me som vart oppflytta, måtte då fylgjast i lekse saman med dei som var eldre og begynna der dei hadde lekse si. Så då eg skulle til med Norigsoga, var

det dette den første setningen eg pugga ordrett: “Karl beit seg i fingrane av sinne då elden dreiv han ut or byen” Ikkje visste eg kva Karl det var, og ikkje visste eg kvifor han var så sint eller kva eld det var, fro læraren fortalde ingen ting om at det var Karl 12. som ville ta Fredrikshald.

- Dei første åra eg gjekk i skulen, hadde me ikkje gymnastikk eller teikning. Eg hadde ei veke sløyd så lenge eg gjekk i skulen. Me hadde inga skuleboksamling, bare ei bok, og det var Robinson Crusoe, omsett til landsmål av Rasmus Løland.

- I storskulen hadde me 5 lærebøker. Det var bibelsoga, forklåringa, og dei 3 “raflebøkene” norigsoga, landkunna og naturkunnskap. Skulen hadde bare to magnetstavar, det var heile fysikkutstyret, derfor fekk me aldri fysikk eller kjemi, ikkje hadde me plansjer i botanikk, så me fekk ikkje det heller. Det var bare zoologi og anatomi me lærde opp att og opp att, for me hadde nokre plansjebilete av pattedyr og nokre få om kroppen vår.

Der hekk nokre gamle veggkart på vegggen. Nord for Canada, halve Grønland og rundt Nordpolen var bare ein stor kvit flekk på Amerikakartet. Dei hadde ikkje kartlagt det Arktiske området i dn tida kartet vart teikna.

- Me gjekk på tresko alle saman. Og når det var kramsnø, kladda snøen under skorner så me spende i steinar kvar stunda for å få dei av. Så gjekk me med snø oppi dei og gjekk våte i føtene heile dagane.

- Eg fekk svært lite skule dei 7 skuleåra. Då eg hadde gjenge eitt år i storskulen, sa Vinje opp skulen og reiste. Det var stor lærarlaud i den tida, så me fekk ikkje att lærar før juletida. Me var altså fri skulen frå våren til jul.

- Men etter jul kom ein ny lærar, ein gamal ungar som heitte Horpestad, men då var det eg fekk knutegikt og spansko og låg sjuk til våren. Så det vart mest eit hilt år eg ikkje fekk skule, attåt dette forsømde eg gong på gong då eg låg sjuk.

- Me var redde Horpestad, for han såg så skræmeleg ut, men i grunnen var han godsleg og snill og gav oss bare 2-3 liner i lekse kvar gong, og han sa ikkje noko om me ikkje kunne dei få linene.

- Så hadde me så herleg lange friminuttar, minst ein halv time. Me lés i leseboka det lange stykket om Dagens av Hans Seland.

«Det var så gildt stykke, me les det ein gong til» sa Horpestad då me hadde lese det ut. Og så lés me det oppatt.

«Eg trur me les det ein gong til, det var så gildt» sa han då me var ferdige. Og så lés me det tredje gongen.

«Skal me kje lesa det ein gong til, det var så gildt» sa han då me kom til endes att. Så lés me det den fjerde gongen, du veit, me kunne det på fingrane då.

«Var kje det vel eit gildt stykke? Me må lesa det ein gong til» sa han då me hadde lese det ut att.

Men då spurde ein av oss om me ikkje kunne få eit nytt stykke no, og då føydde han oss, for han var så snill.

- Han togg tobakk og sputta på golvet, aldri lufta han ut, og så fyrte han i omnen og kokte seg kaffi, så i varme soldagar vart det som i eit drivhus inni stova. Han sovna i timane, og då han vakna, geispa han godt og tok seg ein kaffikopp.

Om morgonen når han vakna, kom han ut og stod lenge på ein viss plass attmed vedskuten og let vatnet mens

me sprang og slo ball attmed. Me kalte den plasen hans "Horpestapissæ".

«*Ser du kje ballen? Han ligg bakom Horpestapissæ!*»
ropte me.

Når ballen vart liggjande der i bløyta, turka jentene han rein i graset.

- Men då han sette seg attmed dei største jentene og klemde dei inntil sg og kjende dei på brystene, då tok foreldrene borna sine heim frå skulen og kravde at læraren skulle avsetjast. Klagen kom til skulestyret og lensmann Tollef Gjedrem reiste kring i skulekrinsen og tok opp vitneforklaring av skuleborna. Han hadde gjenge saman med Horpestad på seminariet.

Han kom óg til Hetland og spurde oss ut, men det var nok mor som minde oss om kva me skulle seia. Etterpå lés han opp det han hadde skrive. Eg minnes enno kva han skreiv om det Bernhard vitna. "Og engang spyttede han endog på Vitnes Støvel"

Me borna fortalde aldri til nokon kva Horpestad gjorde attmed skuten, for me skjemdest av å seia det, så dette fekk visstnok ikkje lensmannen og skulestyret greia på.

Det vart óg meld at jenta som vaska ut i skulestova om laurdagane fekk ikkje fred for han, han ville plent omfamna henne. Og ein gong tok ei jente beinvegn gjennom skogen frå Tengesdal til Helland, då la han etter. Ho rømte føre og han peiste etter til han var mest sprengd, vart det fortald.

Horpestad sende eit langt forsvarsbrev til skulestyret. Mellom anna skreiv han at han kunne ikkje lufta ut, for dei hadde kjørt lannkassen på vollen utanfor skulehuset og den

forferdelege lukta kunne han ikkje sleppa inn i skulestova. At han kjælte med jentene var bare ei stygg løgn, tvert i mot helt han seg langt i frå dei, for dei var så fulle av lus.

Saka drog ut månad etter månad, ho gjekk gjennom fylkesstyret og alt til departementet. Han vart ikkje avsett før straks føre jul, og heile tida hadde han full lærarløn utan å skula, og me borna hadde ein herleg ferie frå våren til over nyttår året etter.

- Då kom Lotte Slettabø og skulte oss. Ho hadde bare gjenge på ein ungdomsskule. Men ho var flink og ivrig og trufast og mykje betre enn dei tidlegare lærarane, så me lærde mykje dei månadane me hadde henne til våren.

- Hausten 1920 kom Øystein Ommedal, han var nyeksameninert lærar. Og no fekk me ein gild lærar. Han var folkeleg og morosam og var ein kamerat for oss og vyrde oss som likemenn. Det var han som lærde meg koss eg skulle handsama skuleborna seinare, det lærde eg ikkje på lærarskulen.

Han fortalde eventyr, og det var noko nytt som somme foreldre ikkje likte, men me borna var svært i farten etter dei.

Så fekk me noko som han kalte gymnastikk. Me tok tilsides pultane og stilte oss opp i to rekkjer og retta armene opp og farm, spende ut med føtene og låg flate på golvet med føtene i veret. Så sette han eit kritstrek tvers over golvet, me vart delt i to parti, og så skulle me prøva å dra kvarandre over streket. Dette heitte grenseleik. Men det var foreldre som var imot dette nautaskapet óg.

«Den stygge gymnastikken er det ikkje noko gagn i, det er bare til å kasta bort skuletimane» sa dei.

- Til no hadde me skrive å med to a'ar: aa, men no skulle me skriva å som ein a med ein ring over.

- Det gamle skulehuset under Litlhau hadde ikkje kjellar, så inngangsdøra var mest til jams med marka. Der låg bare ei flat steinhelle utanfor. Eg må ha vore nokså leid skulen, for den siste skuledagen min då eg slapp heim, og i glederus for no var eg fri for alltid, då gjorde eg ein kolosal fart og hopte ut gjennom døra utan å trø på steinhella.

«*Aldri meir skal eg gå i skule så lenge eg lever!*» ropte eg. Men jau, jau, det gjekk onnorleis enn eg tenkte då. I over 50 år heldt eg på å gå i skule.

- Om sommaren gjekk eg for prestane Myrstad, Havstad frå Egersund og Berg, 15 år gamal. Så vart eg konfirmert etter den gamle konfirmasjonsordningen. Eg minnest bare ein ting frå preika hans Berg til oss. “ -- og lyste som ein blank 5 øring --” I den tida var 5 øringane svært store og brunmørke av kopar.

- Me gjekk med knebukser då me gjekk og lés for presten, men konfirmasjonsdagen hadde me lange bukser. Då eg gjekk inn i kyrkja den dagen, var eg unge, men då eg gjekk ut att, var eg vaksen og vart godteken som vaksen mellom ungdomen.

Skulegang og skulepostar.

- Nå vil eg fortelja om dei skulane eg har gjenge på og kvar eg seinare skulte. Eg begynte i skulen på Tengesdal våren 1914 og slutta i 1921. Om denne skulen har eg fortalt tidlegare.

- Eg vart konfirmert om hausten etter den gamle ritualen, og same vinteren gjekk eg og Ingard på kveldskule på Tengesdal for Øystein Ommedal.

- Vinteren 1923-24 gjekk eg på Dalheim fylkesskule. Eg budde då hjå Knut Sægrov på stasjonen. Ein dag i januar sat me ved middagsbordet, og då me var ferdige, delte styrar Skodvin ut posten til oss, og så tok han avisa.

«No skal me sjå kva nytt der står i dag» sa han og blødde opp.

«No er Arne Garborg død!» lést han. Det vart så underleg stilt med same.

«Ja så, ja så, så hev han opplevd det han så mange gonger skreiv om» sa Skodvin.

- Uti februar kom det 3 dagar med kokande rennefok med snøfenner så høge som menneske. Til slutt greidde ikkje toget koma fram, det stod fast høgt oppi fjelet i Drangsdalen og kom ikkje laust før mange dagar etter.

- Vinteren etter gjekk eg på Jærens Folkehøgskule. Den vinteren var så mild at eg fann ein sauablom i Kleppelunden i begynnelsen av februar. Me såg bare litt snø oppå fjelltoppane i aust. Den vinteren døydde Ingard av ein blodsjukdom. Han fyllte 21 år då han låg lik i bua heime den 15. januar 1925.

- Ein dag tok me ein tur til Knudaheio. Då var ikkje

gravhaugen over Garborg bygt opp. Ein annan gong gjekk me til fots frå Kleppe til Bryne og hørde biskop Peter Hognestad talte til oss elevane. Ellers kom Torvald Tu eit par gonger til skulen når me hadde festlege samkomer og fortalde skrøner. Eg minnest han fortalde om ein mann som var lik ei sirupstønne.

Ein annan gong fylgde me elevane ein gamal lastebil til Bryne og skulle sjå ein film. Eg hadde aldri før sett ein levande film. Men me kom forseint, så det allerførste eg såg på film var ein mann som sprang etter ei høna rundt løa. Det var forferdeleg løye. Det gjorde ingen ting om bileta hopte og rista, me såg likevel tydeleg at han fekk ta høna.

- Om hausten 1926 begynte eg på den 3-årige lærarskulen i Kristiansand. Då resite eg med dampbåt frå Egersund. No skulle eg ut i verda og reisa på sjøen for første gongen. I Flekkefjord kom det på båten nokre ungdomar som skulle på lærarskulen. Me vart då kjende og heldt lag.

Og då me reiste mellom Farsund og Lista, medan sola seig ned frå ein blodraud himmel, tok me på å syngja fleirstemmig "Den første song eg høyra fekk" og andre kjende songar. Då var det ein gamal mann som kom og sette seg attmed oss og hørde på. Han sa ingen ting, men han turka seg i augene fleire gonger, mest som han ville gråta. Det er slikt me aldri kan gløyma.

Me hadde så opptakingsprøve ei veke, og tenk, eg slapp inn. Det hjelpte at eg om sommaren, om søndagane, om kveldane når me hadde lagt oss og når dei andre sov middag, at eg pugga gjennom alle lærebøkene mine.

Eg budde hjå to gamle søstrer på Nedre Lund på austsida av Otra. Dei var i slekt med folk på Sikvaland og

ætta frå haugianarane der. Huset deira var eit gammalt lågt lensmannshus. Dei fortalde at Gjest Baardsen hadde site fange der.

Det var ein hard skule, og fleire av lærarane var gamle og sære og gav oss frykteleg kjeft.

Tønnes dørøppe (Tønnes Hetland) hadde fenge ein stiv fot og låg på ein helseheim ovanfor byen og låg under høyfjellssol, og eg gjekk fleire gonger opp til han. Jul fylgdest me heim på kystbåten.

Trygve Fuglestad gjekk óg på lærarskulen der i 3. klasse. Han fylgde heim ein skarven rutebil frå Kristiansand til Flekkefjord. Oppå Kvinnedsdals-heia fekk dei trøbbel med bilen. Då gjekk Trygve og ei jente i veg i førevegen, men dei tok ein sideveg, og bilen kjørte i frå dei to oppå heia. Eg treffe att dei andre kameratane hans i Flekkefjord.

No hadde Trygve med seg fela si i bilen, og no måtte eg ta meg av henne. Så kjørte Ola dørøppe oss heim frå Egersund på slede. Heime ringde eg til Trygve Fuglestad og sa at eg hadde fela, og så kom han kjørande med hest alt frå Fuglestad til Hetland og henta henne.

I den tida var ikkje Sørlandsbana bygt, så eg fylgde båten mellom Flekkefjord og Kristiansand eller eg fylgde rutebilen over Kvinnedsdalsheia når eg var heime jul, påske og sommarferien. Eg vart så forskrekka på koss havet var. Eg var vand med at vatna låg vassflate der ollane (bølgene) var like store, men her på havet toppa det seg opp store velter av ollar med små dalar mellom og små ollar i mellom. Eg skal seinare fortelja om alle reisene me tok i den tida.

Eg tok lærarskule-eksamen våren 1928. Ved påsketida hadde me tentamen i matematikk. Og då strauk eg. Då vart

eg redd. Eg tok på å gå gjennom kvart einaste reknestykke i den store rekneboka. Eg hadde ikkje tid til å rekna dei, men eg tenkte at slik og slik skal dei reknast. Var det eit stykke eg ikkje skjønnte, kavde eg med det til det stemde med fasitten, og så sette eg ein kross ved det. Då eg hadde fare over alle stykka, rekna eg om att dei med kross.

Ved jonsoktida hadde me eksamen i rekning. Då fekk eg til alt i geometri, i matematikk gjorde eg ein liten feil, og det siste stykket om kurs og valuta hadde fleire spørsmål, då fekk eg ikkje til det siste. Så kom eksamensresultatet, og då fekk eg mg (mykje godt). Jau, då hadde eg gjort det godt likevel.

Så må eg fortelja om då me fuska i munnleg eksamen. Me var 4-5 som skulle høyrast ein time kvar. Eg var sist i rekkja som skulle fram, ei som heitte Klara Baréne, var føre meg. Då me skulle oppi munnleg rekning, var det to og to som fekk same oppgåva.

Då var det ein skulekamerat som heitte Tengel Torp som lurde seg inn i nødutgangen og kikte gjennom lykleholet i døra beint på veggstavla og såg då Baréne rekna eit geomtrisk stykke, og han kjende det, og sprang til meg og fortalde kva for eit stykke det var. Og eg til å rekna og tenkja over koss eg skulle fortelja det. Og då eg vart ropt inn, rekna eg stykket feilfritt med ein gong.

Men Tengel Torp hjalp meg ein gong til å fuska, då var det i munnleg norsk. Her var det slik at me skulle trekkja kvar sin lapp der oppgåvene stod på. Då eg og Baréne var att, gjekk læraren og sensoren ned på lærarromet og skulle eta og røykja.

Då lurde Torp seg inn på skuleromet og såg kva for

oppgåver som låg att. På den eine stod det Peter Dass og Draumkvedet og på den andre P. C. Asbjørnsen og Bendik og Årolilja. Og mens Baréne var inne, pugglés eg på dette og tenkte på koss eg skulle fortelja, serleg måtte eg pugga på årstala som var så vonde å minnast.

Å hoi, hadde eg fenge om Peter Dass og Draumkvedet, som eg kunne best av alt i litteraturhistoria, ønskte eg. Då Baréne kom ut og me treftest i døra, kviskra ho at ho fekk Asbjørnsen. Då steig motet.

«*Nå Skjæveland, skal du fortelja om ein som heiter Peter. Kan du gissa kven det er?*» sa læraren.

«*Dass*» sa eg.

Då smilte dei. Så tok eg på å fortelja om Peter Dass og «Norlands Trompet». Sensoren sat bare og smilte så godt tykte han det var. Eg vart ikkje ferdig før dei sa at no var det nok.

«*No må du fortelja om Draumkvedet*»

Og eg fortalde og fortalde og siterte vers og alle omkveda.

«*Det kan vera nok no*» sa læraren.

Men sensoren ville ha greie på om eg kunne alt og spurde meg noko på slutten, og då eg svarde på det óg, gjekk dei over til lesing. Og så lés eg «Mannen som skulle stelle hjemme». Så lés eg eit stykke på gamalnorsk og sette det om og hadde noko gramatikk.

Så stod me ei stund utanfor i gangen og venta. Om litt kom dei ut og læraren lés opp karaktera. Dei andre elevane fekk mykje godt, godt og antagele og Skjæveland: Sers godt! Då hjublá dei andre, og dei bar meg på gullstol bort etter gangen.

- I den tida var det fleire ledige lærarar i somme kommunar enn det var lærarar i fast arbeid, så det var heilt umogleg å få lærarpost. Det gjekk 11 år før eg fekk fast post. Eg fekk nokre vikarpostar av og til, og ellers var eg heime og var med og dyrka opp dei gamle vollane og bygde nytt grishus og uthus.

- I 1929-30 vikarierte eg for Øystein Ommedal på Tengesdal i 6 veker, han reiste heim til Nordfjord ein tur. Det var litt bakvendt å skula Palmer og Olaf Hetland som eg hadde vore saman med til kvardags.

- Hausten 1930 fekk me Marta Skjæveland som tenestjente heim til Hetland, der vart me kjende og gode vener, ho vart verande hjå oss i fleire år, så me fann ut at det var best at me slo lag for alltid.

- Ein gong skulle eg vikariera for Klaus Bjerkreim som hadde tilleggspost i Strandgardane. Eg skulle vera i 2 veker hjå Tønnes Lauperak. Då eg kom til Ørdsalsbåten, trefte eg Elling Skjæveland, far til Marta, han skulle óg til Tønnes Lauperak og ville kjøpa ei ku.

Me var då hjå Tønnes om kvelden, og om natta låg me i hop i same senga i bua. Ja, tenk eg og tilkomande svigerfar har lege i hop i Lauperak. Om morgonen kjøpte han kua, ei lita raudsidete. Tønnes rodde dei til Skordalen, og derfrå leidde han henne om Berland til Skjæveland.

- Hausten 1931 vikarierte eg på Ognedal i 9 veker, og då budde eg i lærarromet i skulehuset. Etter den tida gjekk eg lenge arbeidslaus. Etter nyttår 1932 gjekk eg og Inge i 3 månader på eit sløydkurs på Tengesdal, og det kom vel med då eg sidan fekk mange sløydjobbar i skulane. Om hausten same året fekk eg ein god vikarpost på Tengesdal i 9 veker,

for Ommedal var sjukemeld.

- Så gjekk eg ledig att heile 1934, men fekk eit par veker sløyd på Ognedal. Då budde eg hjå Lotte og Berner Ognedal. Me hadde ikkje slipestein så eg bar alle høvletennene heim til Hetland og slipte dei opp. I den tida hadde eg óg sløyd på Vikeså.

- Trygve Fuglestad hadde framhaldskulepost i Gjesdal, og hausten 1933 fekk han posten i Ørsdalen, men han ville vera eit år til i Gjesdal, så då fekk eg vikariera for han i Ørsdalen den vinteren. Eg budde då åleine i lærarbustaden langt frå folk og sykla til skulen.

- Oppi Bjordal var der 3 born, men dei hadde for lang veg til skulen nede på Vassbø, så dei fekk to veker skule føre jul og to etter jul. Føre jul flytte eg opp til Bjordal ein søndag. Eg gjekk opp til Lonæ, der kom Karl og rodde meg til gards. Så skulte eg desse 3 på salen over stova. Ingeborg, kona hans Karl, var søster til Jonas Bjordal på Skjæveland.

Neste søndag gjekk eg og sonen Ola opp dalen framom Brattebø til Kvitlen. Der budde Tønnes og den gamle mor hans, ho Lise. Ho fortalde at ho tente på Vikeså då Jørgina, bestemor mi, var liten.

«Eg løpta 'na øve jerinjæ ei gong, og hu va så lett'e»
sa ho.

Det var greie folk oppi Bjordal, men eg lengta likevel ned til Ørsdalen.

- Etter jul 1935, frå 28/2 til 3/3, hadde eg kveldskule for vaksne ungdomar på Bjerkreim, 2 timar kvar kveld. Då sykla eg kvar dag att og fram heimanfrå. Somme gonger då det ikkje var syklande i snøgrapset, gjekk eg til fots om Varp.

- Eg hadde gjenge på 3-årig lærarskule, men no hadde det vorte 4-årig skule. Og då visste eg at eg aldri greidde konkurrere med dei 4-årige lærarane. Derfor tok eg eit lærarkurs på Stord skuleåret 1935-36.

Den sommaren var Bjerkreim kyrkja 100 år. Ein søndag om hausten var det ei svær høgtidsgudsteneste i kyrkja. Der tok eg farvel med Marta som no hadde flytta heim frå Hetland. Eg sykla då frå Bjerkreim og festen til Egersund, fylgde toget til Stavanger og båten til Leirvik på Stord. Dagen etter møtte eg fram til lærarskulen og Severin Eskeland tok i mot meg.

No fekk eg nye fag som eg ikkje hadde hatt på den 3-årige skulen, biologi, utvida kjemi, metallsløyd og andre. Me måtte ta buss til Leirvik og skula ungar der, og det vart i lengda dyrt, for me måtte betala bussen sjølv. Derfor tok eg med meg sykkel etter jul og sykla til Leirvik.

- Førre jul skreiv eg til Marta at ho måtte møta meg i Stavanger ein dag. Ho kom, og då kjøpte me oss ringar som me sette på oss då me var på toget til Egersund. Så tok me bil til Tengesdal og gjekk til Hetland. Då var far sjuk av åreforkalkning. Me var der ved jul, og så kjørte me til Vikeså på juletefest. Så reiste Marta heim til Skjæveland og eg til Stord.

Lærarane ved Kristiansands lærarskule var ikkje dus med oss, dei sa De til oss i klassen og sjeldan prata med oss, men lærarane på Stord var mykje meir folkelege, dei sjaua og lo som andre folk og sa du til oss.

- Så ut på vårparten ein dag fekk eg brev frå Per Tysland som var skulestyreformann i Bjerkreim om eg ville ta mot ein vikarpost på Eikeland, lærar Vedelden hadde

fenge astma. Eg viste Severin Eskeland brevet, men han likte ikkje at eg slutta skulen føre tida. Eg minnest enno kva eg svarde han då.

«Seier eg nei til dei no, så kjem dei til å seia nei til meg sidan»

Eg måtte for alt i verda ikkje sleppa framande vikarar inn i Bjerkreim.

«Det er nok best du tek mot vikariatet likevel» sa han.

Eg sende då eit telegram til Per Tysland: "Eg kjem. Jørgen Skjæveland". Og med ein gong tok eg farvel med alle, sende kofferten til Egersund og riste i veg. Eg låg på Bondeheimen i Stavanger om natta, og om morgonen sykla eg til Nedrabø og gjekk inn til Viljen Nedrabø og fekk meg mat og helste på Viljen.

Så sykla eg til Skjæveland og viste meg fram for Marta, sykla så vidare til Eikeland og sa frå kva dag eg kunne koma. Eg leitte etter husrom, og endeleg fekk eg plass hjå Arne og Bjørn Eikeland. Same kvelden sykla eg så heim til Hetland, og dagen etter var skulen i gang. Og no vart eg aldri meir arbeidslaus, endeleg.

- Eg måtte halda meg sjølv med mat, men eg fekk koka meg graut på plata deira om kveldane, så eg greidde meg godt utan middagsmat. Dette var føre sommarferien.

Om hausten tok eg til att og budde då i lærararomet i skulehuset. Så skulte eg til jul, då var Vedelden frisk att. Det vart over 5 månader skule.

- Men etter nyttår fekk eg ein ny jobb. Då skulle eg skula annankvar veke i Lauperak og i Bjerkreim småskule. Og no kjem ei innvikla historie. Tankane åt skulestyret var at borna frå Lauperak, Dyrskog og Landsdal skulle fylgja

rutebåten att og fram og gå i skule på Bjerkreim. Men dei Dyrskog og Lauperak ønskte å få ha skule i Lauperak, og skuledirektøren kom alt til Lauperak og såg over skulesalen og gav lov å ha skule i Lauperak dette året.

Men no ville ikkje dei Landsdal senda ungane sine til Lauperak. Det var den lange Jan og ein mindre bror på 7 år og ein til. Desse 3 vart sende til Bjerkreim og fylgde båten morgon og kveld.

Samtidig skulle eg ha småskule på Bjerkreim, som nemnt, for lærarinna Hanna Mykjedal var på bibelskule i Oslo. Eg skulle halda 2 veker skule i Lauperak og ei på Bjerkreim, og så 2 att i Lauperak.

Ja, så skulte eg i Lauperak og budde hjå Tønnes Lauperak. Dei var greie med meg, eg fekk graut, kokt i geitemjølk til kvelds, til middag var det bukkekjøtt, og jamvel i senga låg eg med eit bukkeskinn over meg som lukta som ein grabukk, men eg vart snart vand med det.

Men så kom den minnerike storstormen som varde i 9 veker. Bare av og til vågte rutebåten seg ut, og eg vart verande i fleire veker i Lauperak. Ikkje slapp eg til Bjerkreim og ikkje slapp borna frå Dyrskog heim att.

Endeleg ein gong stilna det så pass at eg fekk senda dei heim att. Men dagen etter våga ikkje båten ut att. Då måtte eg gå over heia framom Kjørren til Bjerkreim. No skulte eg der ei eller to veker, så reiste eg oppatt til Lauperak. Men stormen dundra på og vatnet kokte dag og natt så Dyrskogungane lengta så heim att.

Endeleg gav stormen seg og eg hadde teke til å skula på Bjerkreim. Då kom Marta Dyrskog med ungane sine. No skulle dei gå på Bjerkreim, meinte ho. Ungane skulle ikkje

gå og lengta lenger i Lauperak. Kav skulle eg no gjera? Eg telefonerte til Per Tysland, og han kom. Då vart me samde om at dei skulle få gå i skule på Bjerkreim, og så fekk heller dei to ungane i Lauperak vera utan skule.

Så kom dei små på Bjerkreim ein dag og neste dagen kom dei frå Dyrskog, Landsdal og Hytland neste dag. Eg måtte opp til Lauperak ein laurdag og seie frå at skulen der var slutt.

Eg budde då på Bjerkreim på romet til lærarinna i klokkarhuset attmed skulehuset. Men så kom ho att, og då budde eg nokre dagar hjå Olga og Ole Skreå på Røysland. Eg måtte derfor oppå loftet i eit lite hol i skulehuset og skula Strandgardsborna dei dagane dei kom. Dei andre dagane var eg fri og sykla heim.

Men det varde ikkje lenge. Gripsrud på Birkeland vart sjukleg og spurde om eg ville skula storskulen hans dei dagane eg var fri, så ville han sjølv ta småskulen. Då budde eg hjå Elling Skjæveland og sykla annankvar dag til Birkeland og Bjerkreim. I den tida gjekk Marta på husmorskulen i Sola. Dette var i mai.

På vårparten kom den nye skuledirektøren Gunheim til Bjerkreim. Han var den gamle norsklæraren min frå lærarskulen. Her vart han då spurt kva dei skulle gjera med Lauperaksungane som ikkje ville i skule til Bjerkreim. Då han endeleg fekk inn i hovedet sitt koss det hekk ihop med Strandgardskulen og Bjerkreimskulen, for det hadde vorte nokså innvikla no, då dømte han at dei to Lauperaksungane måtte få skule i Lauperak denne sommaren, sidan gamle direktøren hadde lova det.

No vart eg fri på Birkeland og dei Bjerkreim skulle på

sløyd. Då skulte eg dei to jentene i Lauperak i 14 dagar. Då sløyden var slutt, tok skulen til att, og no kjem toppmålet på røra. Eg fylgde båten opp og ned mellom Lauperak og Bjerkreim dei dagane båten gjekk. Om morgonen fylgde eg båten frå Lauperak utetter, då fylgde eg mine eigne skuleborn til Bjerkreim og om kvelden fylgdest me opp att, for dagen etter skulle eg skula i Lauperak.

Ein laurdag rodde Tønnes Lauperak meg over til Dyrskog, så gjekk eg over fjellet til Våland og Vikesdal og sykla på lånt sykkel til Skjæveland, og så til Hetland. Dagen etter reiste eg tilbake over fjellet, og Tønnes Dyrskog rodde meg over til Lauperak. Det var straks føre skulen slutta ved jonsoktida.

- Skuleåret 1937-38 var eg konstituert lærar i Vølstad og Sikvaland skule i Gjesdal. Då hadde eg moped og kjørte mellom krinsane, ei veke på kvar stad. På Vølstad var det 5 snille born i samla skule. Eg budde hjå Ola Madland, ein mann som såg ut som ein sjørøvar med lange hengande svarte bartar og sinte auge, men som vart ein av dei mest sympatiske menn eg har treft då eg vart kjent med han.

På Sikvaland budde eg hjå Ane og Gabriel Sikvaland. Han var ikkje lik Ola Madland til sinns. Meir kan eg ikkje seia om han. Det verste var at han og Ane låg inne i karnessenga i stova og eg i kammerset ved sida, så eg måtte gå gjennom stova når eg la meg, og dei som la seg så tidleg.

På Sikvaland var der eit bitte lite skulehus, og eg hadde bare 4 born, 2 gutar og 2 jenter og alle var ein søskenflokk. Dei hadde ingen sangstemme og inkje øyra for musikk, men dei song høgt av hjertens lyst kvar i sin ulyd. Når me song "Ja vi elsker", kunne eg ikkje høyra at dei

gjekk opp med ulyden mot slutten av verset.

Ein dag hadde Gabriel vore i byen og kjøpt ein omnsrøyr til den høge etasjeomnen i stova, for den gamle røyren var sund så det rauk så fælt. Om kvelden ville han setja inn den nye røyren, men då sa Ane:

«Er du galen? Der er eld i ognen, du må venta til i morgon tidleg då han er kald'e»

Men då dei andre stelte og mjølka i fjoset og me var inne åleine, tok han først av kransen oppå, og så den øvste etasjen og sette han på golvet. Då rauk det ein kolsvart sotrøyk som fyllte heile stova. Med same kom Ane inn. Ho sette i eit skrik.

«Er trur du hev mista vitet! Du kan brenna opp heile huset!» skreik ho.

«Eg ville bara prøva om røyren passa» sa han lågt.

Så var det til å lufta ut og sopa opp sotet på golvet. Og ho måtte halda vaskevassfatet fram for han så han fekk vaska hendene sine, dei var så svarte som ein neger.

- Syskenbarnet til far, Ole Berland, budde på Undheim i eit lite hus i den tida. Ein dag sykla eg ned til han, og så gav han meg eit ørlite blekkhus i ein firkanta messingboks med lok på, det var eit blekkhus dei brukte når dei skreiv med fjørpenn.

Sidan ein gong kom han opp til meg på Sikvaland. Me gjekk då ein tur, og då fortalde han at han var i byllaupet til far og mor.

«Då sa Per (far): Det er du Ole som skal få den æra å skjera sund brurakako. Og så skar en 'na sund mens dei andre såg på»

Han fortalde óg om ein gong han var på marken i

Egersund.

«Då trefte eg Tønnes Hetland og Gesine, og då sa han: Ja, du føl'e vel heim til Hetland? Så sat Tønnes og Gesine på kofferten og eg stod bak og heldt meg i akslene på Gesine, og då me kom til Damsgårdsbrua, stod Måvres Bjerkreim der, og då fekk han sjå at det var eg som fekk fylgja Gesine heim til Hetland. Måvres var så i farten etter Gesine» fortalde Ole.

- Ein ettermiddag kjørte eg til ættegranskar Søren Arneson på Ålgård, og då fekk han låna dei gamle ættelistene mine.

«Trur du Rambjørgeheia heiter etter Ramborg Knutsdotter i Sverige?» spurde han.

- Mest kvar laurdag sykla eg til Skjæveland, for då var Marta heime. Ein fin dag trilde eg om Oltedal, Byrkjedal og Veen, bare for å sjå koss den vegen var.

- I den tida var far svært sjuk av åreforkalking så han var heilt borte i hovudet. Ein laurdagskveld kjørte eg på



mopeden med Marta bak heim til Hetland, og den kvelden døydde han. Då likverdsritualet var over, gjekk Villien Nedrebø fram til gravkanten og lés opp eit dikt etter minnet om venskapet med far.

- Året etter, 1938-39 var eg konstituert som lærar på Nordre Røysland. Den hausten gifta me oss

den 24/9-1938. Det var eit enkelt gamaldags bryllaup på Skjæveland, utan kjøkemeister eller song ved bordet, så eg slapp å takka for bruda. Tønnes, bror min, sende opp eit par lysrakettar, elles var det dans på låven.

Det var nettopp den dagen Churchill flaug til Hitler og Hitler skreiv høgtideleg under på at han aldri skulle okkupera fleire land, bare han kunne få Bhømen.



Skulehuset på Røysland

Då foreldrene hennar hadde fenge inn kornet og jordeplene, flytte ho til meg på Røysland. Der hadde me det roleg og stilt utan radio, fjernsyn hadde me ikkje høyrte gjete. Eg hadde eit gammalt orgel eg spelte på. Etter jul kom det slik snø at vegen vart stengt, så då hadde me det endå stillare.

- Om våren kom Bernhard frå Undheim, og då tok me oss ein tur oppå Urdalstoppen, då var ikkje fjernsynsendaren bygt der.

- Om våren 1939 vart skuleposten Ognedal storskule og Vikeså småskule lyst ledig, og den fekk eg. Endeleg,



Eg og bilen min

endeleg fekk eg fast post og kunne slå meg til ro. Då kjøpte eg ein liten bil og kjørte mellom krinsane annankvar dag.

Me budde hjå Helena Sagland, fekk leiga stova, kjøkken og salen ovanpå. Helena var koseleg

og gild så me hadde det godt.

Men den hausten braut krigen ut nede i Europa og det kasta ein mørk skugge over dagleglivet. Til jul kjøpte me oss ein radio, og det var storarta greier.

Men me fekk noko anna óg, ei lita gild jente som me døypte påske og kalte henne Anna.

Så tok tyskarane Norge, som eg skal fortelja om sidan. Då fekk eg ikkje lov å kjøra bilen mellom krinsane, så no måtte eg ta sykkelen fatt. Men så fekk eg lov til å kjøra jordmora og sjuke til doktor, men du veit eg lurde meg til å kjøra ulovleg når eg kunne få slita ut litt ekstra bensin. Men eg sykla alltid til Ognedal.

Så fekk Viljen Vassbø kjøreløyvet mitt, og då lånte han bilen min til han fekk seg ein ny sjølv. Og så vart bilen sett inn i garasjen for godt.

Eg sykla då mellom krinsane i fleire år. Då tok eg beinvegen om Litla-Svela. Verst var det om vinteren når snøen kom, for dei brøytt ikkje den vegen, dei måtte spara

på bensinen. Då gjekk eg til fots om kvelden til Slettabø og låg hjå Ommund om nettene, han var søskenbarn til mor, og gjekk så vidare om morgonen til Ognedal skule. Etter middag vabba eg i snøen opp frå Ognedal beinvegen over skaret til Olai Slettabø og vidare heim til Vikeså.

Det var nokre greie, gilde folk dei på Slettabø, og dei stelte meg som ein konge. Eg la meg i mørkret i ei iskald seng på loftet. Ein kveld då eg la meg, stokk eg noko reint forferdeleg. Eg la meg på noko varmt og trudde det var ein katt eg la meg på, men det var ein varm murstein Alida hadde lagt i senga for å verma henne opp.

Om haustane sette folk opp grindar tvers over vegen der skiftet var mellom eigedomane, eg trur det var minst 14 grindar, og mange var så vonde å opna at eg bare kasta sykkelen over og skrevde etter. Det trefte at eg om morgonen måtte sykla om Røysland opp Liabakken og heim att same vegen når snøen kom uventa om natta.

Nedanfor skulehuset på Ognedal er ei lita tjørn, der drukna ein liten gut åt Lotte og Berner Ognedal etter skuletida, og seinare fekk ei stor søster hans krupp og kveltest.

- Ein haust kom det ein familie frå Hinna og budde på Gåsland. Mannen var medlem i arbeidsleiren på Eikeland. Dei hadde ein stor gut som gjekk det siste året i skulen. No begynte han på skulen på Ognedal, og eg spurde skulestyret om han skulle skriva stilane på nynorsk sidan han var vand med bokmål. Dei sa då at han bare fekk halda fram med bokmål. Då måtte eg ta eit kurs i norsk bokmål i Norsk Korrespondanseskole for bokmålet hadde vorte så forandra etter at eg gjekk på lærarskulen. Men den første stilen han

skreiv etter nyttår var på nynorsk. Eg spurde kvifor han skreiv på nynorsk.

«Det er mykje lettare å skriva» svarde han.

Og no kjem noko som mange ikkje vil tru. Han hadde mindre feilar i den første nynorskstilen han skreiv enn den siste bokmålstilen han skreiv føre jul. Jau, dette er mat for nynorskfolka.

- Ei tid tok tyskarane skulehuset på Vikeså og spikra sengekøyer oppetter veggene. Då måtte eg og Espedal skula i bedehuset. Han heldt til i salen og eg på eit lite rom over gangen. Me kunne ikkje syngja då, for ikkje å forstørre kvarandre.

- I krigstida tok eg fleire kurs i Norsk Korrespondanseskole. Nynorsk til arsium, bibliotek lære o.a. Tidlegare hadde eg teke engelsk og stenografi.

- I den tida kjøpte eg bustadplass på Tenjevollen inn i enden på Lossvollen av Per Vikeså. Der ville eg byggja hus når krigen var slutt.



Litt av
Eikeland skule

- I 1946 vart skuleposten på Eikeland ledig og eg fekk han. Og no kom ei lang tid då eg sykla frå Vikeså til Eikeland og heim att kvar dag (15 km kvar dag), i 16 år. Men aldri vart eg leid av å ta ut om morgonen, det var bare gildt. Men det var hardt mange gonger om vinteren med isande rennefok. Då gjekk eg kvart stiget og drog på sykkelen gjennom snøen. Det trefte at vinden kasta meg ut i vegveita, og ein gong ovanfor Harald Bråдли stampa eg mot stormen, då helt eg i styret og i stonga og

vinden bles sykkelen så han stod vassrett ut.

Eg hadde seng og bord og eit lite kjøkkenskåp i lærarromet, og der låg eg over ei natt kvar veke eller fleire netter når veret var fælt. Ein gong kom det så med snø at eg måtte gå kvart stiget, for snøplogen kom ikkje før eg var komen opp.

Då kom eg 10 minuttar forseint, men eg var så sliten at det svartna for augene. Eg la meg i senga og ville kvila. Med eitt reiste senga seg på ende, så eg låg med føtene rett opp og hovudet ned. Å enn så godt eg kvilte og heldt på å sovna. Men så stokk eg opp att, fór inn til ungane, sette meg ved katetret og hørde dei i lekse og forklarte, og kvilte, og timen etter var eg like spretten att.



Eikeland skule 1954

Ei tid hadde eg moped, men eg kunne ikkje bruka han om vinteren, for eg fraus så eg skalv då eg kom fram. Det hende tidt at lastebilar nådde meg att, og då var dei gilde og tok meg med.

Eg fekk inga reisegodtgjersle for eg hadde bare ein post, men eg trekte frå utlegga til sykkelen på sjølvmeldinga. Eg sleit ut 2-3 syklar dei åra. Ein morgon eg kom til Eikeland drog eg på ein 2-300 meter lang ståltråd som hadde hekta seg fast i mopeden. Eg veit ikkje koss det hadde gjenge hadde eg treft ein bil som kjørte over han.

Eg fann mykje løye på vegen dei 16 åra. Ein morgon fann eg ein skiftelykel i svingen nadanfor Ingerhuset på Vikesdal. Då eg tok han opp, stokk eg, for han var så varm at eg brende meg. Det hadde nett då kjørt ein lastebil forbi meg, så må skiftelykelen ha lege attmed motoren og dotte av i svingen. No ligg han i kjellaren den dag i dag.

Ein gong fann eg ein dunge med spikrar på vegen, det var ein spikrapakke som hadde gjenge sund. Og ein gong fann eg ei mengd med sundknuste egg i svingen ovanfor Harald Brådli, då tok eg med meg dei heilaste og åt dei opp på Eikeland. I krigstida fann eg eit rasjoneringskort frå Malmei. Av og til fann eg lause pengestykke, men aldri pengetasker.

Ein regnversdag fann eg eit brev som ei jente hadde skrive til kjæresten sin, postmannen hadde mista det. Det hadde lege så lenge i vatn at konvoluttten var opna og helit øydelagt. Sjølv sagt lés eg det, men det var nokså turt, der fanst ikkje eit einaste kjærleghetsord i det, ho fortalde bare om koss ho hadde det og kva ho gjorde. Men eg veit at ho fekk han til mann likevel. Eg tok brevet heim, la det i ein ny konvolutt, skreiv namnet hans utanpå og la det i postkassen. Du kan tru han vart forskrekka på den framande handskrifta utanpå.

Dei som kjørte fanaved, mista jamt nokre skier i

svingane. Då fyllte eg dei i sykkeltaskene når eg sykla heim, for eigarane let dei bare liggja likevel. Tidt fann eg vottar og huver, dei hengde eg alltid opp på gjerdepålar. Ei gong låg det ei daud svinsoks midt i vegen ovanfor Hamona, eg bare spende henne uti vegveita.

Så kan eg med same fortelja at ein måndags morgon eg kom inn på romet mitt på Eikeland, fann eg noko lyngrusk i senga mi. Det må ha vore to som hadde lege ute i lyngen og som etter på hadde låst seg inn på romet mitt og lege i senga. Sidan såg eg av og til at sengkleda låg ikkje slik som eg hadde gjenge frå dei. Jaja, dei måtte vel, dei gjorde ikkje noko vondt på romet.

- I 1962 var ein småskulepost på Vikeså og ein på Bjerkreim ledig, og den fekk eg då. Året etter skulde eg på Bjerkreim kvar dag. Då sprang eg frå den eine klassen til den andre og hadde opptil 30 elevar i kvar klasse. Eg likte ikkje dette, skulen vart meir sundriven, me vart mindre kjende, og dermed fylgde meir uro.

Eg fylgde rutebilen ned kvar morgon og måtte gå heim att, men tidt fylgde eg bilar som tok meg med. Ei tid fylgde eg Knut Vassbø som tok meg med når han kjørte skuleungane til Torveheia, då kjørte me heim att om Litla-Svela.

I 1967 vart eg flytta opp til Vikeså, for då vart det nye skulebygget teke i bruk. Her óg måtte eg fara frå klasse til klasse. Dei siste åra hadde eg óg timar i ungdomsskulen, der var mange nye fag, mellom anna matematiske utrekningar i fysikk som eg aldri hadde lært om på skulane mine. Eg måtte sitja utetter kveldane og setja meg inn i dette til skuletimen dagen etter.

Då vart det for stritt for meg, eg gjekk trøyt, vart nervesliten og miste svevnen. Det var to-tre gonger to netter etter kvarandre eg ikkje sov så mykje som fem minuttar, og så skula om morgonen. Då måtte eg slutta for godt. Det var hausten 1972. Men eg gjekk med vondt samvit for eg ikkje skulte meir. Men då eg hadde fenge frå meg ansvar og plikter og vorte pensjonist, då vart eg så kåt og frisk som ein ungdom att.

- Då eg skulte på Vølstad, gjekk eg gjennom Snorreboka og andre sogebøker og skreiv ned i ei bok dei sogene eg ville fortelja til skuleborna. Då tok eg óg med lokalhistorier frå Bjerkreim. Og då me var på Røysland, gjekk eg gjennom heile Bibelen og plukte ut dei forteljingane eg ville fortelja. Dei første ára på Vikeså skreiv eg koss eg ville forklara kristendoms-undervisninga, og seinare arbeidde eg ut kyrkjesoga.

Sidan lés eg gjennom desse hjelpebøkene i leksa for dagen og tenkte på mens eg sykla i veg koss eg skulle skula.

Me hadde ei arbeidsbok for sløyd som bare var i filler. Ein vinter då eg bare hadde 4 born i småskulen på Eikeland, hadde eg god tid. Då teikna eg om arbeidsteikningane i ei bok etter den gamle flysseboka, og den brukte me sidan i sløyden i mange år.

- Ungane sa så mykje løye i skulen, det kom så uventa så det var ikkje godt å ikkje smila.

«-- og så tok han på å lida naud for ingen gav han noko, så han måtte eta or grisatronæ» fortalde ein om då Laban skildest med Jakob i øydemarka.

«-- Bartolmeus, Tomas, trollmannen Matteus --» sa ein som skulle rekna opp dei 12 apostlane.

«Attmed Kapernaum var ei tollbu der folk måtte betala åtta for varene sine» sa ein annan.

«Átta?» spurde eg.

«Nei, eg tok feil, eg meinte toll (12)» sa han.

Osvald Eikeland fortalde om då Luther var død.

«Og venene hans og mostrane hans æra han då han var død --»

«Kå var det du sa?» spurde eg.

«Venene hans og mostrane hans --»

«Du hev lese feil» sa eg, «der står at venene hans og motstandarane hans æra han då han var død»

«-- og bed til far din som ser i det dolta, og far din som ser i det dolta, skal løna deg opp i dagen» fortalde ein i leksa si om Bergpreika.

- Dei lés og song så galt.

«Sjå dagen sprett i aust og vest»

«I denne søte julegraut, tør man sig rett fornøye»

«-- vugget barnet i sitt kjøt --» (Deilig er jorden)

«Du grønne kritlande tre, goddag»

«Når eg låg som blind og daud, grov du på meg med di klauva» song Bjørn Ivesdal av hjartans lyst om Blåmann.

- Dei skreiv óg mykje løye i stilane og attforteljingane.

Ein stil slutta slik. «Den dagen gløymmer er aldri korkje før eller sidan»

Og frå ein diktat. «Gyebbkket» (øyeblikket).

Naturen og vitenskap.

- No vil eg fortelja ymsa om naturen og vitenskap som eg har sett og opplevt.

I 1910 kom den kjende Halleys kometen. Eg var då 4 år, så eg minnest bare noko blankt på himmelen over fjella i vest. Astronomane hadde rekna ut at jorda kom til å gå tvers gjennom komethalen natta mellom 17. og 18. mai. Då vart folk redde, mange var visse på at no vart det verdens ende, og no kom domedagen.

Og somme, iallfall i Amerika, kledde seg i kvite kjortlar og gjekk ut for å møte Jesus når han kom i skyene. Andre var redde at komethalen kunne innehalda giftige gassar som ville forpesta atmosfæren, eller det ville regna gloande meteorsteinar over oss. Men vitenskapsmennene tok det med ro.

Eg hadde lagt meg i daglegstova der eg sov om nettene. Eg kan minnast at far sat attmed glaset og såg på det blanke lyset. Bestefar rusla i kammerset sitt og la seg, og mor gjekk att og fram på golvet, dei var nok ikkje heilt trygge. Om dei vakte den natta, veit eg ikkje, for eg sovna. Og mens eg sov, sigla verkeleg jorda gjennom komethalen.

Men det hendte ingen ting. Og då morgonen kom, pusta folk lettare. Jorda var som ho hadde vore, og livet gjekk sin jamne gang som før.

Men folk tok feil i noko. Halleys kometen såg me ikkje i Norge, men i Amerika. Men ved same tida kom det ein annan komet som gjekk i same banen som Halleys, han var så blank at dei såg han ved dagslyset. Så det var den kometen far såg på og som skræmte folk i Norge.

- Så var det ein vinterkveld nokre år etter. Bestefar kom så oppøst inn.

«*Nå står det ei sjødna med hale på himmelen!*» ropte han.

Me fór ut. Jau, der høgt oppe på himmelen i vest stod det eit blankt lys med ein lang hale etter seg, han var som ei tynn lysande skodde. Kanskje bestefar tenkte på den fælslege krigen som raste då nede i Europa, for ein komet varsla om ulukker.

Det var fint ver i mange dagar då, og me borna rann på Storavatnet om kveldane. Kometen spegla seg då så fint i den svarte isen. Han flytta seg litt sør etter for kvar dag, vart mindre og kom lågare ned for kvar dag og nærma seg fjellet, og så dukka han bakom. Siste kvelden såg me bare noko av halen hans over fjellkanten, og så var han borte. No tok han ut på langtur inn i det uendelege himmelromet. Kva tid kjem han att, tru?

- Så gjekk det mange år eg ikkje såg nokon komet. Men ein gong i 1960-åra, var det kanskje, då såg eg ein stor komet lågt i nordvest ein kveld i mars. Men då var himmelen så lys at han synte lite. Han hadde ein veldig lang hale som hekk rett ned, og han var så tynn at eg såg ei blank stjerne tvers gjennom han. Og kvelden etter var han borte.

- Så var det nokre år etter, då stod det i avisa at det hadde kome til syne ein komet i stjernebiletet Karlsvogna, men han var så liten at me snautt greidde finna han med augene. Eg leitte då med kikkerten og fann han der dei sa han var. Men han var som ein liten veig, uklår skoddedott. Og kvelden etter var han borte.

- Ein vinterkveld var me borna på Myrane nord for

heimehuset og rann på nokre vasspodlar. Då såg me ein meteorstein som datt ned rett oppover heimehuset. Han sprang sund i fleire stykke som datt ned og brann opp med raud eld. Me vart så skræmte at me sprang heim.

- Ein stjerneklår kveld vart me vare ein lysande flekk, som ei lita sky, høgt oppe mot vest. Far trudde det var eit slags nordlys, men no veit eg at det var ein meteorstein som hadde brunne opp og så lyste den tynne oska etter han i solskinet der oppe. Skydotten seig meir og meir utover og dimdest vekk.

- Ein fin sommarkveld kring jonsoktida var me nokre ungdomar og danste i aurgruva mellom Fosslibakken og Aurgodo i Tengesdalsmarka. Himmelen var gulblank etter solnedgangen i vest. Med eitt såg me ein lysande orm som kryllde seg loddrett på himmelen mot jorda oppover Litl-Eike. Jentene vart så redde at dei slutta å dansa.

Men så hadde Anders Litl-Eike sett at det var ein meteor som hadde brunne opp som eit lysande strek, og no var det oska etter han som lyste i sola og som seig ned og likna ein orm. Til slutt vart det til ei uklår dim sky som viste eit par timar etter. Dagen etter stod det eit fotografi i Stavanger Aftenblad av ormen på himmelen.

- Ein vårdag trefte eg Bjarne og Inger Ognedal, dei gjekk og leitte etter noko i den bratte bakken opptil Svelaskaret. Dei fortalde at det hadde kome ein fæl lysande meteorstein i veldig fart over Tysland bare så blåe elden stod som eit langt band etter han, og dei såg at han datt ned i bakken der på Ognedal, men dei kunne ikkje finna han. Dagen etter stod det i avisa at dei hadde sett meteoren oppover havet utanfor Jæren og langt inni Ryfylke.

- Tidleg ein morgon i mars sykla eg til Eikeland. Himmelen var skyfri og lysegrøn før sola rann. Då eg kom i skifte mellom Vikeså og Vikesdal, lynte det eit sterkt lys bakom meg. Eg kasta meg av sykkelen og såg meg tilbake, men eg såg ingen merkelege ting. Ikkje kunne det vera eit lyn, heller ikkje kjørte det nokon bil forbi. Eg knekte meg i augene, kunne det vera noko gale med dei som gjorde at det blenkte så sterkt. Men eg kjende ikkje noko gale.

Dagen etter stod det i avisa kva det var. Ein veldig meteor hadde sprunge i filler høgt oppi atmosfæren over Skagerak, så stykka hadde spruta over Sør-Norge og Danmark. På Fuglestad såg dei han datt ned på Holmafjellet, og dei gjekk så lenge og leitte etter han i snøen, men fann ikkje noko holer etter han.

- Eg har sett mange solformørkingar. Det første eg kan minnst var ein sommardag far skodde "Gulæ". Då vart det så mørkt som ein sommarkveld, så mørkinga må ha vore nokså stor.

- Sommaren 1928 skulle det verta total solformørking i eit belte over Sør-Norge, sa astronomane. Grena mellom total og ikkje total skulle gå tvers over Dalane, så me var svært spente på koss det gjekk i Bjerkreim. Vart det totalt? I Stavanger gledde dei seg, for dei skulle få sjå det naturfenomenet.

Den dagen var eg på heimreisa frå læraraskulen i Kristiansand. Det var ein fæl storm utanfor Lista, så båten gjekk ned i djupe dalar og oppå høge bakketoppar av hav.

Då skulle solformørkinga koma. Me såg sola gjennom tynne skyer av og til. Me stakk eit ørlite hol med ei kanppenål gjennom eit papir, og gjennom dette holet kunne

me sjå sola, koss skuggen åt seg meir og meir inn over henne. Til slutt såg me bare som ein tynn nagl under henne.

Då kom det ut ein mann får ein lugar og glytta litt på sola. Det var Lars Eskeland. Eg kjende han godt att frå fotografa av han.

Då eg kom heim, var dei fælt skuffa, det hadde regna heile tida, dei såg bare at det vart mørkt som om natta. I Stavanger hadde dei kola glasplater og gjort alt klart og astronomar frå heile verda hadde kome og skulle fotografera fenomenet. Dagen etter teikna Imsland koss dei rasande kjørte glasplatene i knas mot golvet. Det hadde hedleregna der óg.

- Ein vinterkveld var me borna og rann på podlane på Myrane. Det var klårt i lufta og fint måneskin. Då sanste me at månen vart så fæl. Han var aldeles mørkeraud og mest borte. Me sprang heim og varskudde om den fæle månen. Det var første måneformørkinga eg såg.

- I kveldinga mens sola ennå skein, såg eg ei stjerna, ikkje langt frå sola. Det må ha vore Venus.

- Ein sommarkveld låg eg i løa dørborte og såg ut gjennom eit op i veggen på den lyse skyfrie himmelen oppover Strudeknuten. Med eitt kom det opp ei blank stjerne, ho stod der nokre minuttar, så gjekk ho ned att og vart borte. Ho må ha synt seg i eit lite skar i fjellet mens ho vandra bakom fjellkanten. Dette var óg sikkert Venus.

- Den vinteren eg budde på Madland, var det overskyaa ein kveld, men heile himmelen var så merkeleg raud og lys likevel om det var månemørkt. Men i Bjerkreim og nordover var det skyfritt, og der stråla og skalv heile himmelen med eit sterkt nordlys i raudt og fleire slags fargar.

Nett den kvelden skulle dei starta Monte Carlo løp frå Stavanger, og mange utanlandske reisande hadde møtt fram. Då var det ei fransk dame som spurde om dette var midnattsola.

- Så var det ein sommarkveld me slo i Tveitahagen attmed tjørna. Me hadde nett slutta å slå og dei andre var gjengne heim og skulle mjølka, eg var att litt attmed steingjerdet, kva det no var eg skulle gjera. Då begynte det å dura så mørkt i Kalvaknutane, og så kjende eg at jorda skalv.

Eg sette meg attunder steingjerdet for å kjenna godt etter, for dette var interessant. Du skulle sett tjørna då. Det toppa seg opp små ollar som levde og skalv opp og ned tett i tett, heile tjørna såg ut som ei knudrete flate. Men så begynte ein stein oppå gjerdet å rugga på seg oppover meg, eg var redd eg skulle få han i hovedet, men før eg fekk flytta meg, vart det stilt att og tjørna låg med ein gong atter som ein blank spegel. Då eg kom heim, var tenestjenta mest galen så redd var ho.

- Det var visst i 1916. Me slo på ækra oppå Stembrotet. Då hørde me eit langt brak og dunsar oppe i aust. Ikkje var det torever, for der fanst ikkje toreskyer. Sidan fekk me høyra at det hadde gjenge eit fjellras på nordsida i vasskanten oppi enden på Ørdsalsvatnet. Det fortelst at steinmjølet la seg som snø på dei nedste vollane på Vassbø. Og ennå er det eit lysande parti høgt oppe i fjellet som syner der fjellraset slepte.

- Dreg me ei line langs etter Ørdsalsvatnet, treffer det nøyaktig på Ronæ mellom Forevotnene. Det var derfor det hørdest så godt.

- Ein søndag då eg skulte i Ørsdalen, vart eg beden til middag hjå Anders og Astrid Vassbø. Så sat eg der til det kvelda, då gjekk eg tilbake til lærarbustaden. Då hørde eg det dundra bakom meg. Eg snudde meg, og då såg eg steinar så store som små hus, som datt gjennom lufta ned frå dei høge fjella nedanfor Hovland og vart liggjande ein stad der det ikkje bur folk.

- Ein sommardag kom det eit forferdeleg torever. Det vart så mørkt at det var reint uhyggeleg, det fortelst at dørøppe kveikte i lampa midt på dagen. Inger og Bendine dørøppe sprang inn til Leidegrinda og jagte heim kyrne. Dei måtte jaga dei heim Halarægje forbi dørinne.

Og før dei kom heim, kom det eit forferdeleg lyn, det small og skralla som himmelen skulle rivna. Då slo lynet ned og grapste sund Leidegrinda, den som jentene straks føre hadde sprunge gjennom. Folk sa dei kjende svilukt (ozonlukt) av lynet. Dette toreveret snakka folk lenge om.

- Ein dag hyppte eg oppom eplene i Runnehagen nedmed vegen, molda er noko fuktig der. Tora dundra og slo oppi Torveheia, hørde eg. Då losna ei skruve på grevet og eg la meg på kne i den våte molda og skrudde att skruva. Med same det lynte der oppe på Torveheia, fekk eg ein elektrisk straum i tomen så han verkte eit par timar etterpå.

Då eg var ferdig i Runnehagen, hyppte eg i Nyehagen bortom Strudeknuten. Nokre uhyggelege, kantete skyer trekte seg frå Kalvaknutane og Forevatnet. Med eitt lynte det og small og fræste det over himmelen og øyken skvatt så til sides at han heldt på å detta og vart heilt ustyrleg. Kanskje han kjende noko straum gjennom hestskorne.

Eg måtte bare sleppa han laus med ein gong, og han

sprang vitskræmt heim att. Men det kom ikkje noko regn. Då eg kom heim, såg me at det brann i skogen oppå Strudeknuten. Eg og Inge sprang opp og me greidde sløkkja elden. Det viste at lynet hadde slege eld på tri plasser med eitt slag.

No hadde Jørgen dørnere tilsyn med statsskogen, og me sa frå til han at me hadde sløkt elden der. Han var så redd at elden kunne ta på å brenna att i den turre lyngen. Derfor bad han alle vaksne arbeidsføre mannfolk på garden ta med seg kvar si bøtte og bera vatn oppå knuten og slå på oska. Me tok vatn i Stemmen ved tjørna og bar det alt oppå Strudeknuten og tømte der det hadde brunne. Eg har altså bore ei bytte vatn frå tjørna til oppå Struteknuten. Det er løye det me kan oppleva.

- Det er løye med regnbogen, han er alle stader med ein gong. Ei line frå sola gjennom augene våre treffer rett i sentrum på regnbogen, så når me flytter oss, flytter óg regnbogen seg. Eg og du ser ikkje regnbogn på same staden når me står eit stykke frå kvarandre.

- Ein gong då me var born, såg me at regnbogen gjekk ned bortpå Myrane. Då sette Bernhard på sprang og ville springa inni regnbogen. Eg stod att heime i garden og såg på. Og Bernhard var rett inni han. Han vart raud, gul, grøn og blå der han sprang att og fram. Men sjølv såg han at regnbogen gjekk ned borti Skurvebakken.

- Ein gong eg kjørte i bil, var der ein regnboge oppi bakkane attmed. Og han fylgde med over stein og tre attmed bilen i same farten som me kjørte.

- Ein sommarkveld var eg oppå Kalvaknuten, sola stod lågt oppover Førelia. I sør oppover Storavatnet gjekk ei

trapsande regnbøye. Då kom det fram ein veldig stor og klår regnboge. Han var så stor at mest heile hjulet synte.

- Det treffer at folk som er i eit fly høgt oppe, ser regnbogen som eit stort mangefarga hjul.

- Ein sommarkveld på Vikeså kom eit kraftig torever. Då det hadde drive mot aust, strålte lynet skjelvande ned oppover Berland og Ørstdalsvatnet. Med eitt kom sola fram i vest, og det kom fram ein herleg regnboge i toreveret. Med eitt skalv eit lyn tvers gjennom regnbogen. Slikt syn hadde eg aldri sett før. Lynet slo sjølvstøtt langt bakom regnbogen, men han er gjennomsynleg så det såg ut som lynet kjørte rett igjennom han.

- Far såg ei natt i fint månelys ein regnboge som månen hadde laga. Det var ikkje raud farge i han.

- Til slutt ei gåte. Kva vert større og breidare til lenger borte det er? Regnbogen.

- Ei vinternatt sykla eg frå Egersund. Då eg kom i Fotlandslia, høyrde eg slik fin musikk. Vinden hadde brote sund isen i større og mindre isstykke som låg i ei vik og vippte i ollane. Og når dei støytte i hop, klang det høgare og djupare tonar etter som stykka var større og mindre. Det var mykje finare musikk enn når Harald Sæverud klunkar på pianoet sitt.

- Eg hadde ei tom flaske ståande på lærarromet på Vølstad. Ein gong fekk eg tak i ei stor "fjorgamal" fluga og slepte henne nedi flasken, og ho greidde ikkje flyga beint opp gjennom den smale flaskehalsen. Eg sette flasken på bordet, og så drép eg fluga på eit par sekundar utan eg tok i flasken eller hadde noko nedi henne. Flasken stod roleg på bordet like tom, og på ein augneblink var den levande fluga død. Koss

for eg åt til å greia dette? Det forklarar eg i slutten på dette kapitlet om naturen og vitenskap.

- Så er det veret. Den vinteren eg skulte i Ørdsalen og budde åleine, vart det ein sterk vind, det bare bølde så bles det ute. Med eitt skaut det eit forferdeleg brak og sjoging over dalen så huset skalv.

- *Haure du resaskodæ?*» spurde Litl-Ola dagen etter.

Risaskot er når lufta vert pressa saman av eit sterkt stormkast i tronge glyp og skote ut. Nokre år sidan, då eg skulte i Lauperak, då dundra det på med sterk austanvind i fleire veker. Då hørde eg dei sa at det hadde gjenge eit risaskot oppi Ørdsalen.

- Det var føre jul i 1919. Den vinteren kom svært tidleg. I slutten på oktober gjekk me på isen tvers over tjørna.

«Eg er så kald i føtene, eg trur beint fram at her kjem snø» sa mor ein kveld.

Og den gongen spådde ho rett. Du skulle sett om morgonen. Eg trur ikkje eg lyg mykje når eg seier at det var kome 70-80 cm med snø.

Og sauene gjekk ute i Statens planteskog, der stod dei fast til midt på vomma i snø og kunne ingen stad koma. Far reid då på øyken inn etter skogen, trea var ikkje høgare enn han såg over tretoppene.

Snøen låg lubben og tjukk på alle trea. Men då han såg tre som ikkje hadde snø på, skjønnte han at der stod det nokre sauer. Såleis fann han flokk etter flokk og fekk samla dei ihop. Hesten gjekk føre og brøytt veg, og så kom sauene etter i brauta i ei lang rekkje. Den snøen låg til nyttår.

Orrfuglane søkte heim til gards og sat i bjørketoppene

i Sletthoien og på Norevollen. Den vinteren hadde me Olga Grøtteland til jente, ho var vand med å fanga ryer oppå heiane, og no lærde ho oss koss me skulle fanga orrfuglane. Me fangde over 20 fuglar den vinteren. Me hadde god tid til slikt, for det var den vinteren me var fri skulen då dei heldt på med Horpestadsaka.

- Men det har vore milde vintrar óg. Eg minnest ein nyttårsdag som var som ein vårdag. Far slepte ut kyrne så dei skulle få kjæta seg og riva i seg noko lyng.

- Ein vinter då eg gjekk arbeidsledig som lærar, dyrka me og spadde nede på Brureina attmed bekken og skaut bort ei mengd med steinar som var dekkja av grastorver. Det kom ikkje frost og snø den vinteren. Ut i februar kom det ein morgon så mykje snø at me fekk kjøra bort steinane på steinslede, men etter middag bråna han bort att. Det var heile vinteren det året, og uti mars kom våren for alvor.

- Somme tider er det svært lytt i lufta. Då me gjekk i skulen på Tengesdal, hørde me tidt i Tengesdalsmarka koss havet dundra mot land utanfor Hellvik.

Og når me om vinterkveldane rann på Storavatnet, hørde me "luhodnæ", tåkeluren på Eigerøya, koss han tuta i havskodda.

Ein sommarkveld eg var oppå Langfjella oppover Stakksteinmyra, hørde eg så tydeleg koss Ørdsalsbåten klakka inn vatnet.

Det var nokre dagar ein haust det var så uvanleg lytt i lufta. Eg gjekk og leitte etter smalen på "Staten" og var mellom Mollmyra og Strutebakken. Då hørde eg toget larma i veg på skjenene mellom Hellvik og Oгна. I den tida skreik lokomotivet eit kvast fløyteskrik når toget skulle

kjóra forbi overgangen på Sleveland. Då hørde me mange gonger heim til Hetland koss det skreik og klakka i veg på skjenene.

- Me veit at lyden går mykje fortare og lenger gjennom faste ting enn gjennom lufta. Då me borna rann på isen, telefonerte me gjennom isen når det var blank stålis. Me la oss på magen i kvar sin ende på vatnet og ropte mot isen.

«Høyrer du meg?» ropte eg mot isen og la så øyra ned på isen.

«Ja, eg høyrer deg» svarde Bernhard gjennom isen.

- Ein vinter då eg skult på Eikeland, arbeidde dei vegen breidare oppi Malmeisfjellet. Det låg då sterk is på Håfreista. Då sansa eg at når dei skaut, så høyrdest skotet inni skulestova ut slik: oooooooh!, først ein veig dur og så kom skotet. Det var lyden som fylgde isen og kom fortare fram til skulehsuet enn gjennom lufta.

- Når gjætarar og skyttarar søkjer livd for natta i fjellholer oppi høgheiane, kan dei høyra når havet larmar mot land utanfor Ognå og Eigersund, men går dei ut, høyrer dei ingen ting.

Då Jyllandslaget stod, var det ein mann som låg i ei fjellhole langt oppi heiane. Då hørde han tydeleg kanonskota. Men då han gjekk ut, hørde han ingen ting.

- Ein dag eg hadde første klassen på Bjerkreim, spurde eg Klaus Bjerkreim om eg kunne få fri ein liten time, eg ville vera med i kyrkja då Rakel Grøtteland skulle gravleggjast. Han sa at dei små kunne springa den stunda åleine i gymnastikksalen. Gymnastikksalen er nedgraven djupt i jorda. No var marka frosen djupt. Då me sat i kyrkja, hørde me koss borna kjætte seg og skråla i gymnastikksalen.

- Ein morgon i mai då bjørka stod grøne med store blad, sykla eg til Eikeland. Då var det kome noko klabbesnø som hadde lagt seg på dei grøne bjørkeblada. Så kom sola fram og glitra i snøen. Det er noko av det finaste eg har sett.

- Då eg gjekk på Stord lærarskule, laga eg til eit kystallaparatt, og det tok eg med til Eikeland og låg i senga og lytta med det om kveldane. Antennen hadde eg på loftet parallellt med telefonlina utanfor. Då vart induksjonstraumen kring telefonlina oppfanga av antennen, så eg hørde ein gong folk snakke i telefonen om nokre sauer.

- Ved brua ovanfor Hamona på Vikesdal, heldt nokre karar på med å byggja ei ny bru over bekken. Dei grov bekken noko breidare, og då viste det seg at då dei bygde vegen for ca. 80 år sidan, hadde dei bare lagt eit tynt lag med grus oppå myra.

Nede i myra fann dei ei torve med lyngblomar på. Blomane hadde lege der i 80 år, like friske og fine heile tida. Eg fekk dei med meg heim, men då var det ikkje mange timane før dei var svarte.

- Om vinteren når det var is som glas på podlane, tok me ein mole med is og heldt han med tomen og peikten på same staden til det bråna eit lite søkk i isen. Då me såg gjennom dette, hadde isen vorte til eit forminkelsesglas.

- Her er forklaringa på koss eg drép fluga i flaska, sjå side 101. Eg sette flaska på bordet der sola skein. Og så brukte eg eit forstørrelsesglas og samla solstrålene inn i flaska og sette brennpunktet rett på fluga. Ho datt på ryggen med ein gong, ledde litt på føtene og var så daud.

Dyreliv.

- No vil eg fortelja ein heil del om dyr, fuglar og insekt.

- Ein vinterdag slepte far ut øykene, dei skulle få kjæta seg. Inge var ganske liten då og gjekk og stabba i graden. Der kom hesten springande i full fart heim reket beint mot Inge. Han vart redd og ville røma, men datt sjølvsgatt rett framføre føtene på hesten. Han greidde ikkje stansa, men hopte over Inge, først med framføtene og så med bakføtene, så Inge vart ingen ting.

- Me hadde ein øyk som heitte Sjimlo. Henne hadde me i mange år, og ho fekk fleire føl. Ein gong fekk ho eit hestføl, det var kvitt med store svarte flekker på. Far meinte det var heilt verdilaust og selde det til slakt. Når ho måtte ut å kjøra, kunne me ikkje ha følet valtrande med i vegen, så me stengde det inni stallen og sette på kroken utanfor døra. Ein dag Sjimlo kom heim frå arbeidet, lukte ho opp kroken med mulen og slepte følet ut.

- Den hardaste jobben Sjimlo hadde var då ho måtte dra slåmaskinen, for han var så gamal at han greidde ikkje klyppa graset. Ho gjorde ein stor fart, men kjørte seg fast i det tjukke graset, homa tilbake og gjera fart att, homa tilbake og så fram att i fæl fart så fort ho greidde. Ho sveitta så det draup.

Ein dag då me skulle begynna med slåtten, gjekk ho i marka, men me kunne ikkje finna henne att. Endeleg fann me henne i ei lita krå inst inne på Intredalsfjellet. Slik gøymde ho seg bort 2-3 gonger. Det var som om at ho kjende på seg at no begynnar slåtten.

- Ein gong skaut me nokre steinar i Nye hagen, då stod ho på leitet under Nore Kalvaknuten og gløste så redd når me ropte og sprang og lunta brann. Og med same skotet fór i veret, heilt om og avleides over leitet. Men då me tende andre skotet, stod ho der att og gløste, og så heilt om att med same skotet sprang.

- Far fekk lov av staten for ei billig avgift å sleppa kyrne på beite i planteskogen om sommaren. Kvar kveld kom kyrne heim til rett mjølketid.

Men ein kveld kom ikkje ei ku heim, så me skjønnte at det måtte ha hendt henne noko. I to dagar gjekk me og leitte på kvar sin kant over fjellet. Så gjekk eg langs Geitamyra, då fekk eg auga på eit raudt kuhoved i eit søylehol i myra. Der stod kua til midt på magen i kaldt myrvatn. Slik hadde ho stade i to døgn, stakkar. Eg sprang oppå næraste fjelltoppen og ropte alt eg kunne.

«Funne kunæ! - Funne kunæ!»

«Kunæ, kunæ, kunæ» svarde dvergmålet att frå fjell til fjell.

Eg ropte gong på gong, og endeleg svarde det langt borte i Førelia.

«Kore?»

«Jeidamyræ! - Jeidamyræ!»

«Myræ, myræ, myræ» svarde fjella.

Langt om lenge var me alle samla der. Då tok me på å få kua opp att. Far sleit i hovedet, to sleit i halen alt dei kunne og ein hopte uti søylehola og fekk framfötene hennar oppå kanten og skuva på under magen, og då fekk me henne opp. Far reiv gras og myrrose og turka henne rein for søyla.

«Nå må de skunda dokke heim og gå på slåttan, eg

skal koma etter med kunæ» sa far, for kua måtte heim og få mat og få kvila.

- Ein søndagskveld hadde ei ku lagt seg nedi eit hol oppunder Middagsknuten. Me kjørte då steinbukken opp på slede, reiste steinbukken opp over kua og sveivde henne opp.

- På andre sida av vegen attmed Litl-Ola Vassbø stod eit gamalt hus og eit lite fjos med låge steinvegger. Der budde Gamle-Else med sonen Jakob. Ein laurdagskveld sat eg inne åleine med Litl-Ola, dei andre mannfolka var vekke.

Då kom det bod til Litl-Ola at kvika hennar Else heldt på å liggja daud, og Ola måtte koma og slå henne i hel. Han bad meg vera med, og eg tok lykta og Ola øksa og kniven og gjekk inn i fjoset. Der var kaldt og mørkt. Dei hadde bare ei kvika og no låg ho flat på båsen med føtene rett ut og bare stønte.

Ola var gamal og kroket og veig i armane, han grov seg inn i båsen og pikte med øksenakken eit lite slag i skallen hennar. Eg kunne ikkje skjøna at det kunne virka noko, men hovedet seig ned, og han trivla lenge før han fekk hol med kniven før blodet kom.

«Nå kan hu liggja der til i morgon, så får dei ta 'na» sa han.

- Ovanfor Spøtavollbrua var det eit nettgjerde attmed vegen, så mellom nettet og åa var det eit lite jordstykke. Ein morgon eg kom leidande på sykkelen, gjekk det ein stut der og stod tett attmed nettet. Han sette hovedet mot marka, bles i nasen, skjegla på meg og gjorde seg bøsen og sint. Men eg gjekk heilt bort til han og bøygde med ned.

«Er du sint'e?» sa eg og klådde han bak øyra.

Då seig sinnet bort. Og då eg gjekk att, retta han hovedet fram og trytte, han ville eg skulle klå han meir. Men då lo eg.

«Hev du gløymt å vera sint'e?» sa eg.

- Me hadde ein stut som kjende så seint. Når me stakk han med ein spikraodd i sida, stokk han ei stund etter på, og då spende han.

- Når me står attmed ein kalv som står bunden i fjoset og som aldri har vore ute og seier "Burrrr!" til han, tek han på å hoppa, slå med halen og kasta på hovedet. Han trur det er ein tordivel som flyg. Dette er instinkt.

Her er nokre bremser som legg egg oppå ryggen på kyrne. Desse egga vert til larvar som grev seg inn under skinnet på kyrne og utvikla seg der til svullen brest sund og dei dett ned og vert til nye bremser. Desse svullene er såre og vonde. Når kyrne høyrer duren, der kjem ei bremse, då skjengar dei og rømer, likevel om dei ikkje veit kva bremsa vil. Dette er instinkt.

- Ein sommar vart me så plaga av ein sau med tvillingar hans Torjer på Stølen. Dei hopte over gjerdet i ytra hagane og gjekk og trødde i vollen om nettene.

«Nå hev scauen kome øve att, du får ta hunden og jaga han langt ned i Enjadalen» sa far til meg seint ein kveld.

Eg bisste då hunden på han, men han sprang ikkje ut til Vodl, men la ned den gamle kjørevegen til Vassvika. Jaja, no kunne hunden skyssa han langt ut i Fossåsen, tenkte eg. Men då han kom ned i Vassvika, la han ut på steinrøysa der og hunden jagte han ut på vatnet, men lamma sprang vekk i skogen.

Hunden slutta då å jaga, han skjønnte at det var noko

gale. Då eg kom ned, heldt sauene på å grava seg til lands att. Eg ville hjelpe han opp, men då vart han redd og sôm rett ut att, og drukna.

Dagen etter sende me bod til Torjer om ulukka, og me hjelpte han til å få tak i lamma. Far baud seg til å betala heile sauene, men Torjer ville ingen ting ha. Han meinte at når sauene gjorde vondt i vollen, hadde me rett til å jaga han. Så vart dei då samde om at far skulle betala halve prisen for sauene.

«*Og så skal me skiljast som gode vener*» sa far, og det same sa Torjer.

Sidan kom han til oss og var med og bygde den nye løebygningen, og han nemnde aldri meir om den sauene som drukna.

- Ein gong kom det bort ein sau og eg og Inge gjekk så lenge og leitte etter han over heile marka, men me fann han ikkje, så me snudde heim att til slutt.

«*Der ligg 'an!*» ropte Inge då me gjekk opp den steinete vegen opp frå Stakksteinmyra.

Der låg han på rygg på nedsida av vegen mellom to tuver og levde. Me snudde han om og prøvde å få han på føtene, men han bare seig ned att. Då sprang Inge heim etter dassdøra (frå utedoet), så bar me han heim på den. Me la han i løa, og om to-tri dagar var han god att.

I den tida var Bernhard på meieriskulen. Det var ei stund at han var riksmålsmann og skreiv heim breva på riksmål.

Då skreiv eg og Inge eit brev i mitt namn og fortalde om denne sauene på eldgamalt stivt riksmål omlag såleis:

“-- da vi returnerete til vort kjære Hjem og var

ankommet til Stien ved den saakalte Stakstenmyren, O see! Der observerede vi det forlorne Faar mellem to Forhøininger i Tærrenget hvilket vare en uholdbar Situation. Vi opløftede det på sine ben, men det kunde paa ingenlunde staae, endmindre spadserede. Min broder Inge ilede med ytterst anstrengelse Hjem efter Chlosettdøren hvorpå vi plasserete det forulykkede Faar. Og mens jeg gik foran og anholdt i Chlosettdøren og min broder Inge derpaa gik bagefter og anholdt i samme, transporterod vi det forkomne Faar til vort Hjemsted hvorpå vi anbragte det ind i Høiladen --”

Der fikk Bernhard det.

Men sidan då han kom til Undheim, snudde han om og vart nynorskmann og møtte fram på mållagsmøta.

- Ein gong leidde eg ein ver frå Hetland til Lakssvela, han skulle gå i grase der om sommaren hjå Mikal Lakssvela. Då gjekk eg inn dørinne, om Gåsland og Ognedal. På heimvegen stakk eg inntil Lotte på Ognedal, ho som skulde meg på Tengesdal.

- Eg har ein gong klyppt ein sjølvdaud sau i Nyehagen og grave han ned i hagen der. Eg minnest ennå nøyaktig kvar det var, eit stykke ovanfor den store steinen.

- I mellomkrigstida hadde me oppmot 100 griser somme gonger. Om sommaren jagte me heile griseflokkar nord til tjørna og slepte dei lause der. Og der hadde dei det gildt. Dei tok seg turar oppå Tveita og grov lange veiter i grastorva med trynet, og vasste i tjørna, og kom så heim att svarte av blaut surpa over heile kroppen.

- Eg har ein gong kastret ein grisunge. Ommund heldt han og eg utførte operasjonen med den gamle rakekniven hans far.

- Me har hatt 3 hundar. Den første heitte Ring, for han hadde ein kvit ring om halsen. Me fekk han då eg gjekk i småskulen. Men han var sint og knurrde og beit oss, og han var ein ræsarhund som tok seg turar kring gardane og var borte i fleire dagar om gongen, og kom så heim att så trøytt og holsvolten. Men til slutt vart han skoten på Lakssvela.

- Så fekk me ein liten gild hund som heitte Flink, og han hadde samehundblod i årene. Han skjønnte ikkje at han skulle jaga sauene vekk når dei kom på vollen, men han var god til å samla saman kyrne og sauene. Det var nok dei nedarva evne etter reinsdyrsamling.

Inge var 3-4 år i den tida. Ein dag heldt han på å una seg med hunden ute i garden Han sleit i den eine enden på eit tog og hunden i den andre, og då var dei like sterke, dei vann og tapte ei stund kvar.

«Bia, bia, eg mista treskoen!» ropte Inge.

Og hunden venta fint og sleit ikkje då, men med det same Inge hadde fenge på seg treskoen, sleit han att.

Men så slo han lag med dei andre hundane på garden og sprang på jakt i marka vår og drép på lam. Og då visste far at skulle han få dei andre på garden til å slå i hel hundane sine, måtte han først slå i hel vår hund.

Det var hardt for oss borna å sjå då far slo til hunden i hovedet og stakk han i brystet så blodet rann ned i sanden. Då la Bernhard seg i senga og gret. Etter på gjekk far til dei andre på garden.

«Nå hev eg slege i hel hunden min, nå får de slå i hel dokka, eller så får de betala dei lomma hundane dokka drep» sa far til dei.

Då drép dørinne og dørøppe sine hundar, men ikkje

dørnere.

- Ein kveld kom far heim med ein liten svart hundunge med kvitt bryst og stutte føter. Den óg kalte me Flink. Han hadde me i mange år. Han var godsleg og snill og var mest som eit menneske. Han likte meg best, for eg tok meg av han og var snill med han og gav han mat. Når me sat med bordet og åt, sat han under bordet attmed føtene mine, og så tok han på foten min med labben når han ville ha ein matmole.

I likferda til Ingard sat det fullt av folk tett i tett kring dei lange borda, då kjende eg at han tok meg på foten. Å ja, han visste nok kor eg sat likevel der var mørkt under bordet.

Han skjønnte godt på leven og moro og mykje av det me sa. Ein gong låg han og kvilte attmed omnen, då kom far inn.

«Du må ta hunden og jaga nokre sauer som hev kome på vollen» sa far.

Hunden opp, og for gøyande på døra med ein gong. Når han høyrde at det var kome sauer inn i den gamle løa, jakte han dei ut utan me bad han gjera det.

Best likte han å få jaga ut hønene når dei var i løa. Då la han etter dei alt han kunne og reiv dei i fjørene så dunet flaug, til dei fór flaksande ut, då gjekk han i frå dei og let dei gå i fred.

Me kunne ikkje ha han med oss når me slo med slåmaskinen for me kunne slå av han føtene. Han visste vel at han ikkje måtte vera med då, då heldt han seg heime på garden og sat og såg på oss, men så snart me spretta frå hestane, kom han springande.

Ein gong me trøskte, var me borna på staen og kasta

fram kornbanda, og far tok bort den trøskte halmen. Då kjende han at det grov han på foten. Det var hunden som gjorde teikn til at han ville opp til oss på staen. Far kasta han opp og eg tok i mot han i lufta. Der oppe likte han så godt å leita etter myser. Her er ei mus under bandet, synte han. Og så stod han og passa på då me tok vekk kronbandet og greip musa med det same ho sprang fram.

- Ein sommar kom det ein invasjon av lømme (lemen) til Hetland. Kor me slo trefte me på desse iltre dyra. Då me slo i Tveithagen med orv, slo me til dei i graset så dei skvatt. Hunden var med og hadde fullt arbeid. Når ei lømme reiste seg opp mot han og viste tenner, då såg han på henne og dilla litt med halen, og så beit han til. Alle dei drepne lømmene la han i ein dunge. Til slutt vart han beint ut lei og slutta.

- Ein haust måtte me fara over heile fjellet på Staten og leita etter smalen. Då sette eg meg gjerne på ein fjelltopp og såg utover, og då kom Flink og sette seg tett attmed meg. Langt ute i Aurdalen gjekk eg ned eit bratt fjell så eg måtte halda meg med hendene ein stad. Hunden knista og torde ikkje fylgja etter. Då retta eg armene opp mot han.

«Kom» sa eg, og då hopte han ut i lause lufta rett i armene mine.

- Ein ettervinter då isen var kvit, var me på Storavatnet. Då begynte hunden å grava i harde isen med framføtene, han kjende lukta av noko. Me hjelpte han og skar vekk isen der med ein kniv, og då fann me ein aure som hadde frose fast i isen.

- Ein sommar vart han hoggen av ein orm under haka. Hovedet hans trutna opp, og han låg på loftet eit par dagar

og stridde med dauden, men så bestna han til att og grov seg fram.

- Me hadde ei klukkhøne som gjekk med kyllingar i garden. Då knista han og skalv om munnen så lyst hadde han til å ta dei, men han visste at han ikkje måtte ta dei.

- Om haustane då me skålde smalaføtene, likte han så godt å knafla og tyggja på klauvene me kasta. Så heldt han ei klauve med munnen, grov ei lita hole i molda, la klauva nedi og grov over att molda med snuten.

- Oppå Tveita hadde han ein rund, glatt stein som han slikte og sugla på kvar kveld då me slepte kyrne heim frå statsskogen.

- Somme gonger om vintrakveldane fekk han slik hug til å gøy, då måtte han på dør, og så stod han og gøydde oppi lufta mot månen og ingenting ei heil stund til han fekk gøy seg tom og fraus. Og så kom ahn glad inn att.

- Når han såg framande kattar, jagte han dei. Ein gong me var på Stiæ under Kalvaknuten, såg han ein katt som gjekk heime i garden, då sprang han alt heim og fór etter han. Men vår katt gjorde han ikkje vondt.

Han vart opplærd å eta or same tallerken som katten åt i, han torde ikkje jaga han, men han åt så fort han kunne så ikkje katten skulle få noko. Viss han ikkje greidde eta opp maten sin, ropte me bare på katten om han var ute, då åt Flink til han måtte ut og spy.

- Ein gong fann han ein blautrotten katt i Holo med tjørna, og så velta han seg oppå dette for å få på seg noko parfyme han tykte lukta så godt. Då han kom heim, lukta han så grufullt at han kunne ikkje vera i hus, me måtte vaska han rein i fjoset.

- Til slutt vart han gamal, augene vart blå så han såg lite, han vart stiv i føtene og plagtest av gikt og låg mykje inne. Då fekk me Tønnes til å skyta han.

- Ein gong eg kom or skulen og gjekk oppå salen, låg katten så varm og kjælen i senga mi, han såg opp og geispa, og så krek det med lyseraude kattungar under han.

- Ein laurdagskveld kom moster Gesine og Teodor Hetland til oss, og om natta låg dei i mellomstova under trappa opp til loftet. No må ytredøra ha kome opp, for om natta vart det eit frykteleg leven oppå loftet av to hankattar. Dei remja og fræste og slost og ramla ned trappa så det brulta. Etter den dagen gjekk katten vår med sundrive øyra.

- Ein sommar låg eg på busloftet og hadde glaset oppe. Så ein kveld eg heldt på å sovna, stod det ein stor hankatt og remja så ugoodsleg nedunder glaset. Eg lurde meg fram og tømte potta beint oppå ryggen hans i full fart. Først skvatt han omlag ein meter beint opp i lufta, og så tok han ut så fælt at det er ikkje katt på denne jord som har sprunge fortare. Han fór som eit skot over steingjerdet til dørøppe, men eg kunne ikkje sjå at han kom nedpå gjerdesteinane med føtene.

- Eg har bare ei gong sett ei levande svinsoks, det var mellom Kalvaknutane.

- Her er ikkje pinnsvin (piggsvin) i Bjerkreim. Men ein dag såg eg hunden stod og gøydde så fælt på noko svart som låg på vollen i brotet opp frå Grønafloftet opp frå bekken. Då var det eit daudt pinnsvin.

- Dei første åra me budde på Tenjevollen, hadde me nokre høner i eit hønehus bort på ei steinrøys nord for heimehuset. Ein dag stod døra til hønehuset oppe, og eg såg

ein mink som smatt inn. Då treiv eg ei greip og la inn, smelte att døra, og då såg eg minken beit ei høne. Då kjørte eg greipa tvers gjennom magen hans og heldt han fast så han slepte høna.

Men ho var så forfjamsa at ho sprang beint framfor minken, og rovgiren hans var så sterk at han tøygde seg fram og beit til høna i hovedet og heldt henne fast. Då trødde eg på hovedet hans med treskoen så han slepte henne. Og så drép eg han. Men høna var så skambiten at ho låg daud.

- Eg såg ein gong ei rotte som sprang vassrett midt på ein støypt sementmur i hevdafjoset på Hetland.

- Ei tid hadde me så mange rotter på loftet på Hetland, dei var så djerve at dei kom inn på salen der me låg når døra var oppe. Då batt me eit langt band i dørhandtaket, og når rottene kom inn, drog me att døra. No hadde me ei stor kiste på salen, enden på henne stod litt frå veggen, så der bakom var godt for rottene å gøyma seg. Og når dei gøynde seg der, skuva me kista innåt veggen og kraste dei i hel.

- Eg trur rottene er vise. Kva er det for ein evne dei har? Me hadde kornbingen på busloftet innåt brystveggen. Men trur du ikkje dei fann kronbingen og grov seg ei hole gjennom veggen og kom inn til kornet i eit hyrna nede ved golvet der det var best å grava seg ein inngang.

- Då eg støypte grunnmuren til huset vårt på Tenjevollen, var det planen at eg skulle ha kloakkrøyren ut gjennom veggen midt for der inngangen til kjellardøra er og ha ein septisktank i hagen utanfor. Derfor laga eg til ein liten firkanta opning nedst på muren der. Men sidan bestemte me oss om og hadde kloakken ut i vest på huset.

Eg sette då ei grastorve i den firkanta opningen og

fyllte mold inntil muren. Me hadde ikkje støypt kjellargolvet då. Men rottene såg i ånda kor inngangen var i muren. Dei grov ein lang tunnel på skrå i molda innåt muren rett til holet og kom seg inn i kjellaren, så eg måtte setja ein stor stein for inngangen deira.

- Me hengde opp noko feitt til meisene i ein liten nettpose etter ein ca. 40 cm lang ståltråd i surapalen utanfor kjøkkenglaset. Ein dag kom eit ekorn og fann feittet. Det kom seg ned til det og då det ville opp att i treet, kraup det opp den tynne ståltråden.

- Ein vinter vart eg vare ei flagremus som hekk under takskjegget på nedsida av skulehuset på Eikeland rett i vinden frå Håfreista. Det kom ein periode med iskald frostvind frå aust, og eg tenkte at no frys du spinn-forderva til ein isklump tvers i gjennom deg. Men ein vårdag då sola vermde, var ho borte.

- Me hadde ein gong på Hetland ei høne som fekk lausunge. Me hadde ikkje hane den sommaren, og høna høyrde at hanane på garden gol så lokkande, og då er det ikkje godt å strida mot naturen. Og me visste ingen ting om dette før ho kom så stolt fram med ein kylling i garden. Sidan fann me reiret hennar på ei slindr i løa, der det låg 10-12 rotne egg. Og kyllingen vart til ei høne som me kalte Bestemor.

Seint ein haust kom denne Bestemor med ein flokk med kyllingar. Det var så kaldt då at dei måtte vaksa opp i fjoset, der dei bare gjekk lause. Det vart 4 høner av dei. Den eine heitte Den doble, for ho hadde dobbel kam, den andre heitte Den enkle, så kom Stego, for ho steig så langt, og så kom Ivar den spake. Og då sommaren kom, vart dei alle

nokre gode verpehøner.

- Så ein dag bestilte bestefar nokre høner av Amalia Gravdal. Dei var unge og varp så godt, sa ho. Og dagen etter kom ho med dei. Men så løgne høner har eg aldri sett. Ei var blind så me kunne ta henne kor me ville, ei skrevde og vagga med hjulbeinte føter, den kalte me Vaggo, ei var gulraud på farge med hangande fjører og ein lang hals som ei skjér som ho drog på som eit brudeslør, derfor heitte ho Sløræ, og ei hadde ein flott fjørtopp oppå hovedet.

Den blinde måtte me bare slå i hel med same så ho ikkje skulle svelta i hel. Og eg kan ikkje minnst at dei varp eit einaste egg nokon av dei. Så det vart ikkje lenge før dei alle saman vart til middagsmat.

- Det var alltid så gildt å skræma hanen når han ville gala. Med same han strekte halsen og skulle setja i gang, kasta me ein tom sekk på han. Då sprang han og gol eit stygt skrik, strekte så halsen og ville gala att, men fekk sekken flaksande mot seg att, og det vart bare eit stygt skrik. Opp att og opp att prøvde han å få gala ut i fred, men kvar gong kasta me sekken på han. Til slutt vart han så sint at han ville flyga på oss. Men så hjerteleg han gol då han fekk gala ut i fred.

- Ein gong då eg var liten såg me ei ørn som sigla så lenge i store svingar oppover Auglen opp for Vodl og bort mot Nonberg. Det er den einaste ørna me har sett på Hetland.

- I tida før 1940 var det lommar som heldt til på Storavatnet og oppi Forevotnene om somrane. Og då skreik dei dette uhyggelege høge skriket. Og så sa dei "pupp" og dukte under vatnet etter fisk og kom opp att om ei stund

langt borte.

Dei kom i bein line frå sør mot Forevotnene alt det vengene kunne slå. Dei var så dårlege til å svinga. Når dei ville flyga frå Storavatnet til Forevatnet, begynte dei bort i Legevik og sette opp ein fæl fart langs vassflata mot Fossåsen og slo med vengene i vatnet eit langt stykke før dei kom opp i lufta. Så gjorde dei ein stor sving ut med Fossåsen og Godleåsen, og kjørte så i eit beint strek mot Nordre stemmen alt det vengene kunne slå. Me er redde at det var tyskarane som rydda ut lomane.

- Ein isande kald vinterdag jagte Inge smalen på vegen nedandor Holo med tjørna. Då sat det ein stor heigre på ein stein, han var så kald at han ikkje kunne flyga.

«*Hev du vondt i maien?*» sa Inge og lutte seg ned til han. Med same rende han nebben fram og pikte Inge på kjaken.

På heimvegen tok han heigren med seg og sette han attmed ommen for å verma han opp. Og der stod han eller låg heile dagen og ville ikkje eta og om morgonen etter var han daud.

- Der var eit vapsabøle på Dugan' ned i enden på Stembrotet attmed kvernhuset, så me fekk ikkje slå der for vapsane. Då tok eg ei lita flaska med bensin og kasta noko bensin mot vapsabølet, og så kasta eg eit brennande papir bort mot bølet. Då tok det eld i bølet og lufta i kring brann av bensindampen. Best det var, tok det eld i lufta utanfor flaskeopninga. Då vart eg redd og kasta flaska på vatnet i dammen nedanfor kvernhuset, bensin rann ut og brann og lufta oppover flaska brann mens elden rann nedetter med straumen.

- Ein vinter då me dyrka ovanfor røysa i Runnehagen, velta eg om ein flat stein. Då låg det ei mengd med gule migmaurar (pissemaur) under, men dei var så kalde at dei ikkje kunne lea seg. Då ånda eg varm luft på dei, og då livna dei opp att og tok på å krabba og gå, men så snart eg slutta verma dei, stivna dei til att.

- Ein gong fyllte eg ein boks med maur og pinnar frå ei maurtuve og sette loket på og tømte dette i ei onnor maurtuve langt borte. Men du skulle sett, då vart det liv då ein invasjonstropp frå ein framand nasjon ville okupera fedrelandet deira. Då vart det mobilisering med ein gong, og maur slost mot maur i full krig. No veit eg ikkje koss dette enda, om dei greidde driva fienden på flukt eller om dei inntrengjande soldatane blande seg med maurbefolkningen og vart gode samfunnsborgarar der i landet.

- Ein annan gong la eg ein stor, svart snigel i ei maurtuva, og maurane på han tett i tett og ville bita. Men då var snigelen lur. Han skilde ut eit lyseblått slim og smaug svart og naken or slimet. Dette tykte eg var så lurt påkome at eg hjelpte han bort frå maurtuva, og maurane låg att og kavde i slimet.

- Eg låg ein gong i graset og såg på ein snigel som gleid fram relativ fort. Då let eg han krypa mot peikten min, eg ville sjå koss han tok det. Då han kom fram, kraup han oppå han og begynte å kitla han med ei lita skarp tunge. Då han hadde halde på ei stund, begynte det å bli vondt, og eg trur han hadde fenge hol på skinnet hadde han fenge lov å halda på.

- Den gongen eg låg i spansko og bestna til att, kjende eg at det kritla i håret, og eg forsto at det var ei lus. Eg tok

henne fram og la henne på stolen framfor senga. Då var det to lysna (luser) som slost så agaleg. Dei stod på ende med føtene mot kvarandre og veifta med føtene. Men kven veit? Kanskje det var ein intim elskhugsleik.

- Då me vølte fjaset i 1930, reiv me ned dei gamle båsane og skrapte reint inni båsane og gangane, og då kom det fram på millionvis av smale, svoltne lopper som hopte og spratt alle stader, dei kraup langs føtene våre og innunder kleda og stakk og beit så det røste i oss. Då slo me gamal sur saltlake i båsane og langs gangane, og då greidde me rydda dei ut.

Då me var ferdige for dagen, stod me utanfor bislagsdøra og roppte på mor at ho måtte hiva ut andre klede til oss. Så sprang me nord til tjørna, reiv av oss loppekleda og kasta dei i vatnet, lauga oss og tok på oss dei loppefrie kleda. I den tida var alle folk så plaga av lopper, men då dei slutta med å ha halm i sengene, vart dei heilt utrydda. Loppene la egga sine i halmen der larvene utvikla seg.

- Ein gong såg eg ei labbalus (skrukke troll) som reiste seg på ende og stod og bukta på seg ei stund, og så la ho frå seg ein dunge med ørsmå brune egg. Men så såg eg at egga seig utover og flytte seg. Då sprang eg etter eit forstørrelseglass, og då såg eg at det var små levande ungar med bittesmå føter. Tru vitskapen veit om at labbalus føder levande ungar. Det står i allfall ingen ting om det i dei leksika og lærebøker eg har leita i.

- Eg låg fleire år innåt timreveggen på søre skråkammerset på loftet. Eit år kom det veggjelus i veggen. Dei gøymde seg i revene mellom timrestokkane om dagane, men om nettene kom dei oppi senga til meg og saug blod av

meg når eg sov. Dei lukta noko reint ufyseleg likt som ei bærlus luktar, for dei er av same slekta, tege. Då fyllte mor kaffikjelen med kokande vatn og slo det inni revene i veggen, og då greidde ho rydda dei ut.

- Ei tid var det ein veggjatirr (veggsmed) i timreveggen mellom mellomstova og bua under den gamle trappa opp til loftet. Der under trappa stod ei seng der eg låg ein sommar, og då hørde eg koss han tikkte som ei klokke inni veggen.

- Då me reiv den gamle løa, tok me ned ein tjukk eikestokk som hadde stade på ein honnstein, kanskje i 200 år. Då såg me der låg ein dunge som nepefræ oppå steinen, og i steinharde adlen under stokken var det ei lita uthola gryte. Då såg me at "nepefræa" ledde på seg og seig utover. Eg fann då ein liten mikroskop som far åtte og la nokre av dei oppi, då såg eg det var nokre små dyr, dei var runde som kuler med ørsmå føter på sidene, det var så vidt dei flytte seg. Men no kjem det merkelegaste. Inn i mellom dei store sprang nokre mykje mindre smale dyr som likna på skolepender (tusenbein), og som sprang så fort inn i mellom dei late, tjukke. Dei var så små at me ikkje sanste dei med augene våre. Veit vitskapsmennene om desse små dyra som lever av steinhard, innturka eikeadl?

Moro og fanteskap.

- Moro og fanteskap fylgjer dei som er friske og som ser lyst på livet. Ein måneskinkveld gjekk eg og Ingard til Tengesdal på kveldskulen. Me visste at me kom til å treffa Bendine dørøppe og tenestjenta dørnere, dei hadde vaska ut or skulehuset. Då me kom i lia forbi Ytre Vassvika heimanfor Fossåna, hørde me dei kom syngjande. No stod det ein stor einer tett attmed vegen på nedsida. Me sette oss tett attmed eineren med føtene utfor vegkanten og ryggen til vegen.

No kom dei syngjande og kunne ikkje sjå oss for eineren skygde. Me sat heilt stilt og tagde. Der kom dei midt fram for oss. Songen gjekk med same over til eit skjerande langt kvinskrik. Var det spøkri dei såg? Då lo me og reiste oss, og dei stod bare og heldt seg for brystet så stokk dei.

- I 1919 hadde me Olga Grøtteland til tenestjente, me heldt mykje leven med henne. Du veit at salta torsk lyser gjerne i mørkret med eit veigt fosforlys. Dette skrapte me av og med det teikna me eit lysande hoved med auge, nase og munn oppover senga hennar. Dette synte ingen ting når det var lyst i romet hennar.

Ho fortalde sidan at då ho hadde lagt seg og sløkt lyst, då såg ho eit lysande hoved oppunder taket. Ikkje våga ho sova og ikkje våga ho skrika om hjelp. Ho trudde visst det var eit varsel frå Himmelen.

- Så hadde me ei tenestjente som hadde ein kjærast frå Gravdal som ho var ute med mest annankvar natt. Me skjønnte godt kva kveld kjærasten kom, for då skunda ho seg å mjølka, eta og vaska opp. Ein dag far og mor var vekke og

ikkje kom att før dagen etter, skunda ho seg med kveldstellet, og tok så ut. Då sette me ein stol framfor ytredøra som luktes innerter og ein stol oppå den og sette eit stort mjølkespann på hovedet oppå øvste stolen. Så gjekk me og la oss.

Så kom jenta heim att då klokka var over to, ho stilte seg og lukte opp døra forsiktig for ikkje å vekkja oss, då ramla mjølkespannet med eit forferdeleg brak i golvet og vekte oss alle i hop. Men då var ho sint om morgonen.

- Ein morgon sat ho i fjaset og geispa så fælt, ho hadde visst ikkje sove den natta. Då kasta Ingard ein neve med salt inn i munnen hennar. Då óg vart ho sint.

- Då eg gjekk på Jærens folkehøgskule, budde eg i internatet. Då var me tri karar som heldt så mykje i lag. Det var eg og Arnfinn Austrumdal og Berner Sætre frå Lund. Me var små og hadde grå klede alle tri, og derfor kalla dei oss Gråtassan'.

No budde det to kjøkkenjenter i same etasjen og me hadde mykje moro med dei. Ein dag kledde dei meg ut som ei jente, dei hadde på meg ein stytt jentekjole med beltet langt nede som moten var i den tida. Me gjekk ut på gangen og det vart mykje lått og leven.

«*Nå kjem Øvretveit!*» sa dei.

Då måtte eg røma inn i det nærmaste romet. Eg gøynde meg bak døra som stod heilt oppe og venta på at no kom han inn, men han kom ikkje. Etter på fekk eg vita at han hadde stade og kikka på meg i dørsprekka og sett att eg stod redd i jentekjole. Men han bare smilte litt og gjekk.

- Lensmann Carlsen budde attmed skulen. Me såg ein dag at han opna ein tildekka nepehaug og kjørte heim noko

neper. Om kvelden lurde Sætre seg bort til lensmannen og stol ei nepe. Eg skar henne til eit grinande hoved med store auge, med stor nase og gapande munn. Me sette avbrotne fyrstikker til tenner, og med vassfargar farga eg til hovedet med svart skjegg og svart hår, gul i ansiktet og raud nase og munn.

Om morgonen før skulen tok til og jentene var på kjøkkenet, lurde me hovedet inn på romet åt jentene og sette det på komoden saman med anna pynt. Då skulen var slutt og eg kom inn på romet mitt, stod hovedet på bordet og attmed låg ein lapp der det stod "Mange takk for lånet for det fæle trollhovudet!" Dei visste nok kven det var som hadde laga dette.

- På lærarskulen fann me på moro og fanteskap med kvarandre, der óg. Ein elev hadde med noko nysepulver og la litt av det på nakken på han som sat framfor. Best det var, begynte han å klå seg litt på nakken, så meir, og til sist grov han seg i sinne. Og han som hadde gjort det, la seg framover pulten og lo. Men nysepulveret kom ut i klasseromet så me hosta og hosta alle saman, læraraen óg. Men han lest ikkje forstå noko gale.

- Ein søndag var me på tur til ei lita øy. Då var det nokre gode kamerater som la på meg.

«*Nå skal me ta han med makt og sjå kva han ber på i lommane*» sa dei og heldt meg fast og så kjende dei nedi trøyelommane.

«*Du, kva vil du med desse steinane?*» sa dei og tok fram to vanlege gråsteinar.

Det var ein som hadde lurt dei oppi lommane mine så eg ikkje kjende det.

- Ein gong vart eg narra skammeleg april. Eg sat på romet mitt 1. april då ein kom inn.

«Vanvik sa at eg skulle gå til deg, det er noko du vil meg» sa han.

«Eg vil deg ingen ting, det er han som bare har narra deg april» sa eg.

«April!» ropte han. *«Nå har eg narra deg, det er bare noko eg har funne på»* sa han.

- Men ein gong gjekk det gale på lærarskulen. Me skulle ha songtime ein kveld. Då la ei jente ei raud reke på katetret framfor der læraren skulle sitja. Då han kom, vart han heilt forandra i ansiktet, han tagde lenge og mest som skalv litt.

«Vi må avlyse sangtimen, jeg greier ikke holde undervisning» sa han endeleg og gjekk ut.

Han trudde det var klassen som ville vanvyrda han. Same kvelden gjekk jenta til han i heimen og bad om tilgjeving, ho hadde ikkje gjort det av vond vilje, ho hadde bare gjort det i ungdomeleg tankeløyse. Og sidan var alt godt mellom dei to.

- Ein vinter me hakte med hakkemaskinen, gjekk eit drivhjul sund og me kunne ikkje få det laust frå åsen, for jernkilen var driven så langt inn. No visste me at Tønnes Ommundsen på Tengesdal hadde ei lang klypetong som me kunne slita ut kilen med. Om søndagskvelden sykla eg og Inge til Tengesdal og fekk låna klypetonga.

I den tida var eg og Inge mykje i lag med Eikesungdomen, dei kom til Tengesdal og gjekk på møte i skulehuset. Den kvelden var me på møtet og sat bakom jentene frå Eike, og Inge hadde med seg klypetonga.

Då det leid på, tøygde han fram handa og la klypetonga stilt ned i fanget på jenta som sat framføre. Stakkars jenta, koss skulle ho fara åt, der sat ho midt framfor emisæren. Ho la klypetonga stilt i frå seg på benken. Men om ei stund så låg ho att i fanget hennar, så måtte ho leggja henne vekk så ikkje Inge fekk tak i henne.

Ja, nei, no minnest eg ikkje meir om dette.

- Me kunne vera ukjerne óg. Eg og Inge skulle sykla til byen, då kom Bernhard med eit brev han hadde skrive til ei jente og bad oss leggja det i postkassen. Me kjøpte eit frimerke og sette det på skrå mest midt på brevet, skitna det ut med gamal olje frå sykkelen, skrykte det til, og putta det i postkassen.

- Då Anna, dotter vår, kom til verda, fekk me ei sjukesøster frå Egersund til å stella Marta og henne. Det er ikkje godt å forklara koss ho var, men eg heldt mykje leven med henne, og ho trudde visst eg "felte ei skrua".

Ein søndag låg eg på divanen og lés, og ho sat attmed bordet og teikna på eit ark eit hus med eit stort tre attmed. Så ropte Marta at ho måtte koma opp til henne på loftet litt. Då skunda eg meg og teikna ein mann som dei hadde hengt i den nedste greina på treet. Han såg i kross med oppspilt auge, tunga hekk ute, han veifta med armane og spende grueleg med føtene. Då ho kom ned att, låg eg så uskuldig på divanen og lés. Først stod ho litt.

«Fy!» sette ho i.

«Kå er det nå som er gale?» sa eg truskyldig.

«Fy om du er sjofel!» ropte ho og lesta vera fornærma.

- Eg sykla ein gong frå Vikeså til Undheim. Då eg gjekk opp den bratte bakken opp til Kartavoll, såg eg to

småborn, ein gut og ei mindre jente som sprang så redde tvers over vegen og gøymde seg bakom den store steinen på øvre sida tett attmed vegen. Eg såg bare litt av hårluggen på guten oppover steinen.

Då begynte eg å snakka høgt med meg sjølv, og då eg kom midt for steinen, stanste eg og fortalde høgt.

«-- og så såg eg ei humla som kraup inn i ei gjeringhola. Så ville eg prega 'na ut att med peikten, men med same stakk hu meg på pikten. Au! Skreik eg, og så vart eg så sint at eg tok ein pinne og stakk inn i holo --»

Då eg skjegla opp til steinen var heile hovedet på guten oppe over steinen, og med gapande munn hørde han etter kva eg sa. Eg måtte snu meg bort så ikkje han såg at eg smilte. Men eg gjekk vidare og fortalde om humla. Det var som eg kjende i ryggen koss dei såg etter meg. Du kan tru då dei kom heim og fortalde det til mor.

- Ein dag gjekk eg ut til forbruket i eit fælt regnver rett i mot meg, så eg gjekk med paraplyen framfor meg, så eg såg bare litt av vegen framfor meg. Eg glytta opp og såg at Kåre i Myra kom berande på ei fiskestong, berrføtt og i sid regnkåpe. Han var bare ein liten gutunge då.

Eg gøymde meg bakom paraplyen så eg såg bare litt av føtene hans då eg gjekk forbi han. Då fortalde eg same historien om humla i gjeringhola. Han hadde stansa attmed vegen, og eg såg koss føtene hans vreid seg etter til kvart eg gjekk forbi i full fart.

- Ein søndag kjørte eg på mopeden til Gravdal og ville helsa på Møller. Men vegen var ikkje kjørande heilt fram, så eg bare gjekk på låge gymnastikksko gjennom garden.

Då eg gjekk tilbake, såg eg det låg ein stor gutunge på

tvers over vegen og grov i sanden. Han såg ikkje meg, og eg gjekk bare på i full fart utan han hørde meg og skrevde tvers over han.

«Øhh» sa han med same.

Eg gjekk bare vidare i same farten og ikkje såg meg tilbake. Då óg kjende eg i ryggen koss han såg etter meg.

- Eg vikarierte ei tid som klokkar i Bjerkreim. Ein sommar i ferien var eg heime på Hetland og hjelpte til, og den sommaren hadde dei Kurt Løvbrekke til tenestdreng.

Så ein dag var me nede ved kvernhuset som då var kraftstasjon, og vølte noko på taket. Eg hadde gløymt å ta med meg klypetonga då eg gjekk opp, så eg skunda meg ned, men hadde ikkje tid til å stiga på kvart stiget i stigen, så eg hopte ned då eg var midt i stigen. Då trødde eg så skeivt på ein liten rund stein, at eg vreid meg så fælt i ogla at eg seig ned og foten hovna. Eg kunne ikkje trø på foten, så eg ville krypa heim. Men då var Kurt så grei at han baud seg til å bera meg heim på ryggen. Han sette seg på ein lagleg stein og eg krabba oppå ryggen hans.

«Du, dette er vel den første gongen du ber'e ein klokkar på ryggen?» sa eg då me kom i det brattaste brotet opp frå bekken.

Med same sette han i ein lått og vart så veig i knea at han seig ned i bakken, og eg vart liggjande oppå han.

- Eg fylgde ein gong skuleborna på tur inn Lysefjorden. Ute i fjordgapet såg eg ein stor båt langt borte. Der var folk om bord, eg såg dei som ørsmå svarte strek. Eg såg på dei med kikkerten, og såg ein mann som stod på dekket og såg på meg gjennom sin kikkert. Då vinka eg til han, og han vinka att. Me vinka til kvarandre gjennom kikkertane.

Ymse hendingar.

- Ein kald frostdag var me nede på Storavatnet og rann på den sterke håle stålisen. Då brast isen sund i frostbrestar så det dundra og vatnet sutla i osen. Med eitt brast ein frostbrest tvers mellom føtene mine bare så det knirka og knast og isen skalv. Å enn så eg stokk.

- Ein dag eg gjekk på ein gongeveg i Intredalsvika, fann eg eit vanleg nøste som kvinnfolka brukar når dei spøtar. Men det var så rote at eg vreid det i to molar som når me kløyver eit eple i to. Det var nok Alette på Hodlen som hadde mista det. Det var ein sommar dei på Hodlen fekk lov av far å slå nokre høystakkar der i vika.

- Som du veit, låg eg av og til i skulehuset på Eikeland. Den siste dagen føre sommarferien tok eg med meg sengkleda heim i ein sekk så Marta skulle få vaska dei.

Ein vår sykla eg heim med sekken på bagasjebrettet. Attmed Trygve Brådli nådde eg att ein fant som for rundt bygdene og tigga og jamra for at han hadde ei sjuk kone.

Der miste eg sekken utan eg sansa det, men fanten såg det og tok sekken og ville ta han med seg. Men Kjell Brådli hadde óg sett det og forlangde at han skulle ta mot sekken og gjeva han til meg. Fanten sa nei, han hadde funne han og då var sekken hans. Då skrømte Kjell han med lensmannen, og då måtte fanten gje seg.

Då eg var komen nedanfor grinda til utmarka, sanste eg at sekken var borte og snudde tilbake. Då trefte eg att fanten, og han var så smeikjande fjåg og fortalde at han hadde funne sekken min, at han av ærleg hjerta hadde gjeve sekken til mannen der oppe så eg kunne få han att. Om han

ikkje kunne få nokre kroner sidan han hadde vore så hjertens snill mot meg. Men den gongen vart han sviken, for eg bar aldri pengar med meg på skulen.

- Eg var ein gong på eit lite kurs i Stavanger der eg lærde å kjøra filmaparatt. Me hadde møte om kvelden og dagen etter nokre timar føre middag. Derfor reiste eg seine kvelden med toget til Klepp og ville liggja hjå Karl om natta. Det var få folk i den kupeen eg var i, det var bare eg og ein gut og ei jente som sat bakom meg på den andre sida av midtgangen.

No var det bekmørkt ute, men inne i kupeen var det lys. Og det gjer at glasruta virka som ein spegel, så når eg såg ut, såg eg i spegelen dei som sat bakom meg. Dei trudde eg heile tida såg ut på dei svarte husa med lys i vindaugo som raste forbi, men eg såg bare på dei to så gildt dei hadde det saman.

Han var nokså nærgående og kjende henne rundt på kroppen, og ho var redd at eg skulle sjå det og såg på ryggen min med redde auge. Men eg sat heile tida og betrakta natta utanfor, trudde dei, så dei vart tryggare, så dei omfamna kvarandre og hadde det godt.

Då eg nærma meg Klepp, resiet eg meg opp, tok taska og gjekk forbi dei då eg skulle ut, og då sat dei så fint eit stykke i frå kvarandre. Eg er redd eg smilte litt då.

- Då dei bygde fjernsynsendaren oppå Tjødnaråsen, la dei ned materialet attmed maskinhuset på Lossvollen hans Petter Vikeså, og så bar eit helikopter materialet i fleire vendingar opp til fjelltoppen. Då var me ein flokk som stod der og såg på. Då helikopteret landa ein gong på Lossvollen, kom det ein uvanleg sterk kastevind. Ein liten gut som stod

der, vart kasta med einaste gong avende og trillde som ein veltestokk bortover Lossvollen.

- Ein gong eg gjekk på Fiskabrygga i Stavanger, kom det til meg ein kar som var hamsleg kledd og heilt klar i hovedet og bad om han kunne få ei krona, han hadde ikkje pengar og han fekk slik lyst på noko reker. Jau, eg gav ei krona, og han fekk ein stor pose med reker, for det var i den billege tida. Etterpå spurde eg han om eg kunne få to reker av han.

«Eg fekk så lyst på noge rege» sa eg.

Fyrst såg han på meg, så smilte han og gav meg to-tri. Og så lo me begge to.

- Først må eg nemna at far min skreiv namnet sitt P. K. Skjæveland, og derfor vart han kalla P K av alle som kjende han.

Ein gong fylgde eg rutebilen til Stavanger. Tett bakom meg sat to menn, og dei snakke så høgt at eg hørde kvart ordet. I samtalen nemnde dei sersjant Gabriel Skjæveland, og han var farbror min.

«Du» sa den eine. *«Var ikkje han bror til P K»*

«Jau, det var han»

«Ja, han var glad i pengar»

«Jau det var mann som kunne grava til seg pengar»

«Men etter jobbetida miste han alt i hop og heldt på å gå frå garden»

«Såleis går det når dei aldri får nok, dei spelar høgt til det rammar avende alt i hop»

Slik snakke dei, og der sat eg og hørde på. Nei det er farleg å snakka om andre folk mellom framande.

- Med same kan eg nemna at i dei dagane var Karl ute

og sykla. Då treffe han ein mann som sat og kjørte med hest.

«*Du Karl!*» ropte han, «*er det sant at far din må gå frå garden nå?*»

«*Nei, du får kje den gleda!*» ropte Karl tilbake og bare sykla vidare forbi han.

Unaturlege hendingar.

- Men eg har óg opplevt underlege ting som grensar mot ovtru, trolldom og spøkri.

- Ein dag heldt eg på å arbeida med noko attmed kvednafossen, då høyrde eg at det spelte så fint som lyse enkle orgeltonar. Det var som det spelte inni hovedet mitt. Og det gildaste var at det spelte dei tonane eg yngste. Eg ville det skulle spela "Gud signe Norges land", då spelte det den tonen. No skal det spela "Blåmann, blåmann", ja så spelte det "Blåmann" så tydeleg.

Eg kjende at det var høyrenervene som virka slik av det evige fossesuset. Her fekk eg løysinga på at spelemenner lærde slåttar av nykken eller fossegrimen i fossen.

Og når eg var på halmstaen når me trøskte og trøskjemaskinen dura time etter time, høyrde eg så fint det spelte.

- Då eg gjekk på Dalheim fylkeskule, budde eg på stasjonen hjå banevaktar Knut Sægrov saman med ein som heitte Arne Sægrov. Då sat me på kvar si sida av bordet og arbeidde med skuleoppgåvene.

«Ikkje sit der og tenk på Astrid Årrestad!» sa han ein kveld me sat slik og tagde og rekna kvar for seg.

Eg stokk med same, for eg hadde verkeleg gjort det. Han sa då at han kunne lesa kva eg eg tenkte. Me skulle prøva, og eg tenkte hardt på ei skulejente.

«Synnøva Oftedal!» sa han, og det stemde.

Eg tenkte på fleire, og kvar gong trefte han det. Men han likte ikkje at det skulle spørjast, folk skulle ikkje få vita om dei evnene han hadde, og eg fekk han aldri med på dette

meir. Eg undrast på om han kjende svaret på det læraren spurde, men ikkje torde visa det fram.

- Då eg skulte i Ørsdalen, sykla eg mellom lærarbustaden og skulehuset. Ei tid låg det ein brassklake (issvull) på vegen omlag der lynet slo i hel 5 menneske. Eg måtte sjå godt etter at eg ikkje skreid og datt der. Ein dag eg sykla mot skulen tenkte eg at no må eg passa godt på, eg kan detta og bryta av armen på trøa. Koss skulle eg då fara åt? Jau, så kom eg på at der låg noko rusta ståltråd etter eit gamalt gjerde der, det let seg gjera å binda den sunde armen litt innpå den stubben som stod att på sykkelen.

No var eg attmed isen. No måtte eg sjå godt etter. Ai, der skreid eg likevel, sykkelen avende, og der knakk armen på trøa. Ja, så fann eg ståltråden, batt armen til slik som eg hadde tenkt det ut i førevegen. Og med den greidde eg få den heile trøa over daudpunktet når ho var nede, så eg kunne trø henne frå topp-punktet ned for kvar omgang. Nokre dagar etter fekk eg att ein ny arm.

- Ein dag eg sykla heim forbi Ola Vikesdal, begynte bakhjulet å knika inni, det vart verre og verre og til slutt stod det fast. Det var skruva i navet som hadde skrutt seg opp og dotte av og kjettingen hadde slite hjulet skeivt.

Då såg eg at det låg ei messingskruve rett under sykkelen. Eg prøvde henne og ho paste nøyaktig til skruvegangen. Så beinka eg hjulet og skrudde det fast. No veit me at det ikkje er messingskruver i syklane, så dette var ei skruve eg fann. Og den skruva stod der til sykkelen vart utsliten.

- Eg låg på loftet i lærarbustaden i Ørsdalen, og der var nokre myser. Så fekk eg meg ei musefelle, og då eg

hadde lagt meg, small det kvast, og der hadde eg ei mus. Såleis drép eg fleire. Ein kveld eg hadde lagt meg, skvatt eg opp, der small fella att med ein kvass smell. Jaja, ligg du der, du er alt daud, tenkte eg. Men om morgonen stod fella oppsett med lokkematen i. Kven kan forklara dette?

- Eg har tidlegare fortalt om då eg batt nett ved Kleivatjørna (s.43) Då hadde eg med meg ei tong og klypte av ståltråden med. Der eg heldt til, var det slett og steinfritt som ein voll, og eg låg der på kne og batt og la tonga attmed sida mi. Då eg skulle ta henne att, var ho borte. Eg leitte og såg, leitte og kjende gong på gong langs gjerdet, men ho var borte og vart borte, aldri meir fann eg henne att. Det er somme gonger me må tru på huldra.

- Når eg midtvinter tidleg om morgonen sykla opp Hamona, var det ennå ikkje fullt dagslys. Då hende det minst to gonger at eg såg ein grå skugge som krylte ned Eidsbrekka i ein fæl fart og forsvant inn i ein stor stein. Det løgnaste var at det var på same staden dette hende kvar gong. Men eg la merke til at det var då det var kald austanvind i mot meg så eg fekk tårer i augene då eg såg trolldomen.

- Ein vinter var det ein grå skugge ovanfor Storebru på Vikeså som skræmte fleire. Og ein kveld eg sykla ned frå det gamle forbruket mot brua, stakk eg. Der fór den grå skuggen tvers over vegen rett utføre kanten mot den gamle dammen til ysteriet. Eg stopte og såg, og så gjekk eg opp att og sykla ned ein gong til.

Jau, der kom skuggen att og fór uti dammen ganske likt. Då eg såg opp til forbruket, såg eg kva det var. Det var utelyset der oppe som kasta ein veig skugge av meg der

vegen svinga litt. Så den gongen var det iallfall ikkje noko spøkri.

- Det er vanleg kjent at det held til spøkri i skulehusa om nettene. Der er eit møterom i skulehuset på Eikeland, der det er eit loft over. Der oppå låg det bordendar frå sløyden, kassar og gamle kart og altslags graps. Der oppå treivst spøkriet godt. Folk spurde om eg høyrde noko der oppe når eg låg nedunder.

«Ja visst høyrer eg» sa eg.

«Er du kje redd?» spurde dei.

«Nei, eg hev kje gjort spøkriet noko vondt» sa eg.

Dei hadde sett det lyste i glaset der oppe mørke kveldar. Og ein gong eg sykla ovanfrå mot skulehuset, såg eg óg lyset oppå loftet der. Men eg såg kva det var. Skulehuset ligg under bakken, så lyset frå syklelykta spegla seg i glasruta der.

- Ein kveld eg hadde lagt meg, storma det ute og larma fælt der oppe og eg tykte eg høyrde noko som snakke, men om det var nokon som ville skræma meg eller eit spøkri, veit eg ikkje.

«Ver rolege der oppe, eg får kje sova!» ropte eg opp alt eg kunne.

Det vart roleg ei stund, men så begynte det att.

«Høyrer de inkje at de skal vera rolege!» skreik eg.

Eg tykte eg høyrde noko som rutla og gjekk i gangen etter på, men om det var menneske eller stormen ute eg høyrde, veit eg ikkje. Men iallfall sovna eg trygt og let spøkriet dundra på.

- Eg hadde høyrte gjete at Per Gravdal spøkte i kyrkjegarden ved Samfunnskyrkja ved Krossmona. Ei natt

eg sykla forbi der, stanste eg og såg ei stund inn over kyrkjegarden, om eg kunne sjå noko unaturlegt. Men det var heilt stilt og fredeleg, eg såg ingen mystiske skikkelse i gamledagse klede. Der er slik at spøkriet syner seg aldri for folk som ikkje er redde dei.

Farlege opplevingar.

- Men eg har opplevt mykje farlegare ting enn av spøkriet. Eg var med ein gong og borde ein stein i Langehagen attmed brua. Ommund slo på bolten og eg snudde han. Til slutt fekk me bolten så djupt at eg fekk ikkje halda han med full neve, men snudde han bare med peikten og tomen, så dei andre fingrane kvilte på steinen.

Og der treffer ikkje Ommund bolten, men slær til "fedlemagjen" (ringfingeren) med full kraft og knuser den ytre leden på han. Det fór som ein varm støyt opp heile armen med same, og det var så vondt at eg kunne ha skrike som ein unge.

I den tida gjekk me ikkje til doktor for slikt. Mor fetla fingen og venta det skulle gro til att, men det sette seg svull i såret, så eg gjekk på vekevis med verkefingen, og heile tida slapp eg å mjølka i fjoset og fekk liggja lenge om morgonen.

Til slutt bestna han då til og vart som ei knue i ytste leden. Eg var litt redd då eg skulle prøva forlovelseringen at eg ikkje skulle få han på, men det gjekk godt.

- Eg har 3 gonger brote av meg eit sidebein. Første gongen var ein vinter eg sykla til Eikeland. Det var kome noko is på vegen nedanfor Ingerhuset på Vikesdal, og så var det kome litt snø oppå så eg såg ikkje isen. Og der fór eg på hovudet oppå sykkelen og kjørte syklestyret rett mot brystet så sidebeinet brast.

Andre gongen var eg oppå Kalvaknuten på Hetland og såg med kikkert på ein gard mot himmelleitet bortmed Veshovdaborga. Eg la brystet tungt oppå den store steinen der oppe og kvilte kikkerten på steinen. Der må ha vore ein

kvass klump på steinen som eg låg på, for då knekte eg eit sidebein.

Tredje gongen var tidleg ein vår, eg gjekk beint opp bratte bakken frå grinda ovanfor steinmuren bakom heimehuset. Marka var frosen og det låg fjorgamalt lauv oppå. Då skreid eg og trilde to kast hovdesturta ned bakken og støytte brystet mot ein kvass stein. Då small det tredje sidebeinet mitt.

- Me hadde ein svenske som heitte Hugo som dyrka opp marka ovanfor den gamle Perahagen utmed Boialedet. Han ville eg skulle skyta steinane for han var til års komen og tjukk, så han sytte med å springa.

Ein dag det var skodderegn, skulle eg tenna eit skot i ein stor stein. Eg fekk tak i krutet i lunta, la fyrstikka nedpå krutet og strekte med fyrstikkøskja, men eg fekk det ikkje til å fræsa i krutet, og eg klatta med fleire fyrstikker, og då sansa eg at tjøra på lunta bråna langt nede.

Gud hjelpe meg, der var eld! Eg sette på sprang alt eg kunne med hendene oppå hovedet, for hovedet er viktigare enn hendene. Der small det fælt bakom meg! Store tunge flærresteinar dunste på marka kring meg, men eg fekk ikkje ei steinflis på meg.

Der var eg nær evigheta. Eg vart så veig i føtene etter på at eg måtte setja meg på ein stein til eg fekk roa nervene.

- Eg fylgde ein gong Are Gåsland aust til Hegeland ved Evje etter noko sagte plankar. Dei leste lastebilen så full dei kunne med ein stor dunge oppå og knepte lasta godt til.

På heimvegen kjørte me ned ein lang bakke. Då gjekk bremsene varme så dei ikkje virka heilt, å farten vart vel stor. Då kom ein bil skjenande i mot oss. Are kjørte til sides,

og då gav vegen etter og bilen stod fast på skrå. Då vart eg livredd, og me kom oss ut så fort me kunne, for på nedsida var ei lang bratt li og ein gard nede i dalbotnen, der dei heldt på å hesja.

Are sprang til ein gard og kom att med ein mann med traktor som skulle prøva å få bilen på vegen att. Men lasset var for tungt så han greidde det ikkje. Då løyste dei av banda over lasset og plankane ramla med eit brak ned etter bakken. Enn så dei stirde opp dei som hesja langt der nede. No vart bilen så lett at dei fekk han opp på vegen att.

Så gjekk me ein heil time og bar plankane opp på vegen att. Og mannen var snill, han var med oss og bar opp plankane, og han skulle ingen ting ha for bryet. Men hadde bilen sige litt meir, koss hadde det då gjenge?

- Ein vintermorgon var det kome så mykje snø at eg kunne ikkje sykla, og rutebilen måtte kjøra om Skjæveland til Ivesdal. Knut Vassbø kjørte bare ein liten bil og eg fylgde han. Me kjørte langs det indre Skjævelandsvatnet. Men då me skulle til lands, inn mot Asheim, knast og knaka isen så fælt at eg sat med døra på glytt, ferdig til å jumpa ut viss det gjekk galt, men me kom oss velberga til lands. Og så kjørte Knut om Ivesdal forbi Eikeland.

- Eg og Børge Ødegård tok ein tur med bilen hans til Osland og Kartavoll og såg på den nye vegen dei arbeidde. På heimvegen kjørte me ned den gamle Trollshauvegen.

Med same me skulle kryssa E-18 attmed mølla, small det. Ein bil med stor fart kom nedanfrå og støyte til bilen hans Børge framfor frontruta og skjekte framhjulet og panseret og grapste lykta. Brillene skvatt av meg, eg sat med bilbelte tvers over venstre boksehempa, og trykket av belte

var så sterkt at buksehempa trykte brest i eit sidebein, og Børge fekk eit press mot brystet av beltet. I den andre bilen sat ein framand kar åleine, han vart ingen ting, men bilen hans vart til vrak.

Men koss hadde det gjenge meg viss bilen hadde treft døra som eg sat attmed fastbunden i bilbelte?

Reiser.

- Her kjem eit langt avsnitt om turar eg har reist, då eg har gjeve fotturar, sykla og bilt.

- Først vil eg fortelja om to gilde turar mannskoret på lærarskulen i Kristiansand hadde. Eg var med i mannskoret, og gjennom skuleåret øvde me inn mange korsongar og tok oss turar kring bygdene der me song. Og ein kveld song alle mannskora i byen saman ei salme i domkyrkja.

Den sommarferien leigde me ei fiskeskøyte og reiste langs kysten mot Stavanger og song ymse stader og tok inngangspengar for å dekkja reiseutgiftene. Om nettene låg me på botnen i fiskeskøyta, det lukta av tjøre og sild og var vond å liggja i, så me sov lite. No kan eg ikkje minnast klårt kvar me var og song. Men me var i Mandal, i Lyngdal og på Lista.

I Farsund låg det ein gamal akta mann for døden, han var visst ein skipseigar eller noko slikt. Det kom bod til oss om me ville syngja for han, og me møtte fram i hagen utanfor huset og song mens dei hadde glaset oppe der den gamle låg. Då me hadde songe, heldt han ein tale med anstrengande mål og takka oss for songen og sa at han snart skulle få høyra ein endå finare song av englane. Etter på sat me kring småbord i hagen og dei spanderte mat på oss alle.

Så kom me til Flekkefjord der me song om kvelden i ein park ovanfor byen. No fór skøyta langs kysten til Egersund og me tok toget til Moi der me sov i ei løe. Det var visst der eg og ein annan av oss bad ei gamal kjerring om ho ville dampja buksene våre. Men ho hadde noko høy ute som ho måtte få inn først.. Då hjelpte me henne med å høyja.

Eg rakte og laga til høybyrar og den andre bar dei inn i løa. Enn så glad ho vart då for hjelpa.

Dagen etter reiste me ned til Egersund og fekk oss mat i skøyta. Om kvelden marsjerte me to og to i kvite bukser og kvit huve gjennom heile byen frå Dampskipskaaien til Elverhøy. Då fylgde det med ein masse med folk som var forvitne. Så stod me på danseplanen og song. Så der fekk me inn mykje pengar, som kom vel med i ein tom kasse.

Dagen etter fylgde me toget til Nærbø og tok ein tur til Opstad og song for fangane i kyrkja deira. Presten såg i ei liset over songane.

«*Den må de ikkje syngja*» sa han og peika på «Kjerringa med taven»

Du skulle sett som fangane såg ut, dei likna på røvarar. Men dei sat fint og høyrde etter. Nokre av oss vart bedne inn til mat av Hans Hognestad, bror til Peder Hognestad. Då me hadde songe i forsamlingshuset der, reiste me til Bryne.

Der såg eg Pinn-Ola for første gongen. Me stod og såg på den krokete blinde mannen med pinnaknippet sitt i den eine handa, staven i den andre og med huva på tvers.

«*Ola, nå må du pela deg heim og leggja deg!*» ropte ei kone ut av eit glas.

«*Du kan bara pela deg heim te lausunjen din på Skrudland!*» fekk ho til svar.

Han trong ikkje sjå opp, han kjende målet. Han kjende privatlivet til alle på heile Bryne og kjørte det i dei når det paste.

Trygve Fuglestad som gjekk saman med oss på lærarskulen, var ikkje med i songkoret, men no kom han til Bryne og var med oss på turen. Om kvelden resite eg til

Klepp stasjon til Karl, bror min, og låg hjå han om natta. Om morgonen reiste eg til Stavanger og trefte att kameratane mine.

Me song ikkje i Stavanger, men me var på Jåtten hjå ein mann som tok så fint i mot oss. Han hadde eit jordbærstykke, og no serverte dei jordbær og fløte på oss så mykje me ville eta. No var skøyta komen til Stavanger, og om morgonen tok me oss ein tur inn Ryfylke og sette av dei som skulle heim, og kjørte så inn til midt for Preikestolen i Lysefjorden, der snudde me heim att.

Trygve Fuglestad og ein frå Dirdal gjekk av der i Dirdal. Så bar det på heimveg framom Stavanger og Tananger. No kvelda det. Då hørde me noko som klingde på sjøen, og så kom det til syne ei stor kyrkjeklokke som hekk i ein bøyle som var festa til ein liten flote som rugga i ollane.

«Oooo, Oooo, Oooo!» hørde me noko som oidde så uhyggeleg.

Det var ei jerntønne som flaut med botnen opp og i den var det eit hol, og kvar gong ollane lyfta tønna opp, saug ho inn luft, og når ho seig ned att, bles lufta ut med ein hol lyd. Dette var to sjømerke, der var vel eit skjer.

No kom natta, og mens eg reiste utanfor Jæren, sov eg. Tidleg om morgonen kom me til Egersund. Eg takka for ein gild tur og hopte i land.

- Siste skuleåret på læraraskulen var me eldste med i koret og nye var komne til. Denne gongen la me opp til kyrkjekonsert og skulle syngja i kyrkjene aust etter mot Oslo. Eg greier ikkje skilja alle stader me var i land og song, men det var mange kyrkjer.

I Arendal gjekk me inn i kyrkja og hørde Ole Hallesby talte, men me var så svevnuge at me hørde ikkje etter. Om kvelden reiste me ut til Tromøy utanfor Arendal og song i kyrkja der.

Då kom eg i prat med ein gamal mann, og då han fekk føyra at eg heitte Skjæveland frå Bjerkreim, vart han i farten. Han kjende godt til historia om haugianaren Peder Skjæveland som budde i Arendal. Det var den gamle som fortalde til meg at presten var så rasande på Skjæveland, og ein gong det var preik i Tromøy kyrkja, sat Peder Skjæveland fremst i stolrekkja og hørde på preika. Då peikta presten beint på Peder, og forbande han og.

«Du kommer direkte til helvede!» sa presten til Peder.

Men Peder svarde ingen ting, han bare smilte litt. Og no skulle eg få syngja i den same kyrkja.

Me stoppte ein kveld i Bruntlandsnes, eg trur det var den siste plassen me song. Dagen etter reiset me til Tønsberg. Der måtte me gjennom eit trongt sund med ei bru over, som vakta svinga til sides, og mens me seig forbi brua, retta dei til oss ei lang stong med ein pose ut i enden og retta opp 5 fingrar, dei skulle ha 5 kr for bryet.

Så bar det austetter forbi fleire byar og inn i Oslofjorden. Då såg eg Sverige. Og så kom eg til Oslo for første gongen. Me stoppte der nokre dagar. Me var i Karl Johans gata og såg slottet, var på Vår Frelzers gravlund og på St. Hanshaugen.

Ein stad samla det seg tett i tett med folk og me gjekk og ville sjå. Då kom ein mann fram på ein scene og sa at no skulle me få sjå verdens tjukkaste dame. Og der kom ho fram frå eit teppe i bare bikini. Jau, ho var både stor og

dunsen. Akkurat med same ho synte seg og alle glante på henne, kjende eg noko som rykte i klokkebandet mitt, men eg fekk berga klokka. Du skulle sett så kvikt han kom seg bort i folkemengda.

Om kvelden var me ute på livet, kanskje det var i Rosekjellaren. Me såg mellom anna ei rekkje med kåte sparkepiker. Det er løye å tenkja på at nå lever dei ennå, så er dei i dag gamle og skrukkete kjerringar som går og vaggar. Ja, så kom Einar Rose fram, då var han ein slank ungdom. Då lés han opp om "-- vi skal nemlig holde ball i aften --". Nettopp det same som me hadde på ei gramafonplate heime på Hetland, den som eg hadde høyrte opp att og opp att så lenge at eg kunne mest kvart ordet. Det var merkeleg å høyra koss han lés det opp aldeles likt.

Dagen etter reiste me til Eidsvold. Eg og eit par andre stod på perrongen på bakste vogna. Toget var svært langt, og ein stad jernbanelina steig tungt, kom eit lokomotiv og skuva på bak. Og me stod tett attmed lokomotivet som pusta og skuva på. Og dei som styrde, såg på oss og smilte. Om ei stund stanste det og homte tilbake, då vinka me farvel til dei.

Det var gildt å koma inn i Eidsvoldsbygningen som me kjende så godt frå biletet. Men eg tykte salen var mindre og smalare enn eg hadde tenkt. På benkene låg lappar der det stod skrive der Eidsvoldsmennene sat.

Men me måtte skunda oss og nå toget ved Bøn. Me kom til ei vik i Vormå der det låg ei lense med tømmerstokkar. Då tok me beinvegen oppå stokkane. Det var nok farlegare enn me trudde, for stokkane vippte til kvart me sprang.

No bar det på heimvegen. I kveldinga fór me med skøyta ut Oslofjorden. Det var mange båtar ute på fjorden, og mellom dei var nokre jenter som kasta slengkyss til oss, dei såg vel me hadde kvite bukser. Her på skøyta var den første gongen i mitt liv eg åt reker. Natta kom og me var trøyte så me sov heile natta til me kom til Kristiansand.

Eg stoppte ein dag i byen, så tok eg farvel med dei greie søstrene Thomsen og reiste heim. Det var då det var solformørkelse då eg jompa og spydde utanfor Lista. Eg var trøytt av turen då eg kom heim, slakk av sjøsjuken og svevnug for eg hadde vakt heile natta. Om kvelden klokka 7 la eg meg på divanen inne i stova, der sovna eg og sov til klokka 8 om morgonen, i 13 timar i ein strekk.

- Eg kan med same fortelja at då eg reiste frå Stord lærarskule til vikarposten på Eikeland, gjekk eg om bord på rutebåten i Leirvik om kvelden. Då me kom over Sletta, kom me uti ei tjukk skodde, så dei vågte ikkje kjøra om Haugesund og innanskjers, så dei kjørte utanfor alle øyane, kanskje ikkje Kvitsøya.

No var det mørkt og skodda var så tjukk at me såg bare nokre meter framfor baugen. Me såg bare ein stor lysande flekk inni skodda frå lyskastarane på båten, og båten tuta og tuta heile tida mens me kjørte på med full fart i blinda. Og heile tida hørde me ein tåkелur, først veigt langt framme, men vart sterkare til nærmare me kom, og om ei stund fór me forbi den sterke tutinga. Ein mann stod heilt framme i baugen og stirde inn i skodda, to tøygde seg heilt ut or kvar sitt vindauge i styrhuset.

«*Ser du henne?*» ropte dei.

«*Nei!*» svarde han i baugen.

«Ser du henne nå?»

«Nei, ikkje ennå!»

«Jamen, nå skulle me ha vore der!» ropte dei.

Dette var spennande.

«Jau, nå ser eg det lyser, hald til venstre!» ropte han i baugen.

Og så såg eg eit veigt lys i skodda, og straks etter fór me forbi ei fyrlykt. Sjå om dei ikkje visste kvar dei var midt på opne havet.

Då me kom inn fjorden inn til Stavanger letta skodda, så me såg lysa av byen og frå land og øyane i kring. Og då me kom til lands, var båten heilt i ruta.

- No må eg visst skrøyta av meg sjølv. Eg trur ikkje det er nokon i Bjerkreim som har sykla halvparten så langt som eg samanlagt. Det må bli rundt heile jorda langs Ekvator. Og no skal eg forklara dette.

Eg trur eg har sykla oppmot hundre gonger frå Hetland til Egersund og heim att i ymse ærend, 17. mai feiringa og til kino om søndagskveldar. Og utal gonger sykla eg til Tengesdal, både då eg skulte der og gjekk på sløydkurset og når eg sykla ned til ungdomane om søndagskveldane.

Då eg gjekk på Dalheim, sykla eg mange gonger heim, og om somrane sykla me dit i fleire år til elevstemna jonsoktida. Så sykla eg fleire gonger opp til Skjæveland. Eit 17. mai sykla eg til Egersund, så opp til Marta på Skjæveland, og så heim att til Hetland utpå natta. Då snødde det så det var vondt å sykla ned til Vikeså.

Då eg skulte på Ognedal, sykla eg eit par gonger til Egersund og kjøpte skulematerial. Ein gong sykla eg til

Austrumdalsvatnet før vegen kom, og Arnfinn henta meg med motorbåten. Sidan ein gong sykla eg frå Hetland til Austrumdal og var med og retta eksamensoppgåvene i skulen og sykla heim att seine natta.

Då eg flytte til Vikeså, sykla eg mange gonger heim til mor på Hetland. I krigsåra måtte eg sykla annankvar dag til Ognedal, når det var framkomande. Så vart eg klokkar og sykla om søndagane til gudstenesta på Bjerkreim og elles i bryllaup og likferd.

Og så kom tida då eg sykla mest kvar dag i 16 år mellom Vikeså og Eikeland. Men det var bare moro. To gonger har eg sykla om morgonen til Eikeland og heim att og hekka i meg noko mat og så trøtt i veg til Egersund og heim att til Vikeså om kvelden. Den eine gongen var eg kalla inn til eit møte, den andre gongen såg eg om mor som låg på sjukehuset.

Så tok eg sykleturar med skuleborna på Eikeland. Me var i Egersund der dei fekk sjå eit damplokomotiv på Eie. Me sykla til Espeland og gjekk til Fossbrekko. Då heldt dei på å byggja kraftstasjonen i Maudal, og dei hadde stengt av vatnet der oppe, så det rann bare ein liten sirlebekk ned skråfjellet der fossen var.

Ein gong tok me i veg til Maudal. Då me kom til Lutherbakken, kom det til oss to kje som fylgde etter oss. Det nytta ikkje om me jagte dei vekk eller slo dei, så me måtte trø i veg alt me kunne, og dei sprang etter alt dei kunne. Først ved Espeland vart me frie dei. Me sykla til Byrkjedal og drog på syklane opp den lange lia, og sykla så ned til Maudal alt opp til kraftstasjonen, der fylgde me røyrane opp til stemmen.

Me sykla óg til Moi og gjekk opp til sendaren på Urdalstoppen, men han var ikkje komen i drift då.

- Eg har teke ut på lange turar óg. Då eg var ung, stod eg opp kl. 3 om natta ein varm sommar og sykla frå Hetland til Klepp. Eg sykla om Vikeså og såg ikkje menneske før eg kom til Auestad i Gjesdal. Det var merkeleg stilt. Eg reiste om Figgjo og Åsland og kom til Klepp stasjon då klokka var 10, og eg treffe ikkje ein einaste bil på heile vegen. Men det var i den tida.

Eg var hjå Karl om søndagen, og måndagsmorgonen tok eg ut att, då sykla eg om Bryne langs den ytre vegen på Jæren og reiste over dei fæle Heigrestadbakkene, opp og ned, opp og ned til eg endeleg kom til Tengs og vidare heim.

Eit par år etter sykla eg og Ommund og Inge til Klepp og skulle stå fadder då Johan vart døypt. Då sykla me om Kartavoll og Undheim i seig motvind. Måndagsmorgon sykla me så heim langs den ytre vegen på Jæren.

- Ein søndag om sommaren tok eg og Inge og tenestdrengen dør oppe ut på langtur. Me starta då me hadde stelt i fjoset og sykla til Egersund og ut Årstaddalen. Då me kom til Rotvelt, kjøpte me 9 egg og fekk kona i huset til å koka dei. Då åt me opp 3 egg kvar og vart så mette at me trong ikkje mat på lenge.

Så sykla me time etter time til me kom til Rekeland, der tok me opp mot Heskestad. I den tida var det bare grusveg og smal veg med hjulspor, svingete og bakkeknikkar opp og ned. Slik var alle vegane i den tida. Me sykla gjennom Heskestad og Helleland om Sleveland til Tengesdal og kom heim seine kvelden.

- Ein annan sommar sykla eg og Inge ein søndag til

Ualand og ville sjå då dei avduka minnestøtta over Ole Gabriel Ueland. Det møtte ikkje fram så mykja folk, men fleire av dei var landskjende menn som heldt minnetale. Det var Tvederaas frå Stavanger, Aamund Salveson som skreiv boka om Trond Lauperak og Hans Seland. Hans Seland talte om arbeidarane som streika og kravde høgare løn.

«-- og så står dei attmed maskinane og bare tenkjer på å gjera stygt» minnest eg han sa. (Mødrene i Bjerkreim kallar det å gjera stygt når dei små sit på potta).

Så kom gamle lensmann Ole Gabriel Ueland fram. Han hadde fert seg til med ein krans skjegg under haka akkurat som den gamle stortingsmannen Ueland hadde. Han sa noko som han var synleg kry av.

«Eg minnest godt då eg sat i fanget på bestefar min, stortingsmann Ole Gabriel Ueland»

Då høgtida var slutt, gjekk desse storkarane ned til stasjonen og skulle reisa heim. Mens dei venta på toget, stod dei der og snakke. Der stod den tjukke stytte Aamund Salveson og andre, og midt mellom dei stod den lange Hans Seland og såg ned på dei andre og fortalde eitkvart løye, for dei lo alle og Hans sjølv lo så han bøygde seg i knea. Men så kom toget som skulle til Flekkefjord. Han vinka farvel og skunda seg inn i ei vogn. Det var første og siste gongen eg såg den landskjende forfattaren og skrønemakaren.

- Ein søndag sykla eg og Inge til Dalane Folkemuseum, der skulle vera omvisning. Ordførar Fardal heldt ein tale.

«Me er så osne her i okka by» sa han.

Etterpå fylgde Kjos-Hansen oss rundt og viste og forklarte det som var stilt ut. No var der ein mann med lange

føter som heitte Jonas Svinland. Når han lo så megra han først lågt, og så sette han i eit rin som ein sint hest. Og så tykte han det var gildt å preka bort i Kjos og kom med kommentarar og merknader til kvart Kjos forklarte koss dei stelte til ei gamaldags krutlunte når dei skulle skyta ein stein.

«Og så er det til å tenna og springa så fort me vinn'e» sa Jonas.

«Ja, da gjelder det å ha lange ben!» sa Kjos.

Dette skjønnte Jonas var noko han skulle ha. Og så begynte han.

«Hehehehe-III, hehehe-III, hehehehe-III!»

Men då sette alle i ein lått.

- Eg har tidlegare fortald om då eg sykla frå Stavanger om Eikeland og til Hetland på ein dag (s.79)

- Ein steikjande varm periode då bjørkene heldt på å visna midt på sommaren, sykla eg til Anders Hetland på Hetlandsheia i Helleland. Då eg kom til Saglandsbakkane, begynte eg å leita etter vatn, men eg fann ikkje drikkande vatn før eg fekk vatn frå springen hjå Anders. Han var invalid og me sat bakom huset og prata. Då var eg over 70 år gamal.

- Og så er det bilturane. Sommaren 1927 var me med ungdommen på Torveheia på biltur alt til Dorgafossen i Sirdalen. Det var Erling Slettebø som kjørte oss i open lastebil. Det var eit syn å stå på brua over fossen og sjå koss vassmassene sturta utfor stupet så govet stod. Etterpå kjørte me opp dei bratte Tonstadbakkane og stoppte ei stund då me kom opp.

Her oppe var ei lita myr der dei hadde skore noko torv og lagt det ut til turk, og no var det turt på øvre sida. Då

gjekk Ommund og reiste torvet, bare på løye, og heldt på til han måtte oppi bilen. Du kan tru då dei kom dei som åtte torvet og skulle reisa det, då dei såg at mykje av det alt var reist.

Me kom ikkje heim før klokka var over 2, for me sykla heim frå Fjermedalskleiva. Det var så vidt me hadde lagt oss, så ropte far at me måtte sæta høyrolvane som låg nord for garden, for det såg ut til å koma regn. Då me var ferdige, var det morgon, og så var det bare å gå i fjoset og mjølka.

- 8-9 år seinare fylgde me Eikesungdomen den same vegen til Dorgafossen. Då var det Inge som kjørte lastebilen sin, me sat på nokre vonde benker eg hadde arbeidt. På heimvegen kom det ei sturtande regnbøye, så me stopte på Bjødnestad og sprang inn på låven deira. Men då kom ei gamal kone og passte på at me ikkje gjorde vondt, ho torde ikkje gå ut or løa før ho såg at me sprang oppå lasteplanen. Og no regna det heile tida mens me kjørte ned heile dalen, så me sat og krylte under regntøy over hovuda våre.

- Det var vel i august 1937. Då tok eg og Marta og Bernhard ein biltur til Oslo. Me starta ein ettermiddag frå Hetland og kjørte mot Sokndal og Flekkefjord og låg i telt om natta. Dagen etter stopte me på Sørlandet, og mens Bernhard kvilte, stelte eg og Marta til middag på primus. Ein stad me kjørte, gjekk vegen under seg sjølv i ein spiral. Så kom me til Kristiansand og stopte der.

Mens Bernhard fiksa noko på bilen og Marta var hjå frisøren, gjekk eg og helsa på søstrene Thomsen som eg budde hjå då eg gjekk på lærarskulen. Då gav dei meg ei avskrift av noko Hans Nielsen Hauge hadde skrive til haugianarane på Skjæveland og Sikvaland.

Så kjørte me i fleire timar aust etter og leitte etter vatn, for me var så tyrste. Seint på mørke kvelden fann me vatn i ei vik i ei å. Me slo opp teltet og laga oss mat og roa oss for natta, men me fekk ikkje sova for store mytt som ylte og stakk heile natta. Om morgonen då me skulle ta vatn or spannet, yrde det på tusenvis av ørsmå troll i vatnet. Det hadde me ikkje sett om kvelden då me drakk det, men det var sikkert næring i dei óg.



Bernhard og Marta ved teltplassen

Så kjørte me forbi Fjære kyrkje der minnestøtta over Terje Vigen står. Mot kveldinga kom me til farbror Sem, han var død då, det var bare ei dotter heime åleine. Og ho var den første jenta eg såg som gjekk i bukser. Me fekk mat og fekk liggja i gode senger utan mytteplage, så der sov me godt.

Så bar det austetter mot Oslo. Her óg gjekk vegen i ein spiral ein stad. Då me kom på Drammensvegen nær Oslo, stanste Bernhard ved eit bilverkstad, han likte ikkje å

kjøra gjennom Oslo når han ikkje var kjent, så me gjekk til Oslo og tok trikken opp til der Arne budde.

Han var med oss på trikken ned att for å henta bilen. På trikken var det så fullt av folk at me måtte stå tett i tett, og Arne vart ståande heilt innåt to jenter, og så tok han på å snakka om dei til oss.

«Sjå den bresso så står nimmaste meg, hu æ ei rektige dons» sa han og lo.

Marta trudde visst han hadde vorte galen som han snakke, men dei skjønste ingen ting.

Me slo opp teltet i hagen utanfor huset, og der var ikkje mytt. Me stopte ein dag i Oslo. Me var på Vår Frelzers Gravlund, i Slottsparken og sat utanfor slottet og såg dei kjende bygningane i Karl Johans gate.



Eg og Marta i Vår Frelzers Gravlund i Oslo

Så var me på “Vi kan” utstillinga. Eg minnest bare to ting der. Me kom inn i ein stor kvelving der taket var som ein rund kuppel, han skulle forestilla himmelkvelven ei mørk

klår vinternatt. Små lysande prikkar var stjerner og eg kjende att Sjustjerna, Karlsvogna og Orion.

Løgnaste var då eg og Marta kjørte inn i ein spøkelsetunnel i ei lita vogn. I mørkret stod ei gamal kjerring og nikte til oss, vogna svingde og tuta av seg sjølv. Der stod eit kvitt beinrangel og klapra med grinande tenner og nikte med hovedet og såg på oss med hóle auge, og der var andre skræmelege skapningar.

Så kjørte me heim att gjennom Telemark. Ein kveld stanste me ved ein skogledd fjellås. Då fann me ein bekk som kom rennande ut or fjellet som ein lang tunnel. Eg prøvde å vassa innerter, men der var så lågt at taket låg mest nedpå bekken. Der utanfor sette me opp teltet og la oss. Då hørde me toget gjekk oppå åsen tvers over bekken djupt under.

Dagen etter kom me til Hjukse. Her gjekk Bernhard og helsa på svigerforeldrene sine, foreldrene til Hilleborg som då var på Bryne. Der stanste me for natta.

Så kjørte me gjennom Vinje, forbi Vinjestova. Og no bar det høgare og høgare opp mot Haugeliseter. No minka skogen bort og me kom opp på høgheia med snø tett inntil vegen. Der stanste me og åt og sprang berrfotte i snøen, i august. Men hjelpe meg så kaldt det var.

I den tida var ikkje tunnelen arbeidd så me måtte over høgaste heia. Me reiste forbi Røldalkyrkja og ned Brattlandsdalen til Nesflaten.

Men rutebåten på Suldalsvatnet gjekk om morgonen, så me kjørte opp att til Brattlandsdalen og la oss til attmed vegen attmed fossen.

Dagen etter fylgde me båten langs Suldalsvatnet,

gjennom Suldalsporten i stilt varmt sommarver. Me såg dei små veglause gardane oppi liene, med brune hus med torvtak på. Det var som me var sette 200 år tilbake i tida. Så kjørte me gjennom Suldal til Sand og vidare med rutebåten til Stavanger. Då var det som me var komne heim att.

- Ein sommar kom eg på eg ville ta ein tur til Oslo og vera der ei veke. Då fylgde eg Are Gåsland som skulle alt til Eidsvold etter material. Me kjørte om Tonstad og tok indre vegen til Evje og vidare austetter. Me kjørte heile natta, mil etter mil gjennom dryge skogar. Då seig svevnen på Are, han svingde til sides, la seg til rettes og sov med same 10-15 minuttar, så vakna han og var heilt vaken. Men eg fekk ikkje sova. Men då me tidleg om morgonen kjørte frå Drammen til Oslo, sovna eg der eg sat.

Eg vart sett av ved Akershus festning og gjekk til Youngstorget og tok trikken opp til Bekkelaghøgda der Arne budde. Han var på arbeid, men kom heim og gav meg mat og ei seng, for Erna var på Godset deira. Då eg hadde sove ei stund, tok eg trikken ned til Oslo.

Kvar dag reiste eg ned til byen mens Arne var på arbeid. Eg såg inni Stortinget, Rådhuset, Universitetet, Nasjonalgaleriet, glåmte og granska.

Ein dag kom eg oppi eit fylgje av turistar som fekk sjå inni Akershus festning. Der var ei kvinne som viste oss rundt og forklarte både på norsk og engelsk. Der fekk eg sjå gravromet til kongefamilien og døra inn til der beina til Sigurd Jordsalafare ligg innlåst. Eg hadde lese ein stad at der er millionar årgamle trilobitar i murane i festningen. Eg leitte og verkeleg fann eg merke etter nokre.

Så var eg ein tur til Bygdøy og helsa på dei som eg

samarbeidar med ved etnologiske gransking, derfor fekk eg fri billett til å sjå alt som var utstilt der, Gogstadskipet, Konti-ki floten, ei gamal stavkyrkje og gamle hus, der var ei jente i bunad som viste meg og snakka reint nynorsk.

Så var eg på Vigelandsanlegget og i Vår Frelzers Gravlund og granska lenge minnestøttene over alle kjende og ukjende som låg der.

Veret var varmt med solskin kvar dag. Når eg stod oppe hjå Arne i den reine lufta, låg det ei gulgrå dis over byen kvar dag. Om ettermiddagen då Arne var ferdig med jobben, kjørte me i kring med bilen, med gratis bensin.

Ein kveld var me alt oppi Ringerike, me tok taubanen høgt over skogane til Kongens Utsikt der me såg utover Ringerike og Tyrifjorden. Me var alt ved Norderhov kyrkja der Anna Kolbjørnsdotter ligg balsamert, og oppi Hønefoss.

Klokka 12 om natta var me på Karl Johans gate og såg på folkelivet. Natta var varm og god, så folk gjekk nokså nakne, i allfall kvinnfolka. Der såg me to horer som kjeftast og slost. Då sette Arne i ein lått. Dette var visst dagleg mat for folk, for dei reagerte ingen ting.

Ein dag gjekk eg gjennom Studentertunden, då var der ein flokk med folk som stod kring to som sat på ein benk, og to som filma dei. Ho sat i fanget hans, og dei omfamna og kyste kvarandre. Og då det var på det heitaste, lurde ho frå han pengetaska hans frå indre trøyelomma, fekk lura henne bak om seg og gøyma henne. Denne scenen tok dei to gonger.

«*Takk, det er bra*» sa fotografane, og med ein gong reiste dei seg opp og jenta vølte til kjolen sin for han hadde kome langt opp.

Mange år etter då me hadde fenge fjernsyn, såg eg stykket "Karl Johans gate ved natt", og då såg eg akkurat den same scenen, koss ho lurde pengetaska frå han.

Ein kveld viste Arne meg inni ein telefonkiosk dei heldt på å byggja. Der var sikkert millionar ledningar som skulle koblast saman.

Ein dag var eg på Godset deira, og då bada eg i Oslofjorden. Så no har eg gjort dette óg. Om natta skulle Arne og Erna ha selskap med kameratane sine der ute, eg ville heller vera i Oslo enn å vera i selskap med dei framande. Då kjørte Arne meg til Oslo og på vegen kjørte me nedom Drøbak så eg skulle få sjå der.

Om søndagen, dagen etter, tok eg åleine ut på byen. Eg var då på Sankt Hanshaugen, og nedi byen fann eg det huset Ivar Aasen budde i, det står der ennå.

Måndagsmorgonen tok me ut på ein lang tur, eg, Arne og Erna. Per Arne, son deira kjørte. Me reiste gjennom Romerike, forbi Kongsberg og kryste svenskegrensa utan tollvakt. Då var det venstrekjøring i Sverige.

Me kom til ein liten by som heiter Magnor. Der opplevde eg noko som eg må fortelja om. Det er alltid slike detaljar eg minnest best. Me gjekk inn på ei forretning og gjekk mellom varereolane og såg. Då fann eg to firkanta lysestakar av glas eg ville ta heim til Marta. Utan å tenkja på det, putta eg dei i trøyelomma. Eg gjekk fram til kassa og ville betala. Med same ringde ein telefon attmed kassadama, og mens ho hørde i telefonen, la eg fram lysestakane.

«*Vente litt*» sa ho til meg då ho såg det, og ringde opp att i telefonen og snakke svensk, så eg skjønnte ikkje det.

Og no var ho så smilande elskverdig etterpå. Kva var

dette for noko? Sidan kom eg etter kva det var. Då eg la lysestakane i lomma, var det ein dektektiv som såg det frå skjulestaden sin, og no passa han på og seie frå når eg nærma meg kassa. Der kjem ein som har to lysestakar i lomma. Men då ho såg at eg alt hadde lagt dei fram, ringde ho og sa at alt var i orden. Men koss hadde det gjenge viss eg ikkje hadde lagt dei fram då ho fekk bodet om naskinga?

Me kjørte ikkje lenger inn i Sverige. På tilbaketuren tok me ein annan veg og såg då Sarpsfossen og Askim gummifabrikk.

Men no ville eg heim att til Vikeså. Om morgonen kjørte Arne meg til Fornebu der eg gjekk inn i eit lite Braatenfly. Hjelpe meg, enn den farten flyet hadde før det kom opp i lufta. Eg hadde trutt at eit fly gjekk så stilt gjennom lufta at me aldri kjende det. Men det rista og skalv som å sitja i ei møkekjerre.

Me steig høgare og høgare, og no var det som flyet stod stilt i lufta, og ei tid var me over skyane, det var som me skulle fara over store haugar av blank kvit ull, for sola skein i dei. Så gjekk me lågare, eg såg den lange Jomfruøya og mange byar langs kysten, og bilane gjekk som maurar på ein maurveg. Då me nærma oss Kristiansand, flaug me lågt over ein gard, der var hesjer på vollen der folk gjekk og arbeidde, dei såg opp på oss, og på ein veg sykla ein mann.

Med eitt fór me utfor eit djupt stup høgt oppover ein djup dal. Me kom inn i eit lufttomt rom og datt og vingla så eg stokk med same, men det tok seg att. Og så landa me på Kjevik flyplass. Der kom Ragnvald Skjærpe inn, men han kjende meg ikkje då. Så fylgde me sjøstranda vestetter, naturformasjonane viste at no var me komne over Egersund

og fór over Eigerøya.

«Om 10 minuttar går vi ned på Sola!» ropte flyvertinna.

Tenk, 10 minuttar mellom Egersund og Sola, det er fart det. Eg prøvde å finna kjende fjelltoppar heime i Bjerkreim, men eg fekk ikkje orientera meg før det var forseint. Så var me over flate Jæren. Enn dei uendelege udyrka viddene det var på Høggjæren i Varhaug og Vigrestad. Me fór over Bryne og mellom Kleppekrossen og Klepp stasjon og over den flate vidda i Bore.

No gjekk flyet lågare då me dala ned på Sola. Der gjekk buss til Stavanger, og så fylgde eg Bjerkreimbussen til Vikeså.

- Ein gong fylgde eg Per Vikeså og Frantz Hegelstad då han kjørte smale til heis. Det var så smalt innmed Malmeisfjellet og langs indre Vinjavatnet at me kjørte om Oltedal, Byrkjedal og opp Hunnedalen alt til Solheim.

Då me leste av smalen or bilen, kom det fram ein stor gutunge som hadde lege flat saman med lomma under nettet i andre høgda. Han var heilt overklint av lammalort i håret og ansiktet og nedetter klede og skorne. Og slik skulle han gå og vera med og driva smalen lenger inn i heia. Enn så Per Vikeså lo då. Så kjørte me heim att ned Sirdalen om Helleland.

- Eit av dei første åra eg skulte på Eikeland, fylgde eg og Marta og borna nokre foreldrar i Eikelandskrinsen til Jæren. Me var oppom Opstad og såg koss dei levde der. Så kjørte me til Sola flyplass.

Der var eit lite fly som frakta folk ein rundtur over Gandsfjorden. Då kunne eg ikkje halda meg, eg kjøpte billett

og gjekk inn i flyet. Og så bar det i veg gjennom lause lufta. Då me kom over Sandnes, vingla flyet noko. Ei kone vart livredd og sette i eit ilskrik. Med ein gong svingde føraren flyet til bake til Sola, han våga ikkje ha galne folk om bord. Men du skulle sett med same han svingde, byen reiste seg på ende, så bratt som det brattaste i Stembrotet heime, og husa stod rett ut frå sida. Og eg sat i flyet, eg kjende ikkje at det svingde.

- Erling, bror til Marta, skulle gifta seg med Solveig i Bergen. Eg og Marta, Elling og Berte, Ola og Ester på Skjæveland og Alf Knutsen Vikeså reiste til bryllaupet. Me fylgde toget frå Ålgård til Stavanger og tok båten, og kom fram til Bergen om morgonen. Eg vart forundra på Håkonshalla, Tyskebryggja og dei andre gamle bygningane og på all fiskehandelen der.

Etter vielsen hadde me litt festlighet der det bare var nokre få av dei næraste i slekta.

Dagen etter såg me oss om i byen. Eg vart så imponert av alle dei veldige store husa som var murde opp av hoggen gråstein. I parken stod det fleire skulpturar og minnestøtter, og der såg eg den kjende minnestøtta av Ole Bull som lærde å spela av nykken. Me fylgde banen opp til Fløyfjellet for å sjå utover byen, men der oppe kom skodda sigande, så me såg ingen ting. Men då me kom ned att, skein sola så fint der oppe.

No reiste Marta og Ola og Ester til Tora i Ølen som var moster til Marta, men eg og Elling og Alf fylgde båten heim att om kvelden. Det var aldeles fullt av folk på båten, og om natta låg dei og sov på golvet i gangane. Eg óg la meg, men fekk ikkje sova. Om morgonen kom me til

Sandnes, der gjekk eg og Elling opp til Kornelius Gravdal på Stangeland, der me sov ein god middagssvevn på kvar sin divan før me fylgde bussen heim.

- Ein søndag i 1951 var det 100-års fest på Garborg til minne om då Arne Garborg var fødd. Då kjørte eg og Sverre Alvsåker og andre ned til Garborg. Veret var strålande og det var mykje folk samla, mellom dei "tuften", son til Garborg. Der trefte eg Karl og Bernhard og helste då på Severin Eskeland på Stord. Me var inne i Garborgheimen, der var talar og eit songkor song så fint "No stend ho steller i kjøkkenkrå, ho mor"

- Ein søndag kjørte eg og Bernhard med konene våre til Klepp i eit selskap. Det hadde lenge vore varmt og turt i veret. Då me kom i planteskogen forbi Kvernaland, brann det i skogen attmed vegen. Det var vel nokre ungar som hadde sett eld. Me skunda oss og braut greiner av trea, peiste og slo i elden. Eit par andre som kom i bilar var med og sløkte, andre att bare kjørte forbi og glante fælt, men somme læsta aldri sjå elden. Me greidde sløkkja elden før han fekk for stor makt. Der kunne lett heile skogen ha stroke med. Men det lukta noko røyk av kleda våre i det fine selskapet.

- Ein morgon kom Arne Skjæveland på Ålgård Bygg i privatbil og spurde om eg ville vera med han aust etter, han ville inn på ymse sagbruk og bestilla bygningsmaterial. Me kjørte opp Sirdalen til Tonstad og tok ut etter langs Sirdalsvatnet og var innom fleire sagbruk. Då var eg gjerne ute og såg meg om.

På Evje fann eg ei elv som rann ned eit skråhell, men no var ho turr av sommarvarmen. Eg visste at i slike elvar

plar det gjerne vera jettegryter, og eg gjekk og leitte og fann fleire små, ikkje større enn ei skål. Ein stad var ei gryta graven tvers i gjennom ein stor stein, og så fann eg ei lita, ikkje tjukkare enn ein blyant.

Så kjørte me vidare opp dalen til Byglandsfjorden, der snudde me. No fylgde me Otra ned dalen og såg den smale jernbanelina og det litle lokomotivet som peiste på i dei skarpe svingane. Det toget fylgde eg ein gong då eg gjekk på lærarskulen. Me var innom eit stort moderne sagbruk. Der låg store haugar med sagespon.

Me kom til Kristiansand der me stanste ei stund. Eg gjekk til Nedre Lund nr. 9, der eg budde i 3 år då eg gjekk på lærarskulen. Men no var det gamle låge lensmannshuset og hagen og alle bustadhusa ikring borte. No var det kome ei breid gate med store forretningsbygg på sidene. Eg kjende meg ikkje att og fann ikkje plassen der eg budde, så eg gjekk tankefull tilbake.

Me kjørte no heim att over Kvinnesdalsheia til Flekkefjord. Der ville me ta vegen opp til Moi og Drangsdalen. Men der tok me ein galen veg og kom til Jøssingfjord. Jaja, me kjørte gjennom Sokndal og tok vegen gjennom Heskestad og Helleland og kom heim til Vikeså seine kvelden.

- Ein sommar fekk eg fylgja Torleif Gåsland etter eit material-last i Vest Agder. Me kjørte opp Gyadalen om Tonstad langs Tonstadvatnet, forbi Eiken og vidare austetter. Så svingde me rett sør etter eit stykke, svingde så mot høgre på ein smal, kronglet veg og kom inn i ein liten, trong avdal, der det låg ein liten gard.

Først kom me til vollen, ein liten teig nede i dalbotnen.

Dei hadde nett då slege han med maskin og stråda var både smale og stutte. Maskinskårene var så tunne at me kunne sjå grasbotnen gjennom dei. Men langs vegen låg det store dungar med tømmer.

Me kom opp til gards. Heile gardsplassen var eit flatt, noko ujamt svaberg, som halda nokså mykje, og mykje tømmer låg ved sida. Så det synte godt kva dei levde av.

Nå kom mannen sjølv og helste på Torleif, det viste godt at dei var kjende frå før, meg lesta han aldri sjå.

Midt mot oss i gardsplassen stod utedoet. Det lutte mykje framover og døra stod heilt oppe, så me såg like inn på dosetet. Eg måtte der inn så snaraste, som lukka var, var det krok på indre sida på døra, men då eg gjekk ut att, var det ingen krok på ytre sida, så eg måtte fint gå frå døra på vidt gap.

«*Nå går me inn og får oss noko mat*» sa Torleif og snudde seg til meg. «*Bare kom du au*»

Så det var han som bad meg inn.

Men eg såg ingen heimhus, bare eit langt, gammalt uthus. Skal me inn i løa og eta, tenkte eg. Men då me kom inn, var det eit stort roterom med allslags graps, der stod eit par gamle kjerrehjul, ein slede og nokre store kassar, ei rusta sag og anna traml.

Me gjekk langs veggen, forbi ein stor svart skorstein og kom til ei trapp med 3-4 steg. Og så kom me inn i ein smal, skiten kjøkken. Glasa var så skitne at me lite kunne sjå ut. Torleif og mannen sette seg til bords med ein gong. Eg vart ståande att, eg tykte at eg ikkje kunne setja meg før dei bad meg til bords.

«*Bare sett deg innåt, du au*» sa Torleif.

Det var han som bad meg til bords og.

Så kom kona i huset med kaffi og eit fat med 6 brødskjever på, ein tallerk med noko smør og ei lita glas-skål med blåbærsylt, det var alt. Kona hadde kolsvart hår og svarte, stikkande auge, ho hadde sikkert sigøynerblod i årane sine. Og eg hørde på dialekten at ho var komen frå Oslo-traktene.

Så tok me til oss kvar si skjeva, og då låg det att 3 skjever på fatet. Eg minnest eg tok smør ein stad der det ikkje låg skit oppå.

Torleif og mannen prata og lo, men eg tagde. Nå kom det ei lita jenta på 3-4 år og sette seg til bords. Ho tok til seg sylteglaset og tok på å grapsa i seg blåbær-syltet med teskeia, men far hennar sansa det ikkje.

Så tok Torleif og mannen kvar si skjeva att, og då låg det att ei som eg skulle ha. Men eg tykte at eg ikkje kunne ta den, for då vart fatet tomt. Men då ropte mannen:

«Kjerring! Kom med meir brød!»

Då kom ho med 3 smale skjever i handa og la dei på fatet. Så nå låg det 4 skjever. Då såg ho den litle jenta auste i seg på syltetøy. Ho treiv skeia frå henne og sette henne til bake i syltet, og skuva glaset langt inn på bordet.

Så tok Torleif og mannen den 3dje skjeva og eg den andre mi, så nå låg der att ei, og den trur eg mannen tok til slutt. Så nå skulle me alle vera mette. Eg og Torleif sa takk for maten, men dei svarde ikkje noko på det.

Eg gjekk bort til springen og vaska hendene mine og turka dei på buksene, for handklede som hekk attmed, var så grått og ufyse.

Det var ein annan, ein ung kar som var med og leste

tømmeret oppi bilen. Han var pratsam og godt i lag, men karen fekk ikkje tak i alt når Torleif snakke og lo med ein gong, så eg måtte vera tolk.

På heimvegen stoppte me på Eiken og gjekk inn i ein butikk der det var slik ei smellande fin jente. - Det var derfor me gjekk inn - og der kjøpte me kvar sin pakke med kjeks som me knaska på mens me kjørte heimetter, for det døyvde på den verste svoltten.

- Før eg og Marta var gifte, tok me oss ein tur til Tora, moster til Marta, ho var gift med fiskaren Johannes Heggebø i Ølen. Det var godt ver og mykje folk ute på dekket på båten. Då kom eit helikopter og svirra tett bakom båten og kjørte lågt i same farten som båten gjekk. Der sat to inni han, og dei vinka til kjentfolk om bord.

Me kjørte inn Vindafjorden og fylgde rutebilen frå Sandeid til Ølen. Heimen deira hjå moster Tora ligg høgt i ein bakke med fin utsyn over fjorden, og lengst ute i fjordgapet ser me noko av Stord. Her var me nokre dagar.

Dette var midt i hardaste brislingfiske så Johannes og sønene hans var ute på sjøen heile nettene og sopte inn mykje brisling. Om søndagen tok me oss ein tur på fjorden med fiskeskøyta.

Ein dag var me inni ein hermetikkfabrikk der dei la ned brisling i øskjer. Og ein dag tok eg meg ein lang sykletur til Vikebygda og helsa på Hans Heggebø, ein skulekamerat frå lærarskulen på Stord. Så sykla eg om Nordre Skjold tilbake til Ølen. På heimvegen stanste me lenge i Haugesund og var alt ute ved Haraldstøtta.

- Då Anna, dotter vår, gifta seg med Olav Skjæveland frå Sele, flytte dei til Skjoldastraumen. Der er eit stort vatn

med ei stutt elv som renn ut i sjøen. Når det er flod ute i havet, renn sjøen inn i vatnet, og når det vert fjøra, renn det ut att. Attmed har dei bygt ei sluse, der store båtar kan gå opp i vatnet og inn til Nordre Skjold. Dei har grave ein kanal frå sjøen til vatnet og sett opp ein jernport i kvar ende på kanalen. Når det kjem ein båt frå sjøen og vil inn i vatnet, stengjer dei den øvre porten og stengjer av vatnet, så båten kan gå inn i kanalen. Så stengjer dei den nedste porten og opnar den øvste, då renn vatnet inn i kanalen og lyftar båten opp så han kan gå inn i fjorden.

- Eg og Marta, Randulf og Taletta, foreldrene hans Olav, var eit par gonger hjå dei i Skjoldastraumen. Ein gong reiste me om Koparvik og kjørte gjennom Haugesund til Skjoldastraumen der me var nokre dagar. Tidleg ein morgon kom ein fiskestim inn i slusa, det var bare som det kokte av spratlande fiskar. Men før folk fekk stengja att porten, fór stimen ut att.

- Ein gong kjørte me gjennom Øvre Skjold til Ølen og helste på Johannes og moster Tora. Då sansa eg ikkje at eg hadde for 20-30 år tidlegare sykla på den same vegen den gongen eg hadde vore hjå Hans Heggebø. Ein annan dag kjørte me om Sandeid, Vikedal til Ropeid, der me såg over fjorden til Sand.

- Sidan flytte Anna og Olav til Hjelmeland, og då var me hjå dei mange gonger. Då kjørte Olav oss på lange turar. Me var oppå Hagali, ein fjellgard oppå fjellet over Jøsenfjorden. Ein sommar kjørte me om Vormedal til Tytlandsvik og tok ferja over Jøsenfjorden og kjørte til Erfjord.

Ein dag reiste eg åleine med rutebåten til Vadla og

fylgde ein liten rutebil inn heile Ulladalen. Det var då ein avstengd trong dal med gamle hus. På nedvegen var eg åleine passasjer i bilen, då stanste sjåføren så eg skulle få sjå minnestøtta over "Smeden frå Hjelmeland", Georg Fjellberg som vart skoten av tyskarane.

Nokre år seinare var me med båten til Vadla og kjørte inn Ulladalen. Og no hadde dei fenge ny veg over heia til Sand. Me kjørte ned mange svingar til Sand, kom så til Erfjord og tok ferja til Tytlandsvik og vidare heim til Hjelmelandsvågen.

Siste gongen me var i Hjelmeland kjørte me over den nye brua til Randøy til Hovda-garden.

Så flytte Anna med familien til Jørpeland der dei bygde seg nytt hus. Me har fleire gonger vore hjå dei. Og ein gong kjørte Olav meg opp på høgaste heia der me såg utover Bjørheimsbygda.

- Eg og Marta vart så godt tilvens med Lava og Guttorm Undheim, for ho gjekk saman med Marta på husmorskulen. Tri somrar tok me oss lange bilturar. Han betalte bensinen og eg spanderte middag på dei.

Ein tur kjørte me opp Hunnedalen alt til Sinnes der me fekk middag, og etterpå såg me på den store stemmen der oppe. Så kjørte me heim ned Sirdalen. Men no var Dorgafossen bare ein liten bekk, for vatnet vert ført gjennom fjellet ein annan veg til ein kraftstasjon. Enn den veldige gryta fossen hadde grave ut gjennom mange tusen år. Eg trur det kan stå eit vanleg hus der nede i gryta.

Ein annan gong kjørte me til Flekkefjord der me fekk middag. Då me hadde sett oss om litt, kjørte me om Jøssingfjord til Sokndal, der me stanste ei stund hjå nokre

Guttorm og Lava kjende. Så tok me vegen heim om Egersund.

Ein gong reiste me om Eike til Hellvik og kjørte langs Jæren til Kleppekrossen der me åt. Etterpå kjørte me til Sola badeplass, så til Lye og så til heimen til Guttorm og Lava på Tunheim. Og så kjørte han oss heim til Vikeså.



Skuletur til Eigerøy.
Per, son min, står høgast.

- Eg har mange gonger vore med på bilturar med skuleborna, både åleine og saman med andre lærarar. Fleire gonger var me i Stavanger og såg inni museet både den zoologiske og arkeologiske avdelinga. Me såg då pressa gjekk i Stavanger Aftenblad og var ein gong oppved Vålandstårnet. Ein gong kjørte me ned til Egersund og kjørte over brua til Eigerøya.

Ein fin sommardag fylgde eg Norvald Espedal med ein stor klasse med rutebåt til Espedalsstølen oppå heia. Det var ein strid tur, men det var herleg å koma opp i den friske kalde lufta og sjå utover den veldige vidda der oppe, og få sjå inni eit stølshus som stod der like fint ennå.

Ein gong var me nede ved sjøen ein stad og “erta ollane” og hadde det gildt. Så kom me til Sola flyplass der

borna såg når flya kom og starta. Me lærarane fekk lov til å koma inn i flytårnet og sjå koss dei direkterte flya. Dei brukte då engelsk. Dei snakke med eit fly som kom frå Oslo og som no var ein stad over Gjesdal, sa dei. Om litt såg me det som ein prikk langt oppi fjella, men det auka fort, og snart landa det fint på flystripa.

Ein annan gong var me med borna inn i Lysebotnen. Me to lærarane gjekk inn i kyrkja for å sjå. Då var der ein mann som hadde undervisning for 3 born, ein gut og to jenter. Han helsa venleg på oss og sa han var klokkaren som hadde konfirmasjons-undervisning der i dalen. Tenk, bare 3 konfirmantar. Me var inni ei kraftstasjon inni fjellet, men maskinane var ikkje komne på plass då, for dette var føre Lyse Karftverk var bygt. Det var som å koma inn i ei tom kyrkje med vegger av fjell.

Eg fylgde ein gong Per Espedal på ein skuletur til Haugesund. Då var me innom museet der og ute ved Haraldstøtta, der eg fortalde om då dei avduka minnestøtta i 1872.

Ein annan gong var eg med Per Espedal med ein stor klasse til Statsarkivet i Stavanger, der elevane skulle få undervisning i arkivgransking.

Og ein varm sommardag var eg med Anne-Marie Asheim med ein liten klasse til Orresanden der dei små hadde det gildt attmed sjøen.

- Då eg slutta som lærar og vart pensjonist, skreiv eg og Marta oss inn i Bjerkreim pensjonistlag, og no tek me kvart år ein gild sommartur. I 1975 var me i Utstein kloster og studerte mykje interessant. Me gjekk opp den smale steintrappa til steingolvvet som var som ein støypt kvelving over kyrkja nedunder. Veret var strålende, så me hadde det

koseleg og tok ein rundtur kring Mosterøya. På heimvegen var me innom Solborg ungdomsskule og fekk middag, og styrar Eiesland synte oss kring i skulebygga.

I 1977 tok me den lengste turen me har hatt. Då var me alt i Hjelmeland. Me reiste om Høle over til Oanes, og langt om lenge kom me til Jørpeland og så til Tau, der tok me inn Tysdalen og kom til Årdal der me var inni den gamle Årdalskyrkja. Så bar det vidare til Hjelmeland. Der stoppte me ved Nøkling og fekk middag og kvilte godt i solvarmen. Då kom Anna og Olav med borna og fekk helsa på oss. Så bar det heim om Fitjar til Tau, der me fylgde ferja til Stavanger.

Tredje turen reiste me i 1978 til jordbrukskulen i Lyngdal.

I 1979 kjørte me ut Årstaddalen om Hauge i Sokndal og Jøssingfjorden der me stanste og såg på ei minneskrift over nokre engelskmenner som fall ned med eit fly i Sokndal. Me såg huset under Hedleren og minnesteinen over Jøssingtragedien. Så reiste me til Flekkefjord og fekk middag på Bondeheimen. I gata var det ein svart utlending som selde smyksesaker. På heimvegen stanste me på Lundevang Motell der me fekk oss kaffi.

Året etter tok me turen til Polaris fabrikk attmed Bryne der dei laga ymse i keramikk. Me såg ein robot som handsama tallerkar som det skulle vore menneske. (Her er nok ein feil, for Polaris lagar gryter, kjeler o.s.v. i rustfritt stål. Det var nok på Figgjo AS på Figgjo dei var, for det er ein steintøyfabrikk)

Så tok me oss ein tur til Kvernaland der me såg ein film om fabrikkjen og jordbruksmaskinane deira i arbeid.

Etterpå var me på Agro slakteri og såg på arbidet der, og der fekk me gratis middag. Til slutt kjørte me til Ullandhaug og såg på dei gamle vikinghusa, men dei var låste då. Så kjørte me langs Jæren og tok opp om Skjeret og heim om Kartavoll.

I 1981 reiste me til Finnøy, då var presten Brundtland med. Me var inni den gamle kjende kyrkja på Hesby, der Ogmund Finnson var hovding. Der stod ein høg minnestein over han. I kyrkjemuren vaks ein liten raun som hadde stade der i mange år. Me såg prestegarden der Gustava Kielland budde ei tid, ho som dikta "Jeg er så glad hver julekveld".

Så kjørte me rundt øya og stanste på Utsyn Ungdomssenter der me fekk middag og kvilte ei stund. Då kom Ingvar Gjedrem som var meieristyrar på Finnøy til oss og fortalde om seg sjølv og Bjerkreim.

Same sommaren reiste me til Eigerøy og var inne i Kverner fabrikk der me fekk gratis mat og fekk sjå koss dei laga innvikla instrumenter til ubåtar. Me kjørte kring øya og inn til byen der me stanste ei stund. Og så kjørte me alt til Sokndal og kjøpte mat på Soknatun.

I 1982 bar det til Garborgheimen der Ola Barkved viste oss koss Arne Garborg hadde hatt det då han vaks opp. Han viste oss óg der Jonas Velleesen budde då han var klokkar i Time. Så kjørte me til Stavanger og var inni domkyrkja der presten Brundtland talte, og då treffe me den tidlegare presten vår Bjarne Bø. Her stanste me lenge. Somme studerte inni kyrkja, andre sat utanfor og sola seg og atter andre var på torget og gjorde innkjøp. Før me kjørte heim, fekk me mat på Solborg Ungdomskule.

I 1983 var me på Tralfa fabrikk på Bryne, der me såg

robotar som arbeidde trillebårer og anna. Så kjørte me til Tananger der me såg det veldige anlegget over olje-
raffeneriet, der den evige flammen brenn. Det var røyrrar og
store kummar kor me såg, og området var så stort at me
kjørte i bussen rundt anlegget.

Året etter var me i Åna-Sira og såg inni kraftstasjonen
som ligg langt inni og langt nede i fjellet. Der var to
aggregatar og ein under arbeid. Den eine veggen var dekt av
ei stor slyngplante, og den treivst godt langt inni fjellet utan
solskin. Me fekk middag i Flekkefjord, og på heimvegen
stopte me i Lundheim skulehus der me koste oss ei stund.

Same året kjørte me først til Hølland i Ognå, der såg
eg att den no nedlagde berømte Heigrestadbakkane, den
vegen eg i min ungdom sleit på sykkelen opp frå Hølland. Så
fekk me middag på Ognatun og etterpå kjørte me til den
gamle Hå prestegard der me vart viste rundt i det store huset
og fekk sjå ein film frå Jæren.

I 1985 hadde me ein lang tur, då var me vekke i 4
dagar. Me starta frå Vikeså om morgonen og hadde den
beste bussen bilselskapet hadde og kjørte om Tonstad til
Evje der me kjøpte mat. Så kjørte me vidare om Åmli til
Fyresdal hotell i Telemark. Der fekk me middag og roa oss
til kvelds i eit greitt hotellrom.

Dagen etter kjørte me opp Fyresdalen, framom garden
Lunden der Quisling var frå, og kom til Vrådalen høgt oppe
der me snudde ned att til hotellet. Der nede er Fyresdal
museum. Der var ei trestamma av eit frykteleg langt, vrede
tre som kanskje var fleire 1.000 år gammalt. Dei hadde laga eit
langt tak over det. Der var óg ein båt som var uthóla av ei
tjukk trestamma. Den hadde dei funne på botnen på ei myr.

Der hadde altså ei gong for lenge sidan vore eit vatn som hadde grodd saman til ei myr.

Tredje dagen reiste me i veg same vegen opp til Krosslia, så til Dalen. Høgt oppe i lia låg heimen til dei små landskjende Rui-jentene. Nede i dalen heldt Åge Samuelson på å byggja seg eit hotell der. Så kjørte me gjennom Skafså og var innom museet til Anne Grimsdal. Det er noko av det gildaste eg har sett. Å enn alt det kunstverket ho hadde laga til. Der burde me vore mykje lenger. Oppå heia til Setesdalen stanste me ved Bjørnevasshytta, og der åt eg rømmegraut for første gongen i mitt liv, han var sur, men likevel svært god. Så kjørte me over heia til Setesdalen og kom ned til Valle.

Me hadde ikkje tid til å gå innom museet Rygnestadloftet. Men eg såg der Håvar Hedde var frå. Garden vert skriven for Helle. Det var drygt å kjøra ned heile Setesdalen langs Byglandsfjorden. I kveldinga kom me ned til staden Byglandsfjord og stanste på Refsnes hotell der me overnatta. Me var innom hjå ein sølvsmed og kjøpte og såg på alle suvenir dei lokka oss med.

Den fjerde dagen tok me på heimvegen. Frå Kvinlaug kom me over til Kvinesdalen og kjørte så på E-18 heim til Vikeså.

To-tri veker etter tok me ein dagtur til Lysebotnen for å sjå den nye bilvegen ned fjellet. Då var det den første gongen eg kjørte gjennom tunnelen på Veen. Me kjørte opp Hunnedalen og stoppte litt på Sinnes, kjørte så vidare forbi Kvæven, Fidjeland og Sirekroken, og tok så til venstre og kjørte lenge på ein svinget veg i eit kopert landskap.

Og det bar høgare og høgare opp. Og til slutt kom me

opp i snauaste fjellheimen. Så langt me kunne sjå var det nakne snaufjellet der det låg på tusenvis av store og mindre steinar spreidd over heile fjellvidda.

Så bar det ned den bratte vegen med 29 svingar mest loddrett over kvarandre ned mot Lysebotnen. Før me kom ned, kjørte me gjennom ein lang tunnel som gjekk i ein stor sving inni fjellet der inngangsholet var høgt oppover utgangsholet lenger nede.

Me stanste ikkje lenge i Lysebotnen, for me måtte tilbake til Kvæven og få middag på ei viss tid. Så kjørte me på heimvegen om Handeland, over Dorgafossen og ned heile Sirdalen og kom til E-18 på Ramsland. Og så var det ikkje lenge før me var heime.

I mange år har helselaget i Bjerkreim laga til billege sommarturar for alle pensjonistane i Bjerkreim, der 2-3 bussar tek i veg. Då er me gjerne inne i ei kyrkje der lokal-kjende historikarar fortel om kyrkja. Når me kjem der me skal stansa, får me middag. Etterpå har me kaffi og etter kaffien er det gjerne andakt med song og tale.

Den første turen eg og Marta var med på, var ein tur til Dirdalen. Me fekk mat i bedehuset, og så fortalde Gunnar Veen ei segn frå Valevatn. Han er den beste forteljaren eg har høyrst, han konkurrerar ut Litl-Ola Vassbø. Så kjørte me om Giljastølen ned den skræmelege bakken ned til Frafjord.

Ein sommar var me på Hauge i Sokndal og var inni den gamle kyrkja der. Men det er vondt å skilja alle reisene frå kvarandre og mykje har eg gløymt.

Eg minnest at me var på Obrestad fyr, heilt oppi tårnet og såg dei store speglane og langt utover havt. Då me stod bakom tårnet, sette vaktmannen i gang tåkeluren oppover

oss. Det er den sterkaste lyden eg har høyr, eg kjende koss det skalv inni brystet mitt, så me måtte gå beint vekk. Det var visst den gongen me var nedom Grødalandsgarden og såg det gamle huset med ein jordfast stein midt i bua, golvet var sagt til fint inntil han i kring.

Me var i Hommersåk, men der minnest eg bare at der var slik veldig vidde med store gardar og fint utsyn over fjorden inn til Stavanger.

Då Ørsdalsvegen var ferdig, kjørte me den første sommaren dit, og det var forviteleg for mange å få kjøra framom Austrumdal gjennom tunnelen til Ørsdalen, ein stad mange aldri hadde vore før. Me fekk middag i Ørsdalen Turistheim hans Halvorsen. Men det var så kald vind frå heiane i aust, så dei fleste heldt seg bare inne. Halvorsen kjørte nokre i bilen sin opp til Lonæ i Bjordal.

Ein gong var me på Fredheim pensjonat på Tonstad. Då var presten Bjarne Bø med og hadde andakt. Der var fleire små hus bygt i gamal stil som tilreisande gjester fekk leiga.

Ein gong eg gjekk i bakken ovanfor grinda til hønehuset, skreid eg i det våte visne lauvet og datt ned bakken og slo meg så i ryggen så eg i fleire dagar ikkje kunne sitja, eg måtte stå ved bordet når eg åt.

Så skulle pensjonistane til Moi, då stod eg framme attmed døra. Koss skal det gå når me kjem til Moi og får mat, tenkte eg. Men så kjende eg at eg bestna fort i ryggen, og då me kom fram, var eg heilt god att og kunne sitja. Den dagen regna det frå me reiste frå Vikeså til me kom heim att om kvelden. Me måtte springa gjennom regnet når me var ute. Eg fylgde den gamle bygningsmannen Ola Lakssvela til

trevarefabrikken på Moi, han skulle få sjå koss dei i dag lagar vindauge.

Ein dag reiste me til Høle. Då kjørte sjåføren til Høylandskyrkja og svingde ned mot Sviland for me skulle få sjå den vegen. Først var me i skulehuset på Høle, så var me i kyrkja, og hadde møte etter kaffien. Då me reiste heim att, tok me beinvegen over heia til Oltedal og til E-18 ved Vaulabrua.

I 1982 kjørte me om Eike til Hellvik og langs Jæren til Orre kyrkja. Der var ein mann som fortalde om den gamle kyrkja. Her på Orre såg me minnesteinen over Alexander Kielland. Så kjørte me langs Revtangen, opp Verdalen til Bore og inn til Sandnes. Me stanste ved Sofies Minde, der me fekk middag. Etter middag kvilte me, somme låg på divanar og benker, eg låg på harde golvet og sov til presten tok meg i handa og hjalp meg opp, me skulle ha kaffi. Etterpå fortalde presten om då han og familien budde i Nordland.

Nei, eg blanda i hop turane. Ein gong var me inni den nye Gand kyrkja og Bjørn Bue fortalde om henne. Me gamle vert aldri fortrulege med desse nye kyrkjene med moderne kunst og med vegger som liknar meir på ein fjosvegg enn ein kvitmåla kyrkjevegg.

Ein gong me kjørte heim langs Jæren, var me innom den gamle Hå kyrkjegard heilt ute mot opna havet. Det er den finaste og mest gripande kyrkjegarden eg har sett.

I 1984 var me i Bore kyrkja og presten der talte. Etterpå såg me inni det store meieriet på Bore. Der var store lager med ost, og ein maskin som ein robot som vog opp smør og pakka det inn i firkanta øskjer og limte dei til, det

var ikkje ei einaste hand som tok i dette.

Ættesogelaget har hatt mange turar til museet i Austrumdal, museet på Kløytfet og tur til Fossbrekka, der Villiam Espeland fortalde om dei tronge kåra husmennene der levde i.

På ettersommaren 1985 vart me bedne ned til Jæren av Hå ættesogelag. Me kjørte om Eike og stanste først ved Oгна campingplass. Der står ein høg bautastein til minne om at her stod konsul Puntervold frå Egersund og såg på eit skipsforlis, og då fekk han skipa til eit redningsselskap til redning av skipsforlis. Nedunder bautasteinen viste Sverre Kvadsheim oss inni eit museum der dei syner fram redningsutstyr med rakettar dei brukte i eldre tid.

Etterpå kjørte me til Varhaug gamle kyrkjegard ved havet, og me gjekk lenger ned og såg på den gamle kongsvegen som ennå synte godt oppover havstranda. Så kjørte me til Grødaland til dei gamle freda husa der. Der hadde dei gruva og brønn i kjøkkenet, og ein gråstein som stakk opp or golvet i bua.

Og til slutt var me på Hå prestegard. Der var ein svært god utstilling der dei skildra folkelivet omkring 500 år etter Kr. Me gjekk ned til havstranda der det ligg kring 60 graver frå den tida. Me kjørte så heim om Skjeret, om Osland og såg den nye vegen som vart arbeidet der.

Eg har vore gaid fleire gonger. Ei veke var det stemna for invalidar på Bjerkreim. Dei tok seg ein tur til Glopura i Gloppedalen og då var eg med og fortalde om dei gardane me fór framom, og då me stod i ura, fortalde eg om ulukka då Vårherre let fjella ramla over garden for folka der synda så gruffullt. Då nikka invalidane og var enige, men då eg sa

at vitskapsmennene ikkje trudde på dette, då bles dei svivyrleg.

Ein haust samlast omlag 30 utsendingar frå Jærens Brannkasse ved Odlandstøet, dei ville til Ørsdalen. Einar Bjerkreim var gjestgjevar, og eg og Marta var bedne med, for eg skulle fortelja om Ørsdalen der oppe.

Då me kom bort mot Lauperak, kom det eit forferdeleg torever, det lynte og dundra og regna så det fossa over vassflata på vatnet. Fælare regn har eg aldri sett, det fossa kvite bekker ned frå fjella der det elles ikkje er nokon bekker.

Då me sat til bords hjå Halvorsen i turistheimen, fortalde eg om tilhøva og hendingar i Ørsdalen. Om kvelden vart me bedne inn til Astrid og Einar Bjerkreim til mat, og då fortalde eg nokre stubbar så dei fekk læ litt.

Då Ørsdalsvegen var ferdig, kom det tri fulle bussar med pensjonistar frå ei øy inni fjordane som ville til Ørsdalen. Den kjende Johan Hovda var med, og eg var med som leidar. Me tok inn til turistheimen der me fekk kjøtkaker. Men det var så mange folk at dei måtte sitja i to rom i det store bygget og i eit rom i bustadhuset.

Og mens dei åt, fortalde eg om Ørsdalen, det same som eg fortalde til dei frå Jærens Brannkasse. Men eg måtte fortelja det same oppatt tri gonger, ein gong i kvart rom. I det eine romet var det ein tulling som sat og snakke høgt heile tida, så me var to som fortalde kvar på sin måte. I det andre romet sat ei kjerring som såg på meg og smilte og fylgde så interessant med.

«Ja, å du stora gru, ja, ja, emn dette, jaha, ja såleis er det, det var kje gale, du kan vita det --»

Slik sa ho til kvart eg fortalde.

- Eg har og fleire gonger fylgt med reisefylge inn Ørdsalsvatnet, to gonger bondelaget og ein gong søndagsskuleborn frå nokre bygder, då fortalde eg om segner og hendingar langs vatnet. Men motoren i båten dundra så sterkt at eg måtte bruka høgtalar. Me fylgde gjerne sørsida av vatnet og gjekk ein tur rundt i Lauperak og fylgde så båten inn mot Vassbø. Der snudde me tilbake og gjekk opp til Dyrskog. Der oppe åt me og såg oss om. Peder Dyrskog som no bur i Heskestad, var med oss to gonger, og no fortalde eg og han om gamle segner frå garden og Ørdsalsvatnet.

- Ein gong fylgde eg nokre pensjonistar frå Egersund til Odlandstøet og tok båten inn vatnet. Men mange av dei 80 år gamle kjerringane likte betre å sitja inne i lugaren og røykja sigarettar enn å sjå på Ørdsalsfjella og gardane langs vatnet. Det var gildare å sitja og kjenna koss det rista. På Vassbø stod den tome bussen og venta. Me kjørte då opp gjennom tunnelen til skisentret ved Stavtjørna. Der åt me, og kjørte så ned til Austrumdal, der me såg inni museet, men det var mange som aldri gjekk or bussen. Så bar det i veg langs Austrumdalsvatnet på heimvegen.

- Det året kom Sverre Alvsåker med pensjonistlaget frå Time og fekk meg med på ein tur. Då var Aaslaug på Bryne med. Først kjørte me til oppover Lauperak. Men me var uheldige, det var regn og skodd så me fekk bare ein liten glytt av Lauperak og Dyrskog. Så snudde me ned til Odlandstøet og tok ein tur med båten inn vatnet. Etterpå kjørte me til Vikeså og fekk mat i Matkroa på Nesjane, der eg fortalde nokre morosame historier.

- Då eg var bibliotekar, hadde Rogaland Biblioteklag årsmøte ymse stader i Rogaland, så då var eg på mange turar.

Eg var óg medlem i Stavanger Arkeologiske forening. Då tok me kvar sommar ei synfaring rundt i Rogaland og såg på gamle gardsanlegg og andre arkeologiske freda ting. Men om dette skal eg fortelja om sidan.

- No har eg fortald om sykleturar, bilturar og andre turar, no har eg att å fortelja om fotturar, og det er det óg mange av.

- Eg begynnar med fjelltoppane eg har vore oppå. Eg har vore oppå mest alle berga og knutane på Hetland, men eg kan ikkje minnst at eg har vore på Daureknuten og Litlaberg i Tengesdalsmarka.

- Då eg slapp heim frå den tyske arresten, sykla eg og Georg Fuglestad til Veen og gjekk opp den gamle stølsvegen til Vinjastølen. Der kvilte me, og der teikna eg av stølen som står i GfB. Så gjekk me til Syngjarsteinen som eg kjenner så godt til frå forteljinga i ABC-boka hans Jonas Vellesen. Me var óg oppå Tverrfjellet og såg utover Gjesdalsfjella.

- På Jæren har eg vore med Karl på Njåfjellet og på Åslandsnuten.

- Då Bernhard budde på Undheim, var eg og han og Per, son min, med på Sikvalandskulo. Per var bare 5-6 år gamal då. Der oppe såg han ein hareunge. Per la etter han og ville ta han, og Per var litt raskare så han nådde att hareungen, men hareungen svingde i skarpe rette vinklar kvar stunda, så Per greidde ikkje ta han.

- I 1982 var eg og Marta og Per med familien på

Synesvarden. Men då gjekk det galt. Me kom inn i tett skodda så me såg ingen ting av Jæren. Tru eg aldri skal få sjå Jæren frå Synesvarden i klår luft og blankt solskin?

- I 1981 var eg og Marta på besøk i hytta åt Arnulf og Synnøva Fuglestad i Nordås. Då gjekk eg og Arnulf alt til Slettafjellet i Nordås bortmot Vølstad. Framføre oss låg garden Helland i Gjesdal. Der var så høgt og vindhardt at der bare vaks noko småplanter, stutt gras og mose. Langt mot vest såg me som eit tunt strek E-18 nedanfor Søyland, bilane såg ut som ørsmå prikkar som flytte seg så seint på veggen.

- På mine gamle dagar (1978) kom eg endeleg oppå Vinjakulo. Det var eg og Per som kjørte til Maudal og gjekk opp lia. Der var snautt og fullt av store steinar oppå høgda. Og då me kom oppå sjølve fjelltoppen, var der ein oppmurd varde med ei bok der me skreiv namna våre i.

Her frå såg me havet utanfor Egersund og fjellheimen frå Sokndal til langt inn i Ryfylke. Med kikkert såg me ei boreplattform innmot Tau. Og me såg Skjæveland og andre gardar. Me ser så godt Vinjakulo frå Fotlandslia ved Tengsvatnet. No var det rart å sjå Fotlandslia tilbake frå Vinjakulo. Me tok ein brattare bakke ned att, og kom nærare Maudalsvatnet nede i dalen.

- Då veggen til Skykulo på Lauperaksheia var ferdig, kjørte Børge Ødegård meg og Marta opptil kula. Då gjekk eg opp på høgaste Skykulo. Slikt utsyn hadde eg aldri sett før. Det var ein veldig stor ring der ingen ting stengde, med opne havet langt ute i vest. Det var som ei knudret slette av bare fjelltoppar, der eg såg lite til gardar, dalar og vatn. Men ein isande kald vind jagte meg der i frå. Då var der folk som

skaut tunnel rett under den høgaste kula og skulle laga til ein radiosendar (det er eit radaranlegg for forsvaret, ikkje radiosendar). Det hadde stade ein varde liknande den på Vinjakulo, den hadde dei flytta til næraste fjelltopp og bygt han opp att ganske likt.

- Eg har to gonger vore på Niben. Ein gong gjekk eg og lærarinne Åse Simonsen med skulungane frå Kløytfet opp til Niben, der var ganske godt å koma opp. Sidan ein søndag gjekk eg og Georg Fuglestad og Otto Hegelstad opp til Niben frå Litla-Svela, men den vegen var fælt bratt og tung å kom opp.

- Og på Storafjellet har eg vore minst to gonger. Ein gong fylgde Elling og Mandius Skjæveland meg opp.

- Så har eg gjenge frå Råsafjellet ut fjelltoppane til Åmdal utanfor Geitreim og heim att langs den gamle ridevegen (postvegen) i Svelalia.

- Ein annan gong gjekk eg gjennom planteskogen på Svela opp til fjelltoppane og fylgde fjelldraget midt for Litla-Svela, der tok eg nordetter til eg såg Storrsheia. Eg sat ei stund der oppe og såg på bilane og folkelivet der den varme søndagskvelden.

- Då Marta tente på Hetland, gjekk eg og ho og Inge ein søndag til Garvdal til Konstanse. Me var bare 2-3 timar, og så måtte me heim att og mjølka.

- Ein dag i krigsåra gjekk eg og Georg Fuglestad og Per Vikeså til Berland og såg på kolmilene Torleif Gåsland hadde der oppe. Då synte Georg oss staden i Skordalen der den siste bjørnen i Bjerkreim vart skoten.

- Ein annan gong gjekk eg og Georg til Dyrskog. Eg minnest Tønnes Dyrskog låg på tvers i senga med føtene

mot golvet og forklarte frå bibelen kva dag og datto dommedag skulle koma, det var om våren. Etter på viste han oss ein løevegg han ville setja i stand om våren, då hadde han gløymt heile dommedagen.

- Ein laurdag om våren då eg skulte i Lauperak, fylgde eg rutebilen til Stavanger og tok ein buss til husmorskulen på Sola der Marta var då. Me sykla til Magnus Skjæveland ved Sandnes og låg hjå han om natta. Morgonen etter sykla me til Karl på Klepp, og mot kveld reiste Marta tilbake til husmorskulen og eg tok toget til Klungland. Så gjekk eg seine kvelden til fots frå Klungland til Bjerkreim, og eg trefte korkje folk eller bilar på heile vegen. Men det var som sagt i den tida. Då eg kom fram, var eg fælt svolten, men eg åtte ikkje anna mat i huset enn ein dåse med brisling, og den åt eg opp.

- Eg og Bernhard gjekk frå Hellvik til Hetland i krigstida. Men det skal eg fortelja om sidan.

- Då eg slutta skulen på Røysland, fylgde eg rutebilen frå Vikeså til Buevika og gjekk tvers gjennom planteskogen til Røysland eit ærend der.

- Eg har minst to gonger gjenge att og fram mellom Austrumdal og Ørdsalen. Då eg skulte i Ørdsalen, gjekk eg ein laurdagskveld opp Eiksbrekko, over Kalgarsheia til Austrumdal og var hjå dei til søndag ettermiddag. Då kom Ola Bjordal Eik til dei, og så fylgdest me tilbake til Ørdsalen.

Då eg samla opplysningar til Norges Bebyggelse, måtte eg til Ørdsalen og få nokre opplysningar. Dette har eg fortalt om tidlegare.

- Så måtte eg til Teodor Løvbrekke som då budde i Kleppali. Per, son min, var då ein stor unge, han var med

meg. Me sykla til Holmen og gjekk opp forbi Lego til Kleppali. Då eg hadde fenge dei opplysningane eg skulle ha, fekk me mat og grammafonmusikk, og så sa me farvel.

- Ein haust fylgde eg nokre lærarar og skulungar som reiste til Stavaland på Hetland, dei skulle ha orienteringsløp i statsskogen. Eg gjekk då heim til Hetland, men der fekk eg vita at alle saman hjå oss var på Stødlen og tok opp jordeple. Ja, så gjekk eg ned til Stødlen og var der ei tid, fekk mat og fekk kvila litt, og så gjekk eg tilbake til skulungane.

- Eg har 5 gonger vore med Fossbrekko. Ein gong fylgde eg skulungane dit. Og ein gong var eg og Bernhard der og henta bær. Ein søndag gjekk eg og Per Vikeså og nokre andre til Fossbrekko. Me kom inni ein flokk med geiter og ei gjekk så fint ved sida hans Per Vikeså. Han snakke til henne og ho "kasta geitauge" opp på han.

Så var det ein søndag Karl, Per og Maria på Klepp kom til oss og ville til Fossbrekko. Det var forresten den siste søndagen eg var klokkar. Med same eg hadde fenge hekse i meg middagen, reiste me og stanste i Lutherbakken der me åt. Så gjekk me opp til Fossbrekko der me sat på husmurane og eg fortalde om folket der og bjørnajakta oppi fjellet. Me var så langt oppe som til den gamle kvernhustufta, då låg ennå ein sliten kvernstein utanfor murane. På heimvegen fann Per den store jettegryta i Espelandsåna.

Ein sommar bilte eg og Per, son min, forbi Espeland og mest fram til Fossbrekko, der sette me frå oss bilen og studerte hustufta der, fossen og kvernhusmurane, men då var kvernsteinen borte.

Så gjekk me vidare på ein gamal sledeveg mot Lanes.

Nede i dalen der det renn ein bekk, var vegen delvis borte og ein stad øydelagt av fjellras. Lanes er ein stor slett tange som stikk ut i Maudalsvatnet. På nokre store jordfaste steinar var det murt opp ein heil mur av steinar dei hadde lagt der då dei dyrka. Tru kor mange hundre år gamle desse murane er? Ennå står murane att etter husa, og muren i fjoset er den finaste muren eg nokon gong har sett, han kjem til å stå like fint til verdens ende. På heimvegen fann eg bokstavane A L innhogde i ein avrunda stein midt i sledevegen oppover Maudalsvatnet. Kan det vera bokstavane hans Asgaut Bjørnson på Lanes, d.1865.

- Dalane Mållag stelte til ein tur frå Lauperak til Gya, så me var ein heil flokk frå Odlandstøet som fylgde rutebåten til Lauperak. Bernhard og Per, son min, var med på turen. Ved dei gamle smiesteinane etter Trond Lauperak fortalde eg om Ørsdalsvatnet og Trond. Etterpå me hadde ete, tok me i veg opp den lange bratte lia. Teodor Løvbrekke var vegvisar. Eg heldt på å verta heilt sprengt då eg kom oppå høgaste Sjinneldalen. Der viser godt ennå den gamle ferdselsvegen som gjekk frå Jæren til Austlandet, og ned det djupe juvet ned til Gya er ridevegen innskoren høgt oppi lia. Då me kom ned i dalen, stod bussen og venta på oss der.

- Ein varm dag sykla eg til svingen nedanfor Liabakken ovanfor Fjermedal, og gjekk mot sør til ein smal dal som går bratt opp mot Torveheia. Eg hadde høyrte at det skulle vera noko gamalt der som eg ville sjå. Og omlag oppå høgaste skaret fann eg ein stor klovstein med ein hedler under, og den steinen var inngjerda i ein hage av steingjerde som i lega med mjukt gras inni. Så kom eg til den store Fedæ sør for Kløytfet og fylgde ein liten bekk og kom til

kjørevegen til Torveheia. Eg gjekk så opp Rustakleiva og ned Liabakken til sykkelen.

- Året etter kom Bernhard med bilen og ville gå opp den dalen. Då gjekk me same vegen, og då fann me ein roten sau oppi Lego. Me gjekk oppå ein fjelltopp over Lego og såg utover garadne på Torveheia før me tok på heimvegen om Kløytfet.

- Ein gong kjørte eg med moped til Bjørn Nedrebø og gjekk på den gamle postvegen så langt at eg såg til Nordås.

- I hedleregn heile dagen var eg med Tønnes Ivesdal og ein ingeniør og stakk ut den elektriske lina frå Kløytfet til Litla-Svela, og eg bar merkestikkene.

- Eg og Jonas Bjerkreim (Jonas i Myræ) tok 4 fotturar. Den første turen slo me lag med Arthur Barnes og Astrid Sirevåg som skulle på fjelltur med ein flokk born. Me kjørte med buss til Gya, og gjekk austetter på den same gamle ferdselsvegen frå Lauperak. Det var svært langt før me endeleg kom fram til Birkemo i Heskestad. Der stanste me ei heil stund, kvilte og åt, og så fekk borna leika ei stund før bussen kom og henta oss. Eg har altså gjenge samanlagt på den gamle ferdselsvegen frå Vikesdal til Birkemo i Heskestad.

- Året etter gjekk eg og Jonas frå Bjerkreim på den gamle prestavegen frå Bjerkreim framom Åsen, det var ein jamn god veg. På den vegen hadde Hans Nielsen Hauge gjenge, og Prest Reiner og mange andre prestar hadde i mange hundre år ride der, snakke me om. Anten var det i Gåshus eller i Tveita at vegen gjekk tvers gjennom ein hønegarde som var inngjerda med høgt nett, så me måtte gå ut i utmarka for å koma forbi. Så gjekk me ned ei bratt kleiv

eit stykke nord for prestegarden til me kom til vegen der me vart henta av Kåre, son hans Jonas.

- Ein gong kjørte Kåre oss til Versland. Derfrå gjekk me til Skiftingshodlen der me gjekk inn og helste på dei. Det var siste gongen eg snakka med Ola på Hodlen. Så gjekk me om Gåsland langs Gåslandsfedæ. Før me kom til Steinslandsbrua, tok me rett opp bakken og kom til Fedæ, den store myra sør for Kløytfet. Me gjekk forbi husmannsplassen Skjeruræ, gjennom Kløytfetgarden og gjekk vegen over Bue, den gamle øydegarden, og gjekk under Niburæ og kom innpå vegen attmed Olai Slettabø, der Kåre venta på oss.

- Siste gongen me tok ut, kjørte me til Gravdal og fylgde Ognaåna etter kartet. Me såg Øvrabø, men gjekk ikkje opp til garden. Her gjekk me over åna og kom til Ualand i Ogna. Der budde ikkje folk då. Fjoset og løa hadde ramla ned, men heimehuset var fint med kvit måling og heile taksteinar. I hagen vaks ripsbær og blommar, svolene flaug i kring og erla vippa utanfor ytredøra og humla brumla over blomane. Men alle stader var det daudt og stilt utan folk og krøter. Me gjekk opp eit rægje der det var høg slåttevoll på begge sidene, der nokre sauer gjekk og hadde det godt.

Me såg den vegen Enok Ualand hadde arbeidt med to bruer på i mange år for å få veg til Ogna, men han fekk ikkje hjelp av kommunen og måtte gje opp. Og no ligg vegen slik og gror til av gras. Lenger nede gjekk me over åna att og kom til Ogna der Kåre henta oss.

- Eg og Arnulf Fuglestad og Are Gårland og to-tre andre gjekk frå Berland austetter langs vatn og dalar og kom til ei stor myr i dalen mellom Spøtavoll og Bronnes. I den

dalen står ei hytte som sønene til Torleif Gåsland eig, og der stanste me ei stund. Så gjekk eg og Are og Arnulf til Bronnes og såg på dei svære husmurane der. Det er den brattaste garden eg har sett. Då eg skulte i Lauperak, teikna eg av Bronnes og då viste tydeleg skil på voll og utmark. Men no var alt overvakse av lyng og småtre, så no kan me ikkje lenger sjå kva som var dyrka. På heimvegen var me innom ei anna fin hytte i Berlandsskogen.

- Idrettslaget i Bjerkreim tok i fleire år sommarturar til fjells, og dei bad meg vera med og fortelja om segner og ting som hadde vore der me gjekk. Då kjørte me i buss til fjellvandringa tok til. Ein gong gjekk me frå Odlandstøet opp den gamle nedlagde vegen opp til Hytland. Der oppe stanste me, og eg fortalde om då Tollei Hytland bar 200 kg med mjøl frå Odlandstøet til Hytland. Så gjekk me vidare forbi nokre tjørn til me kom oppå høgaste lia i Sjinneldalen oppover Lauperak. Det stramte fælt i leggmusklane då me gjekk ned den lange bratte lia ned til garden. Og då kom rutebåten og henta oss.

- Ein gong gjekk me frå Berland på fjellet over Mjåvatnet til Skordalen. Der viste eg kor omlag det var der dei skaut den siste bjørnen i Bjerkreim. Så gjekk me opp den bratte Ullstein, ei steinrås så steinane bare trilla ned etter oss. Me kom ned til Landsdal. No budde det ikkje folk der. Husa var gamle og fælt uryddig ikring, mellom anna stod der ein stor raudrusta bensinmotor dei brukte når dei treskte.

Me gjekk så fyrst opp ei li og kom på høgda oppover Ørsdalsvatnet, der stanste me og eg fortalde om ei segn om ein mann som gjekk heilt ut på kanten oppover Ørsdalsvatnet. Så bar det ned til Kleppali, der Retsius J. Hegelstad

budde då. Her stanste me og åt. Så gjekk me langs nokre vatn til me kom til Lego oppover Holmen. Ennå står murane etter hus og inngjerda hage, der fortalde eg om støslivet i gamle dagar. Så kom me til E-18 der ein buss henta oss.

- Neste gong kjørte me til Madland i Gjesdal og gjekk langs eit stort vatn med steinsett veg. Så bar det opp og opp lange lier. Ein satd stanste me og åt, og der vart me filma. Til slutt kom me oppå høgaste leitet og såg Fossankrånæ og Syngjarsteinen. Dei store ungane sprang alltid i førevegen, og no sat dei oppå Syngjarsteinen. Her attmed steinen sette dei seg og eg lés opp forteljinga hans Jonas Vellesen om Syngjarsteinen.

Etterpå gjekk me til murane på Vinjastølen. Første gongen eg var der, stod det att noko av eit stølshus, men no var alt borte, bare mjuke graset vaks der folk og krøter før trødde både innanfor og utanfor husmurane. Her såg me bortmot Vinjakulo og det mørke djupet inn mot Gloppedalen. Her lés eg opp om støslivet ved Vinjastølen. Då me gjekk ned stølsvegen mot Veen, fekk eg slik krampe at eg halta, og då eg kom heim att, måtte eg krypa på golvet.

- Året etter gjekk me frå midt i Eiksbrekko mot Austdal, ennå stod det att nokre hus der. Det er alltid noko sårt å sjå dei gamle heimane som no er folketome, sjå merke etter koss folk har træla og arbeidt for seg og sine gjennom mange generasjonar for å livberga seg på dei små avstengde gardane, og no er der så vemodig stilt.

Me gjekk vidare forbi langs Laugarstjørna til me kom til Brattebø. Der står husa ennå. Me gjekk inn i stova der me kvilte, og eg låg i senga og fortalde om troll og gamle segner frå Brattebø. Somme av dei sprækaste sprang bort til Kvitlen

og ville sjå. Men eg hadde vore der før og no var husa borte, så eg og andre tok på å gå ned mot Bjordal. Enn for ein veg dei hadde i gamle dagar for å koma til folk dei som budde i Hommæ, Kvitlen og Brattebø. Somme stader måtte me halda oss med hendene i berggriver for å koma fram.

Nede i Bjordal trefte eg redaktøren for Jærbladet, og no fekk eg fylgja han ned til Ørdsalen Turistheim, og det kom vel med, for no var eg trøyt og det kom stritt regn. Om ei tid kom dei andre slupsande i regnet, og så kom bussen og henta oss heim.



Utsikt mot Vikeså. Frå turen til Dyrskog.

- Og så kjem siste turen eg fylgde idrettslaget. Den gongen var Per og Gro og borna med. Me starta på Berland og gjekk same vegen som eg har tidlegare fortalt om til hytta i dalen ovanfor Bronnes. Men no tok me opp over høgdedrag og heiar til me kom til Kampeltortjørna. Der sette me oss og eg sat på ei tuve og fortalde om Andreas Spjøden som miste ein sau som bjørnen tok.



Frå oppover Dyrskog mot Lauperak.

Men me måtte vidare. Endeleg kom me på ei slett hei der me såg ned til Ørsdalsvatnet og Lauperak. Her kom

Peder Dyrskog mot oss og viste oss vegen ned lia. Enn for ein veg, bratt og fælt, att og fram gjennom tett krattskog mellom store steinar. Så kom me ned til Dyrskog, der Peder fortalde og viste oss mykje gamalt. Det viste at han heldt mykje av heimen sin der forfedrane hans i mange generasjonar hadde butt. No var det slutt. No brukte han garden bare om sommaren som beite for smalen og til høyslått. Så fylgde me "Ørdsølen" til Odlandstøet der rutebilen kom.

- Ein gong eg kom til ein gard i Holmen, låg det ein 5-6 år gamal gutunge og grov i sanden utanfor bislaget. Då han såg meg, vart han skræmt og sprang inn til mor si.

«Mor, nå kjem 'e den løgne Jørgen!» høyrde eg han ropte til mor si.

Krigsåra 1940-45.

- No vil eg fortelja frå krigsåra 1940-45, om ting som eg opplevde, ting som eg ikkje kunne ta med i boka "Bjerkreim i krigsåra".

Kvelden den 8. april 1940, sat eg oppe og hørde på dagsnytt i radioen, og då vart det opplyst frå Danmark at ein stor krigsflote gjekk gjennom Øresund, truleg til England. Så kom vermelding og anna nytt og dei fortalde om fest og moro på Oddernes festning i Kristiansand. Men så kom det: Særmelding: Alle fyrene langs den norske kysten skal øyeblikkeleg sløkkjast! Meir kom ikkje. Men då stokk eg. Då skjønnte eg at no var det alvorleg.

Om morgonen bilte eg til Ognedal. Då eg kom til Bjerkreim, såg eg etter om det hekk eit raudt flagg frå kyrkjetårnet, for eg visste at inni altarbordet ligg eit raudt flagg som skal hengjast ut oppe i tårnet når det kjem krig i landet. Men det hekk ikkje der, og heller ikkje kom det der.

Då eg kom til Ognedal, fortalde Lotte at tyskarane hadde teke Oslo og dei var endå til i Egersund. Og i den første timen i skulen begynte levenet. Store svarte fly flaug ustanseleg ute i vest. Dei minste borna gledde seg, for dette var løye, men dei største var redde og stille, for dei skjønnte kva det var.

Tidene vart no så usikre at skulestyret bestemte at skulen skulle stansa.

- Ein dag kom to norske soldatar og måtte ha akkomolatoren (batteriet) frå bilen min, så no vart han ståande lenge. Me såg soldatane gjekk forbi Vikeså. Me fylgde då Per Vikeså opp til Elling Skjæveland, far til Marta.

Det var Per og gamle Anna, mor hans, eg og Marta som sat og heldt den litle Anna vår i fanget. Om morgonen såg me dei første tyske soldatane som reiste forbi Skjæveland.

Mot kveld såg me eit fly som krinsa oppi lufta oppover Espeland, me hørde duren og skota og såg eldstråler som lyn frå flyet mot marka. Det var vel då dei skaut etter norske soldatar oppå Lutherbakken.

Dagen etter kom det bod om at det ikkje vart nokon krig på Vikeså, og då flytte me ned att. Og no då krigen i Gloppedalen var stansa og det vart fred att i bygda, tok skulen til att.

- No vart det forbode å kjøra med bil, så no måtte eg sykla til Ognedal. Men då det leid på, fekk eg lov til å kjøra sjuke og jordmora, men eg hadde ikkje lov å kjøra noko privat, men du veit eg lurde meg til det når eg hadde bensin.

Mellom anna kjørte eg lenge ulovleg Fanuel Carlsen og livsforsikringsagent Hansen. Me var på Hetland, Eike, Tengesdal, Fotland, Øygrei i Eigersund, på Solbjørg og Vikesdal. På Øksnabø kom me til ei gamal kone som låg og henta jordeple. Ho fortalde at ho var frå dørborte på Hetland der ho vaks opp.

Elles kjørte eg mange sjuke. Ein gong fekk eg bod om å kjøra ein doktor som hadde hytte på Vaule, han måtte plent til Sandnes i eit sjuketilfelle. På vegen spurde eg om sjukdomar og virus, men han kunne ikkje svara på alt, det såg ut for at eg kunne meir enn han om virusen. Men sidan då eg fekk greie på kva dei på Vaule dreiv på med, skjønte eg at han var noko heilt anna enn ein doktor.

- Så var eg og Fanuel og Hansen på Eikeland på heia. Då fekk eg kjøpa 9 kg egg. Me la dei ned i kalkvatn i ei

krukke og grov dei ned i sandgolvet i kjellaren og la bord oppå og sand over. For det gjekk rykter om at tyskarane gjekk inn til folk og såg om dei hadde hamstra mat og tok han. Seinare ein gong gøymde eg nokre kg med smør bakom nokre bøker i skulehuset på Ognedal, for eg visste at tyskarane ikkje leitte etter mat i tome skulehuset.

- I 1942 begynte livet. Nasistane i Norge løyste opp det gamle lærarlaget og laga til eit nasistisk lærarsamlag som lærarane skulle verta nøyde til å skriva seg inn i. Då vart den hemmelege lærarfronten skipa. Ein dag kom Erling Opdal frå Sandnes til meg, han var gift med syskenbarnet til far og som var frå Årstad. Han spurde om eg ville vera kontaktmann for Bjerkreim. Det lova eg og valde Klaus Bjerkreim til medhjelpar.

Og no fekk eg parolar, små brev frå lærarfronten gjennom Erling Opdal. Men han våga ikkje senda dei i posten, han fekk Johan Vasbø eller sønene hans til å ta dei heim til meg når dei kjørte rutebilen. Så ringde dei til meg og sa at "det har kome ein pakke med fisk til deg du må koma og henta". Og då visste eg at det var ei melding frå lærarfronten.

Ein gong vart eg kalla inn til eit hemmeleg møte til lærar Børge Undheim uti Ganddalen, så eg måtte gå til fots frå Sandnes til langt ut i Ganddalen. Der fekk eg ei orientering om koss stoda stod. Så skunda eg meg alt eg kunne for å nå rutebilen.

No var eg fælt svolten. Eg gjekk inn i ein butikk og spurde om eg kunne få kjøpa noko å eta, men dessverre hadde eg gløymt å ta med meg brødkortet. Men nei, dei kunne ikkje gje meg noko utan kort. Då var det ein mann

der inne som kunde som hørde dette, han baud seg til å gje meg eit brødmerke. Men eg sa så mange takk, men nei, for då hadde han fenge tilsvarande mindre mat.

Det einaste eg kunne få utan kort var ein boks hermetisk brisling. Den fekk eg, og eg tømte heile boksen der eg stod med bare fingrane. Men det var bare turre fiskar utan olje i. I den tida var det inga bussar, det var ein lastebil full av varer, og så sat me som reiste bak oppå mjølsekker og kassar, og vintersdag var det frykteleg kaldt.

- Om sommaren var eg i slåttan heime på Hetland. Då kom det ein dag bod om at eg måtte møte fram til baksida av kyrkja i Egersund eit visst klokkeslett. Eg sykla ned og møtte fram bak kyrkja. Då kom det til meg ein mann, om det var Jørgen Skjæveland. Og då sa han at ein utsending frå kvar sokn i Dalane skulle ha eit orienteringsmøte hjå lærar Hem i Egersund.

Og no kom det fleire dit, men me måtte ikkje stå i ein flokk, det var farleg. Og då me gjekk til Hem, fylgdest me to og to ei tid etter kvarandre, så det ikkje skulle vekkja oppsikt, for slike hemmelege møte var forbodne og farlege. Der fekk me greie på koss lærarfronten var organisert. Så fekk me mat, erstatningskaffi utan fløte og grove brød med eit slags smør på. Det var alt. Stakkar, dei hadde ikkje anna mat å gje gjestene sine.

- I 1942 begynte livet for alvor. Eg låg då i skarlakensfeber. Og då kom det ein parole til lærarane at dei skulle nekta å skriva seg inn i Lærarsambandet. Då kom det bod om at alle skulane skulle stansa på grunn av brenselferie for å spara på brenselet, skulda dei på. Men snart fekk me vita at det var hardt mot hardt det galdt.

No var eg frisk att, og eg og Marta og den litle Anna flytte ut til Hetland der eg skulle vera dreng. No var det uvisst kor lenge me vart verande på Hetland. Så ein dag gjekk eg til Ognedal og henta det smøret eg hadde gøymt der. Då gjekk eg heim att gjennom marka dørøppe, for der hadde eg aldri gjenge før.

- Ein kveld ringde lensmannen til meg og sa at i morgon skulle eg arresterast og måtte møta fram til bilen hans Viljen Vassbø på Tengesdal.

«Eg skal fylgja med og prøva få dykk heim att» sa han.

Eg sov lite den natta, og eg var ikkje høg i hatten då eg tok farvel med mine. Eg minnest ennå kva mor sa før eg reiste.

«Det får gå som det vil, men du kan ikkje gje etter»

Det gav som ein styrke. Det hadde vore mykje verre å stade mot presset viss ho hadde sagt det motsatte.

No har eg skrive i "Bjerkreim i Krigsåra" s.57 om då lærarane vart arresterte, så det tek eg ikkje med, her nemner eg slikt om meg som eg ikkje tok med i den boka.

Me stopte ei stund på Sandnes, det spurdest og folk strøymde til og kasta sjokolade til oss. Så kom me til fengselet A på Lagårdsveien. Lensmannen leverte oss over til fienden, og me kom inn i ein gardsplass og porten vart låst. Der måtte me stå to og to i geledd og ikkje leda på hovedet. Men eg skjegla på sidemannen min, og det var agent Hansen.

Så sprang ein om gongen opp til eit høgare golv, der måtte me gje opp namn og adresse, og den fæle Fritz Feuerlin med dødningshove-merke i huva si grylte og skjende og fór over lommane våre og kasta frå oss

unødvendige ting. Ein bar på ein liten bibel, den treiv tyskaren i klypen, som det skulle vera noko ureint og kasta han i ei krå. Dei som hadde indremisjonsmerke, krossen, på trøyeslaget, reiv han bort. Til slutt låg der ein heil dunge med biblar og ymse merke o.a. Eg hadde noko papir i baklomma, det tok han, såg på det, såg meg spøjande opp i augene og kasta det. Men ein av dei norske vaktarane gav oss det sidan att.

Ein av fangane hadde smilt litt eller stade litt uroleg, han måtte fram og sitja på huk i halv stilling med hendene opp som straff lenge.

Eg kom saman med dei fleste i rettsalen. Me hadde oppe eit lukkeglas både natt og dag. Utanfor var ein hage, og glaset var så lågt at me fint kunne ha hoppa ut som ingen ting og rømt. Men me ville ikkje røma, me ville visa tyskarane at me hadde ikkje gjort noko vondt og var skuldlaust arresterte. Du kan ikkje tru tyskarane vart forskrekka, slik ein arrest og slike dumme krigsfangar hadde dei aldri sett før som ikkje rømte.

Tønnes, bror min, vart óg arrestert og kom til fengsel B, og eg fekk tilsendt soveposen hans, han meinte eg trong han betre. Me låg tett i tett over heile golvet. Eg og Trygve Fuglestad låg under dommarbordet rett under bøtta som stod på bordet. Ein annan som låg på andre sida mi, skreiv dagbok under botnen på skuffa i bordet oppover seg. Eg undrast på om det står der ennå.

Ei natt kom ein tyskar og steig mellom oss på golvet og lyste med lommelykt, men han var snill, han vekte ingen med vilje. Og eg sov så fast at eg ikkje vakna.

Då eg vart teken, sykla Marta med Anna bak på

sykkelen til Skjæveland. Eg fekk smugla ut dette brevet til henne.

Kjære Marta og alle heime.

Dette er berre ei lita helsing heim. Eg held til attmed Eskelandsfolka. Eg hev det svært godt, hev alt eg treng så de treng kje senda noko. Eg hev det betre enn då eg låg

Kjære Marta, Anna og alle heime.

Dette er berre ei lita helsing heim. Eg held til attmed Eskelandsfolka. Eg hev det svært godt, hev alt eg treng så de treng kje senda noko. Eg hev det betre enn då eg låg fengsla i skarbakensfeber, og du veit då tarv eg ikkje jamra. I natt sov eg som ein brann frå kvelds til morgon.

No får du prøva få til ein høkerhage på Skjæveland, Akaten vår på Vikersø får du sjå om eller få opp til Skjæveland. Så får me

berre ta det med ro og vona.
Kanskje eg sidan gjev opp adressa
mi.

Så må du helsa så mykje
til Anna og alle og blomstra
og leva,

Hjarteleg helsing frå
Jørgen.

fengsla i skarlakensfeber, og du veit då tarv eg ikkje jamra.
I natt sov eg som ein brann frå kvelds til morgon.

No får du prøva få til ein kjøkenhage på Skjæveland.
Maten vår på Vikeså får du sjå om eller få opp til
Skjæveland. Så får me berre ta det med ro og vona. Kanskje
eg sidan gjev opp adressa mi.

Så må du helsa så mykje til Anna og alle og blomstra
og leva.

Hjarteleg helsing frå
Jørgen

Ein dag vart me alle ropte ut i luftegarden. Då var der
fullt av koner. Konene våre hadde fenge lov å sjå om oss.
Der var Marta, Emma Fuglestad, Selma Bjerkreim og Sofie
på Klepp kom med nokre småting eg skulle få med i tilfelle
eg måtte på langtur. Då vart det gråt og omfamning. Men
snart måtte me skiljast att.

Ein dag vart me ropte inn på eit kontor ein og ein om gongen. Eg fekk bare dette eine spørsmålet.

«Wil du melde deg inn i Lærarsambandet?»

Eg tenkte på Marta og den litle Anna, og eg minnest kva mor hadde sagt.

«Nei, eg kan ikkje» sa eg lågt med gråt i målet.

Dermed var lagnaden min avgjort. Eit par dagar etter vart eg kalla inn på kontoret att til ein sivilkledd nordmann. Då var det om kva arbeid eg skulle hatt i sommar. Eg sa eg hadde festa meg som dreng hjå bror min Inge Skjæveland. Han spurde mykje, kor stor garden var. Eg meinte han var 80 mål.

«Det må vera forlite, me skriv 100» sa han.

Her er ein mann som vil hjelpa meg fri, tenkte eg.

«Kor mange kyr og sauer?»

Og han likte eg sa store tal.

«Kor mange folk på garden?»

«Det er Inge, ei tenestjente, ein sjukleg eldre bror og gamle mor mi» sa eg.

«Så det er bare dei to som er heilt arbeidsføre på garden?» spurde han.

«Ja» sa eg og så la eg fram eit bevis frå Inge.

Det var nok dette som gjorde at eg slapp heim att.

Ein dag kom tri svære tyskarar inn til oss i rettsalen. Dei stod lenge og bare såg på oss mens me stod i givaktstilling. Så peika dei ut 5-6 av oss som skulle fram. To av dei var verbarka og seneturre, ein gamal hadde ein lang utståande nedetanngard, ein hadde store augnebryn, og så tok ein meg og sette meg inn i rekkja, men så tok ein annan meg ut att, eg var vel ikkje stygg nok i ansiktet. Så vart dei

kommanderte ut på gardsplassen og stilt opp og fotografert. Dette bildet vart sendt til tyske aviser, der det tyske folket skulle få sjå koss dei norske lærarane såg ut som trassa lov og rett.

Ein dag kom ein av vakta og ropte:

«Hvem er Aksel Mæland?»

Han gav seg til kjenne.

«Jeg gratulerer deg. Du har fått en sønn!» ropte han.

Mæland var lærar i Ørsdalen, han var ung og hadde vore gift eit års tid. Det var søkt om han kunne få sleppa heim for dette, og det vart innvilga.

Ein dag spurde vaktar Engen meg om eg ville sopa luftegarden, og mens eg sopte kom ein flokk tyske fangar springande ut or sellene og ein tysk offiser ekserte dei kraftig. Ja, eg sopar til dei jagar meg, tenkte eg, men dei lesta aldri sjå meg. Så måtte eg jamvel gå forbi offiseren med fullt feiebrett og tømme det i ein beholdar. Du skulle sett så høflig han flytte seg tilsides for meg mens han grylte og kommanderte.

Men så ropte Engen at eg var fri. Men eg misforstod.

«Eg kan godt gjera meg ferdig, eg har att så lite»

«Nei, kom med ein gong, du skal få sleppa heim att!»

Då kasta eg kosten og sprang.

«De må skunda dykk så fort de kan» sa han til oss bjerkreimsbuarar.

Og me pakte ihop så fort me kunne og kom oss ut or porten. Så ringde me heim og fortalde om det glade budskapet. Eg gjekk til Åslaug på Bryne som då var heime hjå foreldrene sine på Lagårdsvegen, og me gjekk til fengselet B der Tønnes sat. Me treffe ein tyskar som lova å

gje Tønnes att soveposen sin, men det viste seg sidan at han fekk han ikkje, posen låg i fengselet alt til krigen var slutt.

Me fekk sjølv sagt fri reis heim med bussen, og då me kom til Vikeså, stod Marta og Anna og tok imot meg. Dei hadde då flytta ned til Vikeså.

Nokre dagar etter vart lærarane innkalla att til eit møte i Stavanger. Før me reiste, var me innom meieriet og Alvsåker spanderte på oss godt saup så mykje me kunne drikka. Me møtte fram saman med mange andre lærarar i ein sal attmed jernbanestasjonen. Så sat me der og venta og ingen tyskarar kom, og me tenkte på å bare reisa heim att. Men så kom det tri offiserar inn. Ein gjekk med ein gong oppå katetret og tok til å forklara at lærarane måtte lyda den norske lova, og dei som ikkje ville lojalt bøya seg for det nye styret i landet, vart hardt straffa. Så slutta han med eitt og marsjerte ut med ein gong og dei andre to etter utan å seie takk og farvel. Og så sat me att og lo.

Me fekk bod om å begynna skulen att, men då gjekk me automatisk inn som medlem i lærarsambandet, dei lærarane som framleis nekta å skula, vart hardt straffa (Me hadde aldri nekta). Med ein gong kom det parole frå Sandnes om koss me skulle svara: "Eg er villig til å begynna å skula, men eg reknar meg ikkje som medlem i Lærarsambandet".

Elles har eg skrive meir om dette i krigsboka s.58-59.

Så er det nokre andre hendingar i desse 5 krigsåra.

Eg måtte to-tri gonger gå telefonvakt, passa på at ingen sabutørar klyppte av den tyske telefonlina mellom Stavanger og Egersund. Då gjekk eg 2-3 timar frå Storrsheia og ned til flate Svella opp og ned eit par gonger. Men eg sat

for det meste på ein stein og tenkte.

Og ein sommar eg var på Hetland, måtte eg ha tilsyn med telefonlina frå Fjermedal og oppover eit stykke, frå kl. 3 om natta til morgonen. No hadde tyskarane teke sanatoriet på Fjermedal og gjéra det inne. Men telefonlina gjekk tvers gjennom eigendomen. Då samug eg gjennom sperringa og gjekk rett under telefonlina og såg heile tida opp på tråden. Tyskarane såg fælt på meg, men dei jagte meg ikkje bort, dei trudde vel at eg ikkje var heilt normal.

Ein annan gong sykla eg om natta mellom Bjerkreim og Vikeså fleire gonger til eg sykla heim til Hetland om morgonen.

Verst var det ei iskald vinternatt. Då måtte eg sykla kl. 3 natta til søndag ned til Bjerkreim og halda vakt på brua. Eg heldt til i den litle pølsebua (krigsboka s. 55) der, og då fraus eg så eg skalv. Om morgonen då eg trudde folk var oppe, gjekk eg inn til Klaus Bjerkreim og vermdde meg og var der til kl. 9 då vakttida mi var ute, men ingen kom og løyste meg av. Så var eg heime på Vikeså til kl. 3-4, då måtte eg ned att. Om kvelden var det møte i bedehuset. Då gjekk eg inn og sat der varmt og godt og hørde Guds ord mens eg heldt vakt ved brua. Og då møtet var slutt, sykla eg heim at.

Det kom bod om at alle som åtte privatbil måtte møta fram i Egersund og visa fram vognkortet. Tyskarane hadde ei liste over bilane og eigarane vart ropt fram. Kjetil Gjedrem var med og han såg at det var ikkje alle eigarane som stod på lista. Han kviskra til meg at eg ikkje måtte gå fram.

«Har alle kome fram?» spurde dei.

«Ja» svarde lensmannen.

Me hadde lov å lyga alt me kunne til tyskarane, sa alle gode nordmenn. Såleis slapp eg heim og fekk ha bilen ei stund til.

Eg fylgde Klaus Bjerkreim heim i bilen hans, og då me kom i første svingen ovanfor Slevelandsvegen, kom ein tysk bil skjenande i stor fart mot oss midt i vegen. Dei kasta bilane til sides, men skrapte likevel sidene i hop. Tyskarane skjende og gav Klaus skulda, men Klaus viste spora koss tyskarane hadde kjørt. Det vart ei lita rettsak om dette. Og om sommaren då me slo på Brureina, kom lensmannen til meg og tok opp forklaring. Og det vart tyskaren som fekk skulda.

Men det var ikkje lenge, så måtte eg ned att til Egersund med vognkortet, og den gongen stod eg på lista og dei noterte ned alt om bilen. Ein dag kom dei og tok bilen. Eg minnest eg stod og såg då dei slæpte han opp Storrsheibakkane og eg tok farvel med han for alltid.

Ei tid etter betalte dei kr. 3.200 for han, det same som eg hadde gjeve for han. Dette viste at dei skulle bruka han. Og derfor fann me han ikkje att der dei laagra bilane då freden kom. Kven veit, kanskje ligg han no på sjøbotnen.

- Ein sommardag fekk eg i oppdrag frå forsyningsnemnda om å reisa rundt på Torveheia og rekna kor mange bærbusker dei hadde på gardane, dei skulle få noko gjødning til dei. Når eg spurde kor mange bærbusker dei hadde, vart dei redde og trudde det var tyskarane som ville ha bæra.

«Me hev bara nogæ få 'e gamle som ber 'e ingen ting» sa dei.

Men då eg sa at dei skulle få litt ekstra gjødning til

kvart tre, jau då hadde dei 8-10 store gilde tre. Det var ikkje godt å vita i førevegen kva veg dei skulle lyga. Såleis sykla eg frå gard til gard og gjekk frå mann til mann, og på resten vart eg så svolten at eg vart ganske tassen og måtte tigga etter mat. Eg kom til Ola Eikeland.

«Kan eg få noge mat, eg er så svolten» bad eg.

Det er den einaste gongen eg har vore fant. Då fekk eg varme blodkomper og godt kjøt av Borghild. Og eg åt og åt den eine kompa etter den andre, og vart til slutt så god og mett, men Borghild nøydde meg til å ta ei til.

- Seinare skriv eg om då eg sat i forsyningsnemnda.

- Ein mørk kveld med regn gjekk eg ut til Mandius Skjæveland og henta posten. På heimvegen vart det opphald så eg bar paraplyen nedslegen under armen. Då såg eg det var lys i skulehuskjellaren, og eg gjekk bort til glaset og ville sjå kva Espedal gjorde. Då sat det ein tyskar der i underkleda og turka ytrekleda sine over ein omn. Då han såg meg, treiv han børsa, krylte fort inn til veggen tett under glaset der eg stod og sikta på meg med børsa. Eg vart redd og ville gå att, men då sette han i eit frykteleg stygt skrik. Då gjekk eg beint mot børsepipa inntil glaset, peika på meg sjølv og ropte:

«Lærar, skolemeister!»

Då roa han seg og vinka meg bort. Men då eg gjekk heim, kjende eg at eg skalv og var veig i knea. Men no skjønnte eg kvifor han fór åt på den måten. Han trudde eg bar på ei børse og ville skyta han, men då han såg det var ein paraply, roa han seg ned att.

- Ein dag eg hadde småskulen på Vikeså, kom det inn til meg ein eldre tjukk og godsleg tyskar. Han bar på "Gamle

gårdsanlegg i Rogaland” av Jan Pedersen. No leitte han opp avsnittet om Storrsheia, peika på namnet i boka og peika ute i kring, det gjorde han eit par gonger. Eg skjønnte kva han meinte og synte kva veg han skulle gå. Som takk spanderte han på meg ein sigarett. Eg takka, stappa han i vestelumma og peika på skuleborna og rista på hovedet, og han skjønnte at eg ikkje måtte røykja i skuletimen.

Om kvelden gjekk eg opp til Per Vikeså og gav dei sigaretten, for eg visste at dei var så tobakkgalne. Då delte Per og Petter han i to, og røykte så hjerteleg godt.

Sidan såg eg at den tyske arkeologen hadde spatt om grastorva innåt ein gravhaug på Sveta sin eigendom.

- Ein kveld kom to tyskarar inn til oss. Dei såg rundt i stova, lukte opp ei dør i kjøkkenbenken og kikte inn, var på loftet og såg inn i soveromet, men dei læsta ikkje sjå mørkeromet over soveromet. Dei synte oss bajonetten, det var våpen dei leitte etter. Så gjekk dei inn til Helena som var noko sjukleg og sat i senga. Eg sa til henne at no kjem tyskarane og vil leita etter våpen hjå deg.

«Ja, bara lat dei leita, dei finn'e mykje» sa ho, ho aldri såg på dei.

Då dei såg at det bare var ei gamal kjerring som ikkje var redd dei, gjekk dei bare ut att.

- Siste krigsåra kom tyskarane tidt kjørande som ein karavane med nokre store bryggjehestar på kanonar og alle slags jernvogner. Alltid stanste dei i tett bebyggelse, for det var tryggare for bombefly. Ein gong stanste dei hjå Nikolai Vikeså. Heile gardsplassen var aldeles full av hestar, kjøregreier og tyskarar mellom det gamle lensmannshuset og Malliløa. Eg tregar på det den dag i dag at eg ikkje lurde

meg til å fotografera det, men eg vågte ikkje.



Løa til Eivind Sveta. Bare murane står att.

- Det var fælt den morgonen då tyskarane brende løa hans Eivind Sveta. Det krek av tyskarar alle stader. Eg skulte på Vikeså den dagen og måtte syna fram passet mitt eit par gonger før eg nådde skulehuset. Det var uro og roping og kjøring med bilar. Og me såg koss løa på Litla-Sveta brann. Dagen etter sykla eg om Litla-Sveta til Ognedal. Då rauk det ennå i branntomta. Då trefte eg Mally, mor til Eivind, ho stod attmed branntomta og gret.

- Då Ommund og Inge vart arresterte, var Bernhard på Bryne meieri. Han fekk no permisjon og flytte heim og tok over gardsdrifta. Dei hadde Reidar Ommedal til dreng. Solveig Hellvik på Stødlen hadde tidlegare vore tenestjente på Hetland, no var ho på Finnøy husmorskule. Ho og Inge fylgdest i den tida. No bad mor meg om å skriva til henne og fortelja om den tragiske hendinga og beda henne koma heim

til Hetland. Då slutta ho skulen og kom heim.

- Litle julaftan skulle Lars, bror til Marta, gifta seg med Magnhild Høyland i Nærbø. Folka hans Lars på Skjæveland og Vikeså fylgde rutebilen til Sandnes, der i frå fylgde me ein bil til Høyland. Bryllaupet var som vanleg med dans og fyll og maten var så toleg om han var noko svart.

Bernhard hadde spurt meg om eg kunne få tak i Hilleborg, kona hans, og be henne fylgja oss heim att or bryllaupet. Eg sykla då alt til Bryne og sa at i morgon skulle me få fylgja ein tysk bil til Sandnes og me skulle vera på Bryne eit visst klokkeslett. Dagen etter var det julaftan.

Men me kom ikkje i veg før lenge etter avtalt tid. Og då me kom til Bryne, hadde Hilleborg med den litle Liv, stade i to timar og venta på oss. Så kom me til Sandnes og ville fylgja rutebilen heim, men no viste det seg at han gjekk ikkje på julaftan. Der stod me.

Me gjekk inn til Kåre Vatne som heldt nattevakt i Øglænd forretning. Han var gift med Henny, dotter til Karl smed på Vikeså og var søskenbarnet til Marta. Der ringde me til Torleif Hølland på Vikeså om han kunne koma og henta oss med treknottbilen sin. Men det var ventande at han sytte med å bryta opp frå juleselskapet.

«Eg skal skjøna på deg med ein sauaskrott» sa Elling.

Jau, då lova han å koma. Og såleis kom me heim. Det var Alma Odberg, jenta hjå Per Vikeså som såg etter Anna og Per mens me var borte. Ho låg i Marta si seng og sov då me kom, så Marta la seg bare i ei onnor seng, men eg la meg i mi seng attmed Alma. Enn dei augene ho sette på meg med same ho vakna, men så smilte ho.

Dagen etter sykla Hilleborg med Liv på baksetet til

Hetland. No spurde Bernhard om eg ville stella på Hetland 2-3 dagar ved nyttår mens han fylgde Hilleborg heim til Bryne. Reidar og Solveig hadde no fri i juletida. Eg sykla då ut og tok over alt stellet på garden, mjølka, stelte kyrne og hestane og jaga sauene åt marka og fekk dei heim att, og eg såg om el-verket. Det gjekk i eitt frå morgon til kvelds. Likevel fekk eg tid til å skruva i hop to sunde sykklar til ein heil brukande.

Jau, det var bare eg og mor som var heime. Såleis feira eg nyttårskvelden 1944. Eit par dagar etter då skulen skulle ta til att, kom Bernhard og løyste meg av.

- Med same kan eg nemna at det verste var sykledekka. Det var nokre svarte surregat-ringar som lukta som tjøra og som kvar stunda gjekk sund med utståande bullar. Eg hadde slangen halvt pumpa og batt ståltråd kring bullane og pumpa opp. Då heldt det ei stund, men det klakka ustanselig i vegen når eg sykla. Ei stund hadde eg ei pølse av tøy i staden for slange og felg og batt til tett i tett med ståltråd.

Men nokre veker etter fekk me bod om at Johan på Klepp var død. Då sykla eg til Hetland og eg og Bernhard reiste til likferda. Me kom til Bryne, og eg og Bernhard, Aaslaug og Hilleborg vabde i blaut snø til Klepp st.

- I krigsboka s.59 har eg skrive om då eg fekk illegalt skrift av Erling Opdal.

Eg og Bernhard reiste med toget til Hellvik og gjekk langs Ryggene. Det var på Stavaland eg trødde ned i eit surpehol og skitna ut skriftene. Då eg hadde fenge mat heime på Hetland sykla eg til Vikeså der eg vaska og turka parolane. Og tidleg neste morgon var det å koma seg inn i

skulestova. Det er løye at helsa heldt.

- Gjennom skuleglaset på Ognedal kunne eg sjå alle husa i arbeidsleiren på Eikeland. Ein morgon eg kom, var husa borte, det bare rauk i ruinane. Kva var det som no var hendt, tenkte eg. (Krigsboka s.150)

- Ein kveld eg overnatta hjå Ommund Slettabø, ringde Marta og fortalde at Tønnes var død i Tyskland. Den kvelden låg eg på divanen deira i stova og tenkte, eg greidde ikkje snakka. Ommund låg sjuk på Grini, Inge hadde me ingen ting høyrte om sidan dei tok han, og no var Tønnes død.

- Men endeleg lysna det. Mot våren kom det melding om at Hitler var død, men samtidig sa dei i meldinga at tyskarane ville kjempa til siste mann og vinna til slutt, og frå England fekk me vita at no var Tyskland grapsa og at russarane og engelskmennene tok kveletak på landet.

Eg minnest ein søndag eg var klokkar på Ivesdal, då tenkte eg på koss tru det ser ut i Norge neste gongen eg sit her i klokkarstolen.

I den tida heldt eg på å leggja sementrørar for regnvatnet langs med vegen i hagen på Tenjevollen. Og kvar dag gjekk ein tyskar forbi meg til Jonas i Myra. Ikkje helste han på meg og ikkje eg på han. Men ein ettermiddag eg stod der og grov, såg han på meg og smilte. Kva er det no? tenkte eg.

Eg såg heim. Då såg eg det norske flagget til topps hjå Johan Vasbø. Med ein gong kasta eg spada og sprang heim. Og no vart det glede. Same kvelden var eg med og delte ut radioane. Men me fekk ikkje låt i vår radio, så me fekk ingen ting høyra den kvelden, men dagen etter kom Magnus

Ødegård og fekk han i stand.

Om morgonen sykla eg til Ognedal, då song me "Gud signe vårt dyre fedreland" og ønskte kvarandre tilukke med freden. Eg hadde bare skult ein time, då kom Lotte Ognedal springande og sa at det hadde kome melding om at alle skulane skulle stengjast i dag. Då reiste me heim att med ein gong.

Heime trefte eg Jonas Vaule og andre rømingar. Ein ettermiddag hadde eg eit ærend inne i telefonsentralen. Då sa dei at det nettopp då hadde kome telefon frå Arne, bror min, at alle arresterte fangane frå Bjerkreim kom heim att. Då eg kom ut, trefte eg Arne Gjedrem og sa det. Han svarde ingen ting, det bare bivra om munnen hans, og så gret han. Og då måtte eg óg gråta.

«*Jaså*» var alt han kunne seie.

Men det er ufatteleg så fort det spurdest over bygda at alle kom heim att.

Så kom dagen då krigsfangane kom att, som er skildra i krigsboka s.159. Då fangane kom ut av toget på Klungland, fór eg inn i toget og leitte opp Inge og sa at han måtte koma ut no og fylgja til Bjerkreim, for han ville fylgja til Egersund. Solveig hadde sykla til Klungland, og no fekk ho fylgja Inge i bilen og eg sykla etter med sykkelen hennar til Bjerkreim. Dei kjørte Inge og Solveig til Hetland og eg sykla etter. Men eg har gløymt koss eg same kvelden kom heim att til Vikeså.

- Ommund var så helseveig då han kom ut frå Grini at han stanste nokre veker hjå Arne. Den 17. mai fekk han sitja på ærestribune i Karl Johans gata og sjå på det jublande 17. mai toget.

Då det kom melding om at han skulle koma heim, fylgde eg ein bjerkreimobil til Eie som skulle kjøra han heim. Det var fælt så vondt han hadde fare. Han var heilt tannlaus og turr med store utståande auge, slunkjen i klede og hadde ein kryl i nakken. Men han bestna fort til då han fekk kvila og få nok mat.

Til Bjerkreim skulestyre.

Jeg fastholder mitt standpunkt mot medlem-
skap i Norges Lærersamband. Jeg har hele tiden
vært villig til å undervise og har nå igjen opp-
tatt mitt arbeid.

Vikeså 11/5 - 1942

Jørgen Skjaveland
Vikeså.

Ein vitnar med dette at denne frå-
segna er sendt Kyrkje- og Undervisningslege.

Bjerkreim Skulestyre 19 mai 1942

Trygve T. Fuglestad

Sendt inn etter eg kom heim frå arresten etter pålegg frå lærarfronten.

Jørgen Skjæveland har innlevert et radioapparat hertil.

Bjerkreim lensmannskontor, 7. august 1941.

Ketil Gjødrem

Jørgen Skjæveland som har denne setel er beordret til borgervakt ved Bjerkreim bru den 19/12 43.

Bjerkreim lensmannsktr. 18/12 43.

Ketil Gjødrem
Ketil Gjødrem.

F.N.S.M.

Jørgen Skjæveland som har denne setel er beordret til borgervakt ved Bjerkreim bro den 19/12 43

Bjerkreim lensmannsktr. 18/12 43
Ketil Gjødrem

Borna våre.

Anna, Per og Bodil

- No vil eg fortelja litt om borna våre då dei var små.
- Då Anna var ganske liten kom Inge til oss, og Anna gav han ein blyant og papir, han skulle teikna.

«Teina floge» sa Anna.

Inge tok blyanten og snudde han den galne enden mot papiret og fekk det ikkje til å leta. Anna sa ingen ting, ho tok bare blyanten frå han og snudde han den rette vegen og gav han tilbake. Og Inge teikna fluger og sidan ein kopp.

«Kå er dette?» spurde han.

«*Potto*» svarde Anna.

- Dei første åra hennar levde ho i krigstida. Ein gong var ho med til Sandnes, då fekk ho ein liten speledåse som ho gjekk og sveivde på og spelte i gatene, og folk snudde seg og smilte. Så gjekk det ein tyskar forbi.

«*Stygg'e tysger!*» sa ho høgt med same.

- Ein gong ville ho fylgja meg til kyrkja då eg var klokkar.

«*Koffø vil du det?*» spurde eg.

«*Nei, eg vil bara vera med*» sa ho.

«*Eg trur me går te Klaus*» sa ho då me kom til Bjerkreim.

«*Kå er det du vil han?*»

«*Inkje noge, me ska bara gå inn*» sa ho.

Me bankte på døra og Selma kom ut.

«*Er Synnøva inne?*» spurde Anna.

Det var det ho ville. Klaus Bjerkreim med familie hadde nemleg vore hjå oss ein søndag, og då vart Anna så godt tilvens med ei lita jente deira som heitte Synnøva. Og no ville Anna vera hjå henne mens eg var i kyrkja. Men Synnøva var reist bort, så Anna måtte fylgja meg til kyrkja og sitja attmed meg i klokkarstolen. Og sidan var Synnøva gløymt.

- Då Marta skulle få Per og kjørte i veg, sykla eg med Anna ut til Hetland. I Svelalia utvida dei vegen og der låg nokre smale skinner grustrallene gjekk på.

«*Dør går togjæ*» sa Anna.

- Då Per var liten, fekk han ein stygg svull i ryggen. Ei natt var han så sjuk at me ikkje vågte venta til morgon, me fekk tak i ein bil og kjørte til Egersund sykehus, der me ville



leggja han inn. Men då ei sjukesøster såg på svullen, hadde det gjenge hol på han, ho fetla det og me kunne kjøra heim att.

- Så fekk han strålesopp så han hovna så opp under

haka. Me måtte då leggja han inn på Rogaland sjukehus. Han stod naken i eit tomt badekar, og doktoren heldt munnen hans oppe og grov med pinsett ned i halsen hans. Då beit han til doktoren i fingeren så han blødde. Då tok doktoren ei tong og heldt munnen hans oppe og låste fast tonga så ikkje Per greidde bita att, og så tok doktoren opp noko slim or halsen hans. Å hjelpe meg så Per skreik, me måtte murhalda han.

Så vart han lagt inn. Kva dei gjorde med han veit me ikkje, men han fekk penselin. Per er den andre i Bjerkreim som har fenge penselin. Per låg på sjukehuset ei veker tid, så kom han frisk heim att. Dei hadde ikkje operert han.

- Då han var 3-4 år gamal, var han med til Karl på Klepp. Me var på stasjonen der han fekk sjå det store damplokomotivet. Det var svære greier. Då lokomotivet begynte å gå, sprang han tett attmed. Dei tykte visst at han sprang for nær, for det såg ut som dei med vilje sende ei lita dampstråle på han for å jaga han vekk.

- Ein dag fann eg minst 20 spikrar bankt heilt under i hoggestabben. Eg visste godt kven det var som hadde gjort dette. Eg mågge hogga vekk treet kring spikrane med eit hoggjern for å få tak i dei med klypetonga.

- Så borde han hol i den tynne bordveggen som snudde mot Georg Fuglestad for å kika på Klara som gjekk uti garden og snakke høgt med seg sjølv.

- Tønnes Vikeså hadde ein grisunge som heldt på å liggja daud. Då fekk Per lov å stella med han, han rende i han mjølk blanda med vatn til grisungen bestna til att og vart frisk.

- Men det var verre med Bodil. Då ho var eit halvt år

gamal, vart ho sjuk, ho torde ikkje feittet i mjølka og bare kasta opp og minka bort, så ho måtte leggjast inn på Rogaland sjukehus. Dei sa frå at me måtte døypa henne før dei tok mot henne, så ho vart døypt heime av lærar Aure, dåpsvitna var me foreldre og Rut Skreå som då var jenta hjå oss.

Men dei greidde ikkje lege henne i Stavanger, me fekk bod om å koma og sjå om henne, og der sat ho som ei lita dokke i eit glasbur. Så tok barnelege fru Larsen henne med i fly til Rikshospitalet i Oslo. Der såg Arne og Erna om henne og me fekk melding frå hospitalet om at ho bestna.

Etter jul vart ho utskriven, då tok Erna henne til seg til me kom og henta henne heim. Då kjende ho ikkje att mor si, ho ville vera hjå Erna. Ho hadde vorte stelt av mange og alle godtok ho som mor då dei hadde hatt henne ein dags tid. No fekk me vita at ho hadde hatt både meslingen og kikhoste mens ho var på hospitalet.

Den første tida måtte ho ikkje eta anna enn kjøttkaker laga av lever og så bananer. Per og Anna var på Skjæveland då me var i Oslo. Då dei kom ned att, såg Per ikkje på Bodil, men la med ein gong på alle leikene ho hadde fenge.

Og så vart ho heilt frisk og ei forlevande kåt jente.

- Ho likte så godt å spennast ned av divanen når eg låg på han.

«*Far, er kje du vel trøytte?*» spurde ho så lurt med svarte auge.

«*Jau visst er eg trøytte?*» sa eg.

«*Jamen då må du leggja deg på divanen og prøva å få sova?*» sa ho.

Eg la meg på sida ytst på kanten, og så kom ho

lurande bakom meg, ho hæste høgt så sprengd var ho av lått og sette seg med ryggen mot vegg og føtene sine mot ryggen min. Om litt sette ho i ein liten lått, og så sende ho til, eg i eit fælt skrik og ramla med ein duns i golvet. Enn så hjerteleg ho lo.

«Bare legg deg att, eg skal aldri gjera det meir» sa ho.

Ja, eg la meg på nytt og ho vølte seg til, og så sende ho att så eg galskreik og ramla på golvet att. Dette gjorde ho gong på gong lenge.

- Ein vinterkveld var det basar på Vikeså.

«Eg vil gå bort til bedehuset og sjå om eg kan finna noko pengar dei kan ha mista» sa ho morgonen etter.

Så leitte ho litt i snøen og der fann ho eit pengestykke. Var ho vis?

- Ein annan gong kom ho heim frå ein basar med ei stor dokke, då var ho glad.

Interesselag og tillitsverv.

- No må eg til med eit langt avsnitt om interesselag eg var medlem i og ymse tillitsverv eg vart pålagt.

- Då eg og Marta flytte til Vikeså, var der eit fråhaldslag av ungdomar som hadde møta i skulehuset, og då ville dei ha meg med, og eg var nauten nok å skriva meg inn. Og så vart eg vald til formann med ein gong. Og der sat eg i fella.

- No laga me til eit songkor og eg vart dirigent. No hadde indremisjonen den hausten bygt eit bedehus, men dei hadde ikkje orgel, men eg hadde eit gamalt, og så vart me enige om at dei skulle få bruka det på møta viss me fekk sleppa inn og øva inn korsongane.

Og me øvde inn mange. Siste verset av "Gud signe vårt dyre fedreland" song me slik: "Snart er det i Noreg atter dag", for dette var i den hardaste krigstida. Andre songar var: "Dold mellan fururna", "Glad Jul", "Fager kveldsol smiler", "Aften er stille", "Hvilken venn vi har i Jesus", "Brede seil over Nordsjø gå", "Store klokker seier tikk, takk".

Dei som var med i koret var Otto Hegelstad og Margit, søster hans, Magna Birkeland på Litla-Svela, Sven, Inga og Olaug Vikeså, Georg Fuglestad og Roska på meieriet. Inga var ein fin sopran, det var ho som heldt oppe songen. Men dei siste åra gjekk laget tilbake.

Då me song "Hvilken venn vi har i Jesus", vart det leven. Det var bespottelig og ei fæl synd at ugudelege folk stod og song om at dei elska Jesus. Ja, ei kone sa ut at ho heller ville sjå son sin liggjande full i vegveita enn at han

skulle skriva seg inn i dette ugudelege laget.

Nokre av medlemene slutta og reiste bort og tyskarane romsterte i Bjerkreim så det var vanskeleg å ha møte. På siste møtet møtte bare tri medlemmer, og så sovna laget inn for godt.

- Men no kunne dei fråhaldsinteresserte skriva seg direkte inn i DNT av Rogaland, og eg vart vald til å samla medlemmer. Eg fekk snart med Torkel Birkrem på Fjermedal. Ein dag såg eg han sat i det gamle heradshuset. Eg gjekk inn for å få medlemspengane av han. Då var det formannskapet som sat der. Men eg la lista fram til han og han betalte.

«*Kva er dette?*» spurde Arne Gjedrem.

Så fekk han lista, og utan å seie eit ord, skreiv han namnet sitt og Gudrun, kona hans, sitt namn, og sende lista til Torvald Austrumdal.

«*Skriv*» sa han bare, og Torvald skreiv namnet sitt.

Eg var glad då eg kom ut att, her hadde eg fenge med tri av Bjerkreims beste menn.

Så ein dag eg fylgde bussen til Egersund og han stanste på Bjerkreim, kom Reidar Apeland inn og baud seg til å samla medlemmer i Bjerkreims krinsen. Det var vel i 1947. Og det er gutten som har vore trugen i tenesta. Han har halde på til i dag og samla inn medlemspengar frå omlag 70 medlemmer.

Døtrene til Sven og Ruth Ognedal fekk tak i nokre medlemmer på Torveheia, og eg fekk nokre kring Vikeså, så i alle desse åra har me hatt kring 100 medlemmer i Bjerkreim.

I 1984 vart eg trøytt av å sykla rundt å krevja inn pengane, noko eg alltid sytte så med. Då bad eg meg fri, for då hadde eg halde på i kring 37 år.

- Ein sommar var det ein svær minnefest i Stavanger då DNT hadde 100 års høgtid som varde i fleire dagar. Då kom det utsendingar frå heile landet, og eg vart innbeden. Eg overnatta då hjå Arne Skjæveland, bror til Marta, han arbeidde då på eit snikkerverkstad. På møtet møtte det fram ein frå England som ikkje skjønnte norsk, så han hadde tolk då han talte. Før han talte, sa møteleidaren at me skulle syngja "Gud signe Norigs land".

*«Han trur då at me syng den engelske fedrelands-
sungen omsett til norsk, for det er same tonen»* sa leidaren.

Og me reiste oss og song og han stod så andektig i givaktstilling og trudde me song fedrelandssongen hans.

Ein kveld reiste me med to store båtar inn Ryfylkefjordane. Mellom to øyar la båtane seg roleg tett attmed kvarandre og Lars Ramndal heldt foredrag.

*«No er me på grensa mellom dei harde og blaute
konsonantane»* sa han. (båt-båd, gap-gab, ropa-roba)

Men straumen dreiv båtane frå kvarandre så me som var i den andre båten fekk ikkje høyra alt.

Om søndagen kom Einar Gerhardsen og heldt foredrag på Vaulen. Då var han ung og spretten.

- 10 år etter var det minnefest att i Stavanger for DNT. Då sykla tri karar alt frå Finland og sør langs heile Norge til Oslo og vidare gjennom Sørlandet til Stavanger med ei budstikke. Det var faste stader dei overnatta, og eg skulle ta mot dei ein kveld og gje dei husrom for natta. Eg sykla mot dei til Svelaodden der eg venta til dei kom. Men bare ein av dei kunne svensk, så mykje me kunne skjønna kvarandre.

Enn så trøytt og svoltne dei var. Det løgnaste var at

alle tri åt med keivo. Då dei hadde ete, bad dei om å få “tvætta” seg, og så gjekk dei til sengs med ein gong. Dei to låg hjå oss, den tredje hjå Georg Fuglestad. Morgonen etter fylgde eg dei opp til Storrsheia og viste dei vegen til Stavanger. Då var det den gamle vegen opp Trollshau-bakkane og Runarskaret.

- Så vart eg og Gudrun Gjedrem valde inn i edruskapsnemnda. Det var Gudrun som stod for det. Kvart år vart me innkalla til årsmøte i Stavanger, der me høyrde på trøyttande foredrag og fekk orientering om fråhaldsarbeidet. Ein gong vart eg sitjande attmed ein journalist frå Stavanger Aftenblad. Då me song, flytte han seg inntil meg og song saman med meg i boka eg heldt. Eg undrast litt på dette, men sidan fekk eg vita at det var forfattar Alfred Hauge.

- Så vart eg vald som formann i edruskapsnemnda, og då fekk eg ein skiten jobb. Eg måtte gå til fydlebøttene som låg og bølde i senga og snakka dei tilrettes og minna dei om at me var nøydde til å tvangsinnleggja dei på ein kurheim viss dei ikkje no tok til vitet. Som lukka var, slapp me gjera det.

- Ein gong etter krigen vart det skipa til eit mållag på Vikeså. Dei tri brørne Georg, Ivar og Trygve Fuglestad var ivrigaste målmenn og Trygve vart formann. Han passa på at dei brukte nynorsk i alle kommunale styre og kontor, og så sa han frå så snart nokon braut vedtaket. Me fekk føra inn nynorsk salmebok i kyrkja, men me venta med å føra inn nynorsk liturgi i kyrkja, for presten var så mot nynorsk og måtte snart slutta likevel.

Men alle mållaga i Dalane arbeidde tungt og hadde lite tilslutning. Derfor slo alle mållaga seg saman til eit stort

Dalane mållag, der Olav Heskestad var formann i mange år og Trygve Fuglestad eit par år. Eg vart vald frå Bjerkreim til å vera med i Egersund og arbeida ut retningsliner for laget. Då sykla eg etter skuletida til byen og saman med prest Guttorm Kalhovden i Egersund, Olav Heskestad, Amandius Skåra, ein lærar frå Eigerøy og andre laga me til eit framlegg som vart godteke då laget vart stifta. Sidan har laget vore på vakt mot riksmålsframstøyt.

Då prest Uhl slutta, fekk me ein nynorsk prest i kyrkja, Th. Hovda, og då vart nynorsk liturgi ført inn i kyrkja i Bjerkreim.

Årsmøta har vore dei fleste gongane i Egersund og tri gonger i Bjerkreim. Ein gong hadde me møte på Bjerkreim, då kom det uvanleg mykje folk, men det var ikkje interesse for målsaka som lokka folk fram, det var Ragnvald Skjærpe som skulle halda kåseri. Elles har me vore i Sokndal, Helleland, på Moi, og eit par gonger i Heskestad. Ein gong der var det dotter til Hans Seland, "Gullsko" som styrde møtet.

- Eg har alltid hatt interesse for alt gamalt. Derfor var det rimeleg at eg melde meg inn som medlem i Stavanger Arkeologiske forening. Kvart år har me hatt synfaring og sett på gamle gardsanlegg, gravhaugar og andre minnesmerke frå forntida i Rogaland. No er det uråd å minnast kvar me var kvar gong og kva årstal det var, så dette vert bare ei opprekning.

Den første staden eg var med på, var i Tananger og Sola. Der såg me på helleristningar, og ein stad var ein gravhaug opna, så me kunne krypa inn og sjå gravromet.

Ein gong var me i Varhaug og såg på gardstunet

Laksaren. Husa hadde lege som ein krans om eit sams gardstun. Då var Jan Pedersen med, det var siste gongen eg såg han.

I Nærbo nedanfor prestegarden, var me nede med sjøen og såg mange gravhaugar som var båtforma, trikanta eller runde.

- Det var sommaren 1939, då var eg og Marta ein søndag hjå Karl på Klepp. Då tok me oss ein tur til Vistehola. Inni hola, lenger oppe i eit skråfjell låg ei mengd med småsteinar, og der fann eg ein stein som var lik ein tjukk pinne på lag. Han var laga slik at han var god å halda i handa, og nedste enden var tvers av med eit lite søkk i midten under. Det viste at det var ein stein dei hadde brukt til å banka sund neter med. Eg viste han fram til museet i Stavanger for å bevisa at villmennene i Vistehola samla neter. Men museet åtte alt me finn av oldsaker, så eg måtte levera han. Men det viser sidan at dei ikkje hadde lagt han saman med det andre dei hadde funne i hola.

- Ein sommar reiste eg til Karl på Klepp og Per kjørte oss til Tinghaug ved Bryne. Der kom så mange arkeolog interesserte, der er Krosshaugen, ein stor gravhaug med ein steinkross oppå. Me granska hustuftene på Dysjane som ligg likt hustuftene på Leksaren ved Varhaug. Etterpå kjørte me til Lyngaland på Seland attmed Undheim, der er to hustufter, det eine er 64 m langt. Så fylgde eg Arvid Midtbrød til Ognad der me treffe Arne Skjølsvold, han granska då tri bustader som låg oppå kvarandre i sanden på Slettabø attmed sjøen.

- Ein sommar var eg og Børge Ødegård med til Ullandhaug og såg det første vikinghuset dei hadde bygt. Etterpå var me i Stavanger Museum og såg ei utstilling av

gamle verdifulle ting dei hadde funne i gravhaugar og hustuffer.

- Ein gong var me på Sviland, eller kvar det no var, og såg på ein stor stein som ligg oppå tri mindre steinar oppå ein bergtopp.

- Så var me ein sommar alt inni Riskakvervo og gjekk i hedleregn langt over dalar og høgdedrag til me kom oppå eit fjell med ei lang, ennå godt bevart bygdeborg. Så gjekk me oppå høgaste toppen der me kunne sjå utover heile Riskakvervo og alt inn til Stavanger, fortalde dei, for me såg bare gråe skodda og ingen ting anna. Til slutt kjørte me tri karar, søkkblaute i føtene, inn til Stavanger og fann fram til eit gamalt gardsanlegg ein stad attmed Vålandstårnet.

- Og ein gong kjørte me til Rossland i Sokndal og såg på eit offerbord oppå ein berghaug. Det er ein lang flat stein som ligg oppå to andre. Oppå dette altarbordet ofra dei gamle vikingane dyr og trælur til gudane sine. Attmed har det stade ein blodbolle av stein dei hadde blodet i. Den bollen er no på Dalane Folkemuseum. Det skrånar lett opp til offerstaden, men på den andre sida er det bratt og ei steinur under, og der fann dei ein gong eit steinhoved, Rosslandsguden, som no er på Dalane Folkemuseum.

Me var innom sjølv Rosslandsgarden. Husa står på eit flatt svaberg og i berget var det små offerskåler dei ofra smør i til sola, trur arkeologane. Me var óg uti utmarka og såg på ein høg stein dei kallar Kjerringjæ, dei trur det er folk som har reist han opp. Så kjørte me til Heskestad og stanste på Eikeland og studerte eit gamalt gardsanlegg der. Så kjørte me over Hetlandsheia til museet på Slettebø og såg blodbollen og den naselause Rosslandsguden.

- Ein sommar var det Bjerkreim sin tur. Eg drog sykkelen opp til Storrsheia der eg trefte dei interesserte, og me granska hustuftene. Då me var på feltet nedmed åna, kom ein stut og stod eit stykke i frå og bølde til kvart Møllerop forklarte. Eg skræmte han då bort med paraplyen. Seinare fekk eg høyra at folk hadde lege på lur og sett kva eg gjorde.

Så kjørte me til Lakssvela for å sjå utpå Kolesheia, eg hadde med sykkelen på bussen. Me stanste ved det første huset på Lakssvela og fekk oss mat. Somme gjekk inn i fjoset eit ærend for seg sjølv og somme dreiv rundt mellom husa og såg seg om, men me såg ikkje eit levande menneske nokon stad.

Så kjørte me opp til Lakssvela og ut til Kolesheia. Me såg ikkje folk nokon stad der heller, ikkje så mykje som forvitne ungar. Men sidan fekk eg vita at dei hadde lege og kika på desse galne folka som fór og snusa ikring, og dei hadde sett meg mellom dei.

På Kolesheia var det fleire hustufter og kanskje opp i mot 60 gravhaugar og rudningsrøysar, og endå fleire av dette har nok kome bort då garden vart dyrka på nytt. Vegen til gards går gjennom dette feltet og ein stad skjer han seg tvers gjennom ei lang hustuft så me ser noko av henne på begge sidene av vegen.

Så ville dei andre til Dalane Folkemuseum. Eg fylgde med til Bjerkreimsbrua. Der sa eg farvel og sykla heim til Vikeså.

- Ytst på Eigerøya var der merke etter ein eldgamal busetnad alt frå steinalderen. Men no ville Kverner byggja eit fabrikk-kompleks der ute. Då måtte arkeologane granska

staden før alt vart øydelagt. Den sommaren hadde me synfaring der, og eg og Per Espedal kjørte ned. Me fann nokre gamle merke og haugar, men området var så vida at dei bare tok nokre stikkprøver og garnska dette og let resten gå under gravemaskinane.

- Ein dag kjørte Per, son min, meg til Lomeland i Helleland og snudde så heim att. Me såg då på ein øydegard som heiter Mauraland. Så kjørte me til ein gard øvst i Heskestad og såg på ei bygdeborg. Og så fylgde eg ein Stavangerbuss til Vikeså.

- Då vegen til Ørsdalen var ferdig, tok me turen dit. Eg og Marta og Per fylgde då Amandius Skåra (Feil, Per fylgde bussen frå Ålgård til Ørsdalen og tilbake). Men me var uheldige, for det regna surt heile tida. Først var me inni tunnelane i Gudlen på Hovland der dei hadde skote fram molubdæn. Så såg me på øydegarden Rettveit tett attmed gravplassen på Hovland, og etterpå såg me på nokre gravhaugar i ein skoglund på Vassbø attmed vatnet.

- Men eg har óg vore åleine eller saman med andre og sett på arkeologiske ting. Då Anna og Olav budde ved Skjoldastraumen, såg eg på nokre merkelege bautasteinar på Erland, ikkje langt frå Skjoldastraumen. Eg kom fram til garden og spurde etter desse steinane og treffe ei kone, men ho såg mistenkt på meg. Men då eg sa at eg var svigerfar til handelsbestyraren, vart det likare. Ein stor jentunge skulle fylgja meg og visa meg steinane, men det var ikkje vært at eg fylgde jenta åleine, så ein mindre gut skulle fylgja med. Mest tett attmed husa var ein stutt dal med flat turr grasbotn og berg på sidene, og der stod to rekker med ½ m høge bautasteinar, nokre stig mellom kvar stein. Merkeleg.

- Ein gong nemnde Børge Ødegård Riblandsdalen i Holmen. Men då vart eg i farten. Her er ein øydegard som ingen veit om. Og eg fekk ikkje fred i sjela før eg hadde funne garden.

Eg sykla til Holmen og spurde etter Riblandsdalen, og dei viset meg opp vegen til Kleppali. Eg kom til ei blaut myr der det renn ein bekk. Her oppe fann eg ei inngjerda lega, men ikkje merke etter noko gard. Då såg eg det gjekk ein gamal bratt sledeveg opp til ei lita myr der det rann ein liten bekk, og i bakken på sørsida av bekken, fann eg nokre låge rudningsrøysar.

Eg leitte lenge vida i kring etter hustuffer, men måtte gje opp. Men så gjekk eg over bekken og leitte der, og der fann eg ei hustuft og nokre steinhaugar. Oppå fjellet mot Riblandsdalen var der vida og flatt med lyng, og der låg nokre flate steindungar. Her hadde eg funne Riblandsgarden. Eg melde frå til Stavanger Museum, og dei førde det inn i registra si.

- Ein dag kom Bernhard som var på Undheim og Roald Undheim og ein sjåfør til meg og fekk meg med på ei granskingsferd. Me kjørte til Varp og gjekk ned Varpadalen mot Tengesdalsmarka. Me var oppå Varpasletto ovanfor Timrevik i Storavatnet og såg om der var nokon øydegard. Me fann nokre små steindungar, men ikkje teikn til nokon øydegard. Det var vel nokre steindungar dei i si tid hadde kasta i hop for å slå lyng.

Men me fann ein stein som var sprengt i filler som eit mineskot. Det var nok lynet som hadde funne gleda i å gjera slikt. Ned i enden på Varpadalen fann me ei merkeleg hole midt i flate dalen, det var kanskje ei gamal ulvegrav. Så

gjekk me ned til Stavaland ved Eikesvatnet, der fann me rudningsrøysar, men ikkje merke etter noko hus. Me gjekk opp Engjadalen og såg på Trollhauane, nokre garvhaugar på Auglen oppover Vodl, og så gjekk me heim til Hetland. Sjøføren hadde kjørt rundt frå Varp til Hetland.

- Eg såg ein gong i eit blad at på Ualand i Oгна ligg ein øydegard som heiter Øygard. Segna fortel at garden vart lagt øyde etter svartedauden. I bladet var det bilete av folket på Ualand som stod attmed ein bautastein på øydegarden. Bernhard og Roald vart interesserte i dette, og ein dag kom dei, og me kjørte til Ualand. Då var garden frå flytta og folketom. Me tarnsla lenge rundt markene, men fann ikkje garden. Då hadde Bernhard fenge dødsjukdomen sin, og eg såg han gjekk seint og måtte gje opp.

Ei tid etter då han ikkje var meir, trefte eg ei gamal kone frå Ualand. Ho sa nøye kor garden ligg i nord for heimegarden attmed ei tjørn oppunder ein rund ås. Eg skreiv dette til Roald Undheim, og ein dag kom han og ein annan, og andre gongen kjørte me til Ualand.

Me fann snart tjørna, men det var verre å finna garden, for der vaks tett eikekratt oppetter berga. Men inni tett kratt fann me 2-3 låge oppreiste steinar og andre merke etter bustad. Det viste at steinane var truleg endesteinar på ei hustuft eller ein flat gravhaug. Men det var så tett med skog at me fekk ikkje noko oversyn over lendet. På heimvegen gjekk me opp til Ribland i Holmen, dei ville sjå den gamle garden oppå fjellet.

- I Grastjørna langt nord i Hetlandsfjellet, stikk ein tange ut i tjørna. På den ligg ein stor flat dunge med halvstore steinar. Det er truleg ein gravhaug. Me veit at når

ein hovding drukna og dei ikkje fann han att, bygde dei ein gravhaug så nær vatnet dei kunne koma så sjela hans skulle flytta inn i haugen. Bestefar fortalde at då han var liten og gjætte, kasta dei steinar frå denne haugen ut i tjørna.

Ein varm sommardag gjekk eg og Inge, Per og Maria på Klepp dit og studerte dette. Per fotograferte haugen og tangen, og eg sende melding om dette saman med fotografia til Stavanger Museum, der det vart arkivert.

- I 1982 fann eg ein øydegard så å seie tett attmed der eg bur, ein øydegard som eg ikkje visste noko om, og som museet kanskje hadde freda. Me veit at det budde folk på Hadland sør for Skjæveland til svartedauden, og då vart garden lagt i øyde. Etter den tida har det lege ein liten husgrunn på Hadland med merke etter ein kjellar. Ein dag gjekk eg opp og ville granska dette. Då var der oppdyrka og alt merke etter huset var borte.

Men sør i utmarka, tett inntil den oppdyrka hagen, straks ovanfor den gamle postvegen, fann eg ein øydegard frå folkevandringstida med to lange hustuffer, låge gravhaugar og ei mengd med rudningsrøysar, alt inngjerda med eit steingjerde og eit rækje frå det største huset til bumarka utanfor rækjet. Så her har me den verkelege Hadlandsgarden som var busett lenge før kristendomen vart innført. Eg skreiv om dette til Arvid Midbrød, og han melde det inn til Stavanger Museum.

- Det var kring 1920, me heldt på å ta vekk Litlareket som gjekk frå brua over bekken til nedst på øvre Eikebakken. Ennå viser vegen godt ovanfor den store steinen der. Ingard heldt på å kasta nokre steinar som låg inntil gjerdet. Då fann han ein merkeleg stein. Han var

dreidd fint rund som ein avskoren topp. Han var ca. 12 cm høg, grunnflata var ca. 9 cm i diameter og toppflata ca. 6 cm. Han var blågrå farga med ørsmå blanke stjerner i steinen, det var vel glimmerprikkar.

Me visste ikkje då at me var plikta til å levera han til museum, så me hadde han bare heime. Ein dag eg og mor var inne åleine, kom ein framand mann eit ærend. Han vart svært begeistra av denne steinen og studerte han lenge.

«Kan eg få den?» spurde han.

«Ja, bara ta han viss du bryr deg om han» sa mor.

Så der miste me ein verdifull stein. Eg har spurt arkeologane om kva steinen har vore brukt til, men dei kunne ikkje svara på det.

- Eg hørde ein gong i radioen museumsdirektør Jan Pedersen held eit kåseri om bygdeborger. Då sa han at det var ikkje bygdeborger i Bjerkreim. Då skreiv eg til museet i Stavanger og sa frå at på Litlaberg på Tengesdal i Bjerkreim var ei tydeleg bygdeborg.

Det gjekk fleire år, då kom Oddmund Møllerup frå Stavanger Museum og ville eg skulle visa han bygdeborga. Men først kjørte me til Fuglestad der Torkel Tomassen viste oss ein hedler som heiter Gubbehedleren, han ligg attmed den gamle postvegen. Golvet er steinlagt med flate steinar så det syner at der har butt folk for lenge sidan. Så kjørte me til Tengesdal og eg fylgde han oppå berget.

«Jo, dette er tydeleg ei bygdeborg» sa han med same.

Oppå berget låg det ennå nokre nevestore steinar dei verja seg med når fienden kom. Me gjekk oppå høgaste kanten og fekk eit herleg utsyn over heile Tengesdal. Han fotograferte garden frå berget og Litlaberg då me kom ned

i dalen. Så kjørte me til Egersund der han spanderte mat på meg. Og så kjørte han heim att til Stavanger om Vikeså.

- Fjellet sør for Saglandsbakkane, heiter Borgåsen. Namnet tyder at der har vore ei bygdeborg. Men det syner lite att av muren no, bare nokre store steinar som ligg etter kvarandre på fjellkanten.

- Langs åkanten på Vinningland ligg det 8-10 store avlange steinar i ei rekkje, 2-3 m mellom kvar stein. Det er truleg at dei frå først av stod oppreiste, likt bautasteinane på Erland ved Skjoldastraumen, og det har kanskje hatt noko med den gamle gudedyrkinga å gjera. Men sidan vart dei velta ned. Tru, dette vart gjort då dei på Vinningland måtte ta mot kristendomen?

- Ein gong vart eg og Torvald Austrumdal bedne inn til Stavanger Museum til eit stort minnehøgtid. Me var først inne i museet der me vart orienterte om arkeologiske ting.

- Men no vil eg først fortelja noko heilt anna. Eg og Torvald gjekk i Kirkegata føre møtet. Då kom det til oss ein tiggjar og spurde Torvald om han kunne få noko pengar.

«Kå skal du med dei?» spurde Torvald.

«Eg er så svolten og eg har ikkje pengar til å kjøpa meg mat» sa han.

«Du får ikkje pengar, men fylg med til Bondeheimen så skal eg kjøpa mat til deg» sa Torvald.

Og så gjekk me alle tri mot Bondeheimen. Men best det var, smatt fanten inn i eit smog mellom to hus.

«Han var nok ikkje svolten, det var nok alkohol han ville ha» sa Torvald.

Om kvelden hadde me ei storsleg samkome. Først dundra eit orkester, og det vart foredrag og helsingar frå

andre museer. Så kom det fram to unge jenter som var kledde i bronsealder-kjolar og dei bles i bronselurane dei fann i Revheimsmyra. Etterpå kom det to sterke mannfolk berande i kvar sin ende på ei mamut-tann. Ho var fleire meter lang. Hjelpe meg, for ei tann. Museet hadde fenge lånt henne frå Oslo.

- I 1942 døydde Karl Laksesvela, og eg var i likferda. Om kvelden hadde dei møte og eg vart sitjande attmed Torvald Austrumdal. Om mens emisæren tala om død og dom, kviskra Torvald til meg:

«Vil du vera bibliotekar i folkeboksamlinga?»

«Ja» kviskra eg med ein gong.

Og dermed var det avgjort, det trongst ikkje noko godkjenning av herradstyret. Det var Bine Vasbø som var bibliotekar då, ho hadde omlag 60 bøker i kjellaren. Det var heile boksamlinga, og no ville ho slutta.

Me sette skåpet inn i det litle lærarromet i skulehuset på Vikeså, og eg tok til med utlån ein time kvar tysdagskveld. Eg hadde ei skrivebok med namnet på lånarane øvst på kvar side til kvar lånar, og så skreiv eg under kva bøker han lånte. Men boktalet auka, og om ei tid sette me inn eit skåp til.

Ein dag kom lærar Fylling frå Bryne til meg, han hadde tilsyn med biblioteka i heile fylket. Han sa at eg måtte begynna med kartotek kort over bøkene, boklista og utlånskort.

No vedtok bibliotekstyret at Harald Laksesvela skulle arbeida 4 borkassar. Og då dei var ferdige, sende me ut ca. 80 bøker i kvar kasse til Johan Vassbø i Ørdsalen, Torkel Røysland og til ungdomshuset på Lutherbakken der Ingvald

Sundvor var utlånar. Sidan var Tor Vassbø og Bjarne Veen utlånarar. Då måtte eg skriva eit ekstra sett kartotek kort som eg sende med bokkassane.

Men boktalet auka så eg og Børge Ødegård laga til bokhyller langs bakveggen i det litle skuleromet i Vikeså skulehus og sette dører for hyllene.

For alt dette arbeidet med boksamlinga fekk eg kr. 40.- for året. På eit styremøte søkte eg om å få kr. 10.- i tillegg på løna. Dette var ei vanskeleg sak, så eg måtte ut mens dei dryfta problemet. Då eg kom inn att, sa formannen:

«Me fann ut at me ikkje kunne gje deg noko tillegg. Å vera bibliotekar skal ikkje vera ei stilling med løn, men eit tillitsverv. Me skal arbeida for biblioteket av ideelle grunnar utan betaling, liksom konene arbeidar for misjonen»

Dei tok då ikkje frå meg dei 40.- kr. Og tenk, året etter fekk eg 10 kr. i tillegg utan eg søkte.

Då det leid på, kom det ei ny biblioteklov frå regjeringa. Pengane til bokkjøp auka monaleg, løna vart mykje større, og utlånet skulle no vera 2 kveldar i veka i 2 timar kvar kveld. Det vart så mykje arbeid at eg fekk Børge Ødegård til å ha utlån kvar fredag, og eg lønte han av mi løn.

Ein sommar hadde bibliotekarane i Rogaland eit kurs i biblioteklære ei veke i Sand i Ryfylke. Det var ei gild veke. Alt var fritt. Me budde på hotellet der og fekk den beste maten me kunne tenkja oss. Me hadde undervisning i katalogisering og vedlikehald av bøker, så der vart eg godt kjent med mange bibliotekarar i fylket.

Søndagen var den siste dagen, då var me på tur til garden Li inni Hylsfjorden. Garden ligg veglaus høgt til fjells

med 13 småhus, fleire av dei var alt frå 1600-talet, og ennå budde det folk der oppe.

Etterpå kjørte me tvers over fjorden til Vanvik og gjekk opp til Løland og såg inn i heimen hans Rasmus Løland som har skildra heimen sin i barnebøkene "Ungar" og "Kvitebjørnen". Der stod kvitebjørnen, fortalde ein frå Vanvik og peika på vollen nedanfor husa.

Me var inni bestemor-stova og såg senga bestemor deira låg sjuk og døydde i. Heile veggene var måla med roser og bilete. Eit stort bilete skildra då Samson drép løva med bare nevene.

Meininga var at me skulle ha årsmøte i Lølandsstova, men me fekk ikkje tid til det, me måtte bare skunda oss å nå båten som skulle til Stavanger, så me hadde årsmøtet på båten med val og opplysningar.

- Kwart år hadde me møte i Rogalands biblioteklag. Dei fleste gongene heldt me til i Stavanger, me var óg ut på Jæren, på Jærens folkehøgskule, i Egersund og Sokndal. Ein gild tur hadde me til klosteret på Mosterøy.

Så hadde me ein gild tur til Karmøy. Eg reiste til Koparvik og låg hjå Mandius Skjæveland, farbror til Marta. Om morgonen fylgde eg ein buss til Skudesneshamn der me hadde årsmøtet.

Om kvelden fylgde me rutebåten til Stavanger. Då gjekk han innom Kvitsøy. Ein stad kjørte båten med sein fart i ei trong renne, som ein kanal, mellom to øyar. Husa stod tett inntil sjøen så båten gleid tett inn til husveggen. Ein stad såg eg rett inn i ei daglegstova. Det stod blomar på bordet og på veggen hekk eit stort fotografi av ein gamal svartskjegget mann og kona hans. Der på øya såg eg den

kjente steinkrossen frå den første kristentida.

- Seinare ein gong reiste me til Jørpeland. På Tau hadde dei sett i gang dei gamle kvernane og mol mjøl til oss då me kom. Så såg me alle bygningane til Tou Bryggeri, og kjørte så til Jørpeland der me hadde årsmøtet.

- Dei siste åra fylgde eg Per Espedal, han var bibliotekar i skuleboksamlinga på Vikeså. Eit år vart me spanderte dyrt på. Me fekk gratis mat på Atlantik hotell og fekk eige rom for natta der. Eg fekk eit rom øvst oppe som snudde mot gata til stasjonen. Men det var uråd å få sova, for det var kvinnfolkskrik og leven med bilar og fulle ungdomar ut etter heile natta, først kl. 3 vart det rolegare.

Dagen etter fekk me god morgonsmat og endå betre middag i salen "Mortepumpa" i hotellet.

- Siste gongen eg var på årsmøte, var me i Stavanger. Til slutt var me inni Statsarkivet og fekk sjå koss dei dreiv arbeidet der.

- Det var så løye, dei første åra møtte det fram på årsmøta mange tjukke pedagogar som såg ut som at herkjem-eg, og bare 2-3 kvinner. Men til kvart som tida gjekk, minka dei erverdige pedagogane bort og tilsvarande antal kvinner møtte i staden. Og dei siste åra var $\frac{2}{3}$ av flokken kvinner.

- Men eg var ikkje fri med dette. Det var 8 skulekrinsar i Bjerkreim som hadde skuleboksamling. Eg vart vald til å ha tilsyn med desse. Kvart år sende lærarane inn til meg rekneskapet over innkoma og utlegg og tal på bøker. Dette godkjende eg og sende det samla inn til Statens Bibliotektilsyn.

Men mange lærarar hadde ikkje ført nøyaktig

rekneskap, dei stolte på å minnst det i hovedet, og då balanseerte ikkje utlegg og innkoma med det dei hadde i kassa, så eg måtte tidt lyga nokre tal på utlegg for å få det til å stemma, for sende eg det inn som det var, fekk eg det bare att. Dette kunne eg kava med på dagevis i julferien. Sjølv sagt utan løn, for dette var tillitsverv.

- Så snart eg kom ut or lærarskulen, vart eg vald inn i eksamensnemnda på 3 medlemmer. Me laga til stiloppgåve og rekneoppgåver for dei som skulle ha eksamen og slutta skulen, og etter eksamen var det til å lesa gjennom alt dette rotet og gje karakter.

Første gongen eg var med heldt me til i det gamle heradshuset på Trollshauane, då var Arne Gjedrem og lærar Jens Gripsrud med. Så vart eg vald til formann i nemnda og måtte sykla til Fuglseth i Egersund og få oppgåvene trykte og senda dei ut til skulane. Det første året kosta eg frimerka sjølv, men sidan fekk eg dei tilsende.

Ein gong var me i bedehuset på Bjerkreim då Arne Gjedrem og Åse Simonsen var med. Stiloppgåva var det året "Då eg rann på isen". Då fekk me inn ein stil som hadde fleire galskivne ord enn rette ord. Arne lés gjennom han, men då han kom til dette "so banta æg på mæg sjosorna" (batt på meg skeisene) då slo Arne knytte neven i bordet og lo. Og så skreiv han med ein gong under: Stryk.

- Ein gong sykla eg frå Hetland alt til Torvald Austrumdal. Me vart ferdige med rettinga i 7-8 tida om kvelden. Då tok eg ut og sykla til Hetland og heim att midt på natta. Og så måtte eg opp kl. 5 om morgonen og mjølka i fjoset. Ja, eg seier ein gong til, det var eit under at helsa heldt.

- Eg har vore saman og retta oppgåver på salen hjå Helena Sagland saman med Georg Fuglestad og Ragnhild Alvsåker, og ein gong hjå Jørgen Eikeland og sikkert fleire stader. Og alt dette var óg sjølv sagt tillitsverv utan betaling.

- Eit par gonger vart eg vald med på stortings- og heradstyreval på Tengesdal. Då leidde eg valet og førte valboka. Så lakte me forsvarleg til valresultatet i ein konvolutt, og eg sykla opp til lensmannen med det. Eg kan nemna at Øystein Ommedal på Tengesdal hadde skore ut dei to minnetavlene i kyrkja: Bygt 1835. Vølt 1935. Ein av desse gongene tok eg dei med til lensmannen med same eg sykla til Bjerkreim.

- Då eg sidan budde på Vikeså, var eg fleire gonger med og talde opp stemmesetlane etter vala. Løgnaste var det når det var heradstyreval. Då var det fleire setlar som var vølte på av pur fanteskap.

På ein setel var kvar einaste namn utstroke og sett inn andre som ikkje stod på nokon liste. På ein annan var ordføraren utstroken og namnet på ein heil idiot stod oppover. Ein hadde dulta stemmesetelen i hop til ei dussa og lagt i konvolutten. Då far i si tid sat i heradstyret, hadde ein stroke ut namnet hans på stemmesetelen og sett inn Moss-Anna i staden. Det var ei kjerring på Vikeså som røykte pipa og hadde hatt tri menn.

- Under krigen vart eg vald med inn i forsyningsnemnda. Me fekk eit visst antal tilvisningar på sko til Bjerkreim. Men det var mykje forlite, så me måtte dela ut til folk som trong dei mest. Skogsarbeidarar og bønder fekk første retten på sko, og så fekk dei andre venta til ny forsyning kom, men då var det óg dei friske arbeidsfolka

som fekk først, og såleis var det mange som ikkje fekk sko på fleire år. Og folk jamra og skjende.

«Eg kan kje stå og grava veiter i isvatn med tresko!»

«Eg må få sko nå, elles må eg gå med tresko i bryllaupet!» jamra dei.

Men kva skulle me gjera? Me stod heilt forlegne, for me fekk bare ein liten kvote til Bjerkreim.

- På Vaule vulkaniserte dei sunde gummisko så dei vart tette.

- Eg minnest eg såg ein emisær som låg på kne og bad. Då hadde han limt under skorne sine ein sundklyppt raud sykleslange i full lengde frå tåspissen til bak på hælen. Det er somme gonger det er vondt å halda låtten.

- Ei tid var eg formann i styret for trygdekassa. I den tida vart Eivind Sveta, som var kasserar i trygdekassa, arrestert av tyskarane. Då måtte eg finna ein vikar og Tønnes Vikeså vart tilsett.

- Lærarane i Bjerkreim hadde lærarlag, men ingen likte å vera formann i laget, så formannsjobben gjekk på omgang mellom lærarane kvart år. No laga det seg slik at eg var formann då tyskarane ville nøya lærarane inn i Lærarsambandet. Då kom det bod frå den illegale lærarfronten at me offisielt skulle leggja ned laget. Og derfor fungerte eg som hemmeleg formann under heile krigstida og fekk laget i gang att då freden kom.

- Så vart eg vald som vikarklokkar i Bjerkreim, og det var gildt mange gonger om det var travelt. Klaus Bjerkreim var klokkar, og han fekk ein helsesjukdom så han ikkje måtte syngja på fleire år. Så eg vart klokkar dei siste krigsåra og ei tid i fredstida.

Eg sykla då i god tid i førevegen til Bjerkreim for å hengja opp salmenummera på tavlene før kyrkjefolka kom. Presten sende alltid salmenr. til meg eit par dagar i førevegen. Eg fylgde presten når me skulle til Ivesdal.

Det var ei gamal ordning frå den tida presten kjørte med hest frå prestegarden til Ivesdal at han skulle få mat før han gjekk til kyrkja. Og den skikken oppheldt presten ennå. Me gjekk inn til Tollei B. på Ivesdal og fekk kaffi og mat. Tollei fekk litt betaling for dette av kommunen.

Presten visste at folka sat og venta i kyrkja, men han gav seg god tid, og etterpå han hadde ete, skulle han ta seg ein god røyk på pipa. Så gjekk eg og han alltid inn i fjoset, for der var ikkje WC ved kyrkja. Og så gjekk me til kyrkja, då var me alltid minst ein halv time forseine.

Ein snøvinter kom me ikkje lenger enn til Eikeland med bilen, der fekk me Sven H. Eikeland til å kjøra oss med hest og slede gjennom snøfennene resten av vegen. Så var det å eta lenge og røykja godt og ta turen i fjoset. Så den søndagen hadde dei sete i kyrkja og venta på presten i to timar. Og mens han hadde på seg prestekleda, skunda eg meg og hengde opp salmenummera.

- Eg likte minst altargang, for det drog så lenge ut og det var så mykje bry. Eg stod og song heile tida, og samstundes måtte eg rekna kor mange altargjestar der var, for presten førde det inn i kyrkjebøkene sine og sende melding om dette til bispen.

I den tida fekk me små særkalkar til kyrkjene. Ein gong kom det ein misjonsmann og hadde ekstra gudstenesta på Bjerkreim. Då var kyrkja full av bedehusfolk og alle gjekk til alters. Og då var det så mange altargjester at alle

særkalkane vart utskitna, så eg og ei jente stod i sakrastiet og vaska dei reine og bar dei inn att.

Minst likte eg når bispen kom og hadde visitas, då måtte eg dilta etter han i begge kyrkjene, i møte med lærarane og på folkefesten ein kveld. Då han var på Bjerkreim, ville han etter gudstenesta sjå koss kyrkjegarden var stelt. Men presten var nok redd vondt, for han bad meg fylgja bispen ut. I den tida var ikkje dei gamle gravene utjamna og trekrossar og støtter stod skakke og skeive. Då vart bispen oppøst i hellig vrede, han slo til ei skeiv støtte med paraplyen, som om det var mi skuld at støtta stod skeiv.

- Ein søndag kom ein framand mann med håret rusket inn til oss i sakrastiet og spurde om han kunne få lov å tala frå preikestolen, og presten var bare fegen at han slapp. Eg la merke til at talaren hadde så rein ryfylkedialekt, og han talte om gamle trufaste kristne husmenn i Suldal, som levde i stor fattigdom. Og han talte så merkeleg godt. Sidan fekk eg vita at det var den kjende bygdehistorikar Johan Vega frå Suldal.

Og sidan var eg og han saman på historiske møte i Stavanger, me vart gode vener som skreiv til kvarandre om historiske spørsmål.

- Når det skulle vera barnedåp, ringde foreldrene til meg kvelden i førevegen og sa frå kva barnet heitte, kva tid det var fødd og kva foreldrene og fadrane heitte. Eg skreiv ein lepp og gav han til presten.

«Skjæveland, vi skal ikke ha nogen kanibalisme i den norske kirke. Her har du skrive at foreldrene åt barnet, altså foreldrene spiste sitt barn» sa han ein gong til meg.

Han ville eg skulle skriva: barnets foreldre. Men eg

meinte nei. Neste gongen foreldrene ville stå fadder, skreiv eg: Foreldrene til barnet. Prøv deg nå, tenkte eg.

«Å, du Skjæveland med dette landsmålet ditt» sa han bare då.

- Eit år var det ein som gjekk og lés for presten, men han var ikkje døypt og derfor kunne han ikkje konfirmerast. Derfor møtte han fram til Ivesdal kyrkja og ville verta døypt. Han stod ved døypefonten og bøygde hovedet over fatet og presten døypte han. Etterpå gav presten han handkledet, og han turka seg sjølv på hovedet.

- Ein annan gong var det ei lita jente på 4-5 år som skulle døypast på Bjerkreim. Godmora, ho som bar barnet, stod med jenta framfor seg og heldt henne på akslene. Og då jenta vart døypt, stod ho på tærne for å nå opp til fatet.

- Ein gong var det to som fekk ei lita jente før dei vart gifte. Fire år etter gifta dei seg, og først då døypte dei den litla jenta. Mora heldt henne på armen og faren stod fadder.

«Dør æ pappa!» ropte ho og peika på far sin, mens presten lés dåpsritualen.

- Ei kone bar eit barn til dåpen, og då presten hadde døypt ungen og hadde turka han på hovedet, snudde han seg og hengde handkledet bort. Med same skunda ho seg bort til dei andre fadrane før presten hadde lagt handa på hovedet til ungen og velsigna han, så han måtte vinka henne tilbake til døypefonten, for ungen skulle sjølvsgt velsignast.

- Det fortelst at då Øgård var klokkar, var det eit barn som hadde narretutt i munnen mens han vart døypt. Og då konene gjekk ut i barnekammerset, mista ungen narretutten på golvet. Då tok Øgård han i klypen med to fingrar og kasta han etter dei i barnekammerset, og så turka han

fingrane sine etterpå på bukselåret.

- Gildast var det då det var brudeviksla i kyrkja. Då hende det mykje løye. Eit brudepar frå Tengesdal gjekk så seint opp mot altaret at det var så vidt dei rikte og gjekk, og dei trong ei lita æve før dei kom fram.

- Ein annan frå Torveheia kom stigande som ein sauegjætar med lange stig så fort at det var så vitt bruda greidde trippa etter.

«Vil du ha Lise Steinsland (oppdikta namn) som ved din side står til din ektehustru?» spurde presten.

«Mja!» grunta han nett som når ein rongver bækta.

- Ein gut frå Helleland gifta seg med ei Bjerkreimsjente, og dei sat attmed kvarandre oppmed altaret mens preten talte til dei. Brudgomen hadde to brør som sat tett attmed meg der eg sat i klokkarstolen, så eg såg kva dei gjorde, men presten såg det ikkje. Den eine broren la handa si på låret sitt og peikta på bruda med peikten gong på gong og lo med gapande munn utan låt for å setja bror sin på låtten. Stakkar brudgomen, han visste ikkje si arme råd å vera alvorleg, for presten såg på dei og minde dei om å elska kvarandre, og då flein brørne endå meir. Dei hadde nok litt oppi toppen.

- I ei brudevigsle var dei ferdige og brudeparet gjekk først ned gangen, men så vart det noko tvist mellom foreldrene deira om kven som skulle gå først etter brudeparet. Eg og presten stod og såg på dette.

«Hvorfor går de ikke? De kan jo gå efter størrelsen på neseborene deres!» sa presten til meg så høgt at dei kunne ha høyr det.

Og så skunda me oss ut i sakrastiet og lo.

- Ein iskald vinterdag med frostvind frå aust, var eg tidleg i kyrkja og stod og vermde meg attmed omnen mens kyrkjetenaren Berner Odland fyrte i. Då kom det ei framand jente som skulle vera gjest i bryllaupet og ho kom hit til oss og stod og vermde seg.

«Eg trur eg frys i hel» sa ho.

«Kan du venta anna, du går så mykje for tynt kledd» sa Berner.

«Nei, eg har gode varme underbukser!» sa ho.

Me sjaudde då med henne, og det var ikkje Guds ord me snakke i kyrkja, nei, tvert i mot. Og ho var med i samtalen og skjemdest ingen ting. Ja, det er mykje me kan oppleva.

- Det var meir trist i likferd. Det var så pinleg å gå attmed presten føre dei som bar kista og syngja. Men det vart vane det óg.

I den tida fekk me senkeapparat me brukte til å senka kista ned i grava. Då sat eg på huk og regulerte farten med to skruver. Før brukte dei tau, då kunne dei lirka kista til sides når ho sette seg fast i grusveggen i grava, men med denne senkegreia kunne me ikkje det. Ein gong stopte ho å siga ned og eg opna skruene meir opp. Best det var, slumpa ho ned med full tyngde. Me vart då enige om at eg sidan skulle fira kista så langt ned at loket stod til jams med marka.

Me var tidt i heimane og fekk middag, og det trefte me var der til seine kvelden. Eg kjem på at me var på Hegelstad, Fuglestad, Odland, Eikeland i Bygda, Tengesdal og på Skitnavadmona.

- Ein stad sette dei kista bak i ein tom lastebil. Først

kjørte lastebilen, og så kom eg og presten etter i drosjebil. Han som kjørte lastebilen, kjørte med full fart kring 60 km, og kista slong att og fram i svingane så me var redde ho skulle holva or bilen. Der fekk ho sanneleg velta seg ho som låg i kista.

- Det er slik at den døde skal alltid liggja med føtene mot aust der sola renn. Men då spelemannen Nils Espeland var død, hadde me ein vikarprest, og han sa ikkje til berarane kva veg kista skulle setjast ned, så dei sette henne ned med føtene hans Nils mot vest.

Eg senkte kista ned som ho stod utan eg sansa feilen. Men etterpå folka hadde reist heim att, kom Malena Ivesdal og sa at me måtte snu kista. Eg og gravaren og to-tri andre tok kista opp att og snudde henne rett.

- Mange gonger når me hadde gudsteneste på Ivesdal, måtte presten gå i soknebud til gamle som ville ha nattverd eller skrifta eitkvart gale hjå presten. Når nokon skrifta, sat eg og sjåføren Lars Ramsland i bilen og venta til presten kom, og det kunne dryga lenge ut før me kom heim.

- Forfattaren Hallvard Sandnes var gift med Hanna, dotter til Anders Veen, og dei hadde ei hytte på Veen. Ein gong var han med i eit soknebud og han hjelpte meg då å syngja.

- Ein gong me var hjå Taletta Veen, sa ho til presten:
«Eg tykkjer du ennå er vosså en spoie!»

Eg skjønnte på svaret hans at han ikkje skjønnte dette, så då me kjørte heim att, forklarte eg at spoie er vadefuglen spove. Då lo han.

Taletta kom ikkje på kva eg heitte, ho kalte meg bare “Den litle klokkaren”.

- Presten fortalde at han ein gong snakke med ein gamal i Helleland som heitte Enok Røydland om gamle folk i Bjerkreim, og då han kom til å nemna Taletta Veen, sette Enok i ein lått.

«*Hva lær du av?*» spurde presten.

«*Å, det er kje så mykje*» svarde Enok, han ville ikkje seia det.

Sidan var presten og helste på Taletta.

«*Kjenner du en mann i Helleland som heter Enok Rødland?*» spurde han.

Då sette ho óg i ein lått, men ikkje ho heller ville fortelja om kva for noko gildt ho lo av. Så me fekk aldri vita kva det var for noko gildt dei to hadde hatt saman i ungdomen.

- Det var i den tida då eg gjekk arbeidslaus som lærar. Ein dag var me i dei ytre hagane utanfor røysa og arbeidde med noko stein. Då var Ola Varp død og det var gravferd den dagen. Då kunne me høyra tvers over Storavatnet koss dei song då han vart boren ut.

- Ein gong eg kom ut or kyrkja på Bjerkreim, kom G. Salveson Skjæveland til meg og sa at han skulle syna meg noko. Me gjekk langs den søre langveggen der presten går når han skal inn i sakrastiet. Der stopte han attmed ei flat steinhelle som låg på ei grav, der var ingen innskrift på henne.

«*Der ligg Edling Salveson, bestefar til Elling som no lever*» sa han.

Sidan synte eg Ola Skjæveland og Ola , son til Karl smed på Vikeså kven det var som låg under hella. Då ville dei få innskrift på henne. Eg fekk opplysning frå Riksarkivet

i Stavanger om kva tid Edling var fødd og døydde. Så kjørte Ola smed hella på bil-tilhengjaren til Sandnes der dei hogg ut innskriфта. Me la hella på plass att på grava, men ho låg ikkje i same retning som dei andre gravstyttene, så tilsynet med kyrkjegarden flytte henne litt vekk og retta henne inn i flukt med dei andre gravene.

- Etter krigen då gutane måtte til i militær-teneste att, vart eg vald til å føra innskrivingslistene når det var sesjon på Bjerkreim. Men det var bare eit par gonger, så tok lensmannen over innskrivinga.

- To gonger har eg vore med på folketeljing, og begge gongene fór eg over Eikeland skulekrins. Eg var innom i kvart einaste hus og fyllte ut mange spørsmål om kvar person. Så eg trong heile to dagar til å fara over alt.

- Verre var det då eg vart vald til formann i evakueringsnemnda og å arbeida ut innkvarteringsplan. I kvar krins vart det vald nokre som skulle ta i mot rømingar frå byane i tilfelle krigstilstand, og dela ut 2-3 av rømingane til kvar husstand i krinsen etter tilhøva i heimane. Me arbeidde ut ein plan over mottakingsapparat, utdeling til krinsane, om matforsyning, sjuketilsyn, ja jamvel til skulegonga for byungane. Og desse planane vart kvart år reviderte og endra. Og mykje av dette var så hemmeleg at me måtte ikkje nemna det med nokon.

Dette var ein fille jobb. Både eg og lensmannen hadde vanskar med å skjøna kva leidarane ville, og folk jamra og skjende på at dei hadde ikkje plass til å ta i mot så mange rømingar. Så eg var glad då eg endeleg slapp fri frå denne plaga.

- I dei 5 krigsåra vart det stans med all bygging av nye

hus og reparasjon på gamle. Og etter krigen bygde dei oppatt dei brannherja byane i Nord-Norge, derfor var det svært vanskeleg å få byggjematerial.

Eg og Arne Gjedrem og ein til kjørte til dei som hadde søkt om byggjeløyve til nytt hus eller til å vøla dei gamle, og så valde me ut dei som hadde best trong å få nye hus. Det såg ut for at somme med vilje let huset forfara for dei skulle få nytt hus. Å enn den kjeften me fekk når søknaden deira vart avslegen. Men kva skulle me fara åt? Kvoten på material rakk ikkje på langt nær til alle.

- Så vart eg vald til formann i venstrelaget. Det første var det ein heil flokk av gamle menner som møtte fram til årsmøta. Eit år skulle venstrepartet ha årsmøte i Stavanger og setja opp programmet for stortingsvalet, og eg vart vald som utsending frå Bjerkreim.

Me var samla fleire hundre venstrefolk frå alle kantar i landet. Der var Helge Seip som då var ein ung mann, og der var Klaus Sletten, som i sine unge år var bladstyrar for Norsk Barneblad og ein aktiv landsmålsstrevar i Oslo, no var han redaktør for Stavanger Aftenblad. Så var teiknar Henry Imsland der. Han teikna karikatur teikningar av dei største leidarane og sende dei rundt i møtesalen, og Aftenbladet spanderte eit hefte "Folk é løgne" til kvar einaste utsending.

Det var ein som kom med framlegg om at når naturvernet kom i konflikt med utbygging i næringslivet, då skulle det stå i programmet at naturvernet skulle ha første prioritet. Men då vart det sjau. Seip skvatt opp og sa at då kom me til å missa mange stemmer. Den andre sa i mot og gav vondt på Seip. Då vart Seip heftig sint og sa at han vart uhøflig motteken her på Vestlandet. Då me så vorterte over

framlegget, vann Seip med stort fleirtal.

Men tala på medlemene i venstrelaget i Bjerkreim minka fort ned, eg såg kva veg det bar med venstre, eg hadde aldri hatt interesse for politikk, så eg bad meg fri frå formannsjobben.

- Ei stund var eg med i likninga. Då gjekk me i gjennom sjølvmeldingane, og der stod det mykje løye med store stygge bokstavar skrive med blyant.

Ein hadde skrive: Lånt a han Ola 100. No var det rundt 12-13 i Bjerkreim som heitte Ola, men me fann ut at det måtte vera Ola, grannen hans.

Ein annan skreiv med stygge bokstavar: iblydepåver 50. Han hadde bytt ver med ein annan og fenge ein ver som ikkje var fullt så stor.

Eg skulle representera dei fastlønnte og strida for at dei fekk minst mogleg skatt, stå i oppisjon mot bøndene. Dette var ein stilling som fall meg fælt motbydeleg, og då dei skjønte eg ikkje var god nok, sette dei bare inn ein annan i staden utan å seie eit vondt ord til meg. Og glad var eg.

- Men så vart eg tilsett som revisor i banken, der fekk eg løn, og det var eit interessant arbeid. Og så fekk eg med meg så koseleg kar, Tollei B. Ivesdal. Mens me sat og tagde og reviderte i kvar si bok, kom han på noko løye, og så fortalde han ei gild historie frå gamle dagar, og så reviderte me att.

Dei feilene me fann, skreiv me inn i ein protokoll. Og når me kom att neste gongen, hadde Arne Gjedrem, som var

Eg sykla då ein søndag til henne med skjemaet. Då hadde ho framande, så eg fekk henne ut på kjøkkenet og bad henne skriva under på skjemaet. Ho treiv det og ville skriva under med same. Eg bad henne då å lesa gjennom det først, og ho fór over det så snaraste og skreiv under som om det var ei vanleg kvittering. Der skreiv ho frå seg sitt eige barn for alltid utan å reagera det minste i ansiktet. Eg tykte beintfram det var uhyggeleg.

- Ei stund var eg med i likninga. Då gjekk me i gjennom sjølvmeldingane, og der stod det mykje løye med store stygge bokstavar skrive med blyant.

Ein hadde skrive: Lånt a han Ola 100. No var det rundt 12-13 i Bjerkreim som heitte Ola, men me fann ut at det måtte vera Ola, grannen hans.

Ein annan skreiv med stygge bokstavar: iblydepåver 50. Han hadde bytt ver med ein annan og fenge ein ver som ikkje var fullt så stor.

Eg skulle representera dei fastlønnte og strida for at dei fekk minst mogleg skatt, stå i oppisjon mot bøndene. Dette var ein stilling som fall meg fælt motbydeleg, og då dei skjønnte eg ikkje var god nok, sette dei bare inn ein annan i staden utan å seie eit vondt ord til meg. Og glad var eg.

- Men så vart eg tilsett som revisor i banken, der fekk eg løn, og det var eit interessant arbeid. Og så fekk eg med meg så koseleg kar, Tollei B. Ivesdal. Mens me sat og tagde og reviderte i kvar si bok, kom han på noko løye, og så fortalde han ei gild historie frå gamle dagar, og så reviderte me att.

Dei feilene me fann, skreiv me inn i ein protokoll. Og når me kom att neste gongen, hadde Arne Gjedrem, som var

bankkasserar, skrive attmed: Erkjennes, eller: Ikke erkjennes. Me sat der og det leid til middag, då kom Marta med lapskaus til oss.

Ein morgon Arne Gjedrem kom i banken, fann han lyklane til pengeskåpet på bordet og pengeskåpet ope. Me hadde gløymt å låsa att. Dette skulle bankranarane visst, då hadde dei fenge det gildt.

Men så oppdaga bankvesenet at eg var bror til Inge som sat i banken, og då kunne eg ikkje vera revisor, så eg vart oppsagt og Reidar Apeland kom inn i plassen min.

- Så vart eg revisor i sjukekassa i fleire år. Då óg var eg saman med ein grei kar, forretningsførar Eivind Svela. Der hadde me taushetsplikt, så me måtte ikkje seia ut kva sjukdomar folk hadde, så der fekk eg mykje interessant om vår neste.

- I den tida då me heldt skule i dei små skulehusa i krinsane, rådde lærarane mykje friare enn no, me kunne begynna skulen kva tid me ville om hausten. Eg begynte som regel fjorten dagar føre dei andre lærarane, så kunne eg ta 12-13 fridagar ut etter vinteren, og foreldrene bare likte det. Men då eg flytte til Bjerkreim sentralskule, vart eg bunden, no måtte eg fylgja ruteplanen, og derfor måtte eg seie frå meg revisjonen i sjukekassa.

- Eg har óg vore revisor i helselaget sitt rekneskap i mangfoldige år, men det var fort gjort.

- Eg har fleire gonger vore rettsvitne. Ein mann på Bjerkreim selde noko utmark til ein annan, og det vart sjau om noko famneved som kjøparen ville ha vekk, ved som seljaren åtte og ikkje hadde kjørt vekk etter avtalt tid.

- Stormen øydela eit uthus hjå Konfordfabrikken på

Røysland, dei meinte byggjefirmaet hadde fuska med byggjearbeidet. Det nekta firmaet og meinte det var arbeidarane som hadde sett oppe døra og nekta å betala erstatning. Eg fekk aldri vita koss domen vart i desse sakene.

- Ein ung kar hadde kjørt bil i fylla og vart teken og dømd til 21 dagars fengsel. Det var ikkje vitne med i saka, det var bare eg og dommaren og den tiltalte. Han tilstod alt og skreiv under på at han skulle sona straffa i sommarferien.

Kroppsarbeid.

- Men eg brukte ikkje bare hovedet, eg brukte óg mykje dei ti, som dei seier. Alt frå eg var liten, var eg med på gardsarbeidet, i allfall om sommaren då eg var frisk. Eg rakte i slåtten både heime på vollen og i fjellslåtten og drog høyet utover svolæ, romet i læa når dei vaksne høydde. Eg batt kornband når dei skar åkrane og var med og henta opp jordepla, stelte med lamsauene, sjøbla (moka) i fjuset, hjelpete mor med å sopa golvet, vaska opp matstellet, skrella jordeple, sveiva kinna og få smør.

Og då eg var vaksen, arbeidde eg frå tidleg om morgonen til mørke kvelden med alt gardsarbeid. Eg var nokså trehendt då eg var ung, så eg fekk dårleg karakter i sløyd på lærarskulen. Då eg var ferdig på lærarskulen, var eg heime i mange år, då bygde me grishus og nytt stort uthus, og då var eg med og bygde.

Eg var med og kjørte heim brannar alt frå Grasdalen vest i fjellet, brannar som eg og Jonas Tengesdal hogg firkanta. Eg lærde å setja opp forskalingar når me støypte vegger, så eg må tilstå at eg vart ganske fiksen og gjorde det meste med bygginga.

Me hadde eit lite elektrisk verk i kvernhuset, det var likestraum, og den brende tidt sund brytarane, omnane og kokeplatene som eg måtte læra meg til å reparera.

Om hausten og utetter vinteren var eg med og grov og steinsette veiter og skaut bort ei mengd med steinar og kjørte vekk steinrøyar som stod i vollane. Dei ville helst at eg skulle snu bolten når me borde hol i steinane, for eg fekk til så beine holer. Og det var mykje eg som tende lunta når

me skaut steinane.

Då grishuset var ferdig, tok me på med stort griseri, me kunne ha oppmot 100 griser med ein gong, og når dei var slakteferdige, slakta me dei i kjellaren. Me sette dei daude grisene på hovudet i ei stor tønne med varmt skållevatn, og etterpå skrapte dei reine for hår. Det trefte me stod og slakta frå tidleg om morgonen til seine kvelden.

- Ein ettervinter kom det så mykje sild inn til Egersund, då sykla eg ned ein kveld og ville tena meg nokre kroner. Jau, eg fekk jobb med same.

Me var 4-5 karar som rodde over sundet til den andre sida og kom inn i eit stort rom som ei kald løe. Det kom eit slog utanfrå høgt oppe på veggjen, der inn tømte dei silda når skøyten la innåt utanfrå. Silda rann ned i ein stor kasse, der det stod to mann som rørte salt i silda og auste henne oppi eit anna slog der silda rann ned i tønna.

Eg fekk jobb til å setja tønnene under sloget, vipa dei fulle tønnene til sides så ein mann kunne få tralla under og trilla dei bort og stuva dei tett i tett langs veggjen.

Eg kjende ikkje nokon av dei andre, dei var grapsne i kjeften og mindre høflige. Ein gong skjønnte eg ikkje kva ein av dei sa.

«*Forstår du ikkje norsk?*» skreik han.

Eg tenkte eg burde svara at eg fekk i allfall serdeles godt i munnleg norsk på lærarskulen. Men du veit eg sa det ikkje, eg let dei leva i den trua at eg bare var ein liten stakkar frå Bjerkreimsokna.

Slik kavde me til kl. ½2 om natta, då vart siste skøyta tom, og eg fekk dei surt tente kronene.

- Då eg fekk fast skulepost, var eg heime på Hetland

me skaut steinane.

Då grishuset var ferdig, tok me på med stort griseri, me kunne ha oppmot 100 griser med ein gong, og når dei var slakteferdige, slakta me dei i kjellaren. Me sette dei daude grisene på hovudet i ei stor tønne med varmt skållevatn, og etterpå skrapte dei reine for hår. Det treffe me stod og slakta frå tidleg om morgonen til seine kvelden.

- Ein ettervinter kom det så mykje sild inn til Egersund, då sykla eg ned ein kveld og ville tena meg nokre kroner. Jau, eg fekk jobb med same.

Me var 4-5 karar som rodde over sundet til den andre sida og kom inn i eit stort rom som ei kald løe. Det kom eit slog utanfrå høgt oppe på vegg, der inn tømte dei silda når skøyten la innåt utanfrå. Silda rann ned i ein stor kasse, der det stod to mann som rørte salt i silda og auste henne oppi eit anna slog der silda rann ned i tønna.

Eg fekk jobb til å setja tønnene under sloget, vipa dei fulle tønnene til sides så ein mann kunne få tralla under og trilla dei bort og stuva dei tett i tett langs vegg.

Eg kjende ikkje nokon av dei andre, dei var grapsne i kjeften og mindre høflige. Ein gong skjønnte eg ikkje kva ein av dei sa.

«*Forstår du ikkje norsk?*» skreik han.

Eg tenkte eg burde svara at eg fekk i allfall serdeles godt i munnleg norsk på lærarskulen. Men du veit eg sa det ikkje, eg let dei leva i den trua at eg bare var ein liten stakkar frå Bjerkreimsokna.

Slik kavde me til kl. ½2 om natta, då vart siste skøyta tom, og eg fekk dei surt tente kronene.

- Då eg fekk fast skulepost, var eg heime på Hetland

i heile sommarferien og hjelpte til i slåttén kvar einaste sommar til eg fekk brokk og doktoren nekta meg å hesja høy.

Eg kan med det same fortelja at me var og slo oppover Førelia, då kunne me sjå heim til husa tvers over Nore stemmen ved Forevatnet. Me hadde ikkje med klokka, men avtalen var at når me skulle koma heim og mjølka, skulle mor hengja opp eit kvitt tøy på kledesnora bakom læa dørborste. Men så hengde ho det slik at det kom midt for smoget mellom læa og stallen, så me ikkje sanste det med same. Så den dagen kom me forseint heim til mjølketid.

- Eg fekk ikkje løn for strevet heime, men eg fekk fri mat, og så slapp eg å stå tidleg opp om morgonen for dei siste åra hadde dei fenge mjølkemaskin. Då me delte arven etter far, trekte dei ikkje frå skulda mi kr. 3.000,- dei pengane far hadde kosta på meg då eg gjekk på lærarskulen, for eg hadde vore heime på Hetland kvar einaste sommar så lenge eg hadde levtt.

- Men eg gjorde anna enn å hjelpa til i slåttén. Eg bygde bilgarasje og kilte sund ein stor stein som var så i vegen utanfor smalafjoset.

Ein sommar gjekk brua nede ved bekken sund. Då tok eg på å byggja ei ny bru åleine. Eg tok ut sand i bakken nord med tjørna og vaska han rein for mold og leir til støypesand og bar han i bøtter ned til brua, så eg kavde i fleire dagar før eg fekk nok sand. Så hogg eg bjørkestrattar til å halda forskalinga oppe og bygde golv til å leggja sementstøypen oppå, og la jernstenger i kross oppå. Dei andre på garden ville ikkje hjelpa til.

«Du hev så god tid til å putla med dette åleine» sa

Tønnes døroppe. Men eg fekk med meg eit par karar då me reidde sementen og støypte brua. Det var hjå okke som tok heile utlegget til sement, jernstengene og forskalingsborda. Den brua stod til vegen vart omlagt, då bygde dei ei høgare og breidare bru. Dette var arbeidet på Hetland.

Eg vart så forarga når folk sa til meg:

«Det er minst'e føre deg som får så lang sommarferie»

Bøndene som arbeidde så hardt med høyet, fekk ikkje ferie, men eg som arbeidde likeså hardt heile sommaren, eg hadde ein herleg lang ferie.



Arbeid med forskalinga i husgrunnen.

- I krigstida kjøpte eg ein husgrunn for kr. 800,- av Per Vikeså inn på Tenjevollen, og etter eg kom heim frå skulen om dagane, grov eg ut husgrunnen og fyllte det i hagen og fyllte mykje stein i kjellargrunnen for der var så blautt, og eg grov ut bakken bakom husgrunnen. Så laga eg forskaling og støypte ein sementfot som mursteinveggene

skulle stå på. Eg laga teikning over huset og søkte om byggjeløyve, men eg fekk ikkje løyve før to år etter, så det vart stans i arbeidet.

Då me flytte til Vikeså, fekk me bil, og då bygde eg eit lite bilhus på ei steinrøys hjå Per Vikeså. Som tidlegare nemnt, tok tyskarane bilen, og no då me skulle byggja hus, kunne me ikkje kjøpa ny bil. Derfor ville eg flytta bilhuset inn til Tenjevollen. Eg laga til støypt grunnmur tett inntil skiftet med Georg Fuglestad. Eg skrudde av takplatene og tok ut dørene og løyste grima frå grunnsteinane. No var det nokre framande soldatar som heldt til på Monæ hjå Per Vikeså. Ein kveld då dei var frie, fekk eg med meg nokre av dei, og så bar me heile huset inn Lossvollen og sette det ned på grunnmuren.

I juleferien 1949 var eg på Hetland og hogg ut ein del furu eg kjøpte av Staten ut med Vodl. Ommund og Inge var med. Så kjøpte Torleiv Hølland det heim til Vikeså, eit forferdeleg tungt brannalass på den gamle kronglete Hetlandsvegen. Gabriel Ødegård rekna ut etter teikningen kor mange stokkar eg måtte ha og kor lange dei skulle vera. Per og Petter Vikeså sagte dei opp etter måla, og der låg dei oppstapla til våren.

Så sagte eg dei opp i passeleg lengde, så det bare var for Per og Erling Skjæveland til å spikra i hop reisverket. Sidan gjorde eg sjølv det meste på huset, og straks føre jul 1950 flytte me inn i det. Då var ikkje loftet ferdig, bare papp på taket, og me hadde bare ei tretrapp til å koma opp til ytredøra. Då hadde det kosta meg 2.100 kr.

Det var fælt den vinteren med dei gisne veggene som var bare brune hindonitt (huntonitt) plater. Året etter

bordkledde me huset og bygde bislag, og sidan fekk me takheller (fasett eternit) på taket, me sementpusste mursteinmuren utanpå og inni kjellaren, sementerte kjellargolvet og laga trapper ut frå altanen og la ned støypte heller i hagen. Me hadde bare utedo under altanen, men til



slutt fekk me do i bislaget og bad på loftet.

Me kobla på vassrøyren i kjellaren hans Georg Fuglestad. Me fekk elektr. straumen frå Per Vikeså. Ledningen gjekk til ein stolpe attmed Skjeraberget og derfrå i eit langt spenn tvers over vollen til under Jolaberget, og så langs skogskanten til huset.


Bakom huset såg det fælt ut då me flytte inn. Store steinar låg tett i tett med ein høg grusvegg mot bakken. Kvar dag så sant veret var fint og eg hadde tid, sat eg og klakte og kilte steinane sund til passelege muresteinar. Der låg ein stor stein som eg først kilte i fleire lange stykke og etterpå i småstykke. Men ein stein let eg vera heil, og den velta me

på plass då me murde opp muren. Eg kilte òg mange steinar der me no har åker oppå muren. Til slutt var der så fullt av stein at det var ikkje plass i gardsplassen til fleire.

Då kom Elling, far til Marta, og murde opp muren.

Men me fekk mykje forlite stein, så eg måtte til å bora og kila att.

Det låg ein stor rund stein ovanfor surapalen. Han var så høg at eg brukte stige for å koma oppå han. Først borde eg tett i tett med kileholer rundt heile steinen så langt ned eg kom, som ein miridian tvers over nord-polen, eg sat på dagevis og borde. Då eg kilte han, sprang han fint i to halvdeler. Så borde eg holer på tvers




Eg framfor muren på min 50 års dag.

over bresten og kløyvde han til 4 store stykke. Såleis heldt eg på til stykka vart så små at eg braut dei fram med jernstonga.

Eg fann óg mange gode kilesteinar under skogen hans

Per Vikeså, dei kilte eg og velta fram.

Så kom Elling andre året etter og murde. Me velta steinane opp etter to brannar som låg på murkanten. Til slutt brukte me ein steinbukk med ein stytt eikestubbe som langfot me sette oppå kanten oppe, og såleis sveivde me dei siste steinferdene opp.



Huset vårt.

Då me skulle mura opp trappene, visste ikkje Elling kor me skulle begynna med den første steinen slik at me kom opp til slutt på den rette plassen.

«Nå stolar eg på deg» sa han.

Eg rekna då ut kor den første steinen skulle liggja.

«Der skal me begynna» sa eg.

Alle trappesteinane er frå den store steinen.

Då muren var ferdig, bankte Elling inn årstalet 1950,

det året me flytte inn i huset.

Elling murde óg til vegen inn til gardsplassen mot hagen.

- Ein sommar arbeidde eg ei flaggstong. Eg stod og høvla på henne i mange dagar og laga stativ av tjukke eikestrattar. Arne, bror til Marta, dreidde ei halvkule av tre som eg sette på toppen. Så målte eg henne kvit. Men ho vart litt skeiv.

Teikning og diktning.

- No må eg fortelja om den medfødde lysten eg har til å teikna og skriva. Det er nok rett at eg tek med dette óg. Alt frå eg var barn har eg vore sjenert av dette og halde det for meg sjølv. Det eg skreiv då eg var liten, gøymde eg på mørkeloftet over salen i ei mørk krå så ingen skulle finna det. Og alt det som eg sidan skreiv, gøymde eg, for ingen skulle få vita om dette.

- Me hadde eit gamalt skåp som stod på golvet under klokka, der var to dører i det. Eg var vel ikkje meir enn 3 år då eg teikna menner med krit på dørene. Sidan fekk eg blyant og teikna på lause papir og innpakkingspapir.

- Far var bankkasserar og tok heim verdilause vekslar som var innbetalte. Den eine sida var kvit og den var så god til å teikna og skriva på.

«*Far, hev du med vekslar?*» spurde me når han kom heim, og helst kvar gong hadde han med nokre.

- Ein dag fekk eg fylgja bestefar til byen. Me gjekk inn i ein butikk, og der hadde dei noko dei kalla 15-øres basaren. Dei hadde stilt ut ymse ting til born, ballar, figurar, små munnspele o.a., og kvar ting kosta 15 øre. Bestefar sa at eg kunne velja kva eg ville ha. Med ein gong såg eg ei øskja med fargeblyantar, raude, gule, grønne, blå og endå fleire. Herleghet. Eg treiv øskja med ein gong og såg ikkje på dei andre tinga. Eg har aldri sidan fenge noko som gjorde meg så glad. No kunne julanissane få raude pinnhuver, bestefar med skjegg kunne få mørkeblå bukser og raud eld i den brune pipa si, og marka verta grøn med mange fine blomar.


- Då eg kom så langt at eg kunne skriva, skreiv eg små


forteljingar rundt kanten på Stavanger Aftenblad.

«Eg hev skrive: Presten kraub ned o trenæ. Ska eg bara skriva en o?» minnest eg at eg sa ein kveld.

Då lo far.


«Du ska skriva or» sa Ommund.





Hetland, sett frå Fossåsen

Og dermed sat dette fast i hovedet mitt for alltid. Sjå, om eg ikkje hadde fantasi.






- Då eg vart større, bretta eg vekslane i ein brett og sydde dei saman til ei bok med grått papir-brede. Eg laga til mange slike bøker og skreiv songar eg hadde dikta, ymse ting om arbeid og stell og ting eg hadde opplevd.

- Eit stykke heitte: Då eg datt i dass. Eg slumpte





gjennom dassholet, men eg hadde hendene beint ut og heldt meg oppe til Ingard drog meg opp att. Dette teikna eg ved sida av stykket. Eg teikna alltid noko om det eg skreiv.



- Ei bok var om dei kjende norske diktarane med teikningar av dei. Ivar Aasen var ikkje gift, det eine auga hans Aasmund Vinje stod høgare oppe enn det andre, Kristoffer Janson hadde langt skjegg, skreiv eg.

- Ei bok var ei reknebok, den skreiv eg det første året eg gjekk i skulen. Me hadde ikkje om deling, for det er så vondt, skreiv eg.

- Ei bok heitte Sangforretning, der eg rekna opp alle songane eg kunne tonen på.

- Ei var om kor mange sledeloss med høy me fekk inn på kvar voll med teikningar til, og ei tjukk bok var full av gåter, småstubbar, fanteknip og ein herskare av teikningar.

- I ei bok teikna eg kyrne stod og gret så tårene draup fordi hønene gjekk og vassa i drikkerennene med skitne føter i det vatnet kyrne skulle drikka.

- Då eg vart vaksen, gøymde eg alt dette på mørkeloftet.

- Den første stilen eg skreiv på Dalheim heitte "Ei underleg hending". Eg skreiv då om han Tollei som skulle berga ein sau or hepte i eit fjell. Ein mann firde han ned etter eit tau, men han fraus så på hendene at han ville verma dei, og slepte tauet. Under fjellet gjekk ein annan mann og reiste torv og tenkte på internasjonale problemer. Då datt noko svart med lang hale etter seg, slump nedi ei torvgrov. Han sleit i tauet, og drog opp Tollei som var kolsvart av surpa.

Skolestyrar Skodvin lés opp stilen. «*Er dette sant?*» spurde han.

«*Nei, det er bare noko eg hev funne på*» sa eg.

«*Jamen, då vert du diktar. Du vert nok ikkje nokon Bjørnson eller Ibsen, du vert bare ein Torvald Tu*» la han til.

Guten og trollet.

1. **E**in gat hogg ein gong noko ved
 Men han fekk like ve' lange i fred.
 Der kom eit troll til han;
 svart som moll, men augo brann.



2. **S**ø stort som høgaste fjell;
 So sinna at han spydde eld.
 Det skreik som det var galen
 so det høyrdes over heile dalen;



3. **T**ror du oydalegja skogen min
 "So trør eg i gras skrotten din!"
 Men guten ikkje moti mista
 men tok fram noko draule og ništa.



4. **H**eld du like mutde olme stut,
 so klemmer eg gut, Magen din ut!
 slike som eg klemmer den steinen!
 Og guten var ikkje seine;

5. **M**en klemde draulen so mysa renn
 og da var trollet redde han
 for det tuddle han hadde slike malet
 at han kunde klesama han i gras sjölustebat

6. **S**o tok guten oferi og heimatt muelde
 og trollet gjikk dit der ~~det hadde~~



Men so muelde trollet seg
 "Og streng fjell ein gatta har slike nam deg"

7. Vil du kje hjelpe meg nå
eg har vorse so gammel og grå."
Guten tenkte ei stund, men snudde
og fylfde det som trollet badde



8. Då dei kom fram til bytta
säg han ei digge bytta
No skulde du' koka suppa
av 3 stüdar 1 sau og ei rjüpa.



9. Og trollet sa: "Ber ro inn
Ondsovatn guten min!"

Og guten stod og gylfde
og säg på den tunga bytta.



10. Han säg på trollet og spöt:
"Skal eg ta vatn i ei fingerbör;

nei eg går ut og tek brunnen inni."

"O nei bydelegg kje brunnen min."



"Ok, no du suppa for meg

"Kost skal eg bera vatn for deg!"

Då maten var koldt og dei skulde
so skulde dei kappeta me' i eta.
vita.

Trollet vart so glad, - for so vart det dagar

12. Det var ei onnot sake han hadde største mage.

guten et og sveitten turka
Trollet et alt det orka.



13. Då guten var mett
hengdän fram seg nista
og store kjøttbein i sekken han lista.

Det tok no til å spøkja for trollet
 Det samsar beje maten gjekk i skotjaholet,



14. **H**an trudde no sitker han
 no koundan hadde vanna
 beje få meir mat or endennen;
 "Ei!" sa guten, "og ikkje slutta!"
 "Eit digert lårbein i sekken han" ^{rukke}

15. **M**ei eg orker kje meir eg sprisjke."

"Men då var guten kvikk
 smarvik og lynende smar
 ei diget reva i sekken han skar



16. **S**lik skal du ogso gjera
 "Berre sund magen din skjera,
 so får du i deg noko til"



gå enda til so mykje du vil

17. **T**rollet tok kniven og stak
 og rolei's tok seg i magen
 han seg skjald av dagen.

Pg kje på golvet og spende og vride seg.

Men guten han var ikkje leid seg.

18. **H**an alt gullet ramla
 Hog son i lumme hans ramla

No slepp han å hogge i trollet sin skog
 for no vart han rokerik for di han var blok.



- Så var det noko merkeleg som hende meg då eg skulle begynna på lærarskulen. Eg gjekk inn i gangen på skulen og der trefte eg ein underleg mann som snakke til meg. Han såg meg inn i augene og var mest på gråten

«Eg kan sjå i augene dine at du vert diktar. Du får ei lang og lukkeleg framtid. Den som bare kunne verta ung att som du» sa han og turka seg i augene.

Ein merkeleg mann. Eg såg han aldri meir sidan.

- No fekk me ein svært god lærar i norsk, Erik Gundheim. Han skrøyte av stilane mine, og sa at eg såg så klårt føre meg det eg skildra og fortalde om. I den tida hadde eg lært meg til å skriva så kunstferdig. Eg let gjerne setningane rima som eit vers, eller eg let kvart ord i ein setning begynna med same bokstaven. Men det fekk han snart venja meg av med. Me skulle skriva enkelt og greitt i skildrande og forteljande stilar nett slik som folk snakke.

Då snudde eg om. Her etter ville eg skriva nett som Per dørinne snakke. Og sidan når eg kom til noko som var vanskeleg å ordleggja, så tenkte eg koss Per dørinne ville sagt dette. Og Per dørinne hjelte meg mange gonger utan han visste om det.

Men eg likte ikkje at eg ikkje fekk lov til å bruka ord som ikkje stod i ordlistene. Me har så mange gode Bjerkreimsord som var ulovlege i stilane. Eg hadde ikkje lov til å skriva at “eg transla rundt i fjellet”, eg skulle skriva at “eg sprang og skunde meg rundt i fjellet. Eg likte ikkje dette, men tenkte på eksamen til slutt og lydte læraren. Jau, då fekk eg skrøyt, og eg såg lyst på tilværet.

- Men så skulle me skriva fagstilar på riksmål, og ein av dei første stilane var om voldgift. Då datt eg med ein

gong til botnar så djupt eg kunne koma og kom aldri opp att meir. Eg greidde ikkje tenkja på riksmål, og stilane vart blodflekkete av raudt feilretting. Det bestna då litt då det leid på, men eg gjorde det dårleg til eksamen, landsmålsstilen vart ikkje noko å skrøyta av, og riksmålsstilen låg på grensa til å stryka.

- Så eg vart nok aldri ein Torvald Tu heller, og det er vel kanskje det beste likevel.


- Då eg skulte i Lauperak, skreiv eg eit par stykke i Stavanger Aftenblad om då dei skaut bjørnungane ved Ørdsalsvatnet og om krigstilhøva i 1800-1814 i Bjerkreim. Elles skreiv eg ikkje offentleg før eg vart kring 50 år gamal.

- Då eg var liten klyppte eg ut bilete og ting som stod om Bjerkreim i Stavanger Aftenblad og limte dei inn i bøker, men papiret vart gultbrunt når det leid på. Alt dette gøynde eg på mørkaloftet. Men då eg kom heim frå lærarskulen,

hadde mysene togge sund mest alt saman eg hadde skrive, så då kom det bort mykje som no hadde vore gildt å hatt.

- Verst var det med ei bok eg hadde teikna ymse ting frå garden heime.

Eg hadde stade oppå Aleberget og teikna to gravhaugar me såg ut på Auglen, no er dei gøynde av skog. Oppå Stembrotet nær Sletthoien var nokre store



steinar eg teikna i boka om høyslossa, no er dei skotne og borte. Ved stikkelsberhagen er eit berg som har ei loddrett bergside som snur mot tjørna. Ein meter frå den stod ein veldig høg pikete stein. Det var så vidt me kunne kjøra med slede mellom berget og steinen, ei kjerre slapp ikkje i gjennom. Den steinen teikna eg, men no er der dyrka og han er skoten vekk. Det er vel etter den steinen Piggsteinhoien attmed har fenge namnet sitt.

- Eg har tidlegare fortald at eg dikta songar. Det første verset eg dikta var eg nok ikkje store stärten. Eg minnest ennå eg sat oppi ein kasse i tome læa. Det lyder slik og går med tonen "Å kara og spinna".

*Eg sit oppi kassen,
Eg et inkje mykje,
ko vatn og høy,
så lev' eg som tøy.*

*Eg hev så goe tenna,
som mennesk hev henna,
bruka tenna,
bruka tenna te eta seg mat.*

Då eg var 5 år gamal, skreiv dei i blada at Arne Garborg var 60 år. Då dikta eg dette:

*Nu takker alle Arne for han er vennen vår,
han hev så vondt i maien eg trur at han forgår.
Han heve dikta songer, har dikta mang en sang,
han heve dikta denne hør: Gud signe Norigsland.*

Denne går med tonen "I fjor gjøtt' eg geitan" Me hadde ikkje blomstervasar i den tida.

*Det er så gildt når pinsti kjeme,
det er så gildt når pinsti kjeme.
Der er blomster og strå både gule og blå,
me går så og henta og set'e i koppar.*

Då eg var større vart dikta betre.

*I bekken går det fiskar små og det er aure. Hei!
Og eg veit ei goe råd til å få fanga dei.
Det er å gå og fiska med lange stong og tråd,
som likna på ei piska. Å hei, det skal nok gå.*

*Bøndan' i Norge er trune til å så dyrka jord,
om sommaren då vert dei brune endå dei bur langt nord.
Bøndene dyrka på myra, dei dyrka ein heil slump,
kvinnfolka set'e i syra når dei skal baka stump.*

Me hadde ei kvike som heitte Fagerli. Ein kveld kom ho ikkje heim, sidan dikta eg med tonen "Blåmann --".

*Fagerli hu blir ei ku, det vonar både eg og du.
Og hu hev ei fin'e sia, ja det hev hu Fagerlia.*

*Ein gong kom hu inkje att, far han leitte heile natt,
gjekk og leitte heile tia, men han fant kje Fagerlia.*

*Hu kom inkje heim den kveld, då soli seig bak svarte fjell.
Men då det leid mot morgontia, kom hu heim att, Fagerlia.*

Gode dagar.

(Han gæmmede sone: di kvæyræ natten á leysu
vid)

1. **B** er ein unge og hev det godt
for eg går rundt og spankulera.
Eg ^{gæmmede} ~~gæmmede~~ ~~for~~ halda meg for látt,
for eg hev ingen ting á gjera.

Eg gír pá áker eg gír pá voll

Eg legg og gress og sinne moll

I ákeren eg gír

Derán hógaste stár

Stakur fyrr dei valarne skal steyra.



2. **B** er ein unge og størst med bein
og skrikel meste som ein nárl.
Eg binne batten bek lávador.
og gjev han græit or ein dáse


Ág same gonger þær eg gje' han salt
áker nár þan fyltjær he er altfor kalt.

Stonen og þriv

i kalen dei þriv

Ág skappar nebben full av mose.





Då eg gjekk i storskulen, dikta eg denne songen som går med tonen "Å kjøra vatten å kjøra ved".

Eg er ein unge eg hev det godt
for eg går rundt og spankulera.
Eg går og prøver å halda meg for lått,
for eg hev ingenting å gjera.
Eg går på åker eg går på voll
Eg grev i moll og finné insekt troll,
I åkeren eg går der han finaste står
straks før dei vaksne skal skjera.

Eg er ein unge som slæst med klør
og skrike meste som ein måse.

*Eg binne katten bak låvedør
 og gjev han graut i ein dåse.
 Og sume gonger plar eg gje' han salt
 det er når han tykkjer her er altfor kalt.
 Hønen eg triv
 i halen dei riv,
 og stappar nebben full av mose.*

*Eg er ein unge, eg er så glad.
 Eg likar godt raude blommar.
 No kan eg berre gå å ta'
 og stappa dei i lomma.
 Eg store steinar uti vollen ber
 og byggje huse både her og der.
 Bere inn sand
 so mykje eg kan
 Alt det klarar eg ein sommar.*

Når dei i den tida ofra i kyrkja, spelte dei alltid frå orgelet tonen på "Lover din Herre". Ein haust eg låg på fire i molda og grov etter jordeple, dikta eg med den tonen.

*Ofra til hedningan, hedningers millioner,
 gå rundt om altaret, gå både menner og koner.
 Gå ikkje fort, det vert alikevel gjort.
 Ofra minst elleve kroner.*

Då eg gjekk på Dalheim, dikta eg ei song og sette henne inn i elevbladet utan namn under, og ho vart opplesen.

Det er så gildt å gå på skule, det er som det sko' gå på hjule —. Så hev me rekning og grammatikk, men best av alt er nok gymnastikk. Ho slutta med: Me får kje røykja eller drikka øl, me må vera alle som Skodvin sjøl.

Det vart svært snakk om kven det kunne vera som hadde dikta dette, men eg tagde. Men ein gong eg og kameraten min hadde lagt oss, sa eg at eg visste kven det var som hadde skrive det.

«Eg skal seia det viss du lova å ikkje seia det til nokon» sa eg, og det lova han.

«Det er eg» sa eg, *«men ikkje sei det med nokon».*

Nei det skulle han ikkje. Men dagen etter visste alle det.

Eg dikta mange songar til bladet utetter vinteren, og på avskjedsfesten lés dei opp dette:

*No er me samla den siste kveld, høyr klokkor singlar,
då me må seia eit sårt farvel, høyr klokkor ringlar.
Men det kjem ei tid ved den siste natt,
då skal me alle saman møtast att, mellom englar.*

Då eg gjekk på Jærens folkehøgskule, gjekk eg ein kveld åleine oppå Kleppevarden og såg utover Jæren. Då sette eg i hop dette:

*Frå Kleppevarden ser me så vida i kring
over Jæren som ligg'e i skuggar,
frå fjelli i aust der som sauene spring
og til havet der båtane ruggar.*

Men då eg gjekk på lærarskulen, tagna songen, det var vel det harde presset som drép diktargleda. Då eg var heime i 1929-30, fekk eg att ånda så sterkt som aldri før og sidan. Om kveldane når eg sat og mjølka, dikta eg ei heil forteljing med naturskildringar, om djupe livsspørsmål og religiøse tankar, det fall så lett. Og når eg hadde lagt meg om kveldane, skreiv eg det ned. Dette blei til boka "Songen um Hadvar".

I 1935 gjekk eg under Nordre Kalvaknuten, då fekk eg ånda. Det året var kyrkja på Bjerkreim 100 år, og no dikta eg songen om Bjerkreim kyrkja. Eg vølte litt på henne til 150 års høgtida.

- Tidleg ein morgon før det var lyst, svampte eg gjennom snøen tvers over vollen hans Olai Slettabø på veg til Ognedal skule, då dikta eg dette verset:

*I lag med andre må du vandre
den harde, vande livsens veg.
Ver derfor alltid snill mot andre
så vert dei snille att mot deg.*

Dette verset skreiv eg sidan i alle minnebøkene skuleborna bad meg skriva i. Mellom to blomar skreiv eg Joh. 13,35.

- Den vinteren då eg gjekk og vabba i snøen, hermde eg etter Nordlands Trompet av Peder Dass:

*Vort Norge saaledes beskaffende er,
folk liver saa sprette, snart hisset, snart her,
man høre knapt naboens hane.*

Part bor utpaa øer, part bor ind i dal,
 de spise sin grød og sin brødkive skral,
 alt synes at blive en vane.
 Og mange en ungdom med ævne og flid
 har trang til at lære, men har ingen tid
 ved dyre skoler studere.
 Alikevel mange er skole-elev,
 alene studere undervisningsbrev
 i sprog og regning med mere.
 De tænke at blive en brav kontorist,
 en handelsmand, lærer og lærd maskinist
 eller vandre i krave og kjole.
 Jeg mener at de som i livet vil frem
 han tage et kursus, tre eller fem
 ved Norsk Korrespondansesskole.
 For denne skole er saaledes lagt an
 at den som vil blive en dannede mand
 han sanke sig kunskaben hjemme!
 Og husk, det "Manden med Ilden" har sagt:
 "Skolen gir kunskab og kunskab er makt!"
 Det maa ingen nordmand forglemme.

Somme av songane frå 1930-åra har eg sidan arbeidt om og sett inn i Jærbladet og bygdabladet vårt, t.d. denne:

Stundom er himmelen ljøs, klår og blå
 der snøkvite skydottar jagar,
 og stundom så heng han så regnfull og grå
 med gråblåe torehakar,
 og me høyrer koss tora brakkar mellom fjella.

*Slikt eit skifte i livet me får
med gode og vonde dagar.
Stundom me glade og velnøgde går
og stundom me modlause klagar
og høyrer koss tora brakar mellom fjella.*

*Men dette har eg sansa så tidt,
eg tykkjer det er som eit under,
at alltid skin sola så strålende blidt
etter dei toretunge stunder,
og då høyrer me toredunder bakom fjella.*

Denne skildrar ein sommarnatt på flate Jæren og er skrive i bokstavrim:

*Høg heng himmel over hav og heiar,
lang er leida i det låge lendet.
Det gror og grønkar på grøderike gardar
mens vinden viftar over veldige vidder.*

*Heiar og heimar i havdis vert hildra
når sola sig eldraud bak skinande skyer.
Det susar så svakt frå den skvalpande stranda
mens kveldsfargen fell over fredeleg flatland.*

Dei diskuterte ein gong i avisa om Sandnes skulle skifta namnet sitt til Gand, for slik heitte staden der i jernalderen. Stavanger Aftenblad lyste då ut at me skulle skriva eit dikt om dette på fire liner, og alle skulle til slutt rima på ordet Gand. Då sende eg inn dette:

*Skal Sandnes no få namnet Gand
trur folk i heile Noregs land
at kvar ein innfødd sandnes-mann
han driv med trolldom alt han kan.*

Gand er eit ord for trolldom i gammalt norsk.

- På lærarskulen gjekk eg saman med to elevar som heitte Tallaksen og Tengel Torp. I eit frikvarter var dei ute, men så ville Tengel gå inn att, men Tallaksen heldt han i trøya langs ein saum. Dette teikna eg i minneboka deira og skreiv nedunder på gammalt norsk "Heimðalr sit i Himingsborg, skyggjer hendi for augom og mælti: Hvat se ek? Þollakson miklu refa rifa i kosungas Þengel Þorp" (Heimdal sit i Himmelborg, skyggjer med handa for augene og sier: Kva ser eg? Tallaksen ei stor reva riv i trøya hans Tengel Torp)

- Tidlegare skreiv eg 5-6 dumme bryllaupssongar, men no nekta eg å skriva fleire, for når eg ikkje får lyst til det, vert det eit frykteleg arbeid med å få det til så eg vert fornøgd med det.

Forteljingar og kåseri.

Eg på talarstolen i eit festleg samkoma.

- Så har dei brukt meg til å fortelja historier og løgne vitsar i ungdomslag, på festar, i bryllaup og andre samkomer. Og dei siste åra har eg fortalt mykje i pensjonistlaget, både løye og alvorleg. Når eg fortel ei morosam forteljing, då lær folk og tykkjer visst det er løye, men det er alltid nokon som skjekkjer i heilag harme og baktalar meg etterpå. Verst var det då eg var klokkar. Det gjekk ikkje an at eg som stod og lés inngangsbøna og song

salmar i kyrkja, skulle fortelja slikt naute rols. Men eg gøymer på dei beste historiene eg høyrer eller les og vølar dei til og dikta nye.

- Ein gong var eg i foreldrelag på Høyland i Nærbø og fortalde løgne historier. Eg har halde mange kåseri, og då helst om historiske emner.

- Ein 17. mai på Bjerkreim kom Tolleiv Gjedrem til meg og fortalde at fylkestinget skulle ha møte i skulehuset på Vikeså, om eg ville seia noko på avslutningsfesten, både alvor og skjemt, la han til.

Eg fortalde då om ymse frå gamle dagar, om heradstyret og fattigstyret, om bruer og vegar dei bygde, og viste utviklinga frå dei første ridevegane til kjerrevegar og no dei asfalterte bilvegane.

Då såg eg at det var ikkje noko "stort" med fylkesmennene, dei var greie og kvar dagslege som eg og du.

- Då dei hadde den første bygdefesten i Bjerkreim, fortalde eg om trollskap, om risar og gyger, haugfolk og huldra, lossi og ålgårdsreia, nissar og dvergar, alvedansar, nykk og kvernknurr, maro og gamen.

- I ein bondefest fortalde eg om dei gamle rettsakene frå 1613-25.

- Ein gong var eg i bondekvinnelaget på Ognedal og fortalde om då tyskarane kom til Bjerkreim og om gamle historier frå Torveheia. Då var eg heilt åleine mellom ein full sal av bare kvinnfolk. Eg mest skjemdest.

- Eg har fleire gonger fortalt om krigen i Bjerkreim og løgne vitsar om tyskarane.

- Så har eg halde kåseri i det kristelege laget "Heimen vår".

- Ein vinter var me på Veen straks føre jul, då fortalde eg om gamle juletradisjonar i Bjerkreim.

- Ein annan gong var det om helg og høgtid i gamle dagar, og ein gong om famililtilhøve i eldre tid.

- På 100 års festen for Bjerkreim sparebank (der det bare var mannfolk) fortalde eg om den første bankkasseraren Omund Adsem.

- Jonsok 1977 var pensjonistane i selskap hjå presten Bjarne Bø, då fortalde eg om gamle jonsokskikkar.

- På ein avslutningsfest for lærarane var me i Ørdsalen der eg fortalde om skulane i gamle dagar og gamle hendingar i Ørdsalen.

- Nokre år etter skulle skulestyret ha møte i Ørdsalen skulehus. Dei bad meg vera med og fortelja om ymse hendingar frå dei stadane me kjørte forbi. Først drøfta dei nokre saker, så fekk me sjå den greie skulen dei hadde, og etter maten, heldt eg eit lite kåseri om skulebøker.

Eg får nemna noko av det eg sa. Som døme tok eg den "Naturkunnskab" Karl, bror min, brukte då han gjekk i storskulen og lés opp kva som stod om mauren. "Se ned i Græsset, der Kryber en Myre som Drager paa en Pind der er tre ganger saa lang som den selv. Hvad vil den med Pinden? Vil den spise den? Nei, Myrene Bygger sine Tuer af saadanne Smaapinder". Meir stod der ikkje om mauern.

Om hunden stod det at "Hunden løber foran sin Herre". Det er sant han gjer det når han får springa laus. Men det er vel ikkje det viktigaste om hunden. Boka passa betre til 4-5 år gamle born.

- Det vart eit fælt leven då skulestyret førde inn landsmål i skulen, for det gamle landsmålet hadde ord som

folk brukte for 100 år sidan. Kristus “stod opp frå dei daude tredje dagen” stod det i katekisma. Dette vakte sterk protest. I ABC-boka hans Jonas Vellesen står det ein setning: “Mor fann eit reir i ei røys”. Der stod det fann. Foi, for ei bok som lærde borna opp til å banna. Det var ei gamal bestemor som kasta boka så langt ho kunne då ho såg det.

Meir fekk eg ikkje tid til å seie, for kl. var 11 og me måtte sjå å koma oss heim.

- Då fabrikkens Komford høgtida 10 års dagen, fortalde eg om industrien i Bjerkreim koss han hadde utvikla seg frå heimeindustri til fabrikkdrift.

- Så har eg hatt kåseri om vandresegner og om ord og uttrykk i Bjerkreim i ættesogelaget.

- Ein kveld var eg på Bryne i Time ættesogelag og hadde eit langt kåseri om gamle ord i Bjerkreim som ikkje står i ordlistene, ord som óg Arne Garborg og Torvald Tu brukte, og eg gjorde greie for uttrykk der me seier ein ting og meinar noko anna: Han var komen på sokkane. Jau, ho var i vinden. Læraren har jul kvar dag. Då var mange av bygdas beste menn og kvinner møtt fram. Dei henta meg med bil og kjørte meg heim att etterpå.

- Sidan var eg ein kveld i ættesogelaget på Vikrestad. Der fortalde eg om sambandet mellom Bjerkreim og Jæren i gamle dagar, og om då tyskarane kom til Bjerkreim.

- Pensjonistar frå Egersund hadde tur til Vikeså og tok inn i skulehuset. Då bad presten Dagestad om eg ville fortelja noko morosamt til dei gamle.

- Og ein gong sidan kom ein flokk pensjonistar frå Sokndal, då óg fortalde eg dei same historiene.

- Så var det i 1985, då kom to store bussar med

pensjonistar frå Egersund til Misjonshuset på Nesjane og fekk middag. Då bad dei meg koma og seia noko. Då dei fekk kaffi, fortalde eg først om svartedauden i Bjerkreim, og etterpå om dei fredlause oppi heiane og koss bjerkreimsbuane slost og melde kvarandre i 1600-talet.

«*Jau, du fekk sagt det*» sa Vilhelm Helland frå Egersund etterpå til meg.

Historiegransking.

- Men det meste arbeidet har eg lagt ned på gransking av alt gammalt på alle felter, alt saman bare frå Bjerkreim.

- Det begynte i 1920, då eg var 14 år gamal. Karl, bror min, kom heim med Sofie Løn, kjærasten sin. Ein kveld sat me i bua og mørkret fall på, då fortalde Karl om då Hetland brann, han hadde høyrte det av bestefar. Då vakna interesssa for det gamle. Dette måtte eg skriva ned, dette måtte ikkje gløymast.

- Då eg gjekk på Dalheim, fekk me stiloppgåve om å skriva i juleferien om ei gamal segn heimanfrå. Eg fekk far og mor til å fortelja nokre, og eg skreiv tri segner, om då tenestguten slo Brureina på ein dag, om då Gard Vikesdal vart avretta, og om segnene om lensmann Anders Vikeså.

Då Skodvin skulle lesa opp stilen sa han:

«Den første var god, den andre var betre og den tredje var best!»

Eg minnest eg hadde skrive om Gard Vikesdal: "-- og så hogg skarprettaren av han hovudet berre så det skvatt".

«Dette er for grovt, me må ta bort det siste» sa Skodvin.

- Då eg gjekk på lærarskulen, fekk me oppgåve å skriva i juleferien om "Gamal juletradisjon". Mor visste noko, men me visste at Per dørinne visste mykje meir, viss han ville ut med det. Mor bad han inn og gav han kaffi. Etterpå sat eg med bordet og spurde han nokre spørsmål me hadde fenge og skreiv det ned det han sa. Best det var før han på dør.

«Eg må gå!» sa han.

Då skjønnte eg at gamle folk vil ikkje seie noko når dei ser det vert skrive ned, dei får det ikkje til å fortelja då. Men mor snakke med Ola dørøppe, og han fortalde noko, utan han fekk vita at eg skulle ha det. No står det i "Gamalt frå Bjerkreim".

- På lærarskulen skreiv eg ned i ei lita notisbok alle dei underlege historiene om bestefar, dei måtte ikkje gløymast.

- Då eg var ferdig på lærarskulen og var heime, budde Jente-Berte hjå dørinne, ho var søster til Per, ho visste likeså mykje gamalt som Per dørinne og likte å fortelja. Ein søndag kom ho inn til oss. Eg låg på divanen bak ryggen hennar med blyant og papir og skreiv ned den eine historia etter den andre som ho fortalde til mor. Ho sat i fleire timar og bare fortalde, og eg skreiv det ned utan ho visste det.

- Sommaren 1930 bygde me løa, då hadde me Klaus Apeland og Torjer på Stølen til å byggja. Dei fortalde mange gamle historier, serleg Klaus, og alt fekk eg gøyma for ettertida.

- Elles fekk eg mykje av mor når ho kom på det.

- Og no kjem det store kuppet eg gjorde. Den vinteren eg skulte i Ørsdalen, gjekk eg kvar kveld til Litl-Ola Vassbø og fekk ein liter mjølk. Så vart eg sitjande hjå han eit par timar. Liten og krylryggja med sokkebanda nedanfor knea utanpå buksene sat han Litl-Ola og fortalde kvar einaste kveld frå eg kom til eg gjekk att om gamle segner og hendingar rundt heile bygda frå Tengesdal til Maudal og langt inn i Sirdalen.

Han er ein av dei beste forteljarane eg har høyr, det var liksom han såg og var med på det han fortalde om. Eg sat med ein blyantstubb og noko papir i lomma og skreiv i

lomma namn på folk og gardar og merkte av segnene, slikt som var vondt til å minnast.

Med same eg kom heim til lærarbustaden, skreiv eg det ned i ei bok. Bokstavane var nokså skeive og linene kryste kvarandre på papiret i lomma, men det var til god hjelp å få med alt rett.

Det trefte han fortalde same historia opp att, og då kom det aldeles ordrett att. Då han fortalde om dei 5 som drukna i Ørdsalsvatnet litle julaften i 1876, spurde eg om ein av dei hadde snutt seg om natta.

«Nei, det er lygn!» sa han sint.

«Jamen, du hev fortalt før at han hadde snutt seg» sa Alma, dotter hans.

«Nei, det er lygn, det hev eg aldri sagt!» sa han.

Du veit me tagde då, men eg tenkte: Så er det verkeleg sant at han hadde snutt seg om natta.

- Kornelius Gravdal budde på Stangaland i Høyland og var gift med Lise, faster til Marta, difor kom han tidt til oss på Vikeså. Han var likeså god til å fortelja som Litl-Ola, med høgt og klårt gravdalsmål fortalde han og hadde ein ufatteleg evne til å ordleggja seg. Inn i mellom siterte han Bibelen, og då kom det heilt bokstavrett slik som det stod skrive i den gamle Bibelen hans. Han fortalde til han vart over 100 år gamal. Når eg skreiv ned det dei fortalde, prøvde eg å herma etter koss dei fortalde og ordla seg.

- Andre gode forteljarar var Georg Fuglestad, Tollei B. Ivesdal og Per Vikeså som bare fortalde løgne historier om folk han kjende.

- Så samla eg historier som Villien Nedrebø, Torvald Austrumdal, Georg og Trygve Fuglestad hadde skrive i

årboka for Rogaland historielag og i aviser. Eg sende inn mykje til Etnologisk Gransking på Bygdøy om arbeid, levevilkår og skikkar, dtte tok eg med i samlinga mi.

- Eg skulte mange stader og kvar skulekrins eg kom til, fekk borna stiloppgåve å fortelja om ei segn heimanfrå, så der fekk eg tak i ein del. Det var lett å sjå om det verkeleg var ei segn frå Bjerkreim eller om det bare var ei segn dei hadde lese.



Den første utgåva i A5 storleik

- Alt dette skreiv eg inn i tjukke skrivebøker til kvart eg fekk stoff. Til slutt hadde eg 5 bøker, der stoffet var aldeles samanblanda. Då fekk eg meg ein skrivemaskin og systematiserte stoffet etter innhald og skreiv det om til ei stor bok i 3 blåpapirkopi med ei mengd med teikningar, teikningane teikna eg oppatt i kvart kopi. Dette



Eg står ved bokhaugen med Gamalt frå Bjerkreim

tenkte eg å gje til kommunearkivet der det skulle gøymast til seinare generasjonar.

- Ein kveld vart eg og Marta innbedne til heradstyret. Der gav eg ordføraren manuskriptet over samlinga, og han takka og priste og lova gøyma det. Og så fekk eg eit gåvebrev på kr. 5.000,-, og for dei pengane kjøpte eg meg ein elektrisk skrivemaskin.

Men så ville folk at det skulle gjevast ut så nolevande folk kunne få boka. No hadde eg skrive både vondt og godt om namngjevne folk, så dette torde eg ikkje gje ut. Derfor arbeidde eg om att alt saman ein gong til, tok vekk det farlege, teikna omatt teikningane og kom med meir stoff.

Eg trong eit heilt år før eg vart ferdig. Universitetsbiblioteket i Oslo fekk ein kopi av dette. Dei lova å gje ut boka for halv pris når dei fotograferte av originalen. Såleis vart boka gjeven ut nett slik som eg hadde levert henne frå meg, med kluss og feil som meininga var at trykkeriet skulle retta viss ho vart prenta på vanleg måte.

Så kom det eit heilt lass med bøker, 600 stk i alt. Dei vart selde for 150 kr. pr. Bok når dei var hefta. Mange ville ha ho innbunden, då betalte dei kr. 100,- ekstra. No er alle utselde.

- I 1978 gav eg ut boka "Bjerkreim i krigsåra". Under krigen såg eg at dette vart ei sær s hending i Bjerkreim som ville spørjast gjennom lange tider. Derfor tok eg til å notera ned dei viktigaste hendingane, men eg gøymde det i skulehuset, for dette var farlege greier å arbeida med.

Og same dagen då freden kom, den 8. mai 1945, planla eg og Jonas Vaule at alt som hende i Bjerkreim i desse krigsåra, måtte samlast straks og gøymast i kommunearkivet.

Eg tok då på å interjuva dei som var innblanda i

kampen mot tyskarane. Alle godtok at det skulle skrivast ned og gøymast, men somme forlangte at dette måtte ikkje offentleggjerast før om 30 år.

Eg var i Egersund og sat attmed Otis Versland som kjørte grus frå eit grustak, og han fortalde om slaget i Svelalia til kvart han leste og kjørt. Eg sat på sengekanten til Rolf Kjos-Hansen som låg i sterk influensa. Eg sat lenge i bilen hans Knut Vassbø og noterte det han fortalde. Ein søndag sykla eg i Øvrebygda. Eg var innom Ola Vigesdal, Trygve Bråдли, på Ivesdal sat eg i kjerreskjulet hans Tønnes, eg var innom to plasser på Malmei, på Hovland sat eg og Per på vollen og han fortalde, og til slutt var eg innom Martin Veen.

Ein vinterdag sykla eg til Vaule, og begge familiane der fortalde livleg og lenge om alt det dei gjorde og opplevde under krigen. Elles var eg mange stader, og alle stader var dei greie og fortalde det dei kom på. Eg var på Berland hjå Torleif og Selma Gåsland, og eg sat i ein mjuk lenestol hjå Sverre Vinningland.

- I 1950 kom det eit skriv frå Historisk Institutt til heradstyret at dei skulle velja folk til å skriva om alt som vedkom krigen i bygda. Då valde dei meg og Martin Veen, men då hadde eg alt gjort mykje. Alt skreiv eg ned med blekk i ei tjukk skrivebok og Martin retta det. Dette skreiv eg så om att og sende det til museets årbok for By og Bygd og til Historisk Institutt i 1950. For dette arbeidet fekk eg kr. 500,- av kommunen.

Sidan fekk eg meir stoff og arbeidde det om til ei maskinskriven bok. Men så fekk somme lesa manuskriptet, og dei meinte eg skulle gje henne ut som bok. Kulturstyret



la det fram for heradstyret og dei garanterte for kostnaden. Mø kontakta så Dreyer Boktrykkeri i Stavanger, og me vart samde om at Dreyer og Bjerkreim kommune skulle gje ut boka saman. Men dermed laga dei til boka som dei ville ha henne, dei retta på gode bjerkreimsord og tok bort ting dei ikkje likte utan å spørja meg, og dei sette inn dyre teikningar og

fotografi som ikkje høyrde heime i ei bok om Bjerkreim. Eg hadde sendt inn gode fotografi av Viljen Vassbø og Elling Vinningland, men dei sette to andre utanbygds karar i staden. Ja, dei hadde jamvel dryfta om å setja henne om til bokmål, så folk i Rogaland skulle forstå henne betre.

Så kom ho ut i 1978, 33 år etter freden. Ho vart trykt i 2.000 eksemplar. Bjerkreim heradstyre selde til bjerkreim-buarane 1.000 bøker for kr. 40,- pr. bok, for dei ville ikkje tena på henne, og Dreyer selde 1.000 til bokhandlarar i Stavanger, Sandnes og Egersund, der kosta dei kr. 75,- pr.

bok, og då vart det litt krangel om prisen mellom Bjerkreim og Dreyer. Kommunen gav meg kr. 5,- pr. bok, og Dreyer hadde lova meg det same. Men då bøkene kom, nekta dei å betala dette, for no gjekk dei konkurs.

Då bøkene kom, vart det stelt til ei lita samkoma i heradshuset, då fekk eg fleire gratis bøker og eit stort måleri om slaget i Gloppedalsura, måla av Andreas Hauge.

Det vart ei svær rift etter bøkene, mange vart selde i Egersund og på Sandnes, og mange kjøpte boka som julegåve som dei sende til kjenningar og til Amerika. Så no er ho heilt utsled.

- Eg hadde lenge tenkt å skriva ei skildring om folkelivet ved Bjerkreim kyrkja i 1880-åra. Sommaren 1973 var me inne hjå Anna og Olav i Hjelmeland nokre dagar. Då låg eg på romet mitt og kladda et ferdig. Eg dikta opp namn og samtalar, men elles var det sant det eg skildra.

Dette sende eg til Etnologisk Gransking. Men Andreas Ropeid meinte det paste betre at det vart sett inn i Folkemuseets årbok By og Bygd. Og året etter trykte dei det i fleire eksemplar og sende dei til meg.

Jon Bergsåker fekk tak i stykket og skreiv ein lang artikkel om det i Stavanger Aftenblad og skrøyte svært. Og ein avis i Stavanger sette det inn på ei full side. Eg sende det til Dalane Tidende, og då det kom der, lés Ketil Gjedrem det opp på eit pensjonistmøte, det var føre eg vart medlem.

I Amerika er det eit nynorsk blad som heiter "Ny tid", dei hadde funne stykket i Dalane Tidende, og spurde om lov å få trykkja det. Dei sette det då inn med vita og foto av meg og stykket både på norsk og omsett til engelsk.

- Eg har óg skrive tri hefte. Då Bjerkreim sparebank

By og Bygd — Norsk Folkemuseums årbok 1973 — ligg no føre med mange verdifulle og interessante kulturhistoriske artiklar frå sine granskingsomgøendingar som førstekonservator dr. Marta Hoffmann og førstekonservator dr. Andreas Ropeid er representerte med artiklar frå sine granskingsområde. Her vil ein elles særleg festa seg ved Bjerkreim-læraren Jørgen Skjæveland si skildring »Ved Bjerkreim kyrkje i gamle dagar«. Skjæveland legg hendingane i den forteljande artikkelen sin til ein påskedag i 1870—80-åra, likevel slik at mange av dei drag han drag fram, kan skriva seg frå dei fleste kyrkjesundagane i året.

Særleg bunde til første påskedag må ein likevel sjå det som Skjæveland fortel om ein særmerkt skikk med egg. Han let ungdomar på heimferd frå kyrkje gjera stogg til leik og dans på Fjermedalskleiva, og då høyrer ein at »jentene goymde eit kokt egg mellom brystene sine, dei hadde bore det der heile dagen. Dette egget ville dei gje til den guten dei likte best. Og no lurde dei seg bort, guten og jenta, og ho smilt og leitte fram egget og



Bjerkreim kyrkje.

Ved Bjerkreim-kyrkja for hundre år sidan

Av Jon Bergsåker

var 100 år gamal, vart eg og Arne Gjødrem valde til å skiva eit jubileumshefte. Eg skreiv då eit utdrag av det som far



skreiv om banken i bygdeboka av Sem Austrumdal og la til ein del. Arne godkjene det og samla saman nokre fotografi. Så var me hjå Dreyer og fekk det trykt, og eg var med og sette opp koss heftet skulle vera. Desse hefta vart delte ut på festen der ein del utvalde var innbedne.

- Då Vikeså Forbrukslag var 50 år, gav dei ut eit jubileumshefte. Det

arbeidde eg ut etter forhandlings-protokollen. Det var tungt og knake å driva forbruket i dei harde 30-åra, då folk bare borga og ikkje greidde betala. Desse hefta delte dei ut til dei innskrivne medlemene.

- Eg fekk ein gong tak i den første forhandlingsboka til Fjermedals ysteri, ho var i privat eige. Derfor skreiv eg eit utdrag frå boka om ysteridrifta frå då dei sattra i 1909. Dette gav eg til Torlalf Søyland som då var formann i styret for Bjerkreim ysteri. Han la det fram for styret og dei vedtok å få det trykt. Me reiste til Fuglseth i Egersund og han trykte




heftet som vart delt ut til alle leverandørane. For dette fekk eg eit reproduksjonsbilete av "Idyll" av Ch. Skredsvig (Mannen med katten).

- Då Isaach Nielsen Egeland var i lære hjå prest Reiner, skreiv han ned i ei bok om kva lærarane burde vita. Den boka fekk eg av Teodor Eikeland. Eg skreiv henne på maskin frå gotisk skrift til vanleg skrift. Originalboka

ligg no i Bjerkreim komm. arkiv. Eit kopi av denne sende eg til Rogaland Historie og Ættesogelag og til Dalane Folkemuseum. Sidan sette eg henne om til nynorsk og sende avtrykk av henne til Arne T. Eikeland, Sigurd Eikeland i Lyngdal, prest Tormod Wasbø, Sandnes, Dalane Folkemuseum og til prest Oddmund Brundtland.

- Frå Rogaland Historielag fekk eg tak i avskrift av dei gamle tingbøkene i tida 1613-1625. Ho er skriven ordrett på gammalt dansk. Eg tok då ut alt som var skriva frå Bjerkreim og sette det om til nynorsk og skreiv det inn i ei tjukk



skrivebok som no ligg i kommunearkivet.

- I 1957 gav "Norsk Faglitteratur ut eit veldig verk som heiter "Norges Bebyggelse". Dei fotograferte kvart bustadhus på landet i heile Noreg med litt opplysning til, og for hvart herad var det ein lang artikkel om heradet. Det kom to karar som fór rundt i Bjerkreim og fotograferte og samla opplysningar. Men dei gløymde å

få opplysningar frå 2-3 gardar, og dei måtte eg få tak i. Det var nokre frå Ørsdalen, og i Kleppali. Så fekk eg ei liste om kva eg skulle skriva om i artikkelen om Bjerkreim. Den står no først i boka "Herredsbind Rogaland Søndre del".

Elles skreiv eg mange gamle historier i Dalane Tidende, i Jærbladet, i årboka for Rogaland Historielag, i årboka for Jæren og Dalane og i Frå Bygd og By i Rogaland. Men eg må tilstå at det sakte var stykke eg sende inn som ikkje var gode nok, men Dalane Tidende og Jærbladet tok mot alt, om det var aldri så elendig.



Bjerkreim er ei vid og stor innlandsbygd — det største heradet i Dalane — men har og fjellbygda sitt særpreg. Gjennom bygda skjer dalføre på alle kanter med ller, elvar og vatn. (Gamalt bilete frå 1910.)

Bjerkreim

Av Jørgen Skjæveland

Bjerkreim herad under Helleland prestegjeld har namn etter garden Bjerkreim, som lenge har vore sentrumstaden i bygda. Namnet vert uttala Bjærkrei. Det tyder bjørk-heim. I 17—1800-talet vart det skrivne Birkrem.

Bygda er ei innlandsbygd som ligg oppe i fjella aust for Sor-Jæren, ei mil frå sjøen. Med sine 679,58 km² er ho det største heradet i Dalane. Heradet grensar til Øvre Sirdal, Tonstad, Heskestad, Helleland, Eigersund, Ognå,

Time, Gjestal og Forsand. Bygda vert delt i bygdelaga Nedrebygda (å-gardane nedafor Vikeså), Øvrebygda eller Bygda, Ørsdalen, Nordgardane, Moigrenda (Royslands krins) og Torveheia.

Bjerkreim har fjellbygda sitt særpreg. Står vi på ein fjelltopp midt i bygda, ser vi milevis lange hogheiar i aust. Vi ser Maudalsheia med den høgste fjelltoppen i bygda, Svartevassknuten (960 m). I skiftet med Forsand ris Vinje-

Frå Norges Bebyggelse

- Eg kan nemna med same at Torleif Gåsland hadde vore ein tur i Jugoslavia. Om den turen skreiv han på ein kladd, og så fekk han meg til å vøla og retta det. Så reiste me ned til Dalane Tidende med manuskriptet, og dei tok i mot det med ein gong. Og folk som kjende Torleif, hadde

ikkje venta at han kunne skriva så godt, det var nemleg namnet hans som stod under.

- I krigsåra spurde Torvald Austrumdal om eg ville vera med og svara på nokre oppgåver Etnologisk Gransking på Bygdøy sende ut, og eg lova det. Den første oppgåva var om ard og plog. Eg har svara på minst 155 oppgåver med mange spørsmål. Det var om gardsdrift og arbeidsreiskap i eldre tid, om vårvinna med hevdestell, torvskur, slått og skur, treskja og mala, krøterstell, slakting og brygging, om mat og matskikkar, ski og skeiser, jakt og fiske, om barnefødsel, dåp, dans og friing, bryllaup og gravferd, om musikk og spelemenn, husmenn og fattigdom, ved kyrkja og tekstelesing, om reisande talarar, ovtru, juleskikkar og folkeskikk, og endå mykje meir frå gamle dagar.

Alt dette arbeidde eg om og sette inn i "Gamalt frå Bjerkreim".

Dei fleste opplysningane fekk eg av mor. Eg sykla ut til Hetland om laurdagar, og så sat eg ut etter kvelden åleine med henne og spurde etter spørsmåla eg hadde fenge tilsende, og ho tykte det var tidsfordriv utetter dei lange kveldane og ville gjerne hjelpa meg. Men ho ville ikkje fortelja koss ungdomen for åt når dei var på dans.

Men eg måtte få opplysningar frå andre óg. Av Gabriel Ødegård fekk eg vita koss dei tømra eit hus, kva verktøyet og stokkane og arbeidsmåtane heitte, og han forklarte koss dei garva.

Karl O. Skjæveland fortalde om arbeidet i smia, Georg Fuglestad svara på spørsmåla om jakt, felespel og tobakkkrøyking. Per Vikeså forklarte koss ei stampe virka, Astrid Merkesdal fortalde om skreddarar og Julie Ødegård

om stoveplanter.

For kvar svaroppgåve eg sende inn, fekk eg 2-3 kroner for kvar side, i seinare tid fekk eg mykje meir, opp mot kr. 70,- for 3-4 sider.

		1888		
Klav		1876		
		1876		
Perin Persen Skjaveland		1906	} sykkelen	Skjaveland S. i Skjaveland
Karina Persd. Assheim				Per Skjaveland
Havel Persen Skjaveland	1870			Børge Lavinia Skjaveland
Jørgine Larsd. Viknes (Hjorren)	1877/1889 1877 1876			Pu på Håland, Børge t. Lars Skjaveland Eva med Skjegg Sofie på Skjaveland Torje i Høsten Sofie i Skjaveland
Salve Edlingsson Skjaveland	1879			Siri Torvald, Selma t Hans Edling Lisa
Torget Persd. Skjaveland		1876		Edling Skjaveland Karl på Viknes, Torger Karlina " " , Torger Vanda i Amida.
Olav Edlingsson Skjaveland				
Marta Larsd. Langaker.		1876		Sofie H. Skjaveland Sara
Klav Tommerson Skjaveland				Tor Tor. Anne Skjaveland
Geradine Klavd Hegelstad				Sofie Skjaveland Vanda på
Tudor Salveson Skjaveland		1876		
Reina Tomnesd. Bjørndal				
Per Persen Håland			på Hålandskoll.	Sofie med p. Valla Sofie Tor Sofie
Børge Persd. Nistdal		1876		
Nickel L			på Torvika.	
Mallena Salvest. Skjaveland				
Olav Andreassen			(på Eivind B.)	
Henrik Andreassen				Børge 3. m. sin bror i Klapp
Kristina Tommerson. Skjaveland				
Olav Lovdson Bræddi.				
Salve S.		1876		

- På Dalheim lærde Skodvin oss koss me skulle laga til ei ættetavle der den eine sirkelen ligg utanfor den andre for kvar generasjon. Så skulle me fylla ut tavla så langt me visste om forfedrane våre. Og så var det til å spørja mor og far att.

Men dermed vart óg interessa for ættegransking vekt. Mor sa at dei gamle hadde sagt at Bodil som var gift med Per Gåsland, tipp-tipp oldefar min, kom frå Braut på Jæren, men i kyrkjebøkene står det at ho var dotter til Per Olsen på Hetland.

Det første eg granska var koss ætta hennar mor greina seg ut alle vegar i mange generasjonar. Såleis finn me skyldfolk på Tengesdal, Tysland, Fjermedal, Hustoft, Apeland, Veen, Maudal, Hellvik og Eikeland H. og mange andre stader.

Då eg vikarierte på Eikeland og andre stader, arbeidde eg ut om kveldane som ei gardssoge. Eg tok for meg gard for gard alfabetisk og skreiv ned kva folk heitte frå dei første eg kunne finna til bort mot 1900-1915, kva mann og kone heitte og kvar borna deira vart viss eg kunne finna det. Dette arbeidde eg ut etter Austrumdalsboka og kyrkjeboka frå 1713 til 1834.

Då eg hadde småskulen på Bjerkreim, budde eg i klokkarhuset der klokkar Øgård budde. Han hadde kyrkjebøkene frå ca. 1870 og utetter. Dei fekk eg låna, og der fann eg mykje. Men der var nokre år etter 1834 han ikkje hadde, så der vart det eit tomrom. Men det vart her som i alle ættegranskingar, der kjem feil som andre finn.

Etter denne samlinga var det mange gonger lett å finna ættetavla langt tilbake i tida for folk i Bjerkreim. Mange frå

Bjerkreim, Jæren og Gjesdal som leitar etter slekta si, har såleis fenge hjelp av meg.

Verst er det når eg får brev frå Amerika, frå folk som vil finna slektningar i Bjerkreim. Ein spurde etter Edvard Nielsen Beorkrem født 30/1-1882. Men eg kunne ikkje finna han nokon stad i kyrkjebøkene korkje fødd, gift eller død.

Derimot var eg heldig med ein Vilhelm Skjæveland i Amerika. Far hans heitte Salve Torgersen Skjæveland. Og no spurde han om det fanst slektningar hans i Bjerkreim. Eg visste då at han var bror til Vidia Moi som var gift med Retsius Moi. Dei fekk 14 born, og eg gav opp to som han var morbror til: Nils Moi, Vikeså og Torfrid Edland, Ålgård. Vilhelm kontakta då Torfrid og kom heim til Ålgård, og då vart det eit slektstemna hjå Torfrid, der eg óg vart beden med sidan eg hadde hjelpt dei saman.

- Dei i Amerika adresserar brevet til Sognepresten i Bjerkreim, og så vert det omadressert til Helleland, og så kjem presten med brevet til meg. Det har hendt fleire gonger. Eg har skrivne mangfoldige ættetavler til folk både i Bjerkreim og utanbygds.

Somme takkar aldri for brevet, andre sender eit brev eller takkekort, og eg har endå til fenge ein dollar frå Amerika.

Elles kan eg nemna at lektor J. A. Tormodsen Vasbø, Stavanger sin bestefar var Tønnes Tormodsen frå Skjæveland, gift med Anna Klausdtr. Skjæveland. Og eg viste til pastor Tormod Vasbø på Sandnes som ætta frå Tormodslekta i Ørdsalen, han granska slekta langt tilbake i tida.

- Me hadde frå først av bare kyrkjeboka frå 1713 til

1834. Så tok ættesogelaget på å skriva av kyrkjebøkene vidare. Eg lova då å skriva frå 1887 til 1901. Eg fekk låna kyrkjeboka av klokkar Lars Apeland. Me hadde ikkje lov til å skriva dei siste 80 åra, så eg måtte slutta då eg kom til 1901. Men privat skreiv eg ut boka til 1909 og me fekk ikkje lov å låna neste boka.



- Arnbjørg Hageberg, dotter til Tønnes, bror min på Bryne, vart tilsett i Norsk Ordbok, ein avdeling i Oslo Universitet, der dei samlar inn dialektord og gamle namn på ting frå heile landet. Ho spurde om eg kunne senda inn slike ord frå Bjerkreim. Eg hadde då alt teke på å samla inn på gamle ord for meg sjølv. Eg fekk ei lita opplæring i koss eg skulle skriva ordet

på eit kartotek kort, koss ordet skulle skrivast gramatisk, kva ordklasse det høyrer til, koss det vert uttala, koss substativ og verb vert bøygd, kva ordet tyder, døme på koss det vert brukt, kva årstal eg skreiv det, kva herad det er frå, kva nr.

eg har som samlar, og namnet mitt til slutt. Altså, kvart ord får sitt kartotekkort. Til no har eg sendt inn over 3.550 kort.

Det er gamle ord og dialektord som vert brukt i dag. Då det var slutt med stølsdrifta, fjellslåtten og jordbruket vart mekanisert, kom mange ord bort. Kvar ting på hesteselen, kjerra, sleden og støren (vevstolen) hadde namn. Stokkar og brod i alle hus og alt i kvernhuset heitte noko, alt verktøyet dei brukte i utarbeidet året rundt, i fjosstell, i slakt og innarbeid hadde namn. Mange dyr og planter hadde andre namn som ikkje står i lærebøkene. Og elles har me på tusenvis av dialektord som ikkje står i obligatorisk ordlister.

Nå har eg pløydd i gjennom bøkene hans Arne Garborg, Torvald Tu, Hans Seland, Jonas Velleesen og det ymse Bjerkreimbuar har skrive, og der har eg funne mange kjende dialektord. Alt dette har eg óg sendt inn til Norsk Ordbok.

Gamle ord som no er ukjende har eg óg sendt inn, t.d. veleigjen=lynet, tvogo=vaskefilla, två=vaska, hjåsvæv=å liggja saman, snarbus=holet inni store jordeple, úlieøyra=ein kjøtlapp ved hjarta i slakteavfall, og mange, mange fleire.

Alt dette har eg skrive i 3 eksemplar. Eitt gav eg til kommunen då dei fekk første manuskriptet av "Gamalt frå Bjerkreim", og eitt sende eg til Dalane Folkemuseum.

Sidan hadde eg samla mange fleire ord, og då skreiv eg boka på nytt og sende eit eksemplar til musea. Og til 1985 hadde eg fenge tak i fleire hundre andre ord, så no har eg skrive boka om att den 3dje gongen med ca. 3.550 ord.

Per, son min, har kopiert manuskriptet ned til halv storleik, så bokstavane er små. Dette laga han til i mange

fine hefte. Rogaland Historie og Ættesogelag, Dalane Folkemuseum og Bjerkreim kommune, biblioteket og skulane har fenge kvar sitt hefte, og elles er det mange som har kjøpt privat.

Dei siste åra har eg óg sendt inn til Norsk Ordbok nokre uttrykk som folk brukar i samtale: Det kan du tenkja. Eg trur det spøkjer. Du stora gru på denne jorda.

I samtaler: Stemmer du på Kristeleg folkeparti? Du var go'e = Sjølvsgt. Nå vil eg ta mot garden. Der sa du noge = Er samd i det.

Når ein seier ein ting og meinar noko anna: Han er lærar og hev jul kvar dag = Han et god mat og treng ikkje arbeida. Den jenta er i vinden = Gutane er så i farten etter henne. Han hev kome heilt på sokkane = Han har vorte fattig.

Når ein seier heilt motsatt av det ein meinar: Jau, nå hev me gjort det godt som slepte regnet på turre høyet.

Eg får ikkje noko betaling for arbeidet med dialektorda eg sender inn, men eg får tilsendt kartotek korta og fri porto, og så treffer det eg får tilsendt dyre bøker.

- Så har eg samla inn ordtøke, men bare dei som eg har høyrte gamle folk i Bjerkreim seier, slike som ikkje er ålment kjende. Dei står i "Gamalt frå Bjerkreim". Eg passsar på å ikkje ta med ordtøke som står i bøker og blad.

- Bjerkreim ættesogelag har teke på seg å samla så mange stadnamn me kan finna på alle gardane i Bjerkreim. Desse vert skrivne på kart over garden med nr. der stadnamnet ligg, og ei liste med same nr. står det kva staden heiter og nokre opplysningar om staden og kva namnet kjem av. Alt dette skal sendast inn til Inge Særheim i Klepp, han

ordnar det og skriv uttalen med lydskrift etter lydband han får av uttalen på namnet. Eg har samla Hetland og Geitreim og mest alle gardane ovanfor Svelaodden og gardane langs Ørsdalsvatnet.

- Etter jul 1983 skulle Norsk Rikskringkasting lesa opp eit dikt som heitte "Frossen skog". Samtidig skulle dei syna fram nokre vinterbilete frå Jæren og bilete av ei frosen glasarute med mynster av isrosar på ruta, og ein liten scene av ein gamal mann som står opp om morgonen.

Men dei fann ikkje noko glasarute på Jæren som var frosen. Dei spurde Bjørn Hille om han kunne finna ei i Bjerkreim. Gabriel Ødegård var død då og huset stod tomt og kaldt i alle roma, og der fann han ei frosen glasarute på salen. Og eg skulle spela den gamle mannen.

Tidleg ein iskald morgon henta Hille meg med bil. På salen var to karar med allslags lamper og filmapparat.

Først filma dei lenge isrosene på glasaruta, så måtte eg sitja i tunne klede på sengekanten og ha på meg sokkane. Den scenen filma dei minst 3 gonger. Så hadde eg opp selane og gjekk bort til glaset og bles varm luft på isen så det bråna ei lita hole som eg kika gjennom ut, og dei stod attmed meg og filma dette. Dette gjorde me óg fleire gonger. Etterpå sette eg meg til bordet og leste drikka kaffi dei hadde med på ei varmeflaske.

Så sette dei på eit raudt lys på glasaruta, det skulle vera at no rann sola, no kom dagen. Så fælt som eg fraus der, har eg ikkje frose så lenge eg har levd, eg bare skalv. Det gjekk to timar før me var ferdige, og då hadde dei på meg ein varm skinnfrakke.

Lenge etter kom filmen i fjernsynet, men han varde

bare nokre få minuttar, og dei viste fleire bilete frå Jæren, så det eg spelte inn, tok dei bare med då eg drog på meg sokkane og bles hol i isen og kika ut. Dei tok ikkje med då eg drakk kaffi. Så det som me trong to timar til å filma, trong dei bare nokre få minuttar å syna fram. Men eg fekk ei kraftig løn for bryet, det vart nokre dyre sekundar eg var på skjermen for NRK. Eg fekk kr. 500,- - skatt = kr. 325,-.

Ein gong var eg med nokre skulungar og filma ein kriminalfilm i Svelalia og ein scene i heradshuset. Dei var óg inne i stova vår og filma meg og Marta då me høyrde i radioen om at der hadde vore eit postran i Bjerkreim.

- Eg har fenge ein del brev frå folk som spurde etter eitkvart dei har interesse av. I 1980 kom det eit brev frå Þorarin Þorarinson Skaphahlid på Island, han spurde om me kjende til i Noreg at fanden sputta på ljåen når me hadde gjenge frå han i orvet, så ljåen vart sløv og utskjemt. Dette gjorde han for å vera full av vondt.

Eg svarde at dette var ukjent. Men eg fortalde at ennå hadde me ord i dialekten som høyrde til i gamalt norsk, t.d. Skamra stundi = Den stutte tida, og tyder: Inn til i dag. Dette var han svært interessert i.

- Tannlege Kai Hunstadbråten, Åmot, Modum hadde lese det eg sende til Etnologisk Gransking om tenner og tannverk. Der hadde eg skrive at me kallar hyrnetanna for revvtonn. Han skreiv då til meg og spurde kvifor det skulle vera to v'ar i ordet. Det var for å syna koss det vert uttala, svarde eg.

- Trygve Stokka, Lura, Sandnes spurde etter den gamle postvegen gjennom Bjerkreim, om han var god å gå på eller om han var uframkomeleg, han ville gå han, sa han.

Eg svarde at han var delvis synleg ennå og var god å gå på.

- Bernt Skjelbreid, Austrått fortalde i eit brev om den gongen Trond Lauperak skræmte røvarane i Drangsdalen. Han hadde høyrte det av Ommund Gullikson Solbjørg f.1816, død på Skjelbreid 1913.

- Stortingsmann Lars Ramndal samla opplysningar om dei eldste stortingsmennene. Han var heime på Malmei og Hovland og spurde om stortingsmann Johannes Espeland. Eg fylgde han då. Sidan skreiv han til meg om det han hadde funne om Johannes. Men så døydde Ramndal brått før han vart ferdig med samlinga.

- Elles hender det tidt at folk ringjer og spør meg etter eitkvart gammalt, serleg då frå kulturstyret, frå Stavanger Aftenblad. Ein ringde alt frå Oslo og spurde om kva namnet Bjerkreim kom av, om det kom av ei reim. Eg svarde då at det kom av bjørk-heim, ein heim for bjørka, og så har h'en falle ut.

«Kva skal den r'en vera til då?» spurde han.

«Det er etter gamalnorsk, då sa dei ei bjørkr med r til slutt» svarde eg.

- Det er óg andre ting eg er interessert i. Eg likar godt å studera på det uendelege universitet, på utviklingslæra og det mangfoldige dyrelivet på land og i hav. Eg har lese tjukke bøker om dette, og må alltid lesa dei vitskapelege artiklane som står i hefte og aviser om naturen.

- Men det er óg ting som eg ikkje har det minste interesse av. Ein gong fortalde eg om eitkvart på ein idrettsfest på Vikeså, då begynte eg slik: "Veit de at eg er best av dokke alle til å hoppa? Eg er best til å hoppa over idrettssidene i Stavanger Aftenblad"

- Eg bryr meg ingen ting om sport, serleg fotball, det hoppar eg forbi i blada og skrur av fjernsynet så fort eg kan. Eg trur det er eg som feilar noko i hovudet, sidan tusenvis av andre skrik seg galne når dei greier spenna ballen inn i mål.


- Elles bryr eg meg lite om alt som heiter konkurranse, kortspel og anna puslespel. Det einaste eg likar er å løysa gåter og kryssord, for eg trur det skjerper minnet og gjer godt i hovudet.

- No då eg må seie takk for meg, vil eg minna om det finaste bibelverset me har, det står i Joh. 13,35:

På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar

- på det at de har kjærleik til kvarandre.

Etterskrift.



Kulturprisen for 1986.

Etter far avslutta denne livssoga si, oppretta Bjerkreim kommune i 1986 ein årleg kulturpris. Prisen består av ein statuett, diplom og ein sjekk på kr. 3.000,-.

Bjerkreim:

Kulturpris til Skjæveland



Statuett, diplom og sjekk på 3000 kroner, var kulturprisen den 81 år gamle lokalhistorikeren Jørgen Skjæveland i Bjerkreim fikk tildelt i går. Ordfører Olaf Gjedrem sto for overrekkelsen.

Av RANDI MYDLAND

BJERKREIM: Hele bygdefolket i Bjerkreim burde fått kulturpris, sa lokalhistorikeren Jørgen Skjæveland, da han i går ble tildelt Bjerkreim kommunes kulturpris for 1986.

Skjæveland fikk først og fremst prisen for arbeidet med å samle inn, ta vare på og gjøre kjent kommunens lokalhistorie. Dette hadde hele folket hjulpet til med, sa prisvinneren.

Kulturprisutdelingen i Bjerkreim i går var den første i sitt slag i kommunens historie. Prisen består av en statuett, som viser en mann og en kvinne sammen om å bygge «kulturvarden», diplom og en sjekk på 3000 kroner. Ordfører Olaf Gjedrem sto for overrekkelsen.

Den aktive, 81 år gamle prisvinneren har, ved siden av å samle og skrive lokalhistorie, som han startet med like etter den andre verdenskrig, også samlet dialektord og gitt ut i eget hefte. Boka hans «Bjerkreim i krigsåra» ble gitt ut av kommunen i samarbeid

med Dreyer Bok. I 1980 kom boka «Gamalt frå Bjerkreim». Ifølge forfatteren selv, var dette «gamalt rols»-han hadde fått høre av eldre sambygdinger.

Skjæveland var aktivt med i arbeidet, da Ættesogelaget samlet bilder til heftet «Glimt frå Bjerkreim i gamal tid». Han har i tillegg skrevet fire fortellinger om «Skardalsfolket». Fortellingene er en skildring av det eldre bondesamfunnet og har fått titlene: Skardalsbygda, Skardalsborna, Skardalskuggen og Skardalskroner.

Utdeling av kulturprisen var høydepunktet på programmet under «får-julei»-skapet i regi av hovedutvalg for kultur i det nye samfunnshuset på Vikeså. Tradisjonen tro samles bygdefolket i Bjerkreim til glogg og pepperkaker første søndag i advent. De mange framømte fikk også se brukskunstutstilling, utstilling av tegninger fra barneskolene i kommunen og en utstilling av bilder fra kulturprisvinner Jørgen Skjævelands liv og arbeid.

Den 30. november 1986 vart far den første som fekk tildelt dette heidersbevis for sitt store lokalhistoriske arbeid. Han fekk den innsamling av lokalhistoria som vart til boka «Gamalt frå Bjerkreim», «Bjerkreim i krigsåra» og «Dialektord frå Bjerkreim».

I 1991 vart han tildelt Interkommunalt arkiv sin Arkivpris for dei same arbeida som han fekk kulturprisen for, og for å samla inn og levera til arkivet lagaviser,

protokoller og møtebøker som har tilhørt lag og foreninger i bygda.

Arkivpris til Jørgen Skjæveland

Jørgen Skjæveland var ein av dei første som kom med arkivmateriale etter at Bjerkreim kommune Arkiv. Han har etter kvart samla inn ei mengd materiell og levert til arkivet. Der dreier seg om protokollar, lagsaviser og møtebøker som har tilhørt lag og foreningar i Bjerkreim. I tillegg har han samla inn rundt fire tusen ord og uttrykk som er spesielle for Bjerkreim, Dalane og Jæren. Desse ordra har han skrive ned på dialekt, med lydskriv og forklaringsar, og gjeve til arkivet på Herads- huset.

Han har også teikna fleire hundre reidskap og gjerständer i detalj og sett namn på kvar del av reidskapa.

I tillegg har han samla historier, skroner og anna kulturstoff frå Bjerkreim i førti år.

Dette har fyllt to bøker på til saman tusen sider.

Rett etter krigen intervjuva Jørgen Skjæveland personar frå Bjerkreim som hadde vore med i krigshandlingane og i motstandsstrøma. Desse intervjuva resulterte som kjent i boka Krigen i Bjerkreim.

Bjerkreim kommune har også hatt glande ei omfattande innsamling av stadnamn. Jørgen Skjæveland var den mest sentrale ressurspersonen i dette arbeidet, og han òg registrerte fleire tusen stadnamn frå kulturlandskapet i Bjerkreim.

Det kommunale arkivet har også fått inn mykje gamalt stoff på grunn av at Skjæveland har opptredt andre personar til å gje frå seg materiell til kommunen. Alt det Skjæveland har samla gjennom eit langt liv, har han gitt til Bjerkreim kommune.



Alt originalstoffet som Skjæveland har samla, er plassert i arkivet. Men håpet frå kommunen si side er at mykje

av stoffet kan verta kopiert og gjort tilgjengelig for publikum.

Etter han i 1980 gav ut Gamalt frå Bjerkreim fortsatte han å samla nye historier frå bygda, heilt fram til sommaren 1993 då var han 87 år. Han hadde då 250 nye sider med lokalhistorie som var tillegg til den tidlegare boka. For å få samlinga hans ordna med tilleggene på rette plass, startet eg før jul i 1993 og skriva alt på nytt. Det gjekk med 3 vintrar til dette. Eg delte det i 2 bøker, og fekk dei innbundet våren 1995.

Dialektorda heldt han og på med til 1993. Dette vart til ei samling på ca. 4.500 ord. Dette skreiv eg på nytt for han på data for å kunne få alle tilleggga inn på rett plass i alfabetet etter kvart.

Han skreiv og mange artiklar i bygdabladet og nokre aviser fram til 1992. Kåseri vart det og noko av.

Då han var liten hadde dei tæring (tuberkulose) i huset

heime på Hetland. Far vart ikkje sjuk, men han var heile sitt vaksne liv positiv på tuberkulinprøvene. Så rett etter han vart 87 år, braut tuberkulosen ut og han måtte på Rogaland sjukehus for å verta god av dette. Han var på Rogaland sjukehuset ca. 3 veker, så vart han utskreven, og vart først sendt til Egersund sjukehus før han fekk koma heim til Vikeså. Der fekk han plass på aldersheimen.

Jørgen Skjæveland til minne



Jørgen Skjæveland døde på Bjerkreim sjukeheimen 20. januar, 87 år gamal.

Jørgen var fødd på Hetland som nr. 5 i ein syskenflokk på ti. Etter ein vinter på Jæren Folkehøgskule, begynte han på den 3-årige lærarskulen i Kristiansand- der han tok eksamen i 1928. I nokre år hadde han forskjellige vikaroppdrag som lærar i Bjerkreim, for han reiste til Stord lærarskule i 1935 for å ta fjerde året på lærarskulen som då var kome til. Jørgen fortalde at det ikkje

alltid var lett for ein nyutdanna lærar å få fast jobb, men han hadde fleire vikarpostar mellom anna på Eikeland og elles rundt om i Bjerkreim og Gjesdal. I 1939 blei han fast tilsett i skuleposten for Ognedal Storskule og Vikeså småskule. I mellomtida hadde han gifta seg med Martha. Det blei mykje sykling i altslags ver på alt slags føre på veg til og frå skulestovene i kripsane desse åra. Seinare skulde han på Bjerkreim og på Vikeså i mange år- til han gjekk av med pensjon. Jørgen Skjæveland var ein lærar som var engasjert i stoffet og var særst rotfest i den norske kulturen. Hans evne til å fortelja har gjeve mange Bjerkreimsbuar ei spanande stund i skulestova.

Det er rett å seia at Jørgen Skjæveland både i og utanfor skulestova var ein kulturpersonlighet. Den store interessa hans var å skriva. Han var levande oppteken av å skriva ned det gamle folk sa og hadde opplevd, folkeminnestoff og lokalhistorie. Av alt han har skriva kan me nemna "Gamalt frå Bjerkreim" og

"Bjerkreim i krigsåra". Han samla og inn dialektord og uttrykk, ordtoke, dreiv ettergranskning og skreiv forteljingar ja til og med bonderomanar. Han deltok ofte aktivt i avsidebattar og hadde innlegg i fleire blad og tidskrifter. Jørgen engasjerte seg i mållag, fråhaldslag, Ættesogelaget og i pensjonistlaget. I mange år var han vikar for klokkaren og ein samfunnsengasjert person som Jørgen var sjølvsagt med i fleire kommunale nemnder.

I alle år Bygdablad har eksistert har Jørgen vore ein fast bidragsytar med stoff. Han har vore den mest trugne medarbeidaren, vi har hatt.

Då Bjerkreim kommune skulle dele ut sin fyrste kulturpris i 1986 var det heilt naturleg at Jørgen fekk den. Han fekk seinare ein interkommunal arkivpris for sitt arbeid med å samle inn og ta vare på gamle lagsbøker i Bjerkreim. Kulturkontoret og biblioteket vil prøve å samle det Jørgen Skjæveland har skriva og gjere det tilgjengeleg for publikum.

Men det viste seg at helsa hans ikkje var så god lenger. Han vart veikare og veikare, og begynte å "rolsa". Han døde 20. januar 1994, noko over kl. 9 om morgonen, 87 ½ år, og vart gravlagt ved Bjerkreim kyrkje 27. januar 1994.

Han etterlet seg mor mi, Marta, søskena Anna, Per og Bodil, barnebarna Rune, Jostein, Morten, Tore, Jarle, Gry, Mette og Randi og oldebarnet Kristoffer.

Per Skjæveland.